



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

## MØTEINNKALLING

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** Kommunestyresalen Herøy rådhus  
**Dato:** 02.02.2017  
**Tid:** 16:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

Fosnavåg, 26.01.2017

Arnulf Goksøyr  
ordfører

## **SAKLISTE:**

Saksnr	Innhold
PS 1/17	Godkjenning av innkalling og sakliste.
PS 2/17	Protokoll frå førre møte.
PS 3/17	Delegerte saker
PS 4/17	Referatsaker
PS 5/17	Ordførarens kvarter
PS 6/17	Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av ballbinge på Frøystad samt støtte til tiltaket.
PS 7/17	Veg- og parkeringsområde Leikanger skule - behov for tilleggslyving
PS 8/17	Økonomisk avslutning - Bubilparkering parken, Fosnavåg
PS 9/17	Økonomisk avslutning - Arbeid med offentleg parkeringsplass gnr. 34 bnr. 84 etter reguleringsplan
PS 10/17	Nerlandsøy vasslag BA - Ny søknad om kommunal lånegaranti

### **Delegerte saker frå avdelingane**

DS 1/17	Mellombels bruksløyve - 46/88
DS 2/17	Ferdigattest bruksendring garasjeloft 31/42
DS 3/17	Unni og Roar Evensen - 11/51 - Støttemur
DS 4/17	Gnr 37 bnr 158 - Fradeling av tilleggsareal
DS 5/17	Mellombels bruksløyve 28/7
DS 6/17	Ferdigattest - 37/384 - takoverbygg/trapp
DS 7/17	Ferdigattest 22/77 Miljøstasjon
DS 8/17	Søknad om serveringsløyve - KR Catring
DS 9/17	Tømrer Prosjekt AS - Kjøp av gnr. 26 bnr. 237 i Herøy
DS 10/17	Mellombels bruksløyve - 76/39 - leilegheit B
DS 11/17	Tømrer Prosjekt as - 34/166 m fl - Endring til 4 stk 4-manns bustadar med tilhøyrande anlegg
DS 12/17	Gnr 4 Bnr 8 - Frådeling av eksisterande bustad
DS 13/17	Mellombels bruksløyve for 76/137
DS 14/17	Gnr 44 Bnr 32 - Løyve til tiltak
DS 15/17	Myrvåg Helsesenter as - 45/116 - Endra byggeløyve tilbygg
DS 16/17	Tildeling av prikkar - Fosnavåg Rock
DS 17/17	Ferdigattest tilbygg - 38/119
DS 18/17	Havyard MMC as - 22/45 og 58 - Flettverkgerde
DS 19/17	Gnr 38 Bnr 112 - Ferdigattest
DS 20/17	BT Utbygging as - 26/215 og 244 - Riving av bygg
DS 21/17	Gerh. Voldnes AS - 33/5 - Flytebrygge
DS 22/17	ferdigattest garasje/støttemur 26/111
DS 23/17	Gnr. 12 Bnr 307 - Ferdigattest
DS 24/17	Ferdigattest 24/85
DS 25/17	Gnr 9 Bnr 120 - Frådeling av nausttomt
DS 26/17	Herøy kommune - 60/454 m fl - Veg, Leikeplass, anlegg og terrenginngrep Myrabakken bustadfelt
DS 27/17	Thore Kopperstad - 4/324 - Garasje
DS 28/17	Ferdigattest garasjebygg 19/11
DS 29/17	Gnr 36 bnr 68 Frådeling av fire bustadtomter
DS 30/17	Gnr 54 bnr 1 - Frådeling av tilleggsareal
DS 31/17	Rita Sævik - 22/76 - IG VVS og ventilasjon

DS 32/17 Mellombels bruksløyve tilbygg 4/51  
DS 33/17 Gnr 34 bnr 180 Ferdigattest  
DS 34/17 Anniken Kvalsund og Jørn Erik Schanche - 4/316 - Einebustad  
DS 35/17 Søknad om serveringsløyve-Marianne og Hallbjørn AS  
DS 36/17 Tømrer Prosjekt as - 46/87 - 2-mannsbustad med frittliggende garasje  
DS 37/17 Ferdigattest - 5/58  
DS 38/17 Gnr 26 Bnr 235 Mellombels bruksløyve  
DS 39/17 Søknad om skjenkebevilling til eit bestemt arrangement 16.01.2017 - (lukka arrangement)  
DS 40/17 Thomas Arnesen - 35/19 - tilbygg/carport  
DS 41/17 Herøy kommune - 38/80 - p-plass og carportanlegg  
DS 42/17 Skjenkebevilling - søknad om ambulerande skjenkeløyve for eit bestemt arrangement 03.12.2016 (lukka arrangement)  
DS 43/17 Mellombels bruksløyve - 34/99 - 2 til 4 etg + u etg  
DS 44/17 Gnr 45 Bnr 141 - Ferdigattest  
DS 45/17 Hallgeir Frøystadvåg - 21/2 - Molo og naustområde  
DS 46/17 Gnr 38 Bnr 287 - Igangsettingsløyve og endringsmelding.  
DS 47/17 Ferdigattest - 29/124 - Einebustad  
DS 48/17 Aksel Runar Johansen - 86/19 - Redskapsbod  
DS 49/17 Tømrer Prosjekt as - 45/153 - Tomannsbustad med carportar  
DS 50/17 Silje Smådal og Christoffer Bjørge - 25/89 - Einebustad  
DS 51/17 Nina Tangen Arnesen - 4/265 - Riving brannskadd hus  
DS 52/17 Mellombels bruksløyve -37/426 - Omsorgsbustadar  
DS 53/17 Thor Kleppe - 86/22 - Tilbygg, uteplass, trapp og mur  
DS 54/17 Skjenkebevilling - søknad om endrede vilkår for èn enkelt anledning (når søker allerede har bevilling)  
DS 55/17 Johannes S. Eggesbø - 38/31 - Fornyng av kai  
DS 56/17 Lennart Lillestøl - 60/71 - tilbygg

## **Referatsaker**

- RS 1/17 Tenestestruktur i politiet - høyringsuttale frå Herøy kommune - tillegg
- RS 2/17 Endring i inndeling i lensmanns- og politistasjonsdistrikter og tjenestesteder i Møre og Romsdal politidistrikt
- RS 3/17 Særutskrift ADM-sak 4/16: Fleksitidsreglement gjeldande frå 01.01.2017.
- RS 4/17 Innkalling til kontrollutvalsmøte 30.11.2016
- RS 5/17 Regionvis fordeling av utviklingsmidlar og investeringar
- RS 6/17 Måløy havneservice AS - oppseiing av avtale
- RS 7/17 Særutskrift ADM-sak 3/16: Bestikken - informasjonshandbok og opplæringsverty for medarbeidarar i Herøy kommune

**PS 1/17 Godkjenning av innkalling og sakliste.**

**PS 2/17 Protokoll frå førre møte.**

**PS 3/17 Delegererte saker**

**PS 4/17 Referatsaker**

**PS 5/17 Ordførarens kvarter**



Kulturavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	ENG	Arkivsaknr:	2016/1680
		Arkiv:	D11

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
82/16	Komite for næring, kultur og idrett	12.12.2016
10/17	Formannskapet	24.01.2017
6/17	Kommunestyret	02.02.2017

### IDRETTSFUNKSJONELL FØREHANDSGODKJENNING AV BALLBINGE PÅ FRØYSTAD SAMT STØTTE TIL TILTAKET.

#### Tilråding:

1. Herøy kommune godkjenner søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av plan for ballbinge på Frøystad, med vilkår nemnt i saksutgreiinga.
2. Herøy kommune kan forskottere spelemidlar og mva-kompensasjon til ballbingen med inntil kr. 410 000 i 2017 og til spelemidlar og mvakompensasjon vert utbetalt, og under føresetnad av at søknad om spelemidlar vert godkjend.

#### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i komite for næring, kultur og idrett – 12.12.2016:**

1. Herøy kommune godkjenner søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av plan for ballbinge på Frøystad, med vilkår nemnt i saksutgreiinga.
2. Herøy kommune kan forskottere spelemidlar og mva-kompensasjon til ballbingen med inntil kr. 410 000 i 2017 og til spelemidlar og mvakompensasjon vert utbetalt, og under føresetnad av at søknad om spelemidlar vert godkjend.

## **Møtebehandling:**

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

## **Tilråding i formannskapet – 24.01.2017:**

1. Herøy kommune godkjenner søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av plan for ballbinge på Frøystad, med vilkår nemnt i saksutgreiinga.
2. Herøy kommune kan forskottere spelemidlar og mva-kompensasjon til ballbingen med inntil kr. 410 000 i 2017 og til spelemidlar og mvakompensasjon vert utbetalt, og under føresetnad av at søknad om spelemidlar vert godkjend.

Særutskrift:

Frøystad Grendelag v/ leiar

Utviklingsleiar

Økonomileiar

Kulturleiar



## Vedlegg:

### 1 Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning

#### Saksopplysningar:

Saka gjeld førespurnad frå Frøystad Grendelag om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av ballbinge som er planlagt bygd på tomta etter gamle Frøystad skule.

Ballbingen er 12 x 21,5 m. og er tenkt etablert på den delen av tomta som ligg nærast hovudvegen. Bygginga er tenkt gjennomført i veke 35-42 2017, med ein kombinasjon av profesjonelle leverandørar og dugnadsarbeid.

Frøystad Grendelag er eit lag med beskjeden eigenkapital, og har i forbindelse med godkjenninga stilt spørsmål til kommunen om denne kan bidra med forskotering av spelemidlar og mva-kompensasjon.

#### Vurdering og konklusjon:

Det er lagt til rette for vekst på Frøystad, og ei vidareutvikling av området med m.a. planfri kryssing av skuleveg og sikring av den gamle skuletomta til grøntareal som møteplass og stad for bl.a. isbane og ballbinge bidreg til å gjere bygda enno meir attraktiv.

- 1. Anlegget sin plass i kommunal plan:** *Vedl. 1 A-B*  
Anlegget er plassert som pkt. 4 «Aktivitetsplass Frøystad» i handlingsprogram for nærmiljøanlegg.
- 2. Universell utforming:** *Vedl. 2 A-B*  
Det er gitt orientering om tilkomst til ballbingen, samt parkering og tilkomst til arealet der anlegget skal byggjast.
- 3. Teikningsgrunnlag:** *Vedl. 3 A-E*  
Situasjonsplan: Det er lagt ved kart med situasjonsplan over området, men ballbingen er ikkje gjengitt i rett størrelse i forhold til omgjevnadane.  
Vilkår for godkjenning:  
Situasjonsplan: Det må utarbeidast situasjonsplan der anlegget er plassert på eigedomen og i forhold til andre bygg eller anlegg. Parkeringsplassar og tilkomstvegar skal vere teikna inn. Målestokk på kartet må gis opp.
- 4. Behovsoppgåve:** *Vedl. 4*  
Oppgåva til den idrettsfunksjonelle førehandsgodkjenninga er å beskrive om anlegget er funksjonelt. Vurderinga er at behovsoppgåva skildrar behovet for anlegget og moglegheitene for bruk på ein god måte.
- 5. Kostnadsoverslag:** *Vedl. 5 A-F*  
Kostnadsoverslaget skildrar dei ulike postane godt og er detaljert nok til at fakturaer kan vise attende til overslaget.
- 6. Finansiering og drift:** *Vedl. 6 A-D*  
Finansiering: Vedlagte oversikt skildrar planlagd finansiering godt.

Drift: Det er gitt ei kort orientering om drift av anlegget.

### **Utgreiing vedr. arkitektur og miljø**

Vedlagte dokumentasjon, og etterspurt tilleggsdokumentasjon i vilkåra over, skildrar arkitektur og miljø for den idrettsfunksjonelle førehandsgodkjenninga.

### **Eigedomsrett eller feste-/leigerett til grunn**

Grunneigar er Herøy kommune og tomta er regulert til friområde. Utviklingsavdelinga er i dialog med grendelaget om leige/sal av tomta. Retten må dokumenterast i søknad om spelemidlar.

### **Kommunal forskotering**

Ifm. tilsvarande byggeprosjekt tidligare år har kommunen stått som utbyggjar og ansvarleg for drift og rehabilitering av anlegga i samarbeid med lokale lag og organisasjonar. Grunna innstramming i tolkinga av regleverket re det ikkje å anbefale at dette og komande anlegg vert bygd og drifta etter ein slik modell. Rådmannen anbefaler difor at kommunens bidrag i denne saka bør løysast ved forskotering av spelemidlar og mva-kompensasjon.

Bygging av ballbinge er å rekne som eit nærmiljøprosjekt i spelemiddelordninga. Pr. d.d. har Herøy kommune motteke alle spelemiddeltilskot som er innvilga til nærmiljøanlegg i vår kommune. Det er difor grunn til å tru at dersom det vil vere behov for å forskotere spelemidlar til prosjektet, vil utbetalinga av midlar frå fylket til kommunen vere gjort før utgangen av 2017.

Alle som søker om spelemidlar til anlegg, og fyller vilkåra for å ta i mot spelemidlar gjennom Kulturdepartementets tilskotsordningar for bygging og rehabilitering av idrettsanlegg, kan søke om å få kompensert meirverdiavgifta som er betalt i forbindelse med anleggsprosjektet. Anlegget må være ferdigstilt før det kan søkast om kompensasjon. Utbetaling av momskompensasjon plar skje før jul.

### Konsekvensar for folkehelse:

Tiltaket bidreg til fleire aktivitetar på ein allereie etablert møteplass og legg særleg til rette for auka aktivitet for born og ungdom som motvekt til stillesitjande aktivitetar.

### Konsekvensar for beredskap:

Ingen kjende.

### Konsekvensar for drift:

Prosjektet er fremja etter budsjettprosessen, og tiltaket er såleis ikkje nemnt i budsjettdokumenta for 2017.

Forskotering av spelemidlar og mva-kompensasjon vil innverke på kommunens likviditet i 2017.

Fosnavåg, 03.12.2016

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Eileen Gjerde  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eileen Gjerde

## 7. Prioritert handlingsprogram 2015 - 2018

## Revidert handlingsprogram

## 7.1. Ordinære anlegg/rehabilitering og anlegg for friluftsliv 2015 – 2018

K.sak 111/16

	Anleggsoppgåver, tilrettelegging og tiltak	Ansvarleg	Tot. invest kostnad i 1000 kr	Driftsutg pr. år	Finansiering			Anleggsstart					
					Komm .midlar	Spele midlar	Privatem idler	2012	2013	2014	2015	2016	
1	25 meters symjebasseng og stupeavdeling/ rehabilitering Fritidsbadet	Kommunen/ Fritidsbadet	*160.000			13.000			X				
2	Kunstgras Rehab grasbane på Bergsøy stadion	Kommunen/ BIL	10.900	50	2.200	2.500	6.300	X					
3	Kunstgras Gurskøy IL – 7-arbane	Kommunen/ GIL	3.200	35	650	950	1.900		X				
4	Klubblokale/ garderobe/ tribune v/kunstgrasbana	Kommunen/ BIL Fotball	*13.000		2.500	1.600	9.900			X			
5	Klubbhus/ reiskapshus Tjørvåg IL	Tjørvåg IL	**									X*	
6	Idrettshall nye Leinøy skule / Einedalen skule	Kommunen / BIL Handball	*20.000			7.000						X*	
7	Kunstgras Moltu IL – rehabilitering av anlegg	Moldtustr IL/ Kommunen	**										X
8	Innreiing av GIL-kjellar ved Gurskøy stadion	Gurskøy IL	**										X
9	Fotballhall 100 x 60m	Kommunen/ BIL	**										
<b>Friluftslivsanlegg</b>													
1	Tursti rundt Myklebustvatnet	Kommunen	**										X
2	Ny sløyfe rundt Grøneåsen / Leikong	Gurskøy IL	*1.200										X

X = oppstartår /byggstart

\* Dette er førebels tal /kryss då anlegga framleis er under planlegging / bygging

\*\*Særleg sikre tal er ikkje avklara

## 7.2. Handlingsprogram for nærmiljøanlegg

P	Anleggsoppgåver, tilrettelegging og tiltak	Ansvarleg	Invest. kostnad 1000 kr	Driftsutgift pr. år	Finansiering			Anleggsstart					
					KoMi	SpMi	PrMi	2014	2015	2016	2017	2018	
1	Tjørnvåg IL. Aktivitetspark. Skatebane. Paviljong	Tjørnvåg IL Byggetrinn 2	982			300	682	x					
2	Tjørnvåg IL. Aktivitetspark. Tennisbane	Tjørnvåg IL Byggetrinn 3	794			300	494	x					
3	Miljø- og folkehelse tiltak langs Heid Turløype	BIL Trimgruppa	160		20	80	60		x				
4	Aktivitetsplass Frøystad	Frøystad Grendelag								x			
5	Heid Folkehelseanlegg Heidbana - ballbinge	Flusund og Berge Grendelag / kommunen	*300							x			
6	Lys frå dagens løype til Kleppeåsen	Gurskøy IL	*450							x			
7	Nytt opplag/ ny utgåve av turkart for Søre Sunnmøre	Samarb. mellom Sande, Hareid, Ulstein og Herøy	*400										
8	Ballbinge/ aktivitetsfelt Fosnavåg sentrum/ Huldal	Kommunen/ grendelag											
9	Ballbinge – Bø skule	Kommunen/ grendelag											
10	Utbetring av trase rundt Lisjeåsen	Gurskøy IL	*200										
11	Heid Folkehelseanlegg – Miniballbinge/løpebane	Flusund og Berge Grendelag	*140										
12	Ballbinge Remøy - rehabilitering	Remøy Grendelag											
13	Tilknytningstrase til Feirelia	Gurskøy IL	*300										
14	Gapahuk på Tverrfjellet	Heida Vel	*400		0	200	200			x			

**Frøystad Grendelag**  
v/ Robert Valø  
6095 BØLANDET

Tlf.: 928 19 544

e-post: robert@baro.no

**Universell utforming  
Ballbinge til Frøystad Grendelag.**

Området er i dag planlagt med egne parkeringsplassar for personar med funksjonsnedsetting. Disse er plasserte i område med god tilkomst til heile tomta.

Området der bingen er tenkt plassert er plant med disse parkeringane.

Sjå vedlagte kart og skisser.

Frøystad Grendelag, 28.11.2016

Robert Valø  
Frøystad Grend

**Frøystad Grendelag**  
v/ Robert Valø  
6095 BØLANDET

Tlf.: 928 19 544


e-post: robert@baro.no

### **Rampe**

Vi har vært i kontakt med Sport Vest og fått informasjon om hvordan det er blitt gjort i forbindelse med rampe på andre tilsvarende ballbinger. På denne type ballbinge er kanten inn til ballbingen veldig liten, ca 10cm på utsiden og ca 4cm på innsiden. Det som er blitt gjort er å bygge opp med masse på utsiden (ev. støpe en liten skråkant) og på innsiden er kanten så liten at det ikke er behov for noe tiltak. Å bygge opp med masse på utsiden av ballbingen er noe som vil bli gjort samtidig med det andre grunnarbeidet. Så hverken vi eller leverandør av ballbingen anser dette som noe som vil øke kostnaden eller arbeidstimer utover det som allerede ligger i byggingen av ballbingen.

Frøystad Grendelag, 15.11.2016

Robert Valø  
Frøystad Grendelag



7.7









BRUNNEN  
BRUNNEN  
BRUNNEN

# Bingen 12m x 21,5m



# Bingen 12m x 21,5m



A (1:50)

Frøystad Grendelag  
v/ Robert Valø  
6095 BØLANDET

Tlf.: 928 19 544

e-post: robert@baro.no

**Behovsvurdering:  
Ballbinge til Frøystad Grendelag.**

Frøystad Grendelag har starta arbeidet med å planlegge korleis den tidligare skuletomta på Frøystad kan utnyttast best mogleg.

Området bør utbetrast, samstundes som vi ønsker å vise at Grendelaget vil prioritere fysisk aktivitet for store og små. Dette er nødvendig, då vi ynkjer å unngå at den fysiske forma til barna og ungdomane våre vert dårligere, på grunn av mange stillesitjande aktiviteter.

En ballbinge på tomta vår vil vere kjærkome tilbud for bygda, et tilbud som kan nyttas både av unge og eldre. Tomta ligg sentralt i bygda, så svært mange barn og unge vil ha kort veg til anlegget.

Totalt tel Frøystad grend ca. 215 husstandar. Med eit snitt på 3 personar pr. husstand vil dette seie ca. 650 personar.

Grenda tel 55 born som er registret i barneskulen.

Byggefeltet like ovanfor er eit populært boligfelt med mange småbarnsfamilier. Her er det også planlagt ei stor utbygging.

Vi ønsker også å nytte anlegget til aktivitet og alt det sosiale en ballbinge kan bidra med. I tillegg til ballbingen inneheld tomta også eit stor grusområde som under riktige værforhold vært nytta til isbane vinterstid.

I enden av denne er det planlagt ein gapahuk.

Et nærmiljø som dette meiner vi vil være med på å stimulere borna på en positiv måte.

Frøystad Grendelag, 28.11.2016

Robert Valø  
Frøystad Grend



# Sport Vest

Spesialist på ballbinger

Tilbud:

Frøystad Grendelag  
v/ Robert Valø  
6095 BØLANDET

Volda, 15.11.2016

**BINGEN** , spilleflate ca. 12m x 22m

**270m<sup>2</sup> kunstgras ( Type: Hatko - Trinidad 32mm).**

Kunstgresset har en høg standard og treng ikke innfyll av sand og gummigranulat.

- 4 generasjons kunstgress

**Løsning med normale vegghøyder: Stålpanel**

I denne prisen ligger det:

- Kunstgress
- Komplet ballbinge med 2 målmoduler og 2 målnett
- 1 stk port, som også kan nyttes som Jump in.
- Støtabsorberende gummiforinger mellom rammeverk/paneler
- Volleyball stenger og nett
- Basket utstyr. To ringer med nett, og to basketplater.

Samlet pris inkl. kunstgress	kr. 282.600,-
Lim og tape	kr. 2.500,-
<b>Montering:</b>	
Arbeidsleder ved montering på dugnad	kr. 5.500,-
Arbeidsleder ved legging av kunstgress	kr. 4.500,-
<b>Reise/ Diett/:</b>	kr. 500,-
<b>Fraktkostnader levert 6095 Bølandet</b>	kr. 18.000,-

**Opsjonar:****Fangnettløsninger :**

pr. kortvegg frem til hjørner inkl. stag à 5m	kr. 11.500,-
pr. kortvegg rundt hjørner inkl. stag à 5m	kr. 14.500,-
pr. langvegg frem til hjørner inkl. stag à 5m	kr. 14.000

**Lysanlegg:**

2 stk. 7m galvaniserte lysmaster, mastetopp Ø60mm.  
 2 stk. Ørstafundament, cc 160mm.  
 2 stk. traverser for oppheng av 1. stk. lyskaster.  
 2 stk. lyskastere 400 W / 250 W.  
 2 stk. lyskilder 400 W hvitt lys. (HQI-T)

Pris kr. 18.900,-

**Prisene er ekskl. tilkoplingsmateriell, kabler , tidsbrytere m.m.**

**Alle oppgitte priser er ekskl. mva.**

**Normal leveringstid: 6-10 uker fra bestilling.**

**Alle tilbud er gjeldende i tre-(3) måneder fra tilbudsdato.**

**Lossing av ballbingen frå semitrailer utføres av kunde.**

**Volda, 15.11.2016**

**Sport Vest AS**

**Eldar Meek  
Dagleg leder**

**Børge Gjelseth**

---

**To:** Robert Valø  
**Subject:** RE: Ballbinge

**Fra:** håvard arhaug [mailto:arhaug.maskin@gmail.com]  
**Sendt:** 9. november 2016 10:25  
**Til:** Robert Valø  
**Emne:** Re: Ballbinge

Hei.  
Alternativ på flatt plass.  
Pukk. 20250  
Grus. 11000  
Arbeid. 18000  
Transport 9000  
Totalt. 58250

Alternativ opp i skråning. Blir arbeide 41000..

Mvh  
Håvard  
Arhaug maskin

3. nov. 2016 6:26 p.m. skrev "Robert Valø" <robert@baro.no>:  
13mx21m

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.



## Oppstett over dugnadstimer i forbindelse med ballbinge ved Frøystad

Kostnadsoverslaget er beregna ut i frå en timesats på kr. 250,-

### Grunnarbeid: 60 timar.

3 mann à 20 timar x 250 = kr. 15.000,-

### Fundament: 60 timar.

4 mann à 15 timar x kr. 250 = kr. 15.000,-

### Oppfylling av grusmasser. 32 timar.

4 mann à 8 timar x kr. 250,- = kr. 8.000,-

### Montering kunstgras: 32 timar.

4 mann à 5 timar x kr. 250,- = kr. 8.000,-

Her er tatt med monterings tid, og tid brukt på å få rullane inn i bingen.

Går med litt tid å losse bilen, med kunstgras..

### Montering ballbingen. 64 timar.

4 mann à 16 timar x kr. 250,- = kr. 16.000,-

Inklusiv lossing av bil, tilkjøring av ballbinge element.

Montering av ballbingen.

Justering og oppretting dag 2.

### Opprydding: 24 timar

3 mann à 8 timar x kr. 250,- = kr. 6.000,-

Opprydding av diverse restar av kunstgress, lim spanner, papp, plast o.l.

Kjøring t/r til avfallplass.

**Administrasjon: 48 timer**

1 - 2 mann fordelt på 2 personer 48 timer x kr. 250,- = kr. 12.000,-

Dette er antall timer en til to personer, har brukt i tid, med bl.a. utfylling av spelemiddelsøknad,

Antall timer i telefon, møter, kontorarbeid osv...

**Ballbinge og kunstgras:**

Totalt er det 320 dugnadstimer x kr. 250,- pr. time = kr. 80.000,-

**Lysanlegg:**

Her må det støypast to stk. fundament, eller grave ned to ørstafundament.

I tillegg leggest ned rør for kabel frå el.punkt, til stolpar.

**Dugnadstimer:**

Alt. 1. 30 timer

2 mann à 15 timer x kr. 250,- = kr. 7.500,- -- Ørstafundament,

Eller

Alt. 2. 50 timer.

2 mann à 25 timer x kr. 250 = kr. 12.500,- - Støyping av fundament.

Navn på anlegget: \_\_\_\_\_  
 Anleggsnr: \_\_\_\_\_

## FINANSIERING

De ulike deler av finansieringsplanen for anlegget må dokumenteres med vedlegg.  
 Finansieringsplanen må dekke de samlede kostnader ved bygging av anlegget.

	Beløp	Bilag nr	Beløp godkjent av fylkeskommunen
1. Søknadssum <i>SPELEMIDLAR</i>	Kr 300.000		
2. Egenkapital	Kr 10.000		
3. Kommunalt tilskudd	Kr		
4. Fylkeskommunalt tilskudd	Kr		
5. Private tilskudd	Kr 100.000		
6. Lån	Kr		
7. Dugnad	Kr 100.000		
8. Gaver/rabatter	Kr 20.000		
9. Andre tilskudd <i>MVA-KOMP.</i>	Kr 107.000		
10. Tidligere spillemidler	Kr		
<b>Sum</b>	<b>637.000</b>		-

### Dokumentasjon på finansiering:

**Egenkapital** dokumenteres med utskrift fra den opprettede anleggskontoen.  
 Egenkapital skal være innført på denne kontoen når søknaden fremmes.

**Kommunalt tilskudd** bekreftes med kopi av vedtaksprotokoll.

**Fylkeskommunalt tilskudd** bekreftes med kopi av vedtaksprotokoll.

**Private tilskudd** kan føres opp her, dokumentert med gavebrev, kontoutskrifter, e.l.  
 Søker må vurdere om private tilskudd heller skal inngå som egenkapital.

**Lån** dokumenteres med et lånetilsagn fra bank e.l.

**Dugnad** godkjennes med det samlede beløp som er ført opp i kostnadsoverslaget (se side 2).  
 Søkeren forplikter seg til å utføre dugnadsarbeid gjennom å føre opp dette beløpet.

**Gaver/rabatter** bekreftes gjennom gavebrev og/eller skriftlig tilsagn fra ulike firma som gir rabatt på kjøp av varer.

Det vil i regnskapet ikke bli godkjent høyere verdi for dugnad/gaver/rabatter enn det beløp som godkjennes i søknaden.

**Andre tilskudd** bekreftes gjennom dokumentasjon (tilskuddsbrev e.l.).

**Tidligere spillemidler** bekreftes gjennom kopi av tilskuddsbrev fra fylkeskommunen.

### FØLGENDE VEDLEGG SKAL FØLGE SØKNADEN:

Vedlegg nr 1: Forhåndsgodkjente planer med behovsoppgave for anlegget.

Vedlegg nr 2: Detaljert kostnadsoverslag.

Vedlegg nr 3: Dokumentasjon på de ulike deler av finansieringsplanen (se ovenfor).

Vedlegg nr 4: Plan for drift av anlegget.

Vedlegg nr 5: Kopi av bekreftet grunnboksutskrift.

Ved avtale om feste/leie kreves også kopi av tinglyst feste-/leieavtale (min. 20 år).

**Børge Gjelseth**

---

**From:** Per Ronald Knutsen <perronald.knutsen@sbm.no>  
**Sent:** Tuesday, November 29, 2016 2:17 PM  
**To:** Børge Gjelseth  
**Subject:** SV: Ballbinge Frøystad Krins

Hei Børge,

Under forutsetning av fullfinansiering og godkjenning i ulike fora vil Sparebanken Møre bidra med kr. 50 000,- til dette flotte ballbingeprojektet.

---

**Med vennleg helsing**

**Per Ronald Knutsen** | Banksjef – Autorisert finansiell rådgjevar | Sparebanken Møre, Fosnavåg  
 Tlf. 90 50 51 13 | [sbm.no](http://sbm.no) | [Facebook](#) | [Engasjert!](#)



SKYPE MED  
EN RÅDGIVER



CHAT MED  
KUNDESERVICE



CHAT FRA  
NETTBANKEN

---

**Fra:** Børge Gjelseth [mailto:bjg@mmc.no]

**Sendt:** 28. november 2016 17:22

**Til:** Per Ronald Knutsen

**Emne:** Ballbinge Frøystad Krins

Hei Per Ronald,

Frøystad grendalag fikk for en stund siden avtale med Herøy kommune om å kunne overta skuletomta på Frøystad. I denne forbindelse har vi laget en plan over hva som bør gjøres for å gjøre plassen til et trivelig område for små og store.

Vi ser stor verdi i å kunne bygge en ballbinge, og jobber nå med finansieringen av denne.

Slik det ser ut nå vil totalprisen beløpe seg til underkant av 400 000.- ex moms:

300 000.- ballbinge med tilhørende lys, 60 000.- opparbeiding av område, 10 000.- grunnmur.

Bygging, forskaling ++ vil bli gjort i form av dugnad.

Vi håper på å oppnå 50% støtte fra tippemiddler.

Hadde i dag møte med Eileen Gjerde i kommuna.

Det vi mangler nå er en totalplan for finansieringen. Grendalaget har noe egenkapital, men dette er øremerket en gapahuk, samt tiltak på isbana.

Hjelp fra våre lokale sparebanker ville være svært kjærkomment.

Er det mulighet for Sparebanken å kunne støtte tiltaket med Ballbinge på Frøystad?

Mvh

Børge Gjelseth

/på vegne av Frøystad Grendalag

**Børge Gjelseth**

---

**From:** Svein Nærø <svein.naro@sparebanken.no>  
**Sent:** Wednesday, November 30, 2016 9:23 AM  
**To:** Børge Gjelseth  
**Subject:** SV: SV: Ballbinge Frøystad Krins

Det er ei eiga nemnd som tildeler midlane med oss.  
Vanskeleg å forespeila i dag, men ein stad mellom 25 000 og 50 000 vil eg tru kan vere mulig å oppnå.

Med venleg helsing  
**Svein Nærø**  
Kontorleiar Herøy  
SpareBank 1 Søre Sunnmøre

70070000 – Kundesenter (Alle dagar 7-24)  
70070007 – Bedriftssenter (Måndag-fredag 8-16)  
98287880 – Direkte  
Epost- svein.naro@sparebanken.no  
[sparebanken.no](http://sparebanken.no)

**Fra:** Børge Gjelseth [mailto:bjg@mmc.no]  
**Sendt:** 30. november 2016 09:10  
**Til:** Svein Nærø <svein.naro@sparebanken.no>  
**Emne:** Re: SV: Ballbinge Frøystad Krins

Hei Svein,

Takk for svar.  
I denne omgang er spørsmålet om støtte mest tenkt som grunnlag for total finansieringsløsning.  
Avtale om tomte kom seint i forhold til frist for søknad om ballbinge. Fristen går ut i morgen, og da må vi ha en plan for finansiering klar.

Per Ronald i SBM svarte at de vil støtte dette flotte prosjektet med 50 000.- dersom ellers alle rammer for slike tiltak er i oppfylt.

Jeg kjenner til at en kan søke prosjektmidler hos dere, og dette vil vi gjøre. Men kan du si noe om sannsynlighet for å oppnå dette, og eventuelt beløp?

Best regards

Børge Gjelseth  
Sales & Marketing Director  
MMC GREEN TECHNOLOGY AS  
Mjølstadneset  
N-6092 Fosnavåg  
Phone: + 47 815 70 002  
Cell: +47 90 06 11 97

Den 30. nov. 2016 kl. 08.48 skrev Svein Nærø <svein.naro@sparebanken.no>:

**Frøystad Grendelag**  
v/ Robert Valø  
6095 BØLANDET

Tlf.: 928 19 544

e-post: robert@baro.no

## **Plan for drift av anlegget -**

### **Ballbinge Frøystad Grendelag.**

Vi har oppretta ei ansvargruppe i Grendelaget som hovedsaklig vil stå for drifta av anlegget.

I tillegg skal også andre foreldre innvolverast i driftsansvaret. Dei skal syte for at anlegget til ei kvar tid er i god stand.

Vår bane skal være åpen heile året, også vintertid, slik at ungdomane kan møtas meir spontant gjennom heile året. Ballbingen vil være stengt mellom kl.22.00 og fram til kl. 08.00

Bølandet, 15.11.2016

Robert Valø  
Frøystad Grendelag



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	ELDHAN	Arkivsaknr:	2012/317
		Arkiv:	Q52

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
11/17	Formannskapet	24.01.2017
7/17	Kommunestyret	02.02.2017

### VEG- OG PARKERINGSOMRÅDE LEIKANGER SKULE - BEHOV FOR TILLEGGSLØYVING

#### Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i Formannskapet - 24.01.2017

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Prosjektet vert tilført nye midlar, 1 200 000 kr, ved at ein omdisponerer pengar frå prosjektet "Leine-Trolldalen 2".

#### Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Prosjektet vert tilført nye midlar, 1 200 000 kr, ved at ein omdisponerer pengar frå prosjektet "Leine-Trolldalen 2".

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga



**Bakgrunn:**

Det blir innleiingsvis vist til sak PS 149/16 - behov for ekstra løyving. Med bakgrunn i uforutsette forhold på byggjeplass er det behov for tilleggsloyving.

**Saksopplysningar:**

Byggjearbeidet for ny veg- og parkeringsplass ved Leikanger skule starta opp 14.11.2016. Det har våre utfordringar i byggjearbeidet i startfasa fram mot jul.

Utførande entreprenør har møtt på vesentleg dårlegare masser enn antatt i store delar av byggeområdet. Ein har mellom anna møtt på eit stort og djupt myrområde, og masseutskifting måtte utførast. Sakshandsamar vil poengtere at masseutskiftinga var naudsynt. Det var så dårlege masser i området at entreprenør ikkje ville stille garanti på anlegget utan masseutskiftinga. Det har også blitt utført mindre justeringar og tilpassingar på mur/gjerde, det er sett ned ein ekstra sluk og eit mindre parti med fjell måtte skytast.

Etter ei samla vurdering av tilleggskostnadane hittil er det behov for ei ekstraløyving på 1 200 000 kr.

**Vurdering og konklusjon:**

Med bakgrunn i dette tilrår rådmannen at prosjektet vert tilført meir pengar, til saman 1 200 000 kr. Midlane som trengst for å fullføre anleggsarbeidet, vert å omdisponere frå prosjektet 51916 "Leine-Trolldalen 2".

I prosjektet "Leine-Trolldalen 2" var det ei generell løyving på 4,9 millionar (u/ mva) Det er i skrivande stund att ca. 1,5 millionar. Det vil med andre ord stå att ca. 300 000 kr om denne ekstra løyvinga blir vedtatt.

**Tilråding:**

Herøy kommunestyre vedtek følgjande:

- Prosjektet vert tilført nye midlar, 1 200 000 kr, ved at ein omdisponerer pengar frå prosjektet "Leine-Trolldalen 2".

Fosnavåg, 10.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Eldar Hansen



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	JULZAH	Arkivsaknr:	2016/869
		Arkiv:	Q52

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
12/17	Formannskapet	24.01.2017
8/17	Kommunestyret	02.02.2017

### ØKONOMISK AVSLUTNING - BUBILPARKERING PARKEN, FOSNAVÅG

#### Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i Formannskapet - 24.01.2017

1. Prosjektrekneskapen vert godkjend med eit totalt forbruk på kr. 165.214 (eks. mva).
2. Forbruket vert finansiert ved bruk av investeringsmidlar til byutvikling prosjekt 70008 – Byutvikling Fosnavåg, sentrumstiltak.

#### Tilråding:

3. Prosjektrekneskapen vert godkjend med eit totalt forbruk på kr. 165.214 (eks. mva)
4. Forbruket vert finansiert ved bruk av investeringsmidlar til byutvikling prosjekt 70008 – Byutvikling Fosnavåg, sentrumstiltak

Særutskrift:  
Utviklingsavdelinga, her  
Økonomiavdelinga, her

### **Bakgrunn:**

Saka gjeld økonomisk avslutning av etablering av bubilparkering i parken i Fosnavåg.

### **Saksopplysningar:**

For investeringsbudsjettet for 2016 var det avsett 500.000 kr til byutvikling, prosjekt 70008 – Byutvikling Fosnavåg, sentrumstiltak. Eksisterande bubilparkering på indre almenning var lite brukt og ein ville då sjå om ny parkering med betre plassering kunne tiltrekke fleire. Ny bubilparkering er etablert med grusdekke og plass til ca. 12 bilar. Det er laga til uttak for vatn og midlertidig løysing for straum med anleggskasse. Parkeringa er gratis og med gratis vatn og straum.

Arbeidet var utført i juni 2016.

Utførande entreprenør var Aurvoll og Furesund AS.

### **Økonomi:**

Rekneskap ved økonomisk avslutning:

Arbeid utført av Aurvoll og Furesund AS på rammeavtale	157.250
Kjøp kabel frå Kvalsvik Elektro AS	6.402
Kjøp av utstyr til vatn- og straumuttak	1.562
Totalt forbruk	165.214

Rekneskapet viser eit forbruk på 165.214 kroner (eks. mva).

### **Vurdering og konklusjon:**

Bubilparkeringa var mykje brukt heilt til seint på hausten og tilbakemeldingane har vore gode.

### Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Mindre auke i drift- og vedlikehaldsutgifter med tanke på auka avfallsmengde, vedlikehald av grusdekke og straumkostnader.

Fosnavåg, 05.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Julia Zahl



Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	JULZAH	Arkivsaknr:	2016/778
		Arkiv:	

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
13/17	Formannskapet	24.01.2017
9/17	Kommunestyret	02.02.2017

### ØKONOMISK AVSLUTNING - ARBEID MED OFFENTLEG PARKERINGSPLASS GNR. 34 BNR. 84 ETTER REGULERINGSPLAN

#### Møtebehandling:

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i Formannskapet - 24.01.2017

1. Prosjektrekneskapen vert godkjend med eit totalforbruk på kr. 430.866 (eks. mva).
2. Kr. 334.786 (eks. mva) vert finansiert ved bruk av investeringsmidlar til byutvikling prosjekt 70008 – Byutvikling Fosnavåg, sentrumstiltak.
3. Resterende sum kr. 96.080 (eks. mva) vert finansiert ved bruk av tildelte RDA-midler til byutvikling.

#### Tilråding:

4. Prosjektrekneskapen vert godkjend med eit totalforbruk på kr. 430.866 (eks. mva)
5. Kr. 334.786 (eks. mva) vert finansiert ved bruk av investeringsmidlar til byutvikling prosjekt 70008 – Byutvikling Fosnavåg, sentrumstiltak
6. Resterende sum kr. 96.080 (eks. mva) vert finansiert ved bruk av tildelte RDA-midler til byutvikling

Særutskrift:  
Utviklingsavdelinga, her  
Økonomiavdelinga,her

**Bakgrunn:**

Saka gjeld økonomisk avslutning av arbeid med parkeringsplass ved rådhuset i Fosnavåg, gnr. 34 bnr. 84, etter reguleringsplan.

**Saksopplysningar:**

For investeringsbudsjettet for 2016 var det avsett 500.000 kr til byutvikling, prosjekt 70008 – Byutvikling Fosnavåg, sentrumstiltak. Eksisterande parkering ved rådhuset var ikkje utbygd etter reguleringsplan og samtidig ville ein fjerne eit grøntareal i bakkant av parkeringa for å gje betre plass til parkering og stengje utkøyrsla mot Kjøpmannsgata. Parkeringsplassen har no 44 plassar i tillegg til 2 plassar for rørslehemma.

Arbeidet var utført frå slutten av mai 2016 til juli 2016.

Utførande entreprenør for gravearbeid var Aurvoll og Furesund AS, medan NCC var utførande for asfaltarbeid. Arbeid med kantstein og oppmerking var bestilt via Aurvoll og Furesund AS, men utført av Anleggsgartnar Jan Erik Sandal AS og Trafikkservice AS. Euroskilt har levert skilta for HC-parkering.

**Økonomi:**

Rekneskap ved økonomisk avslutning:

Arbeid utført av Aurvoll og Furesund AS på rammeavtale	227.640
Arbeid med kantstein, Jan Erik Sandal AS	87.910
Arbeid utført av NCC på rammeavtale	86.865
Oppmerking, Trafikkservice AS	26.675
Skilt HC-parkering, Euroskilt	1.776
Totalt forbruk	430.866

Rekneskapet viser eit forbruk på 430.866 kroner (eks. mva).

**Vurdering og konklusjon: (skal slettast om saka ikkje har konsekvensar for....)**Konsekvensar for folkehelse:

Ingen

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Liten auke i drift- og vedlikehaldsutgifter ettersom det er fjerna eit grøntareal og asfalten er utbetra, samtidig som det vil vere behov for vedlikehald av oppmerking.

Fosnavåg, 05.01.2017

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Julia Zahl



Økonomiavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2016/1233
		Arkiv:	256

---

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
15/17	Formannskapet	24.01.2017
10/17	Kommunestyret	02.02.2017

### NERLANDSØY VASSLAG SA - NY SØKNAD OM KOMMUNAL LÅNEGARANTI

#### Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### Tilråding i Formannskapet - 24.01.2017

1. Herøy kommune yter sjølvskuldsgaranti for eit lån på totalt 4,0 mill kr som Nerlandsøy Vasslag SA tek opp i Kommunalbanken. Lånet skal nyttast til ytterlegare opprustning av lagets leidningsnett og reinseanlegg.
2. Garantien gjeld for lånets hovudstol maksimalt 4,0 mill kr med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Kommunens maksimale garantiansvar kan ikke overstige (4,0 mill kroner + 10 % - totalt 4,4 mill kr).
3. Garantiansvaret skal reduserast i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 35 år med tillegg av inntil 2 år, jfr [garantiforskriftenes § 3](#).
4. For at sjølvskuldnarkausjonen/garantistillinga vert gjort gjeldande må den godkjennast av staten V/Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
5. Ein ynskjer samanslåing av vassverka i kommunen.  
Garantien vert gitt under føresetnad av at Nerlandsøy Vasslag SA er positiv til ei omstrukturering av vassforsyninga i kommunen og som eit steg på vegen, herunder også fusjon/samanslåing med eitt eller fleire eksisterande vassverk.



## **Tilråding:**

1. Herøy kommune yter sjølvskuldsgaranti for eit lån på totalt 4,0 mill kr som Nerlandsøy Vasslag SA tek opp i Kommunalbanken. Lånet skal nyttast til ytterlegare opprustning av lagets leidningsnett og reinseanlegg.
2. Garantien gjeld for lånets hovudstol maksimalt 4,0 mill kr med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Kommunens maksimale garantiansvar kan ikke overstige (4,0 mill kroner + 10 % - totalt 4,4 mill kr).
3. Garantiansvaret skal reduserast i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 35 år med tillegg av inntil 2 år, jfr [garantiforskriftenes § 3](#).
4. For at sjølvskuldnarkausjonen/garantistillinga vert gjort gjeldande må den godkjennast av staten V/Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
5. Ein ynskjer samanslåing av vassverka i kommunen. Garantien vert gitt under føresetnad av at Nerlandsøy Vasslag SA er positiv til ei omstrukturering av vassforsyninga i kommunen og som eit steg på vegen, herunder også fusjon/samanslåing med eitt eller fleire eksisterande vassverk.

## **Særutskrift:**

- Nerlandsøy Vasslag SA, v/Aksel Kvalsvik, 6098 Nerlandsøy
- Økonomiavdelinga, her
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
- Vest kontrollutvaldsdistrikt,
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

## **Vedlegg:**

Garanti Herøy kommune - Nerlandsøy Vasslag SA -Epost frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal datert 21.11.2016

Uprenta vedlegg (låg ved i K-sak219/16):

Søknad om garanti

Rekneskap 2015 og budsjett 2016

Oversikt over investeringar

Styrevedtak

Lånetilbod frå Kommunalbanken

## **Saksopplysningar:**

I K-sak 219/16 (27.10.2016) vedtok kommunestyret å garantere for eit lån på 4,0 mill kr og med nedbetalingstid på 40+2 år.

I ein epost datert 21.11.2016 skriv fylkesmannen at ein ikkje har høve til å yte garantiar på over 40 år. I tillegg viser fylkesmannen til at levetida til investeringa er langt under 40 år og at lånetida ikkje kan overstige nedbetalingstida. På dette grunnlaget kan fylkesmannen ikkje godkjenne kommunen sitt vedtak i denne saka.

I framlegg til vedtak er det berre ei endring i høve til vedtaket som vart gjort i K-sak 219/16. Det er punkt 3 der garantitida er redusert frå 40+2 år til 35 + 2 år.

Nerlandsøy Vasslag er det tredje private vasslaget som har søkt kommunal lånegaranti i løpet av dei siste to åra. Dei ynskjer å låne kr 4.000.000,- til diverse tiltak på vasslaget sitt nedslagsfelt som er Teige, Kvalsund og Kopperstad.

Desse tiltaka er omfatta av søknaden:

- Bygningskropp til kr 950.000,- (til bl.a. å huse et naudstraumsaggregat)
- Behandlingsanlegg for kalk, kr 875.000,-
- Flytting av EL-tavle m.m. kr 200.000,-
- Bytte ut og sette i drift totalt 13 nye brannkummer, kr 2.000.000,-

Bygningskroppen har ei avskrivningstid på 50 år, behandlingsanlegget for kalk har ei avskrivningstid på 20 år, brannkummene har ei avskrivningstid på 40 år og dei elektriske innstallasjonane inklusiv naudstraumsaggregat har ei avskrivningstid på 10 år. Gjennomsnittleg avskrivningstid vert då omlag 37 år. Ein har såleis høve til å garantere for eit lån på 35+2 år.

Med ei nedbetalingstid på 35,0 år vil årlege avdrag utgjere omlag kr 115.000,-. I tillegg kjem rentekostnadane som vil utgjere omlag kr 80.000,- gitt ei rente på 2,0% p.a. Basert på Nerlandsøy Vasslag SA sitt rekneskap for 2015 har dei eit overskott som dekker dei auka rente- og avdragskostnadane utan å auke vassavgifta som er på kr 2.800,- per år ink mva.

### **Kommunal lånegaranti**

Kommunelova § 51 om "garantier og pantsetting for andres økonomiske forpliktelser" seier i pkt. 2:

"Det kan ikke stilles kausjon eller annen økonomisk garanti knyttet til næringsvirksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv".

I samband med denne paragrafen er det utarbeidd ei eiga forskrift med tittelen «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantier». Denne forskrifta gjeld frå 03.01.2001.

I § 2 i forskrifta står det:

«Når en kommune eller fylkeskommune stiller garanti for tredjepersons økonomiske forpliktelse, kan kommunen/fylkeskommunen forplikte seg ved simpel kausjon eller selvskyldnerkausjon».

Vedtaket om å stille garanti og garantiavtale/-erklæring skal alltid opplyse om garantiens levetid/varighet. Dersom den er knytt til ei investering kan garantitida ikkje overstige levetida på investeringsobjektet. I denne saka er avdragstida tilpassa vekta gjennomsnittleg levetid for dei arbeida som er utført.

Garantien treng statleg godkjenning (i prinsippet Fylkesmannen) dersom den overstig kr. 500.000,-.

Nerlandsøy Vasslag SA er ein privat aktør som leverer vatn til hushaldningar på Kvalsund, kopperstad og Teige. Levering av vatn vert sett på som ei kommunal primæroppgave og kommunane har eit ansvar for at sunt og godt vatn vert levert til alle i nok mengde. Lånet som vasslaget tek opp har ei vekta løpetid på 35,0 år slik at det stettar vilkåra i garantiforskrifta som seier at nedbetlingstida maksimalt kan vere på 40 år.

I dette tilfellet kan kommunen gi ein garanti fordi det gjeld ei primær oppgåve. I og med at slike tenester skal vere sjølvfinansierande betyr det at det er abonnentane som må bere dei auka kostnadane vasslaget får som følge av investeringane.

Dersom kommunen vel å gi garanti som omsøkt, må staten godkjenne vedtaket før det vert sett i verk.

### **Potensiell risiko ved å gi kommunal lånegaranti**

Rådmannen ser at det vil medføre ein økonomisk risiko ved å yte ein kommunal lånegaranti på inntil 4,0 mill kr +10%. Kommunen sitt «dilemma» er at vassforsyning er ei kommunal primær oppgåve og kommunen har eit ansvar for at vassforsyninga er tilfredsstillande.

Om det vert vedteke å yte ein garanti på inntil 4,4 mill kr i denne saka vil kommunens samla garantiansvar bli på om lag 123,0 mill kr (69,0 mill som gjeld vassverk, 51,2 mill (Sunnmørsbadet AS) og 11,5 mill på andre aktørar (barnehagar og idrettslag).

### **Vurdering og konklusjon:**

#### Konsekvensar for folkehelse:

Godt og reint vatn er utan tvil positivt for folkehelsa.

#### Konsekvensar for beredskap:

Med betre vassleidningar vert ein mindre sårbar ved t.d. brannar. Sikrere vasstilførsel er såleis eit pre for beredskapen.

#### Konsekvensar for drift:

Ikkje noko spesielt førebels

#### Konsekvensar for økonomi:

Så lenge lånegarantien ikkje vert effektuert er ikkje konsekvensane for den kommunale økonomien dei største. Ein viss effekt vil ei slik utbygging uansett har på drifta då gebyra har auka mykje dei 2-3 siste åra og Herøy kommune har mange abonnement i Stemmedal Vasslag SA.

#### Andre konsekvensar

Rådmannen meiner at same vedtaket må gjerast i denne saka som sist ein lånegaranti var til handsaming i kommunestyret. Det er bakgrunnen til at ein har tatt med punkt 5 i tilrådinga.

Fosnavåg, 23.12.2016

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Geir Egil Olsen  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

## **Delegerte saker frå avdelingane**

**DS 1/17 Mellombels bruksløyve - 46/88 12.12.2016 00:00:00 Tømrer Service as**

**DS 2/17 Ferdigattest bruksendring garasjeloft 31/42 28.11.2016 00:00:00 B&E partner as**

**DS 3/17 Unni og Roar Evensen - 11/51 - Støttemur 30.11.2016 00:00:00 Unni og Roar Evensen**

**DS 4/17 Gnr 37 bnr 158 - Fradeling av tilleggsareal 06.12.2016 00:00:00 Henning Skinnes**

**DS 5/17 Mellombels bruksløyve 28/7 07.12.2016 00:00:00 Lars Erik T Eikenæs**

**DS 6/17 Ferdigattest - 37/384 - takoverbygg/trapp 20.01.2017 00:00:00 Sporstøl Arkitekter as**

**DS 7/17 Ferdigattest 22/77 Miljøstasjon 07.12.2016 00:00:00 Conplan as**

**DS 8/17 Søknad om serveringsløyve - KR Catring 28.09.2016 00:00:00 KRYSTALLRENT AS**

**DS 9/17 Tømrer Prosjekt AS - Kjøp av gnr. 26 bnr. 237 i Herøy 06.10.2016 00:00:00 TØMRER PROSJEKT AS**

**DS 10/17 Mellombels bruksløyve - 76/39 - leilegheit B 30.11.2016 00:00:00 Myklegard consult as**

**DS 11/17 Tømrer Prosjekt as - 34/166 m fl - Endring til 4 stk 4-manns bustadar med tilhøyrende anlegg 04.01.2017 00:00:00 Tømrer Servive as**

**DS 12/17 Gnr 4 Bnr 8 - Frådeling av eksisterande bustad 25.11.2016 00:00:00 Magne Lois Kvalsund**

**DS 13/17 Mellombels bruksløyve for 76/137 28.11.2016 00:00:00 K P Kleppe as**

**DS 14/17 Gnr 44 Bnr 32 - Løyve til tiltak 05.12.2016 00:00:00 Lervik Arkitekter AS**

**DS 15/17 Myrvåg Helsesenter as - 45/116 - Endra byggeløyve tilbygg 05.12.2016 00:00:00 Prosjektbygg as**

**DS 16/17 Tildeling av prikkar - Fosnavåg Rock 12.09.2016 00:00:00 Fosnavåg Rock v/Frank Levi Kvalsund**

**DS 17/17 Ferdigattest tilbygg - 38/119 25.01.2017 00:00:00 Jetmund Runde**

**DS 18/17 Havyard MMC as - 22/45 og 58 - Flettverkgerde 23.11.2016 00:00:00 Aurvoll og Furesund as**

**DS 19/17 Gnr 38 Bnr 112 - Ferdigattest 06.01.2017 00:00:00 Apipe Møre**

**DS 20/17 BT Utbygging as - 26/215 og 244 - Riving av bygg 11.01.2017 00:00:00 B.Tarberg as**

**DS 21/17 Gerh. Voldnes AS - 33/5 - Flytebrygge 02.12.2016 00:00:00 GERH VOLDNES AS**

**DS 22/17 ferdigattest garasje/støttemur 26/111 23.12.2016 00:00:00  
Aleksander Leine**

**DS 23/17 Gnr. 12 Bnr 307 - Ferdigattest 06.01.2017 00:00:00  
MYKLEGARD CONSULT AS**

**DS 24/17 Ferdigattest 24/85 18.11.2016 00:00:00 Artikon as**

**DS 25/17 Gnr 9 Bnr 120 - Frådeling av nausttomt 23.11.2016 00:00:00  
Sunnmøre Jordskifterett**

**DS 26/17 Herøy kommune - 60/454 m fl - Veg, Leikeplass, anlegg og  
terrenginngrep Myrabakken bustadfelt 19.12.2016 00:00:00 AG Plan og  
Arkitektur as**

**DS 27/17 Thore Kopperstad - 4/324 - Garasje 18.01.2017 00:00:00 Thore  
Kopperstad**

**DS 28/17 Ferdigattest garasjebygg 19/11 21.11.2016 00:00:00 Truls Are  
Voldsund Torvik**

**DS 29/17 Gnr 36 bnr 68 Frådeling av fire bustadtomter 30.11.2016  
00:00:00 Herøy kommune**

**DS 30/17 Gnr 54 bnr 1 - Frådeling av tilleggsareal 14.12.2016 00:00:00  
Andreas Klungsør**

**DS 31/17 Rita Sævik - 22/76 - IG VVS og ventilasjon 12.12.2016 00:00:00  
Bucci Arkitektur& Design as**

**DS 32/17 Mellombels bruksløyve tilbygg 4/51 16.12.2016 00:00:00 Anders  
Leine**

**DS 33/17 Gnr 34 bnr 180 Ferdigattest 08.12.2016 00:00:00 HERØY  
BYGGSENER AS**

**DS 34/17 Anniken Kvalsund og Jørn Erik Schanche - 4/316 - Einebustad  
02.01.2017 00:00:00 Sporstøl Arkitekter as**

**DS 35/17 Søknad om serveringsløyve-Marianne og Hallbjørn AS  
03.11.2016 00:00:00 MARIANNE OG HALLBJØRN AS**

**DS 36/17 Tømrer Prosjekt as - 46/87 - 2-mannsbustad med frittliggende  
garasje 04.01.2017 00:00:00 Tømrer Service as**

**DS 37/17 Ferdigattest - 5/58 02.12.2016 00:00:00 Ørsta Byggservice as**

**DS 38/17 Gnr 26 Bnr 235 Mellombels bruksløyve 08.12.2016 00:00:00  
SUNNMØRSHUS AS**

**DS 39/17 Søknad om skjenkebevilling til eit bestemt arrangement  
16.01.2017 - (lukka arrangement) 03.01.2017 00:00:00 RUNDE  
MILJØSENER AS**

**DS 40/17 Thomas Arnesen - 35/19 - tilbygg/carport 25.01.2017 00:00:00  
Thomas Arnesen**

**DS 41/17 Herøy kommune - 38/80 - p-plass og carportanlegg 09.01.2017  
00:00:00 Prosjektbygg as**

**DS 42/17 Skjenkebevilling - søknad om ambulerande skjenkeløyve for eit  
bestemt arrangement 03.12.2016 (lukka arrangement) 24.11.2016  
00:00:00 Aud Hilde Hatløy**

**DS 43/17 Mellombels bruksløyve - 34/99 - 2 til 4 etg + u etg 19.12.2016  
00:00:00 Moldskred as**

**DS 44/17 Gnr 45 Bnr 141 - Ferdigattest 06.01.2017 00:00:00  
PROSJEKTBYGG AS**

**DS 45/17 Hallgeir Frøystadvåg - 21/2 - Molo og naustområde 04.01.2017  
00:00:00 B.Tarberg as**

**DS 46/17 Gnr 38 Bnr 287 - Igangsettingsløyve og endringsmelding.  
06.01.2017 00:00:00 PER MULVIK AS**

**DS 47/17 Ferdigattest - 29/124 - Einebustad 18.01.2017 00:00:00 Sporstøl  
Arkitekter as**

**DS 48/17 Aksel Runar Johansen - 86/19 - Redskapsbod 14.12.2016  
00:00:00 Aksel Runar Johansen**

**DS 49/17 Tømrer Prosjekt as - 45/153 - Tomannsbustad med carportar  
14.12.2016 00:00:00 Tømrer Service as**

**DS 50/17 Silje Smådal og Christoffer Bjørge - 25/89 - Einebustad  
04.01.2017 00:00:00 Byggenheim as**

**DS 51/17 Nina Tangen Arnesen - 4/265 - Riving brannskadd hus  
28.12.2016 00:00:00 Norsk Saneringservice as**

**DS 52/17 Mellombels bruksløyve -37/426 - Omsorgsbustadar 09.01.2017  
00:00:00 Prosjektbygg as**

**DS 53/17 Thor Kleppe - 86/22 - Tilbygg, uteplass, trapp og mur  
21.11.2016 00:00:00 Myklegard Consult as**



**DS 54/17 Skjenkebevilling - søknad om endrede vilkår for èn enkelt anledning (når søker allerede har bevilling) 18.01.2017 00:00:00 THON HOTEL FOSNAVÅG**

**DS 55/17 Johannes S. Eggesbø - 38/31 - Fornyng av kai 12.01.2017 00:00:00 Ing. Svein Furseth as**

Overordna analyse er basert på innsamla informasjon og statistikk for kommunen, dessutan revisors erfaringar, tidlegare analyse/plan og tidlegare prosjekt. Vi viser til den overordna analysen (vedlagt saka) for nærare opplysingar. På bakgrunn av denne analysen vert det lagt opp til val av forvaltningsprosjekt basert på risiko- og viktigheit (jf. vedlegg). Eit prosjekt blir bl.a. sett i verk for å bidra til å redusere ein mogleg trussel. I tillegg vil dette vere prosjekt som skal fokusere på ein målretta, rasjonell og kostnadseffektiv drift. Ved ein konkret utveljing av prosjekt bør nytteverdien vurderast i tilhøve forventa ressursbruk for å gjennomføre prosjektet.

Ved utforminga av eit prosjekt vil kontrollutvalet avgrense temaet slik at prosjektet blir konkret og gir kontrollutvalet dei nødvendige opplysingar for deira kontroll med kommunen.

### Gjennomførte forvaltningsrevisjon siste planperiode

2013: Forvaltning drift og vedlikehald bygg

2014: Spesialundervisning

2015: Økonomistyring (utføring 2016)

2016: Barnevern – tilsynsførarordninga

## Prioriteringar av forvaltningsrevisjonar 2016-2019

I oversikta under er det foreslått forvaltningsrevisjonar ut frå dei opplysningane som ligg føre.

Nedanfor går det fram oversikt over aktuelle forvaltningsprosjekt som kan vere aktuelle, og som kontrollutvalet kan ta utgangspunkt i, når dei legg sin plan for forvaltningsrevisjon i komande periode. Oversikta kjem fram i rapporten **Overordna analyse** som er utarbeida med bakgrunn i årsmelding/årsrapportar, spørjeundersøking, rekneskap, KOSTRA, fylkesmannen sine vurderingar og revisjonen sine eigne vurderingar (ikkje prioritert rekkefølge):

Meir informasjon finn ein i sjølve rapporten for overordna analyse som fylgjer som vedlegg.

### Sentraladministrasjon Jf. del 4

- Økonomistyring og budsjettoppfølging
- Kvalitet på den økonomiske rapporteringa

### Grunnskule /PPT Jf. del 5.1.1, 5.1.2, 5.3 og 5.4

- Tidleg innsats
- Spesialundervisning (gjennomført i 2014) oppfølgingsprosjekt?
- Utredningskapasitet og førebyggjande arbeid i PP-tenesta

### Barnevernstenesta Jf. del 5.1.3, 5.3 og 5.4

- Sakshandsaming i barnevernstenesta (behandling av meldingar og gjennomføring av undersøkingar)
- Oppfølging av born med tiltak
- Oppfølging av born ved omsorgsovertaking

### Barnehagar Jf. del 5.1.4, 5.3 og 5.4.

- Tidleg innsats/samarbeid med PPT
- Samanlikning/analyse mellom offentlige og private barnehagar

### Teknisk Jf. del 6

- Sakshandsaming byggjesaker (plan og bygningslova)
- Forvaltning drift og vedlikehald av kommunale bygg (oppfølgingsprosjekt)

### Helse/ Pleie og Omsorg Jf. del 7

- Legedekning
- Overtid/vikarbruk
- Bruk av vikarbyrå
- Kvalitet/avviksrapportering (eining/teneste?)
- Analyse av økonomisk sosialhjelp- (utgiftsnivå/stønadsperiode osv. samanlikna med andre kommunar)

### Generelt

- Overtid og vikarbruk (sektor/teneste/avdeling?)
- Innkjøp/anbudsprosess (Sektor/teneste/avdeling?)


- Bruk av konsulenttenester
- KOSTRA-analyse (sektor/teneste/avdeling?)
- Sjukefråvær (sektor/teneste/avdeling?)

Det er viktig å gjere merksam på at det ikkje er mulig å utføre alle prosjekta i planperioden (maks eit prosjekt årleg), og det kan vere at det viser seg undervegs at det er viktigare å prioritere utføring av andre prosjekt enn dei som er sett opp i planen. Då bør kontrollutvalet, som tidlegare, få fullmakt til å gjere endringar.

Sekretariatet kjem ikkje med forslag til prioritering av dei ulike forvaltningsrevisjonsprosjekta, då ein meiner dette er ei oppgåve kontrollutvalet bør gjere i møtet.

### **Forslag til innstilling**

1. Kommunestyret vedtek å prioritere flg. prosjekt i planperioden 2016 -2019 (ikkje prioritert rekkjefølgje):
  -
2. Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å endre prioritetsrekkefylje og evt. leggje til nye prosjekt innan ramma for utføring.
3. Kommunestyret vedtek at betaling for utførte prosjekt vert dekkja inn i den årlege betalings-/tilskotsordninga til kommunen sin revisjon. Dersom andre utfører forvaltningsrevisjon på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn eller kompetanse, vert betaling å avgjere i det enkelte tilfelle (jf. lov om off. innkjøp).
4. Kommunestyret vedtek at denne planen for forvaltningsrevisjon gjeld inntil ny plan ligg føre.



Jostein Støylen  
Dagleg leiar

Dato: 21.11.2016  
Arkiv: 026

## Kontrollutvalet i Herøy

### SAK 28/16 PLAN OG RETNINGSLINER FOR SELSKAPSKONTROLL 2016-2019

#### Vedlegg:

Forslag til Plan og retningslinjer for selskapskontroll 2016-2019

#### Saksopplysningar

Kommunane har i lang tid gjort meir og meir bruk av fristilte organisasjonsmodellar. Denne utviklinga har ført til meir kompleks organisering av den kommunale verksemda. Dette inneber utfordringar når det gjelder styring, og det reiser spørsmål knyta til kontroll og tilsyn.

Kommuneloven kapittel 12 omhandlar internt tilsyn, kontroll og revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Kommunal- og regionaldepartementet har laga Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Lova og forskriftene inneheld reglar vedkomande kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

For vidare saksopplysning viser ein til vedlagte forslag til Plan og retningslinjer for selskapskontroll 2016-2019.

- **Forslag til retningslinjer for gjennomføring**


Forslag til retningslinjer for kontrollutvalet si gjennomføring av selskapskontroll, jf. pkt.6 i utkast til Plan og retningslinjer for selskapskontroll 2016-2019:

1. Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyresak **PS 76/16 Rutine for eigarskapsstyring** vert følgt.
2. Kontrollutvalet skal utføre selskapskontrollar pålagde av kommunestyret.
3. Kontrollutvalet kan sjølv avgjere om dei skal gjennomføre selskapskontrollar. Dette vil normalt bygge på kommunen sin eigenkontroll, **jf. PS 76/16**. Kontrollutvalet kan ut frå egne vurderingar sjølv avgjere om det skal utførast forvaltningsrevisjon eller undersøkingar i selskap som lekk i ein selskapskontroll.
4. Kontrollutvalet får fullmakt til å fastsetje kva dokument som skal sendast kontrollutvalet (medlemene og sekretariatet), kommunen sin revisor og utførande revisor.

5. Kontrollutvalet får fullmakt til samordne utføringa av selskapskontroll med kontrollutval i andre eigarkommunar.
6. Kommunen sin revisor skal normalt utføre selskapskontrollar på vegne av kontrollutvalet. Dersom kommunen sin revisor også er revisor i selskapet som vert kontrollert, skal kontrollutvalet vurdere om andre skal utføre kontrollen.
7. Dersom kommunen/kommunene sin revisor utfører selskapskontrollen, gjeld denne si betalingsordning for kontrollen og kommunen/ane betalar. Dersom andre enn kommunen/kommunene sin revisor eller kontrollutvalet sitt sekretariat utfører selskapskontrollen på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn og kompetanse, vert betalinga for kommunen å dekke ut frå faktiske kostnader.
8. Kontrollutvalet kan fråvike fastsette retningsliner, innanfor lovverket sin rammer, om spesielle tilhøve skulle tilseie det.
9. Kontrollutvalet sin leiar og/eller nestleiar evt. den leiaren delegerer til, representerer kontrollutvalet i generalforsamling og representantskap.
10. Innsyn i selskap er avgrensa av type selskap, og kontrollutvalet sitt innsyn er i samsvar med gjeldane lov og reglar:
  - Kommunelova § 80: Kontrollutvalet har rett til å krevje dei opplysningar som er nødvendig for kontroll i alle heileigde aksjeselskap og aksjeselskap kommunen eig saman med andre kommunar/fylkeskommunar og interkommunale selskap.
  - For selskap kommunen eig saman med private, så vil kontrollutvalet sin innsynsrett verte avgrensa etter offentleglova. Dvs. ein kan ikkje krevje innsyn der det gjeld næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private. Dette inneber at protokollar frå styret i deleigde kommunale selskap ikkje kan krevjast innsyn i, då desse ikkje er omfatta offentleglova eller innsynsrett etter kommunelova.
  - Kommunen kan ha rett til innsyn i selskap om det går fram av selskapsavtalen og/eller vedtektene i selskap kommunen eig saman med private. Avtalen seier *kva* ein har rett til innsyn i.
  - For kommunen sin revisor gjeld same rett til innsyn som for kontrollutvalet.

### Forslag til innstilling:

Kommunestyret vedtek plan og retningsliner for selskapskontroll 2016 - 2019 i samsvar med utgreiinga, og at denne gjeld inntil ny plan ligg føre.



Jostein Støylen  
Dagleg leiar

PLAN  
OG  
RETNINGSLINER  
FOR  
SELSKAPSKONTROLL  
2016 - 2019  
HERØY KOMMUNE



## INNHALDSLISTE

1.	INNLEIING	3
2.	LOVVERK	3
	↳ Heimele for selskapskontroll	
	Selskapskontroll	3
	Innsynsrett	3
3.	SELSKAPSKONTROLL	4
	Eigarskapsstyring	4
	Eigarskapskontroll	5
	Forvaltningsrevisjon	5
	Undersøkingar	5
4.	ORGANISASJONSFORMER FOR KOMMUNALE VERKSEMDER	6
5.	EIGARSKAP- KOMMUNEN SI OPPFØLGING AV SELSKAP	
	Kommunestyresak <b>PS 76/16</b> Rutine for eigarskapsstyring	9
6.	KONTROLLUTVALET SI GJENNOMFØRING OG RAPPORTERING	
	AV SELSKAPSKONTROLL	12
	Gjennomføring – retningsliner	13
	Rapportering	13
	Oppfølging	13

## 1. INNLEIING

Kommunane organiserer i stadig aukande grad den kommunale verksemda i fristilte organisasjonsmodellar utanfor den ordinære kommunale forvaltninga.

Dette kan vere for å:

- effektivisere av drifta
- få klarare ansvarsforhold
- trong for å samarbeide med andre om tenesteproduksjon
- investering med tanke på økonomisk profitt
- investering pga. samfunnsansvar (t.d. å sikre arbeidsplassar) og/eller for å støtte lokal initiativ.

Denne meir komplekse organiseringa av kommunal verksemd ligg utanfor kommunestyret si direkte styring og administrasjonssjefen sitt internkontrollansvar.

Dette kan gi utfordringar for styring, og reiser spørsmål knytt til kontroll og tilsyn.

Eit viktig verkemiddel for å sikre demokratisk styring og kontroll av selskapa/samarbeida kommunen har eigarskap i, er selskapskontroll. Dette er ei av oppgåvene som er pålagt kontrollutvalet.

## 2. LOVVERK

Internt tilsyn, kontroll og revisjon i kommunar og fylkeskommunar er regulert i lov og forskrifter:

- **Lov om kommunar og fylkeskommunar.**
- **Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.**
- **Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar.**

Lov og forskrifter inneheld reglar for kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

### ◆ Selskapskontroll

Heimel for selskapskontroll finn ein i

- **Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova, koml) kapittel 12**  
↳ § 77 nr 5, som fastset at «*kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.*»
- **Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (kontrollutvalgsforskrifta)**  
↳ § 13 første lekk med tilsvarende formulering som koml §77 nr.5.  
Etter § 13 andre lekk skal det «*..minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll.*»  
Kommunestyret vedtek planen, jf. §13, andre lekk.

Kontrollutvalgsforskrifta § 13 må sjåast i samanheng med koml §80.

### ◆ Innsynsrett

**Kommunelova § 80** regulerer innsynsretten til kontrollutvalet og til utførar av selskapskontrollen i interkommunale selskap og styre etter § 27 i koml. og i aksjeselskap der ei

kommune åleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap direkte eller indirekte eig alle aksjar.

Utførar av selskapskontrollen kan vere ein annan vald aktør enn revisor. Jf. Forskrift om kontrollutval § 13. 3. 3. lekk.

§ 80 slår fast at kontrollutval og revisor (den som utfører kontrollen, jf. forskr. § 13. 3. lekk) har rett til å krevje opplysningar som er nødvendig for å utøve kontroll. Kommunestyret kan regulere omfanget av kontrollutvalet og revisor sin kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskapet. Mellom anna ved å fastsette kva dokument som skal til kontrollutval og revisor.

Kontrollutvalet og revisor (den som utøver selskapskontroll på vegne av kontrollutvalet) har rett til å vere tilstade i **generalforsamling, representantskap** og andre **tilsvarande organ.** Det er óg heimla i lov at kontrollutvalet og revisor, **skal ha varsel** når det skal vere møte.

Det er viktig at kontrollutvalet tek stilling til om dei vil nytte seg av møteretten slik dei held seg orientert om selskapa og som eit ledd i sin kontroll.

I prinsippet kan ein gjennomføre selskapskontroll i alle organisasjonsformer.

Omfanget vert regulert av eigarforholdet. Sjå pkt. 4 Organisasjonsformer.

Innsyns- og undersøkingsretten til kontrollutvalet (og/eller revisor) er knytt til

- interkommunale styrer etter koml §27 og interkommunale selskap (IKS-lova)
- heileigde kommunale selskap
- dotterselskap av desse

### 3. SELSKAPSKONTROLL

#### EIGARSKAPSSTYRING

Korleis kommunestyret forvaltar eigarskapane sine er viktig for å sikre god kvalitet på tenester og god forvaltning av dei kommunale verdiane.

For å sikre tilstrekkeleg demokratisk styring og kontroll med eigarskapane, er det ein føresetnad at kommunen utarbeider overordna system og retningslinjer for utøving av eigarstyringa. Dette kan mellom anna vere rutinar for rapportering, evaluering og oppfølging av eigarskapane. Det er viktig at kommunen er tydeleg på kva *strategi og målsetting* den har for dei ulike selskapa dei eig i. (Sjå pkt.5 side 9. EIGARSKAPSSTYRING - KOMMUNEN SI OPPFØLGING AV SELSKAP)

---

Kontrollutvalet skal (som heimla i lov) sjå til at det vert gjennomført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap der kommunen har eigarinteresser, dvs. selskapskontroll.

Selskapskontroll er eit verkty for å sjå til at forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser er i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Samt er i samsvar med aktuelle lover og reglar. (Sjå figur 1)

Selskapskontroll kan ein dele inn i:

- eigarskapskontroll
- forvaltningsrevisjon
- undersøkingar

Ein selskapskontroll vil ofte kombinere element frå eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon/undersøking. *Formål, problemstillingar og metodisk tilnærming* er det som primært skil dei ulike undersøkingane frå kvarandre.

#### ○ EIGARSKAPSKONTROLL

I selskapskontroll er eigarskapskontroll obligatorisk. Den kan utførast av alle som har nødvendig kompetanse og er uavhengige.

Her fokuserer ein på *korleis kommunen utøver eigarstyring*, som t.d. i kva grad kommunen utøver kontroll med selskapa i tråd med etablerte normer for god eigarstyring og selskapsleiing.

Tydeleg *strategi og målsetting* kommunen har for dei ulike selskapa dei eig i, er ein føresetnad for at kontrollutvalet kan gjennomføre eigarskapskontroll. Difor er utgangspunktet for eigarskapskontrollar å undersøke om kommunen *har* etablert konkrete føremål eller føringar for eigarskapane, i form av eigarskapsstrategi og/eller eigarskapsmelding. (Sjå kommunestyresak **PS 76/16** Rutine for eigarskapsstyring).

I ein eigarskapskontroll kontrollerer ein mellom anna om den som representerer kommunen sine interesser i generalforsamling, representantskap og tilsvarende organ, treff avgjersler som samsvarar med lovverk samt med kommunen sine vedtak og føresetnader for forvaltning av eigarinteressene.

#### ○ FORVALTNINGSREVISJON

Forvaltningsrevisjon er valfri. Den er pr. definisjon revisjon og må difor utførast av revisor.

Det vil vere aktuelt å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon dersom t.d. funn i den obligatoriske eigarskapskontrollen, gjer at kontrollutvalet meiner det er behov for nærare undersøkingar. (Politiske vedtak og/eller føringar samt tips kan óg føre til at ein gjennomfører ein forvaltningsrevisjon).

Forvaltningsrevisjon fokuserer på aktivitet og resultat i selskapet med systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

For å kunne gjennomføre ein forvaltningsrevisjon i eit selskap, kan kontrollutvalet nytte sin rett til innsyn i selskapet anten ved heimel i lov eller ved samtykke.

#### ○ UNDERSØKINGAR

Undersøkingar som ikkje fyl formelle kriterium for revisjon, vert óg nytta som ein del av selskapskontroll. Desse er valfri.

Det kan vere aktuelt dersom det er behov for å sjå på tilhøve utan at ein treng å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon. Dette er kontroll av beskrivande karakter som ikkje fordjupar seg slik ein forvaltningsrevisjon gjer. Til dømes der ein i kombinasjon med eigarskapskontroll, gjer undersøkingar som i tillegg til å sjå på eigarskapsforvaltning, ser på delar av sjølve drifta i selskapet. T.d. samanlikning av korleis har utviklinga av gebyr vore i det aktuelle selskapet samanlikna med tilsvarende andre selskap eller etter nasjonal norm?

For å kunne gjennomføre ei undersøking i eit selskap, kan kontrollutvalet nytte sin rett til innsyn i selskapet anten ved heimel i lov eller ved samtykke.

Figur 1: Lovheimlar og undersøkingsformer i omgrepet selskapskontroll

<ul style="list-style-type: none"> <li>• <b>Kommunelova</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>↳ §77 nr. 5</li> <li>↳ §80</li> </ul> </li> <li>• <b>Kontrollutvalsforskrift</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>↳ §13</li> </ul> </li> </ul>	<p><b>OBLIGATORISK</b>  <u><b>EIGARSKAPSKONTROLL:</b></u>          Kontroll med forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser i selskap.</p> <p><u>DØME PÅ PROBLEMSTILLING:</u>          I kva grad utøver kommunen kontroll med selskapa i tråd med etablerte normer og vedtak for god eigarstyring og selskapsleiing.</p> <hr/> <p><b>VALFRI</b>  <u><b>FORVALTNINGSREVISJON:</b></u>          Systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader.</p> <p><u>DØME PÅ PROBLEMSTILLINGAR:</u>          I kva grad viser nøkkeltala ei forsvarleg økonomisk drift?          I kva grad etterlever selskapet regelverket for offentlege anskaffingar?</p> <hr/> <p><b>VALFRI</b>  <u><b>UNDERSØKING:</b></u>          Undersøkingar av meir beskrivande karakter utan formelle kriterium for revisjon. Komplementerar ofte eigarskapskontroll.</p> <p><u>DØME PÅ PROBLEMSTILLING:</u>          Korleis har utviklinga av gebyr vore i det aktuelle selskapet samanlikna med tilsvarande i andre selskap?</p>
---	--

#### 4. ORGANISASJONSFORMER FOR KOMMUNALE VERKSEMDER

##### 1. Kommunale føretak.

Er eit forvaltningsorgan.

Kommunen kan avgjere at utvalde tenestområde vert organisert som eit kommunalt føretak.

Foretaket er framleis ein del av kommunen.

- LOVHEIMEL: kompl. kap 11.
- EIGARFORHOLD: -> EIGAR: kommunen -> EIGARORGAN: kommunestyret
- KONTROLL/TILSYN: Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon.
- INNSYNSRETT: Kontrollutvalet har full innsynsrett etter kompl.§ 77.

## 2. Interkommunalt samarbeid.

Er eit forvaltningsorgan.

To eller fleire kommunar samarbeider om felles oppgåver, og opprettar eit styre for samarbeidet.

- LOVHEIMEL: Koml. § 27
- EIGARFORHOLD: -> EIGAR: kommunen -> EIGARORGAN: kommunestyret
- KONTROLL/TILSYN: Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon.
- INNSYNSRETT: Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter koml.§§ 77 og 80.

## 3. Interkommunalt samarbeid - eige rettssubjekt.

To eller fleire kommunar samarbeider om felles oppgåver, og opprettar eit styre for samarbeidet.

Fullmaktene til styret vert gitt i samarbeidsavtale/vedtekter.

- LOVHEIMEL: Koml. § 27 - Eige rettssubjekt dvs. selskapet utøver eigaransvaret.
- EIGARFORHOLD: -> EIGAR: kommunen -> EIGARORGAN: kommunestyret
- KONTROLL/TILSYN: Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre selskapskontroll (både eigarsk.ktr. og forv.rev.).
- INNSYNSRETT: Kontrollutvalet har full innsynsrett etter koml. 80. ( Jf.også § 77 - vertskommunen.)

## 4. Vertskommunesamarbeid.

Er eit forvaltningsorgan.

Ein kommune overlet utføringa av lovpålagde oppgåver til ein vertskommune.

- LOVHEIMEL: Koml. §§ 28-1a, 28-1b og 28-1c.
- EIGARFORHOLD: -> EIGAR: kommunen -> EIGARORGAN: kommunestyret
- KONTROLL/TILSYN: Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon.
- INNSYNSRETT: Kontrollutvalet har full innsynsrett etter koml.§ 77 (vertskommunen).

## 5. Interkommunalt selskap (IKS) - eige rettssubjekt.

Eit IKS er eit selskap der berre kommuner kan vere med. Det er rettsleg og økonomisk skilt frå deltakarkommunane som eige rettssubjekt.

- LOVHEIMEL: Lov om interkommunale selskaper (intkomsel.)
- EIGARFORHOLD: -> EIGAR: kommunen -> EIGARORGAN: representantskapet
- KONTROLL/TILSYN: Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre selskapskontroll (både eigarsk.ktr. og forv.rev.).
- INNSYNSRETT: Kontrollutvalet har full innsynsrett etter koml.§ 80.

## 6. Aksjeselskap (AS) - eige rettssubjekt.

Heileigd av kommunale aktørar.

- LOVHEIMEL: Lov om aksjeselskaper (Aksjeloven – asl.)
- EIGARFORHOLD: -> EIGAR: kommunen -> EIGARORGAN: generalforsamling
- KONTROLL/TILSYN: Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre selskapskontroll (både eigarsk.ktr. og forv.rev.).
- INNSYNSRETT: Kontrollutvalet har full innsynsrett etter koml.§ 80.

## 7. Aksjeselskap (AS) og Allmennaksjeselskap (ASA) - eige rettssubjekt.

Deleigd av kommunale aktørar.

- LOVHEIMEL: Lov om aksjeselskaper og Lov om allmennaksjeselskaper
- EIGARFORHOLD: -> EIGAR: kommunen -> EIGARORGAN: generalforsamling
- KONTROLL/TILSYN: Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre selskapskontroll (både eigarsk.ktr. og forv.rev.) etter samtykke.
- INNSYNSRETT: Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

## 8. Samvirkeforetak (SA) - eige rettssubjekt.

Samvirkeforetaket er ei samanslutning med hovudføremål å fremje dei økonomiske interessene til medlemmane. Dette ved at desse tek del i verksemda til foretaket, som forbrukarar, leverandørar eller liknande.

- LOVHEIMEL: Lov om samvirkeforetak (Samvirkelova)
- EIGARFORHOLD: -> EIGAR: medlemmane -> EIGARORGAN: årsmøtet
- KONTROLL/TILSYN: Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre selskapskontroll (både eigarsk.ktr. og forv.rev.) etter samtykke.
- INNSYNSRETT: Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

## 9. Stifting - eige rettssubjekt.

Med stifting er det forstått at ein formueverdi er stilt til rådvelde for eit bestemt formål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annan art. Når stiftinga er oppretta, har opprettaren ikkje lenger rådvelde over formueverdien som er overført til stiftinga. Eit vedtak som er gjort av styret i stiftinga kan ikkje endrast av eit kommunalt organ.

- LOVHEIMEL: Lov om stiftelser (Stiftelsesloven – stiftl.)
- EIGARFORHOLD: -> EIGAR: Ingen,- er sjølveigande. -> EIGARORGAN: styret
- KONTROLL/TILSYN: Ingen om ikkje anna er avtala.
- INNSYNSRETT: Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

### ↳ Val av organisasjonsform

Kommunen bør ta utgangspunkt i kva oppgåver som skal utførast og føremålet med selskapsetableringa for val av organisasjonsform. Sidan organisasjonsform gir konsekvensar for korleis kommunen kan styre og gjennomføre kontroll og tilsyn med selskapa, er dette viktige omsyn som kommunestyret må tenkje gjennom når dei tek stilling til korleis den kommunale verksemda skal organiserast. Stiftingsforma er den organisasjonsforma kommunestyret og kontrollutvalet bør vere spesielt merksame på, grunna av det avgrensa høvet til kontroll og tilsyn. (Kontrollutvalsboka)

Kontrollutvalet skal fylgje med på sakene i kommunestyret knytte til etablering av selskap, og då om kontroll- og tilsynskonsekvensane er vurdert.

Kommunestyret har i sak **PS 76/16** vedteke **Rutine for eigarskapsstyring**.


I høve val av organisasjonsform heiter det i pkt. 1.2:

*«Ved val av selskapsform må det vurderast kva selskapsform som er best egna til å oppnå målsetjingane med eigarskapet. Kva ansvar/risiko tek kommunen ved val av denne selskapsform, og gir denne selskapsforma tilstrekkeleg innsynsrett og representasjon i styrande organ for kommunen? Kva behov ligg til grunn for oppretting og drift av selskapet?»*

Og vidare om krav til innsyn i pkt. 1.4:

*«I IKS, selskap etter § 27 og i heileigde kommunale aksjeselskap har kommunen sitt kontrollutval og revisor rett til innsyn i selskapet, jf. koml. § 80. Ved oppretting av andre selskapsformer skal kommunestyret vurdere om kommunen skal krevje rett til innsyn i selskapet, jf. koml. § 77, 5. lekk. Slik innsynsrett skal normalt krevjast. Rett til innsyn må takast inn i selskapsavtalen eller i vedtektene.»*

Selskapskontroll kan illustrerast som i figur 2 under.



Figur 2: Modell for selskapskontroll

## 5. EIGARSKAP - KOMMUNEN SI OPPFØLGING AV SELSKAP

Kommunestyret har i sak PS 76/16 vedteke **Rutine for eigarskapsstyring:**

- «1. **Kommunestyret godkjenner «Rutine for eigarskapsstyring»**
2. **Ordføreren får delegert fullmakt til å møte på vegne av Herøy kommune som eigarrepresentant på generalforsamlingar, representantskap og årsmøte m.v. Ordføreren/varaordføreren får fullmakt til å oppnemne andre frå formannskapet dersom ordføreren eller varaordføreren er forhindra frå å møte. Formannskapet får fullmakt til oppnemne representant utanfor formannskapet»**

### Rutine for eigarskapsstyring

#### 1. Etablering av selskap og nye engasjement.

Bakgrunnen for at kommunen engasjerer seg som eigar i eit selskap skal gå fram av etableringsvedtaket.

##### 1.1. *Strategi for kva ein vil oppnå med eigarskapet/engasjementet*

Det skal gå klart fram kva formål og strategi kommunen har for oppretting av selskapet, og om formålet kan oppfyllest innanfor eksisterande organisasjonsstruktur.

##### 1.2. *Val av selskapsform*

Ved val av selskapsform må det vurderast kva selskapsform som er best egna til å oppnå målsetjingane med eigarskapet. Kva ansvar/risiko tek kommunen ved val av denne selskapsforma, og gir selskapsforma tilstrekkeleg innsynsrett og representasjon i styrande organ for kommunen? Kva behov ligg til grunn for oppretting og drift av selskapet?

Selskap som driv konkurranseutsett verksemd i tillegg til monopolverksemd, bør som hovudregel skilje ut den marknadsretta delen av verksemda for å unngå rolleblending og kryss-subsidiering.



### **1.3. Finansiering / egenkapital til oppretting av selskapet**

Kommunen skal budsjettere med midlar til egenkapital / tilskot til opprettinga. Om behov skal det også budsjetterast med ytterlegare tilskot i økonomiplanperioden. Kostnads- og ansvarsfordeling mellom eigarane skal definerast.

### **1.4. Krav om innsyn**

I IKS, selskap etter § 27 i koml. og heileigde kommunale aksjeselskap har kommunen sitt kontrollutval og revisor rett til innsyn i selskapet, jf. koml. § 80.

Ved oppretting av andre selskapsformer skal kommunestyret vurdere om kommunen skal krevje rett til innsyn i selskapet, jf. koml. § 77, 5. ledd. Slik innsynsrett skal normalt krevjast.

Rett til innsyn må takast inn i selskapsavtalen eller i vedtektene.

Ved tilsegn om kommunale garantiar, næringstøtte og andre tilskot skal kommunestyret vurdere om det skal krevjast rett til innsyn i selskapet / organisasjonen, jf. koml. § 77, 5. ledd. Slik innsynsrett skal normalt krevjast.

## **2. Endringar av kommunen sin eigarandel i selskap og endringar av vedtekter**

Ved endringar i vedtekter eller eigarstruktur i selskap der kommunen er inne som eigar, skal ein spesielt vurdere dei forholda som går fram av punkta under:

### **2.1. Strategi for vidare eigarskap**

Det skal vurderast om selskapet framleis oppfyller formålet som ligg til grunn for eigarskapet/engasjementet.

### **2.2. Økonomisk utvikling**

Følgjande forhold skal spesielt vurderast:

- Er innskoten kapital i behald?
- Er det naudsynt med utviding av egenkapitalen og eventuelt innskot av ny egenkapital?
- Er drifta økonomisk forsvarleg, og i samsvar med regelverket?
- Representerer dagens drift ein økonomisk risiko for eigarane?
- Gjev den økonomiske analysen etter analysemodellen grunn til særskilt oppfølging, og er trenden i utviklinga positiv / negativ?
- Er tidlegare merknader vedkomande drifta følgd opp?

Ved endring av drifta bør ein som hovudregel skilje ut den marknadsretta delen av verksemda for å unngå rolleblanding og kryss-subsidiering.

### **2.3. Kommunen sin representasjon i eigarorgan**

Er kommunen representert i forhold til eigardel eller selskapsavtale? Har kommunen vore representert på generalforsamling eller representantskap? Er det behov for å endre kommunen sin representasjon?

### **2.4. Generalforsamling og representantskap**

Gjev årsrekneskap, årsmelding eller andre saker på generalforsamlinga eller representantskapet grunnlag for å skifte ut eller gjere endringar i styret?

Er forslag til vedtektsendringar i samsvar med lov og kommunen sine politiske vedtak?

Vert det gitt tilbakemelding til kommunestyret frå generalforsamlinga eller representantskapet?

### **2.5. Kommunen sin kontroll av eigarskap og økonomiske engasjement**

Er kommunen sikra rett til innsyn i selskapet i medhald av koml. § 77, 5. ledd? Er det ønskeleg med eit utvida rett til innsyn?

Er det kravd og gjennomført innsyn i selskapet, og er eventuelle avvik i rapportar følgd opp?

Gjev utført administrativ oppfølging, jf. pkt 3, grunn til å vurdere kommunen sitt eigarskap i selskapet?

## **3. Oppfølging av selskapa**

Kommunen skal til ei kvar tid ha oversikt over dei selskapa som kommunen er engasjert i, kven som til ei kvar tid representerer kommunen som eigar i selskapet og kva føremålet med engasjementet er. Det skal gjennomførast ein årleg kontroll. Utgangspunktet for kontrollen er å følgje opp økonomisk utvikling og strategi med eigarskapet.

Det kan skiljast mellom generell rapportering og enkeltrapportering. Alle rapportar skal som utgangspunkt til kommunestyret. Kommunestyret kan pålegge kontrollutvalet å utføre ytterlegare kontroll.

### **3.1.      *Generell rapportering***

Generell rapportering skal leggst fram for kommunestyret kvart år. Den årlege kontrollen med økonomiske nøkkeltal og kommentarar skal vere grunnlaget i rapporten. Dette er ein generell rapport som viser status. Kommunestyret kan med bakgrunn i rapporten be administrasjonen utføre vidare kontrollar, jfr punkt 3.2.

I rapporteringa skal det leggst fram liste over alle selskapa som kommunen har eigardel i, Det vert foretatt ei administrativ vurdering av kva selskap som vert analysert med oppfølgjingsmodellen, jfr vedlegg. Selskap av liten verdi eller med liten risiko inngår normalt ikkje i denne analysen.

Grunnlaget for analysen er den økonomiske situasjonen til selskapa basert på årsmelding og årsrekneskap frå offentleg tilgjengleg rapportering. Dersom det gjennom analysen kjem fram særskilde avvik, kan det vere naturleg å ta kontakt med selskapet for nærare avklaring av situasjonen.

### **3.2      *Enkeltrapportering***

Kommunestyret kan på bakgrunn av rapporteringa i punkt 3.1, be om at det vert gjennomført eigen utvida rapport for eit enkelt selskap.

## **4.      Representasjon i styre og generalforsamling/representantskap**

### Generelt:

Ved innstilling av representantar bør det vurderast om det er eit kommersielt selskap eller eit selskap med eit ideelt eller politisk formål. KS rår til at ordførar eller rådmann ikkje bør vere medlem av styre. Vidare vert det anbefalt at styremedlemmar i morselskap ikkje bør sitje i styre til dotterselskap.

For å skilje dei ulike rollene bør ein unngå at same person møter i både styret og eigarorganet (generalforsamling og representantskapet).

### Styremedlemmar:

Styremedlemmar vert valt av generalforsamling eller representantskapet. KS anbefalar bruk av valnemnd ved val av styremedlemmar.

Følgjande kriterium bør vektleggast ved val av styremedlemmar:

- a) kva kompetanse treng selskapet
- b) kva erfaring er viktig å få inn i styret
- c) tid/kapasitet til å utføre styrevervet
- d) mangfald og kjønnsfordeling
- e) habilitet

Folkevalde bør registrere alle styreverv i Styrevervregisteret.

### Representasjon i generalforsamling/representantskap

KS har i ”anbefaling om eigarskap” anbefalt at kommunestyret oppnemner sentrale folkevalde som eigarrepresentantar i generalforsamling/representantskapsmøte.

Oppnemning av sentrale folkevalde til eigarorgan vil bidra til å forenkle samhandling og kommunikasjon mellom kommunestyret og eigarorganet.

Ved val av eigarrepresentantar bør ein vurdere om ein fast folkevald (t.d ordførar) gjennomgåande skal vere kommunen sin representant.

## **5.      Opplæring og oppfølging**

### **5.1      *Opplæring***

Representantar i styre, representantskap og generalforsamlingar, skal få tilbod om opplæring i starten av ny kommunestyreperiode. I opplæringa skal ein spesielt legge vekt på:

- informere om rettar og plikter representanten tek på seg ved å la seg velje til vervet
- la representanten få innsikt i kva ansvar han/ho kan pådra seg

- orientere om kven ein skal vere lojal overfor som vald representant. I dette ligg å skilje mellom verv der ein skal representere kommunen som eigar og styreverv der ein har ansvar overfor generalforsamlinga/representantskapet og selskapet
- informere om korleis eit selskap er organisert, forskjellen mellom generalforsamling og styre
- få generell opplæring i styrearbeid

Denne opplæringa kan med fordel gjennomførast felles for fleire kommunar.

### 5.2. *Oppfølging*

Representantane kan be kommuneadministrasjonen om å få utlevert offentleg dokumentasjon som kommunen har om

- formålet med kommunen sitt engasjement i selskapet
- eventuelle strategiar for eigarskapet
- vedtak i kommunen om forhold som gjeld selskapet
- økonomiske vurderingar som administrasjonen har gjort mot selskapet
- anna relevant informasjon som kan vere viktig for representanten for å kunne utøve vervet

Dei valde representantane skal gjerast kjende med at dei kan nytte den kommunale administrasjonen som støttespelar i utøvinga av vervet dei er valde til å ivareta.

## 6. **Løpande dialog med eigarrepresentantane**

Representantane som møter på representantskap og generalforsamling, skal representere kommunen og følge dei vedtaka som kommunen har gjort enten dette gjeld:

- eit konkret politisk vedtak som gjeld ei spesiell sak som skal til behandling i selskapet
- generelle føringar som gjeld selskapet eller som framgår av grunngevinga for at kommunen oppretta eller engasjerte seg i selskapet
- generelle retningslinjer i kommunen sin eigarskapspolitikk.

Representantane må på eige sjølvstendig initiativ løpande vurdere om:

- saker til handsaming skal drøftast med kommunen på førehand.
- saker som gjeld vedtektsendring, bør leggjast fram for kommunen på førehand.
- opplysningar som dei blir kjende med ved utøving av vervet, skal tilbakerapporterast eller vurderast av kommunen,
- ein ynskjer å ha med seg representantar frå administrasjonen til generalforsamling/representantskap.

## 6. **KONTROLLUTVALET SI GJENNOMFØRING OG RAPPORTERING AV SELSKAPSKONTROLL**

Kontrollutvalet sitt engasjement i selskapskontroll er avhengig av korleis kommunestyresak **PS 76/16 Rutine for eigarskapsstyring** vert følgt opp frå administrativt og politisk hald i kommunen.

### **Gjennomføring - retningslinjer**

1. Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyresak **PS 76/16 Rutine for eigarskapsstyring** vert følgt.
2. Kontrollutvalet skal utføre selskapskontrollar pålagde av kommunestyret.
3. Kontrollutvalet kan sjølv avgjere om dei skal gjennomføre selskapskontrollar. Dette vil normalt bygge på kommunen sin eigenkontroll, **jf. PS 76/16**. Kontrollutvalet kan ut frå eigne vurderingar sjølv avgjere om det skal utførast forvaltningsrevisjon eller undersøkingar i selskap som lekk i ein selskapskontroll.

4. Kontrollutvalet får fullmakt til å fastsetje kva dokument som skal sendast kontrollutvalet (medlemene og sekretariatet), kommunen sin revisor og utførande revisor.
5. Kontrollutvalet får fullmakt til samordne utføringa av selskapskontroll med kontrollutval i andre eigarkommunar.
6. Kommunen sin revisor skal normalt utføre selskapskontrollar på vegne av kontrollutvalet. Dersom kommunen sin revisor også er revisor i selskapet som vert kontrollert, skal kontrollutvalet vurdere om andre skal utføre kontrollen.
7. Dersom kommunen/kommunene sin revisor utfører selskapskontrollen, gjeld denne si betalingsordning for kontrollen og kommunen/ane betalar. Dersom andre enn kommunen/kommunene sin revisor eller kontrollutvalet sitt sekretariat utfører selskapskontrollen på grunn av habilitetsomsyn, kapasitetsomsyn og kompetanse, vert betalinga for kommunen å dekke ut frå faktiske kostnader.
8. Kontrollutvalet kan fråvike fastsette retningslinjer, innanfor lovverket sin rammer, om spesielle tilhøve skulle tilseie det.
9. Kontrollutvalet sin leiar og/eller nestleiar evt. den leiaren delegerer til, representerer kontrollutvalet i generalforsamling og representantskap.
10. Innsyn i selskap er avgrensa av type selskap, og kontrollutvalet sitt innsyn er i samsvar med gjeldane lov og reglar:
  - Kommunelova § 80: Kontrollutvalet har rett til å krevje dei opplysningar som er nødvendig for kontroll i alle heileigde aksjeselskap og aksjeselskap kommunen eig saman med andre kommunar/fylkeskommunar og interkommunale selskap.
  - For selskap kommunen eig saman med private, så vil kontrollutvalet sin innsynsrett verte avgrensa etter offentleglova. Dvs. ein kan ikkje krevje innsyn der det gjeld næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private. Dette inneber at protokollar frå styret i deleigde kommunale selskap ikkje kan krevjast innsyn i, då desse ikkje er omfatta offentleglova eller innsynsrett etter kommunelova.
  - Kommunen kan ha rett til innsyn i selskap om det går fram av selskapsavtalen og/eller vedtektene i selskap kommunen eig saman med private. Avtalen seier *kva* ein har rett til innsyn i.
  - For kommunen sin revisor gjeld same rett til innsyn som for kontrollutvalet.

### Rapportering

I forskrift om kontrollutval i kommuner og fylkeskommuner § 15 går det fram korleis rapportering etter gjennomført selskapskontroll skal gjerast.

Rapportering av selskapskontroll skal vere tilpassa omfanget av kontrollen. Etter gjennomført selskapskontroll skal utførar sende rapporten til kontrollutvalet via sekretariatet. Sekretariatet skal sjå til at det er samsvar mellom bestilling og utføring av selskapskontrollen.

Selskap som vert kontrollert samt den som utøver eigarfunksjon for kommunen, skal få høve til å uttale seg om innhaldet i rapporten. Eventuelle kommentarar til rapporten frå desse skal gå fram av den endelege rapporten. Rapporten skal leggjast fram for administrasjonssjefen for uttale før den etter behandling i kontrollutvalet vert sendt til kommunestyret.

Etter at kontrollutvalet har behandla rapporten skal den til kommunestyret. Om selskapskontrollen er gjort av revisor, pliktar revisor å møte i kommunestyret under behandlinga av rapporten, jf forskrift om revisjon §19.

Kontrollutvalet rapporterer og om gjennomførte selskapskontrollar og resultatet av desse i si årsmelding.

### Oppfølging

Kontrollutvalet kan, om dei finn det nødvendig, foreta etterkontroll av utførte selskapskontrollar, då etter same retningslinjene for gjennomføring.

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak vert følgde opp.

Åram 21. november 2016

 VEST KONTROLL



Jostein Støylen

Dagleg leiar / Cand. mag./kommunalkandidat

EIGARANDEL SELSKAP SØRE SUNNMØRE

Ajourført pr 21.11.2016

ES (eigarskap)

Aksjekapital der det er aktuelt eller merka med X for eigar/medlemskap

Present - %

Present eigardel/aksjar der slike opplysningar ligg føre

Merka med raudt er opplysningar ein har pr 31.12.2015 eller seinare

Merka med svart er frå tidlegare opplysningar

Seisakap	Sum	Hareid	Hareid %	Herøy	Herøy %	Sande	Sande %	Ulstein	Ulstein %	Vanylven	Vanylven %	Volda	Volda %	Ørsta	Ørsta %
<b>1 Kommunale foretak</b>															
Ulstein Eieidomselskap KF	100 %							X	100 %						
Sande næringsforum	100 %														
<b>2 Interkommunalt samarbeid. Kl §27</b>															
IK veterinæravtalt		X	25 %	X											
PP-teneste for Ulstein og Hareid		X	40 %												
IK kveiddelevakt	?	X						X							
PP-teneste for Volda og Ørsta															
<b>3 Interkommunalt samarbeid. Kl §27. Eige rettssubj.</b>															
Vest kontroll	78 %	X	11,11 %	X	11,11 %	X	11,11 %	X	11,11 %	X	11,11 %	X	11,11 %	X	11,11 %
<b>4 Veretkommunesamarbeid §28a, 28b og 28c</b>															
<i>Sunnmøre landbruksarbeid</i>															
Interkommunal fjellrådgivning		X		X											
Sunnmøre krisesenter		X	3,62 %	X											
Interkommunalt legevaktssamarbeid, natt §28b		X	15,78 %	X				534389							
Interkommunal jordmorteneste		X	21,43 %	X											
PPT Sande og Vanylven															
Hanna dagsenter Volda - Ørsta		X													
<b>4 Helsestøtt Søre Sunnmøre</b>															
SSICT - Søre Sunnmøre IKT		X		X											
<b>Søre Sunnmøre landbruksarbeid</b>															
<b>5 Interkommunale selskap</b>															
Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS	100 %		14,29 %	X	14,29 %	X	14,29 %	X	14,29 %	X	14,29 %	X	14,29 %	X	14,29 %
Søre Sunnmøre reinholdsværk IKS			70,71 %	X	56,15 %	X	10,71 %	X	37,41 %						
Sunnmøre regionråd IKS		X		X	5,88 %	X									
Interkommunale Arkiv for M&R IKS				X	2,51 %										
Volda og Ørsta reinholdsværk IKS	100 %														
Alenes/Tafjord Beredskap IKS															
<b>6 Aksjieselskap - helleigd av kommunar</b>															
Fiskåholmen AS	100 %									2.020.000	100 %				
Vanylven industriutleigebygg AS	100 %									600.000	100 %				
Ulshav AS	100 %							1000000	100 %						
Vanylven Eieidom AS	100 %									100.000	100 %				
Vanylven Eieidom AS	100 %									5336600	100 %				
AV-Senteret AS - eig Norsk Nettskole AS	100 %											500000			
Hareid parkeringselskap AS	100 %		100 %			260000	18,57 %								
<b>7 AS/ASA deleigd av kommunal/kommunale etatar</b>															
Tussa Kraft AS		47193000	6,80 %	5619464	16,90 %	2809000	0,90 %	22067260	2,94 %	1920000	16,17 %	77029800	6,50 %	788679800	34,83 %
Sunnmøre Golf AS		7500000	34,99 %					3000000							
Hareid trafikktterminal AS		4400000	36,67 %												

I tillegg Selje og Vågsøy

Under fusjon med Vanylven Eieidom AS

Under fusjon

Hareid fastlandsamband AS	541000	1,11 %	1055000	1,40 %	340000	?	5090000	1,30 %	500000	70 %	45806	700000	0,50 %
Murtnet AS	700000	0,49 %	1300000	0,90 %	500000	?	1600000	1 %	300000	0,77 %	400000	350000	2,44 %
Østa idrettspark AS													
Roydeforsambandet AS	100000	0,44 %	200000	1,10 %	2000000	?	500000	2,20 %	1.800.000	13,22 %	3000000	100000	0,36 %
Nordøyvegen AS	2000	0,03 %	5000	0,00 %	20000								
Dag og tid AS	5000	0,17 %									1.000		
Sunnmørsbadet AS													
Runde miljøbølge AS													
Fosnavåg konserthus AS													
Bande fastlandsamband													
Hedvullhuset A/L													
Hædd Nordvest AS													
Furue AS	955823	2,12 %	1879800	8,10 %	47500	2,10 %	10000	5,30 %	135000	4,77 %	315000	109000	4 %
Alesund kvinneskapspark AS													
Nordvest Maritim													
Hedvull Stadion AS													
Ulstein kultur og konferansesenter AS													
Bilservice AS													
Vanylven Utvikling AS													
Øve Vassverk AL													
Vanylven Utvikling AS													
Reisemål Strøm og Nordfjord AS													
Combisenteret AS													
Vanylven Industriutleigebygge AS													
Volda skisenter AS													
Ferast AS													
Bygderadio Vest AS													
Ørsta idrettspark eideodom AS													
Storforsambandet ASA													
Ørsta skisenter AS													
Voldsfjordkryssing AS													
Lean Akademiet AS - nedlagt 11.12.12													
Norske skogsindustrier ASA													
Sunnørre kulturmeringehage AS													
Breiband for alle AS													
Fjord Norge AS													
Kvatvegen Måløy - Fløe AS	100000		1500000	1,10 %	100000								
<b>B Samvirkeforetak</b>													
Biblioteksentralen	5000												
9 Stifting													
Stiftelsen er sjøveigande institusjonar, og der kommunane har gått inn med stiftelsekapital, er kapitalen "tapt" i henhold til kommunerekneskapen.													
Stiftelsen sitt styre er ansvarleg for stiftelsens drift.													
Stiftinga Maritime Nordvest													
10 Lurteg (L/L)													
I dei bifjelte kommunane er involvert i lutteg (L/L) må laget syte for omdanning til anten aksjeselskap eller samvirkeselskap.													
L/L Hierungavåg vassverk													
Heydøl Vassverk LL	335000												
LL Dalsbygd Vassverk													
LL Dalsbygd Kloakkdrag													

Stiftelsen er sjøveigande institusjonar, og der kommunane har gått inn med stiftelsekapital, er kapitalen "tapt" i henhold til kommunerekneskapen.

Stiftelsen sitt styre er ansvarleg for stiftelsens drift.

Stiftinga Maritime Nordvest

10 Lurteg (L/L)

I dei bifjelte kommunane er involvert i lutteg (L/L) må laget syte for omdanning til anten aksjeselskap eller samvirkeselskap.

L/L Hierungavåg vassverk

Heydøl Vassverk LL

LL Dalsbygd Vassverk

LL Dalsbygd Kloakkdrag





Dato: 23.11.2016

Arkiv: 030&18

## Kontrollutvalet i Herøy

### SAK 29/16 ORGANISASJONSENDRING – ORIENTERING FRÅ RÅDMANNEN

#### Vedlegg

Utskrift frå saksframlegg PS 114/16, kommunestyremøte 29.09.2016.

#### Saksopplysning

Kommunestyret handsama 29.09.2016 PS 144/16 Organisasjonsendring, og gjorde følgjande samrøystes vedtak:

«Kommunestyret har ikkje merknad til endringa av den overordna administrative organiseringa i kommunen. Kommunestyret bed om at eit kommunalt eigedomsselskap vert komiteutgreia.»

#### I saksutgreiinga til rådmannen (sjå vedlegg) heiter det mellom anna:

I K-sak 192/15 vart det gjort slikt vedtak i pkt 10: «Kommunestyret legg til grunn at det vert gjennomført organisatoriske endringar med verknad frå 01.01.2017 slik at det vert lagt betre til rette for å nytte ressursane på tvers i organisasjonen. For å styrke organisasjonen si evne til å gjere dei nødvendige omstillingane, vert leiarutviklingsprogrammet vidareført. Kommunestyret vil også gjennomføre Kommunekompasset. Det vert søkt KS om OU- midlar til dekning av kostnadene.»

Rådmannen samanfattar i saksutgreiinga (s.3) målsettinga for omorganiseringa slik:

- Organisasjonsendringa skal føre til sterkare koordinering av tenestene og ressursane på tvers i organisasjonen og ei meir fleksibel og effektiv utnytting av dei administrative ressursane, personalressursane og andre ressursar.
- Rådmannen si leiargruppe er for stor til å arbeide strategisk.

Tidsfrist: Utgangspunktet er at ny organisasjon skal vere på plass 01.01.2017.

For vidare saksutgreiing med den politiske bestillinga og grunnlaget for å sette i gang prosessen med sikte på endring i organisering, viser ein til saksutgreiinga til PS 114/16 (vedlegg)

I rådmannen si saksutgreiing (s.4) vert det vist til konklusjonen frå styringsgruppa der det heiter:

Styringsgruppa for organisasjonsendring konkludert i møte 08.08.2016 i forhold til overordna organisering. Styringsgruppa sin konklusjon baserer seg på det som har kome fram i arbeidsgruppene og ei sjølvstendig vurdering av kva for modell ein meiner i størst grad vil bidra til å nå måla for omorganiseringa. Konklusjonen er at ein går over til ein kommunalsjefmodell med 4 kommunalsjefar under rådmannen med slike ansvarsområde:

○ Helse og omsorg:

Omfattar dagens avdelingar for pleie og omsorg, Buhab og Barn, familie og helse.

○ Oppvekst:

Omfattar dagens avdelingar for skule og barnehage.

○ Samfunnsutvikling:

Omfattar dagens avdelingar for utvikling og kultur med tillegg av folkehelse og brann og beredskap.

○ Stab:

Omfattar dagens avdelingar for

- Personal
- Økonomi
- Innkjøp
- Dokumentsenter/politisk sekretariat
- IKT • Servicetorg
- Eigedom

Til slutt i saksutgreiinga (s.4) kjem rådmannen med følgjande vurdering og konklusjon: Rådmannen legg med dette fram hovudlinene i endringa av den overordna administrative organiseringa i kommunen. Konklusjon baserer seg på det som har kome fram i arbeidsgruppene og ei sjølvstendig vurdering av kva for modell ein meiner i størst grad vil bidra til å nå måla for omorganiseringa Endringane vert gjort gjeldande frå 01.01.2017.

Tilsetting i kommunalsjefstillingane vil skje etter intern utlysing. Personkabelen vil mellom anna også vere avhengig av avklaring i forhold til rådmannsstillinga.

Når kommunalsjefane er på plass, vil strukturen under kommunalsjefane stå for tur. Her må ein også involvere tillitsvalde og verneombod. I denne prosessen må ein sikre at ein når målet med organisasjonsendringa utan at det som fungerer godt i dagens struktur, skal verte øydelagt.


Det er grunn til å understreke at dette er endring av hovudstrukturen. Administrasjonen må løpande vurdere om det må gjerast justeringar slik at organisasjonen til ei kvar tid er best mogleg tilpassa dei oppgåvene ein skal løyse.

Konsekvensar for drift: Rådmannen har ein klar ambisjon om at organisasjonsendringa skal gje ein effektiviseringsgevinst på sikt.

-----

Rådmannen vil orientere kontrollutvalet om endringsprosessen i organisasjonen og status for denne. (jf. vedtak pkt.2 i kontrollutvalssak 19/16)

**Forslag til vedtak**

  
Jostein Støylen  
Dagleg leiar

  
Antal nye meldingar	54	23	21	44	70	67	82	263	
Antal henlagte meldingar	2	0	5	4	6	11	10	31	
Antal nye undersøkelser	52	23	16	40	64	56	72	232	255
Henlagte undersøkelser	23	14	0	19	35	24	46	124	
Vedtak om tiltak	20	15	6	12	15	34	30	91	
Total antal barn i hjelpetiltak	70	16	20*	48	29	87	79	243	169
Barn med tiltaksplan	57	13	16	37	25	75	66	203	
Antal barn under omsorg	10	7	2*	15	16	14	13	58	59
Born med omsorgsplan	9	7		14	10	9	12	45	
Barn med tiltak nettv.sam	14	9	6		9	15	11	35	
m/andre tenester									

\* Då Sande manglar Kostra-rapportering er rapportering til Fylkesmannen nytta

Vi har valt å nytte KOSTRA-rapporteringa som grunnlag for berekning av nokre nøkkeltal med unntak av Sande, der KOSTRA-rapportering manglar, og det vert nytta rapporterte tal til fylkesmannen.

Tabellen nedanfor viser anna relevant informasjon, som er henta frå KOSTRA-rapporteringa, og som vert nytta i våre berekningar for samanlikning av kommunane.

## Informasjon jenta frå kommunane si KOSTRA-rapportering

2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta
Antal barn med hjelpetiltak	88	29		65	42	115	94
Antal barn med omsorgstiltak	12	8		17	17	17	16
Antal barn med tiltak	100	37	25	82	59	132	110
Andel barn m /barnevernstiltak ift barn 0-17 år	5	6,2	5,1	3,9	4,9	6,8	4,6
Andel barn m /barnevernstiltak plassert 0-17 år	1,1	1,8		1,7	1,9	2,4	1,8
Innført intern kontroll i barneverntenesten	1	1	1	1	1	1	1
Benyttet brukarundersøkelse siste år	0	1	1	1	1	1	1
Barn 0-17 år	1999	595	487	2083	1207	1941	2375
Folkemengd	8972	3256	2559	8430	5189	9037	10677

### Våre berekna nøkkeltal på bakgrunn av grunnlagsdata i KOSTRA- rapportering :

2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta
Andel nye meldingar pr barn 0-17 år (%)	2,7	3,9	4,3	2,1	5,8	3,5	3,5
Undersøkingar pr årsverk	6,9	6,8	6,7	5,3	10,7	5,4	8,9
Born m/tiltak pr årsverk	9,3	4,7	8,3	6,4	4,8	8,4	9,8
Born under omsorg pr årsverk	1,3	2,1	0,8	2,0	2,7	1,4	1,6
Undersøkingar pr barn 0-17 år (%)	2,6	3,9	3,3	1,9	5,3	2,9	3,0
Barn med hjelpetiltak pr barn 0-17 år (%)*	3,5	2,7	4,1	2,3	2,4	4,5	3,3
Antal barn under omsorg pr barn 0-17 år (%)	0,50	1,18	0,41	0,72	1,33	0,72	0,55

## 6.3 Vurdering og konklusjon

Det vart registrert avvik mellom rapportering til KOSTRA og rapportering til Fylkesmannen når det gjaldt bemanning for alle kommunane utanom Vanylven. Det vart vidare registrert avvik mellom rapportering til Fylkesmannen og til KOSTRA når det gjaldt utvalte nøkkeltal. Det er berre Vanylven kommune som hadde same tal i begge rapporteringane.

Når det gjaldt andel nye meldingar pr. barn 0-17 år så hadde Ulstein lågast med 2,1 %, deretter Herøy med 2,7 %. Hareid hadde flest meldingar med 5,8 %. Hareid gjennomførte og flest undersøkingar pr. årsverk, 10,7, medan Herøy hadde 6,9 og Ulstein 5,3.

Born med hjelpetiltak var høgst i Volda med 4,5 % av barn 0-17 år, med Sande like under. Herøy hadde 3,5 % av barn i denne aldersgruppa på hjelpetiltak. Barn på hjelpetiltak pr. årsverk var høgst i Ørsta 9,8, og med Herøy tett under 9,3. Lågast var Vanylven og Hareid. Barn under omsorg er mest i Hareid med 1,33 % av aldersgruppe 0-17 år, Herøy blant dei lågaste med 0,5 %. Barn under omsorg pr. årsverk var og høgst på Hareid 2,7, medan Sande var lågast med 0,8. Herøy hadde 1,3 barn under omsorg pr. årsverk. Avvik mellom rapporteringane kan også gjere utslag i berekna nøkkeltal.

Dei fleste kommunane bør gå gjennom rapporteringane til hhv Fylkesmann og KOSTRA, og vurdere kva som er årsak til avvika i rapporteringane. Siktemålet må vere å få lik rapportering.


## 7 SAMANLIKNING KOMMUNANE

### DRIFTSUTGIFTER - barnevernstenesta

KOSTRA- tala i høve barnevernstenesta er basert på netto driftsutgifter til funksjonane 244 «Barnevernsteneste», 251 «Barnevernstiltak i familien» og 252 Barnevernstiltak utanfor heimen». Utrekningane er basert på tal kommunen har innrapportert til SSB og tala i tabellane på neste side er henta frå kommunen sitt rekneskap.

Oversikta nedanfor viser utviklinga på driftsutgifter til barnevern pr. innbyggjar i alderen 0-17år for kommunane på Søre Sunnmøre og gjennomsnittet for land og fylke for perioden 2009-2015. I dei fleste tilfelle såg ein en svak auke i netto driftsutgifter. Sande hadde dei lågaste utgiftene knytt til tenesta medan Vanylven hadde dei høgaste. Herøy hadde også relativt låge utgifter samanlikna med fylket, landsgjennomsnitt og kommunane på Søre Sunnmøre som inngår i den interkommunale barnevernstenesta (Hareid, Ulstein, Ørsta og Volda).

Tidsserie



#### 7.1 Rekneskapstal henta frå kommunane fordelt på funksjon

Ein har sett nærmare på rekneskapen til kommunane og samanlikna tala for 2015. På neste side går det fram ei oversikt som syner netto driftsutgifter fordelt på dei ulike funksjonane 244 barnevernstenesta, 251 barnevernstiltak i familien og 252 barnevernstiltak utanfor heimen. Ein har også samanlikna desse rekneskapstala med utgiftene som er rapporterte til KOSTRA. Som siste kolonnen i tabellen viser, så er det differanse mellom rekneskapstala og kva som har vorte rapportert i KOSTRA. Størst differanse såg ein hos Hareid og i Vanylven. Det er uklart kva som er årsaka til differansen, men kan ha samanheng feilrapportering.

## Driftskostnader barnevern pr funksjon og pr innbyggjar 0-17 år

	Innbyggjarar 2015 0-17 år	244 Barneverns teneste	Pr. innbyggjar	251 Barneverntiltak i familien	Pr. Innbyggjar	252 Barneverntiltak utanfor familien	Pr. innbyggjar	SUM (244+251+252)	SUM pr innbyggjar	Tal i frå KOSTRA	Differanse mellom rekneskap og kostrarappor- tering
Herøy	2021	4 525 762	2 239	3 430 216	1 697	5 151 367	2 549	13 107 345	6 486	6 482	4
Ulstein	2054	5 774 382	2 811	1 334 936	650	11 062 408	5 386	18 171 726	8 847	8 723	124
Ørsta	2390	5 733 745	2 399	1 798 131	752	10 544 459	4 412	18 076 335	7 563	7 744	- 181
Volda	1971	4 773 617	2 422	432 269	219	10 077 151	5 113	15 283 037	7 754	7 889	- 135
Hareid	1136	3 564 773	3 138	667 154	587	5 830 273	5 132	10 062 200	8 858	8 209	649
Sande	494	1 163 156	2 355	497 944	1 008	397 503	805	2 058 603	4 167	4 230	- 63
Vanylven	617	1 930 212	3 128	334 680	542	4 505 804	7 303	6 770 696	10 974	11 400	- 426

**244 Barnevernsteneste**

Funksjon 244 gjeld kostnader til drift av barnevernstenesta, dette gjeld bl.a. sakshandsaming som vert gjennomført av tilsette eller personell som er engasjert i barnevernstenesta, barnevernsberedskap/barnevernsvakt, utgifter til sakkyndig bistand/advokat til utredning og saksbehandling, og utgifter til tolk. Herøy kommune brukte ca. 4,5 millionar, tilsvarende kr 2 239,- pr. innbyggjar i alderen 0-17år, og hadde dei lågaste kostnadane. Hareid og Vanylven hadde dei høgaste utgiftene pr innbyggjarar 0-17 år der begge kommunane hadde i overkant av kr 3 100,-. Sande hadde også låge kostnader på funksjonen med kr 2 355,-.

**251 Barnevernstiltak i familien**

På funksjon 251 går det fram utgifter til tiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet. Dette gjeld bl.a.: • Utgifter til hjelpetiltak for barn og familie • Utgifter til plasser i sentre for foreldre og barn • Tiltaksstillingar i barnevernstenesta

Herøy hadde dei høgaste kostnadane både i kroner og pr. innbyggjar 0-17 år i forhold til nabokommunane. Herøy hadde ca. 3,4 mill. kr knytt til funksjonen som utgjorde kr 1 697 pr. innbyggjar. Ørsta, Volda Hareid og Ulstein hadde utgifter på mellom kr 219,- - 752,- pr. innbyggjar. Sande brukte kr 1 008, og i Vanylven kr 542 kr pr. innbyggjar 0-17 år. Det kan derfor sjå ut som at Herøy brukar mykje meir ressursar knytt til tiltak i heimen, enn dei andre nabokommunane.

**252 Barnevernstiltak når barnet er plassert av barnevernet**

Funksjon 252 viser utgifter til tiltak når barnet har plasseringstiltak frå barnevernet. Dette gjeld bl.a.: • Utgifter til tiltak som fosterheim, akutt plassering, institusjon, bufellesskap. • Utgifter til hjelpetiltak satt i verk i tillegg til plassering • Tilsynsfører i fosterheim

Økonomisk rapportering viste motsett kostnadsbilde i forhold til funksjon 251. Herøy og Sande hadde dei lågaste utgiftene samanlikna med nabokommunane. Herøy brukte kr 2 549 pr. innbyggjar 0-17 år, men Sande brukte kr 805. Hareid, Ulstein, Ørsta og Volda brukte alle ca. kr 4 400-5 400 pr. innbyggjar 0-17 år. Vanylven hadde dei høgaste kostnadane med kr 7 303. Det vart ikkje undersøkt årsaka til dei store forskjellane, om dette kan vere tunge enkeltsaker eller ein generell trend.

## 7.2 Vurdering og konklusjon

KOSTRA-rapportering av økonomiske data frå kommunane viste at Herøy kommune nyttar meir pengar på hjelpetiltak i heimen enn dei andre kommunane på Søre Sunnmøre og som i større grad brukar ressursar på tiltak knytt til plassering av barnet.

Totale kostnader til barnevern i Herøy utgjorde kr 6 486,- pr. barn 0-17 år. Minst brukar Sande med kr 4 167,-, og Vanylven mest kr 10 974,-. Dei andre kommunane brukar kr 7 500,- - 8 900,-

Samanlikninga kan indikere at dei som brukar mykje ressursar på tiltak i heimen (førebyggjande) får dette igjen i form av mindre ressursbruk på omsorgsovertakingar, og omsorgsovertaking kan vere kostbart jfr tabell nedanfor.

Tabellen nedanfor viser kommunane sine utgifter til hjelpetiltak ( funksjon 251) og omsorgsplassering (funksjon 252) pr. barn under tiltak. Antal barn er henta frå KOSTRA-rapportering jfr tabell s 29 med unntak av Sande der rapportering til Fylkesmannen er lagt til grunn.

2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Interkomm. barnevern
Antal barn med hjelpetiltak	70	16	20	48	29	87	79	243
Antal barn under omsorg	10	7	2	15	16	14	13	58
Utgifter til hjelpetiltak (251) pr barn med tiltak	49003	20918	24897	27811	23005	4969	22761	19637
Utgifter omsorgsplassering(252) pr barn under omsorg	515137	643686	198752	737494	364392	719797	811112	658199

Våre berekningar viser at Volda hadde dei lågaste utgiftene knytt til hjelpetiltak kr 4 969 pr. barn medan Herøy hadde dei høgaste med kr 49 003 pr. barn under tiltak. Når det gjeld utgifter knytt til omsorgsplassering hadde Ørsta dei høgaste utgiftene med kr 811 112 pr. barn, medan Sande hadde dei lågaste utgiftene med kr 198 752 pr. barn. Herøy kommune nytta 515 137,- pr. barn under omsorg.

## 8 ANBEFALING

- 1 Barnevernstenesta må følgje opp rutinane i høve egne oppfølgingsbesøk og passe på at oppnemnd tilsynsfører gjennomfører minimumskrava til tilsynsbesøk som sikrar at barna får det tilsynet det har krav på.
- 2 Det bør vurderast om regelverket vert tilstrekkeleg følgd når det gjeld oppfølging av foreldre etter omsorgsovertaking
- 3 Det bør etablerast rutinar som dokumenterer uavhengigheitsvurderinga til tilsynsførar.
- 4 Det bør etablerast rutinar som sikrar at politiattestar vert innhenta og oppbevart i samsvar med regelverket.
- 5 Rapporteringa til Fylkesmann og SSB ( KOSTRA) må kvalitetssikrast og samsvare.

## 9 RÅDMANNEN SI TILBAKEMELDING

Rapporten er omfattande og gir eit utfyllande bilde av situasjonen innan dei reviderte områda innanfor barnevernet i kommunen. Kommunen er alt i gong med å arbeide med dei anbefalingane som har kome fram i rapporten.

Vi skulle også gjere sett at kommunane som har vore revidert, også vart direkte samanlikna under alle dei reviderte områda. Vi er likevel klar over at vi i etterkant, når alle rapportane ligg føre, kan samanlikne kommunane innan kvart reviderte område.

## 10 REVISJONEN SIN KOMMENTAR

Ingen

## 11 LITTERATURLISTE

- Lov om barnevernstenester (barnevernslova) 1992, sist endra 2015
- Forskrift om fosterheim (2003) Barne og familiedep., sist endra i 2014\*
- Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunene, Barne- og likestillingsdepartementet 2006.
- Veileder: Oppfølging av foreldre med barn/ungdom plassert i fosterhjem eller på institusjon, 2009
- Veileder: Tiltaksplaner og omsorgsplaner i barnevernstjenesten, 2006.
- Veileder Tilsyn med barn i fosterheim 02/2015\* (\*ikkje nytta pga kommunen ikkje har endra praksis)

## Kontrollutvalet i Herøy

### SAK 31/16 FINANSRAPPORT pr. 31.08. 2016

#### Vedlegg

Kommunestyresak PS 164/16 Finansrapport per 31.08.2016 - saksprotokoll

For å sjå alle dokumentvedlegg i saka:

<https://innsyn.ssikt.no/heroy/Dmb/ShowDmbDocument?mId=968&documentTypeId=MI>  
side 18-68

#### Saksopplysningar

Kommunal- og regionaldepartementet fastsette 9. juni 2009 ny forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning. I denne forskrifta vert det slått fast at administrasjonen skal legge fram rapportar for politisk handsaming 30.04. og 31.08 kvart år. I tillegg ei "årsmelding" per 31.12.

Kommunestyret hadde K-sak 164/16 Finansrapport pr. 31.08.2016 til handsaming 27.10.2016. Vedtak i Kommunestyret - 27.10.2016: Saka vert teken til vitande. (jf. vedlegg)

Den er sett opp som sak i kontrollutvalet då det er viktig at kontrollutvalet er orientert.

#### PS164/16 FINANSRAPPORT PER 31.08.2016

Ein viser til rådmannen sine kommentarar (s.5 i saksframlegget PS164/16) der han gjer vurdering med fylgjande konklusjon:

#### Vurdering og konklusjon:

Per 31.08.2016 var Herøy kommune sin investeringsportefølje allokert med 4% i bank, 69% i obligasjoner og 27,0 prosent i aksjar og eigenkapitalbevis.

Kommunen si gjeldsbyrde er høg. Investeringsbehovet er framleis høgt, men i gjeldande økonomiplan for 2017-2019 er det planlagt låneopptak på ytterlegare 58,7 mill kr (i tillegg kjem vidareutlån samt evt einskildsaker). Føreset ein betalte avdrag på om lag 22,5 mill kr per år vil restgjelda ved utgangen av økonomiplanperioden minke til om lag 831,6 mill kr. ( i tillegg til dette kjem lån til vidareutlån gjort i perioden 2017-2019).

Den økonomiske situasjonen globalt syner framleis ein moderat vekst og usikkerheita om utviklinga framover er stor – særleg gjeld dette i euroområdet og i Kina. Det rår usikkerheit kring oljepris, utviklinga i Kina og renteauger i USA og Storbritannia si utmelding frå EU har tidvis skapt store rørsler i aksje- og rentemarknadane. Oslo Børs har per 31.08.16 stege med 2,0%.

I porteføljen som vår forvaltar har hand om er det ikkje funne avvik frå Herøy kommune sitt Finansreglement vedteke i Herøy kommunestyre 24. oktober 2013.

**Kommunestyret bør vurdere om kommunen framleis skal satse på aksjemarknaden eller ikkje. Over år har desse investeringane gitt ei lita meiravkastning, men kommunen har ikkje økonomi til å bere store tap her framover.**

Konsekvensar for folkehelse: Liten

Konsekvensar for beredskap: Liten

Konsekvensar for økonomi: Rådmannen er framleis uroa over situasjonen, spesielt når det gjeld kommunen si aksjeportefølje og utviklinga i denne. Verdireduksjonen vi har vore vitne til dei siste åra har gjort at kommunens driftsresultat har blitt dårlegare enn dei elles ville ha blitt.

Ut frå at kommunen ikkje lenger har særleg med fondsmidlar er plasseringane i aksje- og obligasjonsmarknaden for tida finansiert av unytta låneopptak. Det kan i sin tur føre til at vi må selje aksjane og obligasjonane på kort varsel. Er ein uheldige med tidspunktet kan ein då måtte ta eit reelt tap.

Vurderinga framover går på om ein skal vere eksponert i aksjemarknaden og om ja – kven skal forvalte dette

----

Ut over dette viser ein til saksutgreiinga (sjå vedlegg) samt finansrapportane (sjå link).

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek PS 164/16 Finansrapport per 31.08.2016, til vitende.

  
Sigurd Aa. Torbjørnson  
Konsulent





Økonomiavdelinga

## SAKSPROTOKOLL

---

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2016/657
		Arkiv:	200

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
164/16	Kommunestyret	27.10.2016

### FINANSRAPPORT PER 31.08.2016

#### Tilråding:

Saka vert teken til vitande.

#### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i Formannskapet - 18.10.2016**

Saka vert teken til vitande.

#### **Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Kommunestyret - 27.10.2016**

Saka vert teken til vitande.

---

## Vedlegg:

- Rapport aksjar og obligasjonar per 31.08.2016
- Finansrapport Herøy kommune. Forvaltning av gjeldsportefølje og finansieringsavtaler per 31.08.2016
- Finansrapport Herøy kommune. Langsiktige finansielle aktiva per 31.08.2016

## Saksopplysningar:

Kommunal- og regionaldepartementet fastsette 9. juni 2009 ny forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning. I denne forskrifta vert det slått fast at administrasjonen skal legge fram rapportar for politisk handsaming 30.04. og 31.08 kvart år. I tillegg ei "årsmelding" per 31.12.

Kommunen sitt noverande Finansforvaltningsreglement vart handsama i kommunestyret i K-sak 128/13 den 24.10.2013.

I dette reglementet kan ein plassere inntil 30% av likviditeten i aksjemarknaden og inntil 100% i rentemarknaden.

Vi vel å rapportere den finansielle risikoen etter same mal som tidlegare. Det vil seie:

På plasseringssida:

Aksjar:

- Kva skje dersom den norske aksjemarknaden vert endra med +/- 30%?
- Kva skjer dersom den utanlandske aksjemarknaden vert endra med +/- 20%
- Eksponering i derivat

Renter:

- Kva kredittrisiko har kommunen tatt, dvs andel stat, kommune, bank, industri osv ?
- Renterisiko: Kva skjer dersom renta vert endra med +/- 1,0% ?
- Eksponering i derivat

På lånesida:

- Renterisiko: Kva skjer dersom renta vert endra med +/- 1,0%
- Refinansieringsrisiko: Kor stor del av låneporteføljen må refinansierast i år ?
- Eksponering i derivat

Alle tal vert presentert på einskildområder og samla.

### Portefølje per 31.08.2016 som er under Aktiv Forvaltning:

• Bankinnskot	Kr 2.364.000,- ( 4%)	kr 2.386.900,- per 30.04.2016
• Sertifikat/obligasjonar	Kr 46.248.000,- ( 69%)	kr 45.985.000,- per 30.04.2016
• Aksjar	Kr 18.351.500,- ( 27%)	kr 18.032.200,- per 30.04.2016
<u>Totalt</u>	<u>Kr 66.963.500,- (100%)</u>	<u>kr 66.386.100,- per 30.04.2016</u>

Porteføljen sin verdi har auka med om lag kr 577.000,- sidan 30.04.2016. Grunnen til dette er avkastning på obligasjonsporteføljen og ein liten verdiauke på aksjeporteføljen..

### Herøy kommune sin aksjeportefølje.

Herøy kommune har per 31.08.2016 investert i 32 ulike selskap på Oslo Børs (32 selskap per 30.04.2016). Opprinneleg har investeringane i dei ulike selskapa variert mellom kr 74.400,- (Akastor ASA) og kr 1.470.400,- (Sparebanken Vest Eigenkapitalbevis). Totalt har Herøy kommune investert om lag 22,1 mill i einskildaksjar (21,5 mill kr per 30.04.2016). Marknadsverdien per 31.08.2016 er på omlag 18,35 mill kr (om lag 18,03 mill kr pr 30.04.2016). Den tidsvekta avkastninga i perioden 01.01.2016 – 31.08.2016 er negativ med omlag 0,9 %. Dette er om lag 4,3 % lavare enn benchmark (samanlikningsindeksen).

Avkastninga på aksjesida har vore negativ med om lag 0,18 mill kr. Budsjetterte inntekter (netto) knytt til verdiauke og utbytte på denne aksjeporteføljen er på om lag 1,55 mill kr per 31.08.2016. Det vil seie at ein har eit negativt avvik mellom budsjetterte og reelle inntekter på om lag 1,726 mill kr per 31.08.2016.

#### Finansiell risiko Norske aksjar

Alle kommunen sine aksjar er i selskap notert på Oslo Børs. Dersom ein skulle få eit nytt kursfall i den norske marknaden på t.d. 30% i perioden 01.09.2016 - 31.12.2016 vil det representere ein verdireduksjon på i overkant av 5,5 mill kr. Dersom verdiauken i same tidsrom vert på 30% vil det utgjere ein vinst på 5,5 mill kr. Erfaringar frå hausten 2008 (og også hausten 2011 og 2015) har synt oss at det er fullt mogeleg å få ein finansiell risiko som overstig 30%.

#### **Herøy kommune sin obligasjonsportefølje**

Herøy kommune har per 31.08.2016 i alt 7 ulike einskildobligasjonar/sertifikat. Pålydande verdi varierer frå 3,0 mill kr til 16,0 mill kr og er pålydande totalt 46,0 mill kr. Investert sum er på nær 46,1 mill kr. Tidsvekta avkastninga i perioden 01.01.16 – 31.08.2016 er på nær 2,9. Dette er om lag 1,9% betre enn benchmark (samanlikningsindeksen – Statsobligasjonsindeksen 3 år).

Totalt budsjetterte netto renteinntekter på obligasjonssida per 31.08.2016 er 1,13 mill kr. Rekneskapsmessig har vi i denne perioden hatt ei total avkastning på om lag 1,30 mill kr slik at differanse mellom budsjettert og reell avkastning per 31.08. er positiv med om lag 0,17 mill kr.

#### Finansiell risiko

Dersom ein får eit renteskift på + 2% vil det representere ei meir- eller ei mindreinntekt på i overkant av 0,1 mill kr for 2016.

#### **Bankinnskott aktiv forvaltning**

Herøy kommune sine bankinnskott i Sparebanken Vest (Dette gjeld det som ligg under aktiv forvaltning gjennom Bergen Capital Management AS).

Herøy kommune hadde per 31.08.2016 inneståande nær 2,32 mill kr. Midlane vert forrenta med 1,05% for innskott inntil NOK 5,0 og 1,50% for innskott over 5,0 mill kr. Berekna bankrenter per 31.08.16 er om lag kr 28.200,-.

#### Finansiell risiko

Med dagens rentenivå og utsiktene framover er det ikkje nokon renterisiko knytt til bankinnskott per dato.

Det er ingen avvik mellom faktisk forvaltning og risikorammene i finansreglementet. Det potensielle tapet på finansporteføljen vert per dato vurdert som middels sett i høve til kommunens risikoberande evne.

#### **Andre Bankinnskott**

Etter ein anbuds konkurranse valde Herøy kommune ny hovudbank for 3+1 år. Danske Bank ASA vart vald ut i frå kriteria i anbuds dokumentet og avtalen gjeld frå 01.09.2016. Det gjer at dei fleste kontiane per 31.08.2015 er i Danske Bank ASA, men vi har framleis dei gamle driftskontiane i Nordea og Sparebanken Møre operative.

I Sparebanken Møre har vi per 31.08.2016 samla bankinnskott på om lag 1,5 mill kr,-. Rentesaften er 0,42% og opptente renter så langt i 2016 er på om lag kr 2.500,-.

I Danske Bank ASA hadde vi per 30.04.2016 inneståande på om lag nær 130,1 mill kr. Om lag 90,0 mill av dette var frie midlar. Dei resterande om lag 40,1 mill kr er bundne midlar (RDA og Skattetrekk). For førstnemnde (RDA midlane) skal renteinntektene godskrivate dei respektive konti. Dei kjem såleis ikkje drifta av Herøy kommune til gode. Oppsparte renter 2 tertial utgjorde om lag 0,94 mill kr og rentesaften var NIBOR blank.

I Nordea AS har kommunen innskott på om lag 7,1 mill kr per 31.08.16. Rentesaften er på omlag 0,3% og opptente renteinntekter er om lag kr 7.000,-.

Netto opparbeidde renteinntekter per 31.08.2016 er nær 0,95 mill kr. Vi har budsjettert med renteinntekter på totalt 1,04 mill kr for 1 og 2 tertial 2016 og vi har per 30.08. fått godskrive om lag same summen. Sjølv om rentenivået på innkotskapitalen er på veg nedover voner vi å samsvar mellom budsjetterte og reelle renteinntekter i 2016.

Kontoane og innskota nemnt ovanfor er kommunen sin driftskapital. Storleiken på innskota vil variere ein god del frå månad til månad, Per 31.08.2016 hadde vi driftskapital på nær 100,0 mill kr. Det meste av dette er unyttta lånemidlar. Ved årsskiftet var desse positive med om lag 79,0 mill kr. I januar tok vi opp budsjettert låneopptak med NOK 70,0 mill kr. Om lag 45,0 mill av dette var utbetalt til ulike investeringsprosjekt dei 8 første mnd av 2016.

#### Finansiell risiko

Med dagens rentenivå og renteutsiktene framover er det snakk om ein minimal finansiell risiko for kommunen sine bankinnskott. Om ein i snitt har innestående 60,0 mill kr og får endra rentesaften med +/- 0,25% vil det utgjere ein vinst/eit tap på om lag kr 50.000,- for dei siste 4 mnd i 2016.

#### **Herøy kommune sin låneportefølje (iflg oversikt Bergen Capital Management)**

Per 31.08.2016 hadde Herøy kommune i alt 28 lån. I Husbanken (17 lån – ca 70,9 mill kr – ca 66,1 mill av dette er startlån/vidareutlån), Kommunalbanken (6 lån – ca 370,9 mill kr), DNB ASA (1 lån ca 65,0 mill kr), Swedbank (2 lån – 155,0 mill kr) og KLP/Kommunekreditt (2 lån ca 180,0 mill kr). Total gjeld per 31.08.2016 var om lag 841,8 mill kr eller om lag kr 94.300,- per innbyggjar (kr 86.900,- per innbyggjar eks vidareutlån). I desse tala ligg alt av lån kommunen har per dato – også vidareutlån gjennom husbanken, lån til VAR området og lån som staten betaler rentekompensasjon for.

Rentevilkåra varierer. Lån med fast rente varierer frå 1,17% til 3,33%. Lån med flytande rente ligg på mellom 1,58 og 1,80%. Vekta gjennomsnittrente per 30.04.2016 er på om lag 1,70%. Ved årsskiftet var den på om lag 1,80%. Trass i ein forholdsvis stor vekst i lånegjed har ikkje rentekostnadane auka vesentleg. Det skuldast sjølv sagt at rentenivået er redusert og at ein del fastrentelån med høg rente no er avslutta og refinansieringane, gjort spesielt i 2015, har gitt ei mykje lavare rente.

Av Herøy kommune sine lån er 8,89% av porteføljen lån med flytande rente (p.t. rente), 29,34 % av porteføljen har rentebinding som går ut innan 1 år og 61,77% av låneporteføljen har fast rente ut over 1 år. Balansen mellom det å ligge kort og dra nytte av lave marknadsrenter samstundes som ein har valgt å sikre noko på lengre sikt når nivåa har vore attraktive vert reflektert i forfallsstrukturen.

#### Finansiell risiko

Den finansielle risikoen kan henførast til refinansieringsrisiko (lån med fast rente der fastrenteperioda er ute) og renterisiko. Renterisikoen er moderat framover og i det siste tertialet i 2016 er berre eit stort lån som skal refinansierast (140,0 mill kr). Renta på dette lånet er lav (1,166%) og ei refinansiering kan sjølv sagt resultere i ei høgare rente enn den vi har i dag. Vi har utført dei budsjetterte låneopptaka for 2016.

#### **Samandrag/Stresstest**

Ved å sette opp slik tabell kan ein sjå slik finansiell risiko for 2016:

Aktiva-/passivklasse	Marknadsvardi i kr	Endringsparameter	Resultat i kr
Bank/likviditet	60.000.000	0,25%	-50.000
Obligasjonar **)	46.250.000	-2% renteskift	- 110.000
Aksjar og grunnfond	18.350.000	-30% verdiendring	- 5.500.000
Lån *)	-841.800.000	0,25%	- 1.090.000
Samla	-717.200.000		- 6.750.000

\*) Her tek vi ein snittauke på 0,25% for heile låneporteføljen – både den som har fast rente og den som har p.t. rente.

\*\*) Mykje av obligasjonsporteføljen ligg med fast rente – difor blir utslaget i kr lite.

## **Vurdering og konklusjon:**

Per 31.08.2016 var Herøy kommune sin investeringsportefølje allokert med 4% i bank, 69% i obligasjoner og 27,0 prosent i aksjar og egenkapitalbevis.

Kommunen si gjeldsbyrde er høg. Investeringsbehovet er framleis høgt, men i gjeldande økonomiplan for 2017-2019 er det planlagt låneopptak på ytterlegare 58,7 mill kr (i tillegg kjem vidareutlån samt evt einskildsaker). Føreset ein betalte avdrag på om lag 22,5 mill kr per år vil restgjelda ved utgangen av økonomiplanperioden minke til om lag 831,6 mill kr. ( i tillegg til dette kjem lån til vidareutlån gjort i perioden 2017-2019).

Den økonomiske situasjonen globalt syner framleis ein moderat vekst og usikkerheita om utviklinga framover er stor – særleg gjeld dette i euroområdet og i Kina. Det rår usikkerheit kring oljepris, utviklinga i Kina og renteauker i USA og Storbritannia si utmelding frå EU har tidvis skapt store rørsler i aksje- og rentemarknadane. Oslo Børs har per 31.08.16 stege med 2,0%.

I porteføljen som vår forvaltar har hand om er det ikkje funne avvik frå Herøy kommune sitt Finansreglement vedteke i Herøy kommunestyre 24. oktober 2013.

**Kommunestyret bør vurdere om kommunen framleis skal satse på aksjemarknaden eller ikkje. Over år har desse investeringane gitt ei lita meiravkastning, men kommunen har ikkje økonomi til å bere store tap her framover.**

### Konsekvensar for folkehelse:

Liten

### Konsekvensar for beredskap:

Liten

### Konsekvensar for økonomi:

Rådmannen er framleis uroa over situasjonen, spesielt når det gjeld kommunen si aksjeportefølje og utviklinga i denne. Verdireduksjonen vi har vore vitne til dei siste åra har gjort at kommunens driftsresultat har blitt dårlegare enn dei elles ville ha blitt.

Ut frå at kommunen ikkje lenger har særleg med fondsmidlar er plasseringane i aksje- og obligasjonsmarknaden for tida finansiert av unytta låneopptak. Det kan i sin tur føre til at vi må selje aksjane og obligasjonane på kort varsel. Er ein uheldige med tidspunktet kan ein då måtte ta eit reelt tap.

**Vurderinga framover går på om ein skal vere eksponert i aksjemarknaden og om ja – kven skal forvalte dette.**

Fosnavåg, 23.09.2016.

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Geir Egil Olsen  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

## Kontrollutvalet i Herøy

### SAK 32/16 BUDSJETTKONTROLL PR.31.08.2016

#### Vedlegg

1. Utskrift av saksprotokoll K-sak 165/16 Budsjettkontroll per 31.08.2016

#### Saksopplysningar

I økonomireglementet og i budsjettvedtaket står det at budsjettkontrollane pr.30.04 og 31.08 skal handsamast av kommunestyret.

Desse er sette opp som sak i kontrollutvalet då det er viktig at kontrollutvalet er orientert.

Kommunestyret hadde K-sak 165/16 Budsjettkontroll per 31.08.2016 til handsaming 27.10.2016.

Ein viser til rådmannen sine kommentarar (sjå s.5 i vedlegget) der han gjer fylgjande vurdering med konklusjon:

«Det negative med rapporten er at

- utgiftene til sosialhjelp også i 2016 ser ut til å bli mykje høgare enn budsjettert
- Kanskje meir enn dobbelt så høgt som ein har budsjettert med – 3,0 mill.kr.

Her har ein nok budsjettert med for lave tal sidan 2012.

Brannvern har hatt mange obligatoriske kurs i år og utgiftene på dette feltet er stadig aukande. I 2016 kan meirforbruket passere kr. 500 000,- her.

- skatteinntektene vert mest sannsynleg lavare enn budsjettet men at ein del av dette vert kompensert med høgare rammetilskott
- Renteinntektene vert lavare enn budsjettert
- Avkastninga på midlane vi har til aktiv forvaltning kan bli lavare enn budsjettert, men det er lenge igjen av året og på dette området kjem endringane raskt.

Det positive er at avdelingane synest å ha kontroll med eiga drift, men tilbakemeldingane frå avdelingane tyder ikkje på at mange av dei vil få større mindreforbruk i 2016 slik tilfellet var i 2014 og 2015. Likevel tyder tilbakemeldingane på at områda/avdelingane samla sett får eit mindreforbruk også i 2016 trass i at dei er pålagt eit innsparingskrav.

Basert på tilbakemeldingane er situasjonen slik (mindreforbruk):

Økonomiavdelinga og Servicetorget, mindreforbruk	kr.1.300.000,-
Administrativ leiging, mindreforbruk på om lag	kr.1.000.000,-
Samhandlingsreforma (om ein ikkje set det av til fonds)	kr.3.000.000,-

Meirforbruk:

Politisk leiging	kr. 150.000,-
Sosial	kr.3.000.000,-
Brannvern	kr. 500.000,-
<b>Sum mindreforbruk i avdelingane på om lag</b>	<b>kr.1.650.000,-</b>

I tillegg seier leiarane i barnehageavdelinga og skuleavdelinga at dei vil gå med eit mindreforbruk i 2016 utan at dei på det noverande tidspunkt kan talfeste det. Basert på tilbakemeldingar er den beste kvalifiserte prognosa eit mindreforbruk som er større enn den rammeinnsparinga som no er budsjettert på område 90 og som er på 2,11 mill kr.

Slik rådmannen ser det, er det resultatet frå skatt/ramme og finans som vil avgjere årets resultat. Pensjonsutgiftene vil vere «The dark horse» og til saman vil desse tre faktorane avgjere om ein kjem ut med eit meir- eller mindreforbruk i 2016.

Konsekvensar for drift:

- Kommunen har hatt sterkt fokus på innsparingar over tid. For nokre avdelingar kan det resultere i at belastninga på dei tilsette aukar og at resultatet av det vert meir sjukmeldingar og lavare kvalitet på tenestene.

Konsekvensar for økonomi:

- Økonomien er stram, men avdelingane klarer å halde rammene sine. Dei statlege overføringane minkar ved bl.a. at staten/fylkesmannen trappar ned tilskotet vi fekk pga høgare arbeidsgjevaravgift (10 mill kr over 5 år). Reduksjonen frå 2015 til 2016 er på om lag 2,0 mill kr. Dette «kuttet» gjer at Herøy kommune har lavare vekst i frie inntekter enn dei fleste andre av kommunane i Møre og Romsdal.»

Ut over dette viser ein til saksutgreiinga.

**Møtebehandling:** Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Kommunestyret - 27.10.2016:** Saka vert teken til vitende.

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek K-sak 165/16 Budsjettkontroll per 31.08.2016, til vitende.

  
Sigrud Aa. Torbjørnson  
Konsulent



HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

## SAKSPROTOKOLL

---

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2016/593
		Arkiv:	210

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
217/16	Formannskapet	18.10.2016
165/16	Kommunestyret	27.10.2016

### BUDSJETTKONTROLL PER 31.08.2016

#### Tilråding:

Budsjettrapporten per 31.08.2016 vert teken til vitande.

#### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i Formannskapet - 18.10.2016**

Budsjettrapporten per 31.08.2016 vert teken til vitande.

#### **Møtebehandling:**

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Kommunestyret - 27.10.2016**

Saka vert teken til vitande.

---



**Vedlegg:**

- Budsjettkontroll per 31.08.2016 - Avdelingane sine kommentarar

**Saksopplysningar:**

Herøy kommune hadde ei god drift i 2015 og fekk eit mindreforbruk som vart nytta til å auke disposisjonsfondet.

Budsjettsituasjonen dei siste åra har vore stram og fokuset har vore kostnadskontroll. For 2016 ser vi at vi at nokre inntektspostar er sett høgt, og ein har sjølvstøtt også nokre utfordringar på utgiftssida.

I økonomireglementet og i budsjettvedtaket står det at budsjettkontrollane per 30.04 og 31.08 skal handsamast av kommunestyret.

Tilbakemeldingar frå avdelingane

Dei fleste avdelingane meiner at dei skal klare å halde sine driftsbudsjett for 2016. Innanfor politisk leing er det meldt om eit meirforbruk på om lag kr 150.000,- knytt til abonnement, annonser og lisensar. Sosialhjelpsbudsjettet har vore uendra dei siste åra trass i at forbruket her har vore langt høgare enn budsjettet. Ein kan her risikere å få kostnader som er meir enn 3,0 mill høgare enn budsjettet (3,0 mill kr). Brannvernet melder om eit meirforbruk på om lag kr 500.000,- knytt til obligatorisk kursing av vaktstyrken. På plussida er det vakanse i stillinga som assisterande rådmann (ca 1,1 mill kr) noko som vil medføre at vi får dekt inn noko av innsparingskravet ein har budsjettet med under område 90. Også Servicetorget og Økonomiavdelinga har hatt vakansar i 2016 noko som samla sett kan utgjere opp mot 1,3 mill kr. Pleie- og omsorgsavdelinga voner at ein kan klare å halde budsjettet, men då er ein avhengig av at presset på sjukeheimane ikkje vert for stort. Bu- og habiliteringsavdelinga vil klare sitt budsjett og kanskje løyve litt ved årsslutt. Det same gjeld for andre store avdelingar som Skuleavdelinga og Barnehageavdeligna.

Den største usikkerheita er som vanleg knytt til området som Skatt, ramme, finans med meir. Skatteinntektene er ikkje så høge som vi har budsjettet med, vi har ei bankavtale som gjekk ut i mars og vilkåra ein klarte å forhandle seg fram til i den nye avtalen er på langt nær like god når det gjeld innskotsvilkåra. Det gjer nok at renteinntektene frå ordinære bankinnskot vil bli redusert. Hittil har avkastninga på obligasjonsporteføljen vore god medan avkastninga på aksjar (inkludert Tussa) ikkje vil bli på langt nær så god som budsjettet.

Pensjonskostnadane i 2015 vart lavare enn budsjettet bl.a. pga av at reglane for avsetjing til uførepensjon delvis vart overført til folketrygda. Det blir difor spennande å sjå korleis dette blir for 2016. Ein har fått opplyst at premieavviket vil bli stort dette året og amortiseringskostnadane aukar også ein del på grunn av ei kortare nedbetalingstid.

Arbeidsløysa i området stig og mange av dei ledige har snart nådd makstida for arbeidsavklaringspengar. Dette kan føre til at utgiftene til sosialhjelp aukar ytterlegare. På litt sikt vil dette også kunne gje utslag på reduserte skatteinntekter.

Når det gjeld skatt, ramme, finans etc vil mindreinntektene frå skatt/ramme sannsynlegvis utgjere inntil 3,2 mill kr i 2016.

---

Vi slit også med avkastninga på aksje- og obligasjonsinvesteringane våre (aktiv forvaltning). Per 31.08.2016 hadde vi ei samla mindreinntekt i høve til budsjettet på 1,55 mill kr. Skal vi klare dei budsjetterte inntektene her er ein avhengig av ein god haust på børsen.

Alle tal i 1.000 kr	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Rekneskap	Budsjett	Avvik
	2016	2016		2015	2015	
Lønn inkl sos. Utgifter	259.728	264.755	-5.027	254.081	258.847	-4.765
Kjøp av varer og tenester	49.593	50.377	-784	53.124	50.518	2.606
Kjøp av varer og ten. som ersttar komm eigprod	57.047	56.612	435	52.463	50.408	2.055
Overføringar til andre	35.106	28.603	6.503	50.925	37.793	13.132
Finansieringsutgifter	37.541	61.418	-23.877	15.206	40.954	-25.748
<b>Sum utgifter</b>	<b>439.014</b>	<b>461.766</b>	<b>-22.752</b>	<b>425.799</b>	<b>438.520</b>	<b>-12.721</b>
Salsinntekter	-46.695	-49.879	3.184	-44.745	-51.476	6.731
Refusjonar	-29.495	-25.015	-4.480	-25.854	-32.921	7.067
Overføringar frå andre	-364.229	-355.493	-8.736	-356.623	-341.193	-15.430
Finansieringsinntekter	-9.595	-34.801	25.206	-7.613	-24.575	16.962
<b>Sum inntekter</b>	<b>-450.014</b>	<b>-465.189</b>	<b>15.175</b>	<b>-434.836</b>	<b>-450.166</b>	<b>15.330</b>
<b>Mindreforbruk(-) / Meirforbruk (+)</b>	<b>-10.999</b>	<b>-3.423</b>	<b>-7.567</b>	<b>-9.037</b>	<b>-11.646</b>	<b>2.609</b>

Både inntekter og utgifter har ein tendens til å bli utgiftsført på ulike tidspunkt frå eit år til eit anna. Dei 2 faktorane som oftast er i ubalanse er bruk av RDA midlar og finansinntektene og finansutgiftene (avdraga).

Av tabellen over ser eit at lønskostnadane har auka med 2,22% (nær 5,6 mill kr) sett i høve til 31.08.2015. Det er ein lavare vekst enn lønsauken (lagt inn med 2,7% i budsjett 2016) og syner at kommuna har hatt ein del stillingar vakante hittil i 2016.

Alle til i 1.000 kr	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Endring	Brukt i % av
	2016	2016		2015	2015		2016-2015	Tot budsj 2016
Politisk leiing	2.320	2.175	145	2.703	2.686	17	-383	64,88
Adm. Leiing	1.634	2.164	-530	3.486	2.581	904	-1.852	40,95
Servicetorget	1.331	2.143	-812	1.866	2.094	-228	-535	31,80
Fellessekretariatet	1.293	1.334	-40	1.610	1.422	187	-317	44,17
Økonomiavdelinga	3.313	3.522	-209	3.467	3.597	-130	-154	51,94
Personal- og org. avd	4.596	4.696	-100	6.124	5.201	924	-1.528	57,39
IKT avdelinga	4.370	3.865	505	2.680	3.389	-709	1.690	67,79
Overføringar	8.904	8.284	620	884	6.149	-5.265	8.020	59,78
Barnehageavdelinga	44.304	47.511	-3.207	43.681	42.217	1.464	623	64,48
Skuleavdelinga	68.901	70.090	-1.189	69.910	68.892	1.018	-1.009	54,21
Avd Barn, Familie og Helse	24.886	25.264	-378	23.958	24.707	-748	147	55,28
Pleie- og omsorgsavd	69.366	68.035	1.330	66.873	67.209	-336	2.493	53,54
Bu- og habiliteringsavd	24.105	24.757	-651	22.946	23.988	-1.042	1.159	52,44

Sosial og Flyktning (NAV)	6.742	5.940	802	6.985	6.214	771	-243	59,39
Kulturavdelinga	5.047	5.583	-536	5.224	5.445	-220	-177	47,18
Utviklingsavdelinga	129	4.129	-4.000	4.352	3.639	713	-4.223	
Anleggs- og driftsavn.	13.826	12.382	1.444	12.743	10.099	2.644	1.083	73,62
Eigedomsavdelinga	10.772	13.043	-2.271	13.911	11.252	2.658	-3.139	42,71
Samhandlingsreforma	-2.912	-7	-2.905	-906	-6	-900	-2.006	
Skatt, ramme, finans etc	-303.927	-308.333	4.384	-301.534	-302.421	887	-2.393	65,59
<b>SUM</b>	<b>-10.998</b>	<b>-3.423</b>	<b>-7.575</b>	<b>-11.796</b>	<b>-11.646</b>	<b>-150</b>	<b>798</b>	

For 2016 er tilskotet frå sysselsetjingsmidlane inntektsført på Utviklingsavdelinga og Eigedomsavdelinga, medan kostnadane så langt har vore små. Det gjer at Utviklingsavdelinga har fått tilført sitt budsjett om lag 2,87 mill kr medan Eigedomsavdelinga har fått tilført sitt budsjett om lag 1,89 mill kr. Dette skal brukast opp innan utgangen av 2016.

Når det gjeld avdragskostnadar er vi på etterskot med betalinga av desse sett i høve til budsjettet. Her skulle utgiftene reelt sett vore mellom 6,0 og 7,0 mill kr høgare enn det ein har rekneskapsført så langt i året. Det skuldast at vi har mange avdragsfrie lån, der budsjetterte avdrag vert betalt inn ein gong per år.

### Vurdering og konklusjon:

Det negative med rapporten er at

- utgiftene til sosialhjelp også i 2016 ser ut til å bli mykje høgare enn budsjettert – kanskje meir enn dobbelt så høgt som ein har budsjettert med – 3,0 mill kr. Her har ein nok budsjettert med for lave tal sidan 2012.
- Brannvern har hatt mange på obligatoriske kurs i år og utgiftene på dette feltet er stadig aukande. I 2016 kan meirforbruket passere kr 500.000,- her.
- Skatteinntektene vert mest sannsynleg lavare enn budsjettet men at ein del av dette vert kompensert med høgare rammetilskott
- Renteinntektene vert lavare enn budsjettert
- Avkastninga på midlane vi har til aktiv forvaltning kan bli lavare enn budsjettert, men det er lenge igjen av året og på dette området kjem endringane raskt.

Det positive er at dei fleste avdelingane synest å ha kontroll med eiga drift, men tilbakemeldingane frå avdelingane tyder ikkje på at mange av dei vil få større mindreforbruk i 2016 slik tilfellet var i 2014 og 2015. Likevel tyder tilbakemeldingane på at områda/avdelingane samla sett får eit mindreforbruk også i 2016 trass i at dei er pålagt eit innsparingskrav.

Basert på tilbakemeldingane er situasjonen slik (mindreforbruk):

Økonomiavdelinga og Servicetorget, mindreforbruk	kr 1.300.000,-
Administrativ leiing, mindreforbruk på om lag	kr 1.000.000,-
Samhandlingsreforma (om ein ikkje set det av til fonds)	kr 3.000.000,-

Meirforbruk:

Politisk leiing	kr 150.000,-
Sosial	kr 3.000.000,-
Brannvern	kr 500.000,-

**Sum, mindreforbruk i avdelingane på omlag           kr 1.650.000,-**

I tillegg seier leiarane i barnehageavdelinga og skuleavdelinga at dei vil gå med eit mindreforbruk i 2016 utan at dei på det noverande tidspunkt kan talfeste det. Basert på tilbakemeldingar frå områda/avdelingane er den beste kvalifiserte prognosa eit mindreforbruk som er større enn den rammeinnsparinga som no er budsjettert på område 90 og som er på 2,11 mill kr.

Slik rådmannen ser det resultatet frå skatt/ramme og finans som vil avgjere årets resultat. Pensjonsutgiftene vil vere «The dark horse» og til saman vil desse tre faktorane avgjere om ein kjem ut med eit meir- eller mindreforbruk i 2016.

Konsekvensar for drift:

- Kommunen har hatt sterkt fokus på innsparingar over tid. For nokre avdelingar kan et resultere i at belastninga på dei tilsette aukar og at resultatet v det ver meir sjukmeldingar og lavare kvalitet på tenestene.

Konsekvensar for økonomi:

- Økonomien er stram, men avdelingane klarer å halde rammene sine. Dei statlege overføringane minkar ved bl.a. at staten/fylkesmannen trappar ned tilskotet vi fekk pga høgare arbeidsgjevaravgift (10 mill kr over 5 år). Reduksjonen frå 2015 til 2016 er på om lag 2,0 mill kr. Dette «kuttet» gjer at Herøy kommune har lavare vekst i frie inntekter enn dei fleste andre av kommunane i Møre og Romsdal.

Fosnavåg, 30.09.2016

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Geir Egil Olsen  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

## Kontrollutvalet i Herøy

### SAK 33/16 REVISJONSPLANLEGGING 2016 - FINANSIELL REVISJON

#### Vedlegg

- B-dokument. Dokument for revisjonsplanlegging - finansiell revisjon. **(Unnateke off. innsyn, jfr. offl. § 24.1, 13.1 jf. fvl. § 13 nr 2.)** Vert sendt pr. post.

#### Saksopplysningar

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS ved revisjonssjef Bodill Skeide, har utarbeida eit planleggingsdokument for revisjonsarbeidet – finansiell revisjon for året 2016. Dette for å utføre ein forsvarleg revisjon. Dokumentet er i samsvar med regelverket.

Planleggingsdokumentet består av flg. dokument (som er **unnateke off. innsyn**):

- Selskapsinformasjon
- Oppdragsvurdering
- Vesentlegheitsgrense
- Bemanning og budsjettert timeforbruk
- Generell risikovurdering og spesifikk risikovurdering på revisjonsområdenivå
  - o Transaksjonsklasser
  - o Kontosaldoar
  - o Tilleggsområder
  - o Angrepsvinkel

I den grad det er nødvendig vil revisor vil gå gjennom dokumentet på møtet, og svare på spørsmål. Møtet vert då lukka.

#### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek til vitende Revisjonsplanlegging 2016 – finansiell revisjon, for Herøy kommune, utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.



Jostein Støylen  
Dagleg leiar

## Kontrollutvalet i Herøy

### SAK 34/16 TERTIALRAPPORT PR. 2.TERTIAL 2016

#### Vedlegg

Kommunestyresak PS 170/16 Tertialrapport per 01.09.2016

For å sjå alle dokumenta:

<https://innsyn.ssikt.no/heroy/Dmb/ShowDmbDocument?mId=968&documentTypeId=MI>  
side 172- 239

#### Saksopplysningar

I K-sak 53/02 vart det vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

Kommunestyret hadde PS 170/16 Tertialrapport per 01.09.2016, til handsaming 27.10.2016.

Den er sett opp som sak i kontrollutvalet då det er viktig at kontrollutvalet er orientert.

#### PS 170/16 TERTIALRAPPORT PER 01.09.2016.

Det er vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

Ein viser til rådmannen sine kommentarar (s.2 i saksframlegget PS170/16) til tertialrapporteringa:

- Sjukefråvær

Kommunestyret har i K-sak 17/03 vedteke: "Herøy kommune teiknar samarbeidsavtale med trygdeetaten for eit meir inkluderande arbeidsliv. Samarbeidsavtalen skal gjelde frå 1 april 2003." Eit av føremåla med samarbeidsavtalen er å få ned sjukefråværet. For å følgje med utviklinga i sjukefråværet skal det rapporterast for dette kvart tertial. IA- avtalen vart resignert. Partane er NAV Arbeidslivssenter, arbeidstakarorganisasjonane ved Fagforbundet lokalt og arbeidsgjevar ved rådmannen.

- Vedtaksrapportering

Vedtaksrapportering omfattar oppfølging av vedtak fatta i politiske organ. På denne måten skal formannskapet og kommunestyret kvart tertial få ei oppdatering på kor langt ein har kome i oppfølginga.

- Tenesterapportering

Denne rapportering omfattar avvik i kommunen si oppfølging av innbyggerane sine rettar etter lovverk, lokale vedtekter, retningsliner og vedtak. Avviket kan vere registrert i form av avviksrapportar frå medarbeidarar, rapport frå tilsynsorgan, revisjonsrapportar eller som klage frå innbyggerane.

- Prosjektrapportering

Det er utarbeidd prosedyrar for planlegging og gjennomføring av anlegg og byggeprosjekt frå eit prosjekt vert planlagt, finansiert, lagt ut på tilbod/innhenta tilbod, gjennomført og til det er avslutta (inklusive sluttrekneskap). Status for dei ulike prosjekta skal rapporterast.

Rådmannen ynskjer tilbakemelding på struktur og innhald i rapporten, jf. vurdering og konklusjon i saksutgreiinga.

---

Ut over dette viser ein til tertialrapporten frå rådmannen si leiargruppe.

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek PS 170/16 Tertialrapport per 01.09.2016, til vitende.



Signid Aa. Torbjørnson  
Konsulent



Rådmannen

## SAKSPROTOKOLL

---

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2016/45
		Arkiv:	210

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
222/16	Formannskapet	18.10.2016
170/16	Kommunestyret	27.10.2016

### TERTIALRAPPORT PER 01.09.2016.

#### Tilråding:

Saka vert tatt til vitande.

#### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Tilråding i Formannskapet - 18.10.2016**

Saka vert tatt til vitande

#### **Møtebehandling:**

Rådman, utviklingsleiar, personalleiar og skuleleiar orienterte.  
Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Kommunestyret - 27.10.2016**

Saka vert teke til vitande.



**Vedlegg:**

- Tertialrapport frå rådmannens leiargruppe

**Saksopplysningar:**

Saka gjeld tertialrapport pr. 01.09.2016.

**Bakgrunn**

I K-sak 53/02 vart det vedteke reglement for rapportering av løpande drift og prosjekt. Etter dette skal det rapporterast kvart tertial på sjukefråvær, teneste, vedtak og prosjekt.

**Sjukefråvær**

Kommunestyret har i K-sak 17/03 vedteke:

*"Herøy kommune teiknar samarbeidsavtale med trygdeetaten for eit meir inkluderande arbeidsliv. Samarbeidsavtalen skal gjelde frå 1 april 2003."*

Eit av føremåla med samarbeidsavtalen er å få ned sjukefråværet. For å følgje med utviklinga i sjukefråværet skal det rapporterast for dette kvart tertial.

IA- avtalen vart resignert. Partane er NAV Arbeidslivssenter, arbeidstakarorganisasjonane ved Fagforbundet lokalt og arbeidsgjevar ved rådmannen.

**Vedtaksrapportering**

Vedtaksrapportering omfattar oppfølging av vedtak fatta i politiske organ. På denne måten skal formannskapet og kommunestyret kvart tertial få ei oppdatering på kor langt ein har kome i oppfølginga.

**Tenesterapportering**

Denne rapportering omfattar avvik i kommunen si oppfølging av innbyggjarane sine rettar etter lovverk, lokale vedtekter, retningsliner og vedtak. Avviket kan vere registrert i form av avviksrapportar frå medarbeidarar, rapport frå tilsynsorgan, revisjonsrapportar eller som klage frå innbyggjarane.

**Prosjektrapportering**

Innanfor personal og organisering var det generelt stor interesse for å få gjennomført forvaltningsrevisjon. 66,7% av respondentane meinte i stor grad at det burde gjennomførast forvaltningsrevisjon med fokus på vikarbruk og overtid. Størst oppslutning fekk sjukefråvær og bruk av konsulenthjelp der 83,3% meinte det i svært stor eller svært stor grad burde gjennomførast forvaltningsrevisjon. 66,7% meinte det i stor eller svært stor grad bør sjåast meir på stillingshemlar eller på arbeidsmiljø.

Servicefunksjonen: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Praktisering av innsyn/openheit	0	0,0	0	0,0	0	0,0	3	50,0	3	50,0	6
Arkivering/journalføring	0	0,0	0	0,0	2	33,3	1	16,7	3	50,0	6

Innanfor servicefunksjonen meinte alle respondentane (100%) av respondentane at det stor eller svært stor grad burde gjennomførast forvaltningsrevisjon innanfor praktisering av innsyn/openheit, medan 66,7% meinte det same innanfor arkivering/journalføring.

Leiing og styringssystem: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Etikk/organisasjonskultur	0	0,0	0	0,0	3	50,0	3	50,0	0	0,0	6
Avvikshandtering	0	0,0	0	0,0	1	16,7	2	33,3	3	50,0	6
Internkontroll/Internkontrollsystem	0	0,0	0	0,0	1	16,7	3	50,0	2	33,3	6
Risikovurdering	0	0,0	0	0,0	1	16,7	3	50,0	2	33,3	6
Varsling/varslingsrutiner	0	0,0	0	0,0	1	16,7	4	66,7	1	16,7	6

Innafor leiing og styringssystem meinte 83,3% at det i stor eller svært stor grad burde gjennomførast forvaltningsrevisjon innan avvikshandtering eller varsling/varslingsrutinar, risikovurdering eller internkontroll/internkontrollsystem. 50% meinte i stor grad at det burde gjennomførast forvaltningsrevisjon knytt til etikk/organisasjonskultur.

Innkjøp: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Lov om offentlege innkjøp	0	0,0	0	0,0	2	33,3	3	50,0	1	16,7	6
Handtering av anbudsprøssessar	0	0,0	0	0,0	1	16,7	3	50,0	2	33,3	6
Bruk av konsule/konsulenttenester	0	0,0	0	0,0	2	33,3	2	33,3	2	33,3	6



Innanfor innkjøp var det stor oppslutning for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. 66,7% av respondentane meinte at det i stor eller svært stor grad var viktig med forvaltningsrevisjon innanfor lov om offentlege innkjøp eller bruk av konsulenttenester. 83,3% meinte det same om handtering av anbudsprosessar.

#### 4.4 Revisjonen sine vurderingar

##### **Innkjøp:**

Revisjonen meiner det bør gjennomførast forvaltningsrevisjonsprosjekt som omhandlar anbudsreglar iht. lov om offentlege anskaffingar med tilhøyrande forskrift. Bakgrunnen for anbefalinga er at dette er et område med et omfattande regelverk og vesentlige kommunale midlar i omløp. Dette er også et område som skårar høgt i spørjeundersøkinga.

Eit anna sentralt emne som vert framheva i spørjeundersøkinga er bruk av konsulenttenester. Eit mogeleg prosjekt kan då vere å kartlegge/analysere konsulentbruken innanfor ei bestemt teneste (for eksempel teknisk).

##### **Overtid og vikarbruk:**

I spørjeundersøkinga er det stor oppslutning om å sjå på overtid og vikarbruk. Ser ein dette også i samanheng med det høge sjukefråværet (spesielt innanfor helse og omsorg) kan det vere relevant å gjennomføre eit forvaltningsrevisjonsprosjekt der ein ser nærmare på overtid og vikarbruk sett opp i mot fast tilsetjing prosjektet bør då avgrensast innanfor ein bestemt sektor eller teneste.

##### **Økonomi og budsjettstyring:**

Økonomistyring og kvalitet på den økonomiske rapporteringa er særst viktig og kan få store konsekvensar for politikarane som skal ta avgjerdsjar basert på det som blir rapportert. Med bakgrunn i den økonomiske situasjonen siste åra vil det vere relevant med eit forvaltningsprosjekt innanfor økonomi og budsjettstyring. Dette emne scorar også høgt på spørjeundersøkinga. I eit slik prosjekt vil det vere naturleg å sjå nærmare på kvaliteten på den økonomiske rapporteringa, der ein samanliknar innrapporterte prognosar for dei ulike tenestene opp i mot budsjett og endeleg resultat ved årets slutt.

Det er planlagt gjennomføring av eit forvaltningsprosjekt knytt til økonomi og budsjettstyring hausten 2016. Det som eventuelt blir avdekt i denne revisjonen bør danne grunnlag for om det bør gjennomførast eit oppfølgingsprosjekt i komande periode.

##### **Sjukefråvær:**

Et anna prosjekt som vil vere aktuelt er ei undersøking av kommunen sine tiltak i forhold til å få ned sjukefråværet blant kommunen sine tilsette og då spesielt retta mot helse og omsorgssektoren. Sjukefråværet har vore relativt høgt i kommunen i fleire år og spesielt innanfor enkelte einingar/tenester. Sjukefråvær skåra også høgt i spørjeundersøkinga.

##### **KOSTRA-rapportering:**

I samband med utarbeidinga av forvaltningsrevisjonar, KOSTRA-analyser og den overordna analysen registrerar ein at på mange funksjonar er det til dels store forskjellar mellom kva kommunane har rapportert inn til SSB. Ein har også fått tilbakemelding frå tilsette i kommunane om at ein ønskjer klarare informasjon om kva og korleis tala skal rapporterast inn. Eit mogeleg prosjekt vil derfor vere å gjennomføre ei KOSTRA analyse på enkelte tenester/funksjonar der ein samanlikna KOSTRA-tal opp i mot rekneskapen på hovudpostnivå. Eit slikt prosjekt vil vere mest hensiktsmessig å gjennomføre i fleire kommunar samtidig slik at ein også kan samanlikne KOSTRA-rapportering i kommunane. (sjå vedlegg for ei slik type analyse). For eksempel gjer det stor utslag korleis ein registrerar på funksjon 120, jfr. dei store variasjonane som gjekk fram under kap 4.2.

#### 4.5 Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt:

##### Sentraladministrasjon

- Økonomistyring og budsjettoppfølging
- Kvalitet på den økonomiske rapporteringa

##### Generelt:

- Overtid og vikarbruk (sektor/teneste/ avdeling?)
- Innkjøp/anbudsprosess (sektor/teneste/avdeling?)
- KOSTRA-analyse (sektor/teneste/avdeling?)
- Sjukefråvær (sektor/teneste/ avdeling?)

## 5 Oppvekst og utdanning:

### 5.1 Informasjon om tenestene

#### 5.1.1 Grunnskule

Skuleavdelinga omfattar grunnskulen, kulturskulen, PPT og internasjonal skule.

Grunnskulen i Herøy består av 7 skular (5 barneskular og 2 barne og ungdomsskular). For skuleåret 2015/16 omfattar dette 1064 elevar der 755 er knytt til 1-7 årstrinn og 309 er knytt til 8-10 årstrinn. I tillegg er Møre barne og ungdomsskule lokalisert i myrvåg. Ved skulen var det i skuleåret 15/16 totalt 102 elevar.

#### Viktige moment frå årsmeldinga og tilstandsrapport for grunnskulen 2015:

Elevtalsutviklinga har samla sett siste åra vist ein gradvis nedgang jfr. folketalsregistreringa, men innvandring har jamna dette biletet noko ut ved skulestart.

I Herøy kommune var det i perioden 2011-2015 ein gradvis nedgang i undervisningsstillingar i forhold til elevtal. For inneverande skuleår kan vi sjå ein liten oppgang. Ein ser også at det er noko færre elevar pr. lærar inneverande skuleår. Antal årsverk assistent har også gått gradvis ned siste åra. Nedgangen heng saman med eit bevisst fokus på at all undervisning skal ha sitt utgangspunkt i klasseromet i regi av ein pedagog, og at behovet for spesialkompetanse også skal utøvast i klasseromet så langt det er til beste for eleven.

#### Nasjonale Prøver:

prøvetype	Herøy kommune	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Lesing 5. kl	46	49	50
Rekning 5.kl	48	49	50
Engelsk 5. kl	49	49	50

prøvetype	Herøy kommune	Møre og Romsdal	Nasjonalt
Lesing 8.trinn	48	49	50
Lesing 9.trinn	50	53	53
Rekning 8.trinn	48	49	50
Rekning 9.trinn	52	53	54
Engelsk 8.trinn	48	49	50

Vi ser at vårt 5. trinn ligg klart under gjennomsnittet både i fylke og på landsbasis i lesing og rekning. Resultata for kommunen har ikkje endra seg sidan i fjor. I engelsk ligg resultatet meir på linje med både fylke og nasjon, men har rett nok gått ned med 1 skalapoeng. For 8. trinn ligg resultata klart under snittet i både lesing, rekning og engelsk. Det ein derimot registrerer over år, er at resultata ser ut til å auke frå 8. til 9. trinn! For 9. trinn ser ein at

både fylkesgjennomsnittet og landsgjennomsnittet ligg over 50 skalapoeng både i lesing og rekning. Snittet for 9. klasse i Herøy kommune ligg ikkje langt unna med 50 og 52.

Det er også verdt å merke seg at Herøy kommune ligg lågt på fritak for gjennomføring av nasjonale prøver, både i forhold til elevar med ulike lærevanskar og elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn. Herøy er ein kommune som har aukande tal på elevar frå andre land enn Noreg. Vi har slike elevar i fleire av klassene, og dei gjennomfører prøva på lik linje med dei andre. Dette betyr at dei aller fleste vert kartlagde og er med i talgrunlaget.

#### KOSTRA:

Tabellen nedanfor viser utvalde nøkkeltal for kommunen samanlikna med dei andre kommunane på Søre Sunnmøre, fylket og landet.

Grunnskulen nøkkeltal 2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ørsta	Ulstein	Hareid	Møre og		Landet
							Volda	Romsdal	
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), per elev	109 869	137 401	164 719	108 749	102 827	110 352	121 673	111 016	112 474
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 22)	104 827	134 224	159 066	104 772	96 943	104 537	113 020	105 118	105 434
<b>Gruppestørrelse</b>									
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10. årstrinn	13,5	9,3	8,5	13	13,1	12	11,9	13	13,7
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-4. årstrinn	12,2	8,1	6,6	13	11	13	12,3	12,5	13,5
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 5.-7. årstrinn	13,9	9,7	8	10,8	13,1	12,3	12,2	12,6	13,3
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10. årstrinn	14,9	10	12	15,2	15,6	10,7	11,1	14	14,3
<b>Dekningsgrader</b>									
Andel elevar i grunnskolen som får spesialundervisning (%)	6,2	9,8	4,4	6	6,5	9,3	8,1	8,6	7,9
Andel timer spesialundervisning av antall læretimer totalt (%)	14,5	11,7	14,6	13,4	19,7	29,3	22,4	18,9	17,5
Andel elevar i grunnskolen som får særskilt norskopplæring	5,4	4,7	4,4	2,6	2,8	12,6	4	4,6	7
Andel elevar i grunnskolen som får morsmålsopplæring	3,4	0	0	0	0	0	0	1,1	2,3
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal SFO	64,9	45,3	55,6	49,4	45,4	43,2	55,8	57,1	59,4

KOSTRA for grunnskulesektoren består av funksjonane 202 «grunnskule», 215 «skulefritidstilbod», 222 «skulelokale» og 223 «skuleskyss». Herøy, Ørsta og Hareid låg rett under fylkes- og landsgjennomsnittet med kostnadar mellom 108 000 – 110 500 kr pr elev. Volda og Vanylven var dyrare enn gjennomsnittet med hhv. 121 673 og 137 401 pr. elev. Sande hadde dei høgaste driftsutgiftene pr elev (164 719 kr) medan Ulstein hadde dei lågaste driftsutgiftene pr. elev med 102 827 kr.

Herøy, Ørsta og Ulstein hadde ein gjennomsnittleg gruppestørrelse på ca 13 elevar. Volda og Hareid låg litt under landsgjennomsnittet i høve gruppestørrelse frå 1-10 klasse med hhv. elevgrupper på 11,9 og 12 elevar. Sande og Vanylven hadde lågast gruppestørrelse med hhv. 8,5 og 9,3 elevar.

#### Produksjonsindeks grunnskule:

Det tekniske beregningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) utarbeider kvart år rapportar som tek sikte på å gi informasjon om utviklinga i kommuneøkonomien. For å måle effektiviteten innanfor grunnskulesektoren vert følgjande «indikatorar» lagt til grunn som i stor grad tek utgangspunkt i KOSTRA. Dei forskjellige indikatorane har også forskjellig vektning:

INDIKATOR	Vekt
-----------	------

Grunnskolepoeng (korrigert)	0,752
Læringsmiljø	0,188
Andel innbyggere i alderen 6-9 år med plass i kommunale SFO	0,030
Andel av brukerne av kommunale SFO med fulltidsplass	0,030

Nedanfor går det fram produksjonsindeksen for grunnskulesektoren. Landsgjennomsnittet er 100. Oversikta viser at Sande skårar høgast av kommunane på Søre Sunnmøre etterfølgd av Hareid som ligg akkurat over landsgjennomsnittet. Ørsta kommunen hadde den lågaste indeksen av kommunane på Søre Sunnmøre. Ulstein, Vanylven, Herøy, og Volda låg akkurat under landsgjennomsnittet.

Kommune	Grunnskule
Vanylven	99,5
Sande	104,1
<b>Herøy</b>	<b>97,9</b>
Ulstein	97,1
Hareid	101,2
Ørsta	95,9
Volda	98,9
Møre og Romsdal	99,3

### 5.1.2 PPT

Herøy kommune har eige pedagogisk- psykologisk teneste (PPT). På Søre Sunnmøre har Ørsta/Volda felles PP-teneste, det same har Ulstein/Hareid og Sande/Vanylven. Tenesta er heimla i opplæringslova §5-6, og lova slår fast at PPT er kommunen/fylkeskommunen sitt sakkyndige organ når det gjeld spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Dette er ei gjennomgåande teneste for aldersgruppa 0-19 år og for vaksne som har rett til spesialundervisning. I 2013 var 4,55 årsverk knytt til PPT-tenesta i Herøy.


#### Spesialundervisning:

Med utgangspunkt i KOSTRA og GSI har ein sett på andel elevar som fekk spesialundervisning. Oversikta viser at 6,2% av elevane i Herøy tok i mot spesialundervisning i 2015. Dette er under gjennomsnittet for fylket, og berre Sande og Ørsta hadde lågare andel av kommunane på Søre Sunnmøre. Andel årstimar til spesialundervisning av totale lærartimar var 14,5% og er tredje lågast av alle nabokommunane og godt under fylkesgjennomsnittet.

Spesialundervisning 2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ørsta	Ulstein	Hareid	Volda	Møre og Romsdal
Andel elevar i grunnskolen som får spesialundervisning	6,2	9,8	4,4	6	6,5	9,3	8,1	8,6
Andel elevar i grunnskolen som får spesialundervisning, 1.-4. trinn	5	2,9	4,2	3	4,5	7,9	5,5	6,2
Andel elevar i grunnskolen som får spesialundervisning, 5.-7. trinn	3,8	10,6	4,7	7,7	9,2	10,4	9,2	9,7
Andel elevar i grunnskolen som får spesialundervisning, 8.-10. trinn	9,9	14,8	4,3	8,7	6,2	10,1	10,7	10,5
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt	14,5	11,7	14,6	13,4	19,7	29,3	22,4	18,9

#### Spesialundervisning fordelt på klassetrinn:

Diagrammet nedanfor viser prosentandel av elevar som får spesialundervisning i småskulen, storskulen og ungdomsskulen. Ein ser tydeleg tendensar til at ein større andel elevar får spesialundervisning i storskulen/ungdomsskulen i forhold til småskulen i dei fleste kommunane. I Herøy ser ein ein veldig høg andel på ungdomstrinnet samanlikna med småskulen og storskulen.



Det kan vere fleire grunnar til at ein ser ein auke i spesialundervisning i forhold til klassetrinn. Ein grunn kan vere at spesialundervisninga ikkje har effekt, eller at av ein eller anna grunn ikkje kjem i gong med spesialundervisninga før.

### 5.1.3 Barnevernstenesta:

Barnevernstenesta er organisert som ein del av avdeling Bar, familie og Helse i kommunen. Kommunen hadde 7,5 stillingar tilknytt tenesta i 2015.

#### Barnevernstenesta si årsmelding:

Barnevernet arbeidde med 95 barn i løpet av 2015. Vidare går det fram at barn som går under omsorg ved fylte 18 år, ynskjer å bli følgt opp med ettervernstiltak. Desse sakene blir prioriterte. Barnevernet har tilsyn med 15 fosterbarn som er plassert i Herøy frå andre kommunar. Barnevernet hadde ikkje fristoverskridingar i høve barneversundersøkingar i 2015.

Nøkkelinformasjon henta frå årsmeldinga 2015:

Nøkkelinformasjon	2015	2014
Melding	53	67
Antall undersøkingar	50	36
Avslutta undersøkingar	42	46
Barn under omsorg Barn på midlertidig tiltak (4-6,2). Bæredragsheim	8 0	9 0
Barn med hjelpetiltak i løpet av året	68	81
Barn i fosterheim	8	9
Barn i ungdomsheim Barn i barneverninstitusjon	1	1
Barn i ettervern (etter fylte 18 år)	10	9

#### Kommunebilde fylkesmannen

I april 2014 gjennomførte fylkesmannen tilsyn med barnevernsværksemnda sitt arbeid med oppfølging av barn i fosterheimar. Det vart ikkje funne brot på regelverket på området.

Rapporteringa til fylkesmannen for andre halvår 2014 viser at kommunen i stor grad etterlever lovkrava på dette området også siste halvår. Rapporteringa viser vidare at fristane for saksbehandling i gjennomførte undersøkingssaker er brotne i 23,5% av sakene dette halvåret. Sidan kommunen har få undersøkingssaker, må ein vere forsiktig med å tolke dette talet. Likevel er dette eit område kommunen bør følgje nøye framover.

Andelen barn med tiltak frå barnevernet pr. innbyggjar 0-17 år er noko høgare i Herøy enn i fylket og kommunegruppa. Samtidig brukar kommunen mindre per innbyggjar 0-17 år til barnevernet. Ei forklaring på dette kan vere at andelen barn som får hjelp i heimen er høgare enn gjennomsnittet for fylket medan andelen barn som er plassert utanfor heimen er lågare enn gjennomsnittet for fylket. Tiltak utanfor heimen er vanlegvis langt meir kostnadskrevjande enn tiltak i heimen.

### KOSTRA

Tabellen nedanfor viser utvalte nøkkeltal for barnevernet for kommunane på Søre Sunnmøre samanlikna med fylke- og landsgjennomsnittet.

Barnevern - nøkkeltal 2015	Møre og								
	Herøy	Sande	Ørsta	Ulstein	Vanylven	Hareid	Volda	Romsdal	Landet
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	6490	4230	7611	8723	11400	8331	7874	7691	8378
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	5	5,1	4,6	3,9	6,2	4,9	6,8	5,1	4,8
Andel meldinger med behandlingstid innen 7 dager	87	100	96	84	100	94	91	98	98
Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder	70	67	52	49	93	38	53	70	83
Andel barn med tiltak per 31.12. med utarbeidet plan	82	82	87	81	87	84	84	82	86
Andel meldinger som går til undersøkelse	96,3	76,2	87,8	90,9	100	91,4	83,6	81	80,3
Andel undersøkelser som førte til tiltak	45,5	66,7	38	34,3	50	32,1	54,8	44,9	41,7
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år	3,5	4,9	3,1	3,4	5	4,6	4,9	3,8	4,3
Andel barn med tiltaksplan av barn med hjelpetiltak	81,4	:	83,5	77,1	81,2	86,2	86,2	81,2	83,5
Andel barn med omsorgsplan av barn under omsorg	90	:	92,3	93,3	100	62,5	64,3	83,2	91,8
Barn med undersøkelse eller tiltak per årsverk	17,9	13,8	22,1	16,3	15,9	19,2	16,4	18,3	16,1

Kommunane tilknytt det interkommunale barnevernet hadde netto driftsutgifter på mellom (7611 kr – 8723 kr) Fylkesgjennomsnittet var 7 691 kr pr. innbyggjar i alderen 0-17 år i høve barnevernstenesta. Vanylven hadde det høgast registrerte utgiftsnivået av kommunane på Søre Sunnmøre (11 400kr), medan Sande hadde det lågaste (4230 kr). Herøy hadde 6490 kr pr. innbyggjar.

I Herøy gjekk 96,3% av meldingar vidare til undersøking. Dette er over land- og fylkesgjennomsnitt.

Det vert vidare vist til KOSTRA-analyse som ligg ved (vedlegg 1) for ei detaljert samanlikning mellom dei ulike kommunane mht. KOSTRA-tal for barnevernstenesta.

### Fylkesstatistikk

Kommunane rapporterer kvart halvår informasjon om barnevernstenesta til Barne-, likestillings- og inkluderings-departementet via Fylkesmannen. Kommunen si rapportering gir blant anna informasjon om meldingar og undersøkingar, for eksempel henleggingar og fristoverskridingar, og om oppfølging av barn i fosterheim. Nedanfor går det fram tal for 2015. Tabellane som gjeld hjelpetiltak og omsorgstiltak har ein nytta gjennomsnittet for første og andre halvår 2015.

### Meldingar

2015 Kommune	Gjennomg åtte meldingar	Henlagte meldingar	% henlagt	Antall fristovers kridingar	% fristovers kridingar
Ulstein	44	4	9,1	7	15,9
Hareid	70	5	7,1	1	1,4
Herøy	53	2	3,8	7	13,2
Sande	21	5	23,8	0	0,0
Vanylven	23	0	0,0	0	0,0
Volda	65	11	16,9	3	4,6
Ørsta	82	10	12,2	3	3,7
<b>Total</b>	<b>358</b>	<b>37</b>	<b>10,3</b>	<b>21</b>	<b>5,9</b>

Ovanfor går det fram informasjon om korleis barnevernstenesta har handsama innkomne meldingar i perioden. Ulstein og Herøy hadde begge sju fristoverskridingar i perioden. Ørsta og Volda hadde begge tre fristoverskridingar. Hareid hadde ei fristoverskriding i perioden, medan Sande og Vanylven ikkje hadde fristoverskridingar.

### Undersøkingar

2015 Kommune	Ant. nye undersø kelsar	Ant. avsluttede undersø kelsar	Antall henlagt	% henlagt	Vedtak om tiltak fra BVtjenesten	Ant. saker oversendt fylkesnemda	Antall fristover sittelser	% fristover sittelser
Ulstein	40	34	22,0	55,0	12,0	0	14	35,0
Herøy	51	43	23,0	45,1	19,0	1	4	7,8
Sande	16	9	3,0	18,8	6,0	0	0	0,0
Hareid	65	56	38,0	58,5	17,0	1	21	32,3
Vanylven	23	30	15,0	65,2	15,0	0	0	0,0
Volda	54	62	27,0	50,0	35,0	0	14	25,9
Ørsta	72	75	48,0	66,7	27,0	0	17	23,6
<b>Total</b>	<b>321</b>	<b>309</b>	<b>176,0</b>	<b>54,8</b>	<b>131,0</b>	<b>2</b>	<b>70</b>	<b>21,8</b>

Ovanfor viser informasjon om undersøkingar gjennomført av barnevernet i perioden. I Herøy var det registrert 4 stk. Ein registrerte at Ørsta hadde ein høg andel fristoverskridingar (17stk (23,6%)), men både Ulstein, Hareid og Volda hadde også eit høgt antal fristoverskridingar (14-21 stk) I Sande og Vanylven var det ikkje rapportert inn fristoverskridingar i løpet av året.

### Hjelpetiltak



2015 Kommune	Antall barn i hjelpetiltak totalt	Antall barn med tiltaksplan	% andel med tiltaksplan
Ulstein	52	45	87,4
Herøy	71	66	93,6
Sande	18	15	83,3
Hareid	30	27	88,3
Vanylven	17	15	85,3
Volda	85	76	88,8
Ørsta	70	62	87,9
<b>Total</b>	<b>342</b>	<b>304</b>	<b>88,9</b>

Alle born som får hjelpetiltak skal ha utarbeida tiltaksplan. I dei fleste kommunane hadde mellom 85-90% av alle barn med hjelpetiltak fått utarbeida tiltaksplan. Herøy kommune hadde størst prosentvis andel born som hadde fått utarbeida tiltaksplan med 93,6%. Der 66 av 71 born hadde fått utarbeida tiltaksplan.

#### Omsorgsplan

2015 Kommune	Antall barn under omsorgs	Antall barn med omsorgs plan	% andel med plan	Antall barn uten omsorgs plan	% andel uten plan
Ulstein	15	14	93,3	1	6,7
Herøy	10	9	94,7	1	5,3
Sande	2	2	100,0	0	0,0
Hareid	16	11	71,0	5	29,0
Vanylven	7	6	85,7	1	14,3
Volda	11	9	81,8	2	18,2
Ørsta	15	15	96,7	1	3,3
<b>Total</b>	<b>75,0</b>	<b>65,5</b>	<b>87,3</b>	<b>10</b>	<b>12,7</b>

Når barnevernet tek over omsorga for eit barn skal det utarbeidast ein midlertidig omsorgsplan, og i løpet av eit år utarbeidast ein endeleg omsorgsplan. I Herøy var det 1 barn som ikkje hadde fått plan (3,3%). Hareid hadde det høgast antal born utan omsorgsplan (5 stk). I Sande hadde alle barna under omsorg fått utarbeida ein omsorgsplan. I Vanylven, Ulstein og Ørsta hadde 1 barn ikkje fått utarbeida plan, medan i Volda var det 2 barn.

#### 5.1.4 Barnehage:

##### Årsmelding/Årsrapportar

Herøy kommune har 4 kommunale og 5 private barnehagar. Tal på årsverk i barnehageavdelinga/kommunale barnehagar var pr. desember 2015 30,6. Dette inkluderer barnehageleiar og til saman 2,7 ekstra ressurs til barn med særskilte behov.

Kommunen hadde etter barnehageopptaket 2015 full barnehagedekning. Det er ikkje gitt avvik til nokon av barnehagane der det har vore ført tilsyn med etter barnehagelova i 2015. Kommunen fekk to klager på vedtak om kommunalt tilskot etter rekneskapsavslutninga for 2015. Sakene er vidaresendt fylkesmannen.

Av hovudutfordringar/prioriteringar 2016 blei det vist til:

- Oppretthalde god kvalitet med stor rammeinnsparing
- Tidleg oppdaging av barn som treng hjelp

- Pedagogiske leiarar med barnehagelærarutdanning i samsvar med pedagognorma i lov om barnehagar
- God tenesteyting trass høgt sjukefråvær
- Gjennomføre kompetanseutvikling etter vedtatt plan
- Trygge uteområde i barnehagane

#### **Fylkesmannen sitt bilde av kommunen:**

##### **Rekruttering:**

Kommunen hadde 20,3 prosent av styrarar og pedagogiske leiarar på dispensasjon frå utdanningskravet i des. 2013. Det betyr 12 av 59 på dispensasjon. Herøy kommune synest såleis å ha betydelege utfordringar med å få rekruttert kvalifisert personell til barnehagane. Sett i forhold til SSB sine prognosar for befolkningsutviklinga, vil behovet for tilsette i barnehagane vere aukande på lang sikt (2020-2040), med pluss 16 tilsette i 2020, og minus 2 fram mot 2040. Dette i forhold til dagens bemanningsnivå, og erstatning av tilsette som sluttar/ går av med pensjon kjem i tillegg.

##### **Likestilling:**

I basisverksemda med styrarar, pedagogiske leiarar og assistentar er det i barnehagane i Herøy ca 2 % menn, dvs 3 av 147, mot fylkessnittet på 4,5%

##### **Innhaldet i barnehagen og utviklinga av kvalitet i barnehagen:**

Fylkesmannen sin kjennskap til innhaldet i barnehagesektoren kjem i det vesentlege frå klagesaker, gjennomførte tilsyn og kontakt i samband med tildeling av utviklingsmidlar, konferansar, møte m.m Det er stabilt arbeid på kommunenivået med det barnehagefaglege ansvaret over tid. Kommunen har utvikla lokal rammeplan for barnehagane for perioden 2012 – 2016. Deltakande på FM sine samlingar, aktiv og engasjert både når det gjeld oppgåvene kommunen har som eigar og som myndigheit. Fylkesmannen opplever eit godt samarbeid i det regionale barnehagenettverket på Søre-Sunnmøre, 7-stjerna. Det vart gjennomført tilsyn i 2012 utan avvik eller merknader.

##### **Økonomisk likeverdig behandling:**

I Herøy kommune er det 4 kommunale barnehagar og 5 ikkje-kommunale. Praktiseringa av forskrift om likeverdig økonomisk behandling av ikkje-kommunale barnehagar er såleis eit svært aktuelt tema.

##### **KOSTRA:**

2015 Barnehagar - nøkkel tall	Herøy	Vanylven	Ørsta	Ulstein	Sande	Hareid	Volda	Møre og Romsdal	Landet
Netto driftsutgifter barnehagesektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	14,1	10,6	15,8	15,2	9,5	15,8	13,6	14,1	14,8
Netto driftsutgifter til barnehager per innbygger	7364	6035	8008	7737	6292	7883	7075	7594	7891
Andel barn 1-5 år med barnehageplass (%)	93,6	92,1	94,2	95,2	85,6	92,3	97,9	92,6	90,4
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (%)	24,3	56,1	59,3	13,5	44,6	43,9	52,6	47,8	50,7
Korrigerte brutto driftsutgifter i kroner per barn i kommunal barnehage	160 450	175 635	178 742	202 507	222 222	179 561	173 551	176 317	178 162
Andel styrere og pedagogiske ledere med godkjent barnehagelærerutdanning	81,4	83,3	95,9	91,4	76,5	87,9	96,9	88,7	91,8

I Herøy kommune var 14,1 % av kommunen sine totale netto driftsutgifter knytt til barnehagar. Dette gav korrigerte brutto driftsutgifter på 160 450 kr pr barn noko som er under gjennomsnittet pr barn i høve land- og fylkesgjennomsnittet, samt lågast av nabokommunane. Herøy som har låg andel styrarar/pedagogisk leiarar har også låge driftsutgifter pr. barn. I Herøy gjekk 24,3% av alle barna i barnehage i ein kommunal barnehage.

### Produksjonsindeks:

For å måle effektiviteten innanfor grunnskulesektoren vert følgjande «indikatorar» lagt til grunn som i stor grad tek utgangspunkt i KOSTRA. Dei forskjellige indikatorane har også forskjellig vektning:

INDIKATOR	Vekt
Korrigert opphaldstimar i kom. og priv. barnehagar i forhold til behovskorrigert innbyggartal	0,8
Andel ansatte med førskuleutdanning	0,1
Antal m <sup>2</sup> leike og uteareal per barn i alle barnehagar	0,1

Nedanfor går det fram produksjonsindeksen for barnehagesektoren. Landsgjennomsnittet er 100. Oversikta viser at Volda, Herøy, Ørsta og Hareid låg rett over landsgjennomsnittet i forhold til produksjonsindeksen for barnehagar. Sande (trass høge kostnader) og Vanylven skårar lågare enn landsgjennomsnittet. Ulstein kommunen hadde den høgaste indeksen av kommunane.

Kommune:	Barnehage
Vanylven	91,7
Sande	92,2
<b>Herøy</b>	<b>105,2</b>
Ulstein	112,1
Hareid	100,3
Ørsta	105,6
Volda	102,2
Møre og Romsdal	103

## 5.2 Spørjeundersøking kommunestyret og kontrollutval:

Det blei stilt spørsmål ved viktigheita av forvaltningsrevisjon innanfor ulike tenestene i oppvekstsektoren. Svarresultata går fram nedanfor:

Grunnskule: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Spesialundervisning	0	0,0	0	0,0	2	28,6	2	28,6	3	42,9	7
Tilpassa opplæring	0	0,0	0	0,0	2	28,6	4	57,1	1	14,3	7
PPT	0	0,0	0	0,0	1	14,3	3	42,9	3	42,9	7
Organisering og ressursbruk	0	0,0	0	0,0	3	42,9	2	28,6	2	28,6	7
Måloppnåing i grunnskulen	0	0,0	0	0,0	3	42,9	1	14,3	3	42,9	7

Ca 71,4% av respondentane meinte at det i stor eller i svært stor grad burde gjennomførast forvaltningsrevisjon innanfor spesialundervisning, tilpassa opplæring, og 85,8% ønska det same innanfor PPT. Innanfor organisering/ressursbruk og måloppnåing i grunnskulen ønska 57,1% i stor eller veldig stor grad forvaltningsrevisjon innanfor emna.

SFO: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Organisering og ressursbruk	0	0,0	0	0,0	5	71,4	2	28,6	0	0,0	7
Tilbod og etterspørsel	0	0,0	0	0,0	5	71,4	2	28,6	0	0,0	7

Innanfor SFO stilte dei fleste respondentane seg nøytrale til forvaltningsrevisjon (71,4%). 28,6% av respondentane meinte at det i stor grad burde gjennomførast forvaltningsrevisjon innanfor organisering og ressursbruk eller tilbod og etterspørsel.

Barnevern: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Meldingar/undersøkingar	0	0,0	0	0,0	1	8,3	8	66,7	3	23,1	12
Tiltak i heimen/ omsorgsovertaking	0	0,0	0	0,0	2	15,4	5	38,5	6	50,0	13
Kontroll/tilsyn i høve omsorgsovertakinga	0	0,0	0	0,0	3	25,0	3	25,0	6	50,0	12
Akutvedtak/ omsorgsovertaking	0	0,0	0	0,0	3	25,0	4	33,3	5	41,7	12
Ressursbruk (analyse)	0	0,0	0	0,0	1	8,3	7	58,3	4	33,3	12

Innafor barnevern er det relativt høg oppslutning for at det bør gjennomførast forvaltningsrevisjon i neste periode. Dei to emna som fekk mest oppslutning var meldingar/undersøkingar og ressursbruk. På desse emna ønska 91,7% av respondentane at det i stor eller svært stor grad burde gjennomførast forvaltningsrevisjon. Innan tiltak i heimen og kontroll og tilsyn i høve omsorgsovertaking ønskte 50% av respondentane at det i svært stor grad burde gjennomførast forvaltningsrevisjon.

Barnehage: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Tilsyn ved private barnehagar	0	0,0	0	0,0	4	57,1	3	42,9	0	0,0	7
Tilskot til private barnehagar	0	0,0	0	0,0	2	28,6	4	57,1	1	14,3	7
Ressursbruk og kvalitet (bemanni)	0	0,0	0	0,0	4	57,1	3	42,9	0	0,0	7
Spesialpedagoigiske tiltak	0	0,0	0	0,0	3	42,9	2	28,6	2	28,6	7

Innanfor barnehage var det størst ønske for at det vart gjennomført forvaltningsrevisjon der ein ser nærmare på tilskot til private barnehagar eller eit prosjekt der ein ser nærmare på spesialpedagogiske tiltak i barnehagen (tidleg innsats).

### 5.3 Revisor si vurdering:

#### Grunnskule/PPT (Spesialundervisning/tilpassa opplæring)

I 2014 gjennomførte revisjonen forvaltningsprosjekt i Herøy innan spesialundervisning. I prosjektet undersøkte ein bl.a. at elevar som hadde fått tildelt spesialundervisning hadde fått utarbeida sakkyndig vurdering, individuelle opplæringsplanar og årsrapportar. Det som prosjektet ikkje hadde fokus på var den tidlege innsatsen og kartleggingsprosessen til PPT. Derfor kan det vere aktuelt og relevant med ei forvaltningsprosjekt der ein ser på kartleggingsprosessen (bla. sakshandsamingstid) og kartleggingsarbeidet til PPT. PPT fekk også høg score på spørjeundersøkinga.

#### Barnehage:

Det er også veldig viktig at born med særskilte behov får oppfølging og tilrettelegging så tidleg som mogeleg derfor er det viktig at samarbeid mellom barnehage og PPT fungerer tilfredstillande, og at det vert sett i verk tiltak tidleg. Tidleg innsats kan ha stor effekt på barna og gjere store utslag i borna si utvikling. Eit mogeleg prosjekt vil derfor vere å sjå på PPT sitt arbeid i høve tidleg innsats i barnehagen. Dette emnet fekk også høg score i spørjeundersøkinga.

Det kan også vere relevant å samanlikne og analysere ressursbruk og kostnadar mellom private og offentlege barnehagar.

#### Barnevern:

Rapporteringa til fylkesmannen viser at Herøy har relativt mange barn i fosterheimar, frå eigen og andre kommunar, og kommunen har hatt utfordringar med å oppfylle lovkrava om tilsyn av desse barna. I 2016 er det under arbeid eit forvaltningsprosjekt som tek føre seg tilsynsførarordninga i alle kommunane på Søre Sunnmøre. Det som eventuelt vert avdekt i dette prosjektet bør også takast med i vurderinga av eit eventuelt oppfølgingsprosjekt.

## 5.4 Aktuelle områder for forvaltningsrevisjon:

### Grunnskule /PPT

- Tidleg innsats
- Spesialundervisning (gjennomført i 2014) oppfølgingsprosjekt?
- Utredningskapasitet og førebyggjande arbeid i PP-tenesta

### Barnevernstenesta

- Sakshandsaming i barnevernstenesta (behandling av meldingar og gjennomføring av undersøkingar)
- Oppfølging av born med tiltak
- Oppfølging av born ved omsorgsovertaking

### Barnehagar

- Tidleg innsats/ samarbeid med PPT
- Samanlikning/analyse mellom offentlige og private barnehagar

## 6 Kommunalteknisk:

### 6.1 Informasjon om tenestene:

#### 6.1.1 Anleggs- og driftsavdelinga

Anlegg og driftsavdelinga har bl.a. ansvar for:

- Idrett
- Sentrum og grøntanlegg
- Veg og gatelys
- Vegvedlikehald
- Hamner
- Avløp
- Brann ogulukkesberedskap, samt førebygging
- Feiing

I årsmeldinga blir det vist til at ein i 2015 ikkje har registrert skriftelege klager etter forvaltningslova, samt at tenestene har tilfredstillande dekningsgrad.

Gjennomføringa av ein del planlagde driftstiltak og investeringar har vorte forseinka i forhold til oppsette målsetjingar. Årsakene til dette er samansette og skuldast mellom anna manglande kapasitet i avdelinga, manglande finansiering, uføresette krav om regulering osv. Det ver knytt 12,8 årsverk til anlegg og drift.

#### KOSTRA:

#### Årsgebyr:

2015 Gebyrsatser/ brukerbetaling	Herøy	Vanylven	Sande	Ørsta	Ulstein	Hareid	Volda	Møre og Romsdal	Landet
Årsgebyr for vannforsyning - ekskl. mva.	..	2910	5897	2340	2751	3489	2362	3344	3377
Årsgebyr for avløpstjenesten - ekskl. mva.	4062	2489	3147	2311	2234	2078	676	3117	3781
Årsgebyr for avfallstjenesten - ekskl. mva.	3142	2307	3146	1800	3141	3142	1800	2732	2618
Årsgebyr for septiktømming - ekskl. mva.	925	1035	1018	1215	800	918	1215	1114	..
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva.	242	181	316	481	369	335	423	415	431

Gebyret er oppgitt for år n+1, dvs. at for år 2015 er det rapportert gebyret per 1. januar 2016. Gebyret er i KOSTRA-rapporteringa utan meirverdiavgift. Tala er basert på ein standardbustad på 120 m<sup>2</sup>.

Ser ein på vassgebyret hadde Volda og Ørsta dei lågaste av nabokommunane. Hareid hadde eit årsgebyr som låg litt over fylke og landsgjennomsnittet. Sande hadde dei desidert høgaste årsgebyra knytt til vassforsyning. Ulstein låg lågare enn både fylke- og landsgjennomsnittet, medan Herøy kommune har ikkje kommunalt vassverk og går derfor ikkje fram i KOSTRA-rapporteringa.

I høve årsgebyr for avløp var Herøy dyrast av alle nabokommunane med 4062 kr. Volda hadde det lågaste gebyret med 676 kr og skuldast vedtak om redusert gebyr for 2016 pga. utjamning av sjølvkostfond. Hareid låg under land og fylkesgjennomsnittet med 2078 kr. Sande (3 147kr) var blant dei dyraste av kommunane på Søre. Ulstein, Ørsta og Vanylven låg alle under land- og fylkesgjennomsnittet med gebyr på mellom 2200-2500 kr.

I høve avfall og renovasjon registrerar ein at kommunane tilknytt Søre Sunnmøre reinhaldsverk (Herøy, Ulstein, Sande og Hareid) har relativt høge årsgebyr (ca 3142 kr) samanlikna med nabokommunane og fylke- og landsgjennomsnittet . Volda og Ørsta hadde dei lågaste med 1800 kr medan Vanylven hadde eit årsgebyr på 2307 kr.

### Kvalitet på sjølvkosttenestene:

Kvalitet på tenestene 2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ørsta	Hareid	Ulstein	Volda	Møre og Romsdal	Landet
<b>Avfall og renovasjon</b>									
Dager pr år med utvidet åpningstid for mottak av avfall	144	50	52	76	10	..	76	63	72
Antall hentinger av avfall som inneholder matavfall, pr år	26	26	26	52	26	26	52	43	36
Andel levert til materialgjenvinning inklusiv biologisk behandling	50	22	50	43	50	50	43	33	38
Farlig avfall fra husholdningene levert til kommunale mottak per årsinnbygger	5	9	5	5	5	5	5	..	..
<b>Vatn</b>									
E.coli: Andel innbyggere tilknyttet med tilfredsstillende prøveresultater	..	100	100	100	100	100	100	99,8	99,6
Intestinale enterokokker: Andel innbyggere med tilfredsstillende prøveresultater	..	100	100	100	100	100	100	99,6	98,9
Farge: Andel innbyggere tilknyttet med tilfredsstillende prøveresultater	..	100	87,4	100	100	100	95,9	99,2	98,7
pH: Andel innbyggere tilknyttet med tilfredsstillende prøveresultater	..	100	67	4,6	100	..	91	86,5	96,9
Gjennomsnittlig årlig avbruddstid i vannforsyningen (totalt)	..	0,26	2,7	0,17	1,22	0,42	2,86	0,99	0,66
Gjennomsnittlig årlig avbruddstid i vannforsyningen (ikke-planlagt)	..	0,06	2,21	0,06	0,68	0,42	2,83	0,56	0,21
Andel fornyet ledningsnett, gjennomsnitt for siste tre år	..	1,72	4,27	0,71	1,03	4,01	0,76	0,7	0,69
Estimert vannlekkasje per meter ledning per år (m3/m/år)	..	2,3	12	10,9	2,1	10,3	3,6	3,9	4,7
<b>Avløp</b>									
Andel innbyggere tilknyttet anlegg der rensekrav er oppfylt	95,1	96,6	..	0,3	..	7,5	98,1	47,6	32,1
Andel innbyggere tilknyttet anlegg der rensekrav ikke er oppfylt	..	..	..	..	..	73,1	..	12,9	52,8
Andel innbyggere tilknyttet anlegg der oppfyllelse av rensekrav ikke kan vurderes	4,9	3,4	..	99,7	..	19,4	1,9	39,5	15
Antall kloakkstopper i avløpsledninger og kummer per kilometer spillvannnett	0	0,18	..	0,017	0,019	..	..	0,048	0,048
Andel fornyet spillvannnett, gjennomsnitt for siste tre år	0,12	1,25	..	0,24	0,41	0,14	0,16	0,33	0,57

I høve kvaliteten på sjølvkosttenestene registrerar ein for Herøy kommune at antal hentingar av avfall er dobbelt så høgt i Volda og Ørsta enn i dei andre kommunane på Søre Sunnmøre. Dette er merkverdig sett i samanheng med at Ørsta og Volda har dei desidert lågaste årsgebyra tilknytt tenesta.

### 6.1.2 Brann og feiing

Brannvernet hadde totalt 3 årsverk knytt til tenesta. I desse tala inngår også samla stillingsheimel for 30 deltidsmannskap dvs. totalt om lag 0,6 stillingsheimlar. I 2015 har ei stilling stått vakant heile året medan to stillingar var vakante frå 1. aug.

I 2015 har brannvernet fått kjøpt inn ny mannskapsbil og tankbil. Ein har ikkje fått nådd målsetninga om tilsyn i alle objekt i 2015



## KOSTRA

2015 Gebyrsatser/ brukerbetaling	Herøy	Vanylven	Sande	Ørsta	Ulstein	Hareid	Volda	Møre og Romsdal	Landet
Årsgebyr for feiing og tilsyn - ekskl. mva.	242	181	316	481	369	335	423	415	431
Antall boligbranner pr. 1000 innbyggere	0,22	0,61	0	0,37	0	0,58	0,55	0,28	0,34
Andel A-objekter som har fått tilsyn	39,4	0	0	79,2	97,9	3,2	83,3	73,8	68,7

Ut i frå KOSTRA-rapporteringa hadde 39,4% A- objekta (særskilte objekt) i Herøy kommune fått tilsyn i 2015. I Sande og Vanylven var det ikkje rapportert om tilsyn i 2015 (0%). Ulstein kommune har hatt tilsyn med 97,9% av A-objekta i kommunen. I Volda hadde 83,3% av A-objekta fått tilsyn, medan i Ørsta hadde 79,2% fått tilsyn. I Hareid hadde berre 3,2% av objekta fått tilsyn.

### 6.1.3 Utviklingsavdelinga

#### Utviklingsavdelinga:

Utviklingsavdelinga har ansvar for samfunnsplanlegging (kommuneplan, kommunedelplanar, reg. planar m.v.), Byggesaksbehandling, GSI/oppmåling, vassforsyning, naturforvaltning og friluftsliv.

Det blei i årsmeldinga rapportert at antalet på ubehandla og ikkje ferdigbehandla saker (bygge-, dele- og dispensasjonssaker) låg på eit akseptabelt nivå. Fylkesmannen stadfesta 3 klagesaker i tråd med kommunen sine vedtak, av totalt 3 saker.

Kommunen hadde i 2015 ein nedgang i klagesaker på forvaltningsvedtak frå 9 i 2014 til 3 i 2015.

Det var i 2015 6 årsverk knytt til utviklingsavdelinga.

#### Fylkesmannen sitt bilde av kommunen:

Fylkesmannen har handsama 32 klager på byggesaker frå Herøy kommune i tidsrommet 2010 til våren 2015. En av klageane er handsama av Fylkesmannen i Sør-Trøndelag som settefylkesmann. Av dei 32 vedtaka er 23 stadfesta av Fylkesmannen. I 8 av sakene er klagen tatt til følgje og kommunens vedtak vart endra eller oppheva. 1 sak vert avvist. 37 Der klager er tatt til følgje, er dette i det vesentlege på grunn av manglar knytt til det rettslege grunnlaget for kommunens avgjerd og kommunens rettsbruk. Sju av desse sakene var knytt til manglar ved kommunens dispensasjonshandsaming, i høve dei rettslege kriteria som er lagt til grunn i pbl. § 19-2 og grunngevinga den føreset.

I same tidsrom har Fylkesmannen handsama 14 klage på reguleringsplan frå kommunen. 11 av dei vart stadfesta og 3 vart oppheva. To av desse sakene var knytt til manglar ved kommunen si oreigningsvurdering. Ut frå det avgrensa talet på klagesaker har vi ikkje eit tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere kommunens saksbehandling generelt. Men om ein ser på

årsaka til at vedtak vart oppheva/endra i byggesakene kan dette tyde på at kommunen har ei utfordring når det gjeld handsaming av dispensasjonssaker og grunngjeving av vedtak.

#### KOSTRA: Driftsutgifter plan og bygg

Driftsutgifter 2015 pr. innbyggjar	Møre og Romsdal								
	Herøy	Vanylven	Sande	Ørsta	Ulstein	Hareid	Volda	Romsdal	Landet
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging, kulturminner, natur	511	447	753	619	385	443	644	527	602
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging	435	315	633	314	193	228	417	345	314
Netto driftsutgifter til plansaksbehandling	411	55	87	219	140	40	226	211	218
Netto driftsutgifter til bygge-, delesaksbeh. og seksjonering	-46	-37	255	-20	40	9	25	44	18
Netto driftsutgifter til kart og oppmåling	70	298	291	115	13	178	166	90	79
Netto driftsutgifter til rekreasjon i tettsteder.	75	57	0	217	153	215	218	138	178
Netto driftsutgifter til naturforvaltning og friluftsliv.	1	73	107	41	0	-6	8	38	93
Netto driftsutgifter til kulturminnevern	0	1	13	47	19	6	0	7	16
<b>SUM</b>	<b>1457</b>	<b>1209</b>	<b>2139</b>	<b>1552</b>	<b>923</b>	<b>1113</b>	<b>1704</b>	<b>1400</b>	<b>1518</b>

KOSTRA-tabellen ovanfor gir ein grei indikasjon på driftsutgiftene som er knytt til tenester omfatta av plan og bygningsavdelinga. Utgiftene er pr innbyggjar.

Herøy kommune hadde totale driftsutgifter avdelinga på 1457 kr dette er midt mellom lands- (1518 kr) og fylkesgjennomsnittet (1400 kr). Dei største kostnadane var knytt til fysisk planlegging men ein såg også store kostnadar knytt til plansaksbehandling. Hareid kommunen hadde totale driftsutgifter på 1113 kr. Sande var dyrast pr innbyggjar med 2139 kr. Ulstein hadde dei lågaste totale utgiftene pr innbyggjar med 923 kr. I tillegg låg Volda (1704 kr) og Ørsta (1552kr) over fylkesgjennomsnittet, medan Vanylven låg godt under (1209 kr).

#### KOSTRA: Kommunal eigedom

2015 Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforval	Møre og Romsdal								
	Herøy	Vanylven	Sande	Ørsta	Ulstein	Hareid	Volda	Romsdal	Landet
Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning per innb	4367	4808	4477	3960	3958	3989	4284	4077	4890
Samlet areal på formålsbyggene i kvadratmeter per innbygger	4,4	6,9	8,6	5,3	0	..	5,8	3,8	4,1
Netto driftsutgifter til administrasjonslokaler per innbygger	139	207	423	191	135	479	425	278	307
Netto driftsutgifter til førskolelokaler per innbygger	164	359	334	507	79	278	346	359	540
Netto driftsutgifter til skolelokaler per innbygger	1775	2178	2316	1743	2445	1500	2132	1959	2301
Netto driftsutgifter til institusjonslokaler per innbygger	1358	1658	1211	859	794	1359	1061	840	857
Netto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg per innbygger	376	240	158	347	504	338	22	329	448
Netto driftsutgifter til kommunale kulturbygg per innbygger	537	0	0	151	0	27	112	209	235
<b>SUM pr innbygger</b>	<b>8720</b>	<b>9457</b>	<b>8928</b>	<b>7763</b>	<b>7915</b>	<b>7970</b>	<b>8388</b>	<b>8055</b>	<b>9582</b>

Tabellen ovanfor viser netto driftsutgifter til den kommunale eigedomsforvaltninga. Som det går fram av oversikta er dei største utgiftene i alle kommunane knytt til skulelokale og deretter institusjonslokale. Herøy hadde netto driftsutgifter til kommunal eigedomsforvaltning på 4367 kr pr innbyggjar som er over fylkesgjennomsnittet (4077 kr). Sande og Ulstein hadde dei største driftsutgiftene pr. innbyggjar knytt til skulelokale av kommunane.

## KOSTRA- Kvalitet

2015 Plansaksbehandling	Herøy	Vanylven	Sande	Ørsta	Ulstein	Hareid	Volda	Møre og Romsdal		Landet
Netto driftsutgifter til plansaksbehandling per innbygger	411	55	87	219	140	40	226	211	217	
Brutto investeringsutgifter til plansaksbehandling per innbygger	111	0	39	10	0	27	0	43	38	
Netto driftsutg. til plansaksbeh. av sum funksjon 301,302,303. Prosent	94	17	14	70	72	18	54	61	69	
Alder for kommunal planstrategi	3	2	3	1	1	3	3	3	3	
Alder for kommuneplanens arealdel	1	6	0	24	4	3	25	8	6	
Saksbeh.gebyr, privat reg.plan, boligformål. jf. PBL-08 § 33-1.	32817	31200	22023	32225	29804	28840	40200	31743	59663	
Gjennomsnittlig saksbeh.tid for private forslag til detaljreg. Kalenderdager	109	..	150	116	150	250	194	250	234	

Tabellen syner kvaliteten på enkelte faktorar innanfor plansakshandsaming. Ein registrerar at Herøy hadde sakshandsamingsgebyr på 32 817 kr for privat reguleringsplan for bustadformål. Gjennomsnittet for fylke og landet var hhv. 31 743 kr og 59 663kr for landet. Volda, Ørsta og Herøy låg over fylkesgjennomsnittet, medan Sande, Hareid, Ulstein og Vanylven låg under fylkesgjennomsnittet.

Herøy hadde dei høgaste netto driftsutgifter til plansakshandsaming på 411 kr pr. innbyggjar, medan Hareid hadde dei desidert lågaste med 40 kr pr. innbyggjar. Vanylven (55kr) og Sande (87kr) hadde også låge utgifter, medan Ørsta (219kr) og Volda (226 kr) låg ca på landsgjennomsnittet (217kr). Ulstein låg under gjennomsnittet med 140 kr pr. innbyggjar.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid for private forslag til detaljregulering var 234 dagar for heile landet. Hareid hadde den høgaste sakshandsamingstida av kommunane på Søre med 250 dagar. Sande og Ulstein hadde ei sakshandsamingstid på 150 dagar medan Herøy og Ørsta hadde den lågaste sakshandsamingstida med hhv. 109 og 116 dagar. Volda hadde 194 dagar, medan Vanylven har ikkje rapportert.

2015 Byggesaksbehandling	Herøy	Vanylven	Sande	Ørsta	Ulstein	Hareid	Volda	Møre og Romsdal		Landet
Saksbeh.gebyret for oppføring av enebolig, jf. PBL-08 §20-1 a	10700	6500	8950	13500	9796	11580	12500	10894	12362	
Gj.snittlig saksbehandlingsstid for byggesaker med 12 ukers frist. Kalenderdager	19	26	30	7	13	20	..	42	39	
Gj.snittlig saksbehandlingsstid for byggesaker med 3 ukers frist. Kalenderdager	..	5	20	5	20	39	..	23	18	
Gj.snittlig saksbehandlingsstid for opprettelse av grunneiendom. Kalenderdager	0	0	27	..	14	147	..	43	51	
Andel søkn. om tiltak der komm. har overskredet lovpålagt saksbehandlingsstid	..	3	0	6	7	77	..	8	7	

Tabellen syner litt om sakshandsaminga innanfor byggesaker. Oversikta viser at Herøy hadde eit sakshandsamingsgebyr for oppføring av ein bustad på 10 700 kr. Gjennomsnittet for Møre og Romsdal var 10 894 kr. Vanylven hadde det billigaste sakshandsamingsgebyret for oppføring av ein bustad (6 500kr). Sande (8950 kr), Ulstein (9796 kr) og Herøy (10 700) låg under fylkesgjennomsnittet, medan Hareid (11 580 kr), Volda (12 500 kr) og Ørsta (13 500 kr) låg over fylkesgjennomsnittet.

Vidare viser tabellen den gjennomsnittlege sakshandsamingstida i kalenderdagar. Volda hadde ikkje rapportert inn til KOSTRA. Utover dette hadde alle kommunane heldt seg

innanfor fristen på 12 veke, medan ein registrerte at den gjennomsnittlege sakshandsamingstida for saker med 3 veker frist i Hareid kommune var 39 dagar. Utover dette hadde dei andre kommunane på Søre Sunnmøre heldt seg innanfor fristane. Vidare viser KOSTRA-tal at Hareid kommune hadde overskride lovpålagd sakshandsamingstid i høve søknad om tiltak i 77% av søknadane. Fylke og landsgjennomsnittet var 7-8%, medan Herøy ikkje hadde rapportert.

## 6.2 Spørjeundersøking kommunestyret og kontrollutval:

Vatn og avløp: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:										
	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Sjølvkost	14,3	1	14,3	4	57,1	1	14,3	0	0,0	7
Betalingsattsar/gebyr	0,0	1	14,3	4	57,1	1	14,3	1	14,3	7
Vedlikehald av det kommunale leidningsnett	0,0	0	0,0	3	42,9	3	42,9	1	14,3	7

Berre 14,3% av respondentane ønskte i stor grad forvaltningsrevisjon innanfor sjølvkost. 28,6% ønskte det same innanfor betalingssattsar/gebyr, medan 57,1% av respondentane meinte det i stor eller veldig stor grad burde gjennomførast forvaltningsrevisjon retta mot vedlikehald av det kommunale leidningsnett. Det var derfor generelt sett lita interesse for forvaltningsrevisjon innanfor desse emna.

Tekniske tenester eigedom/bygg: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:										
	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Byggesakshandsaming	0,0	1	14,3	2	28,6	3	42,9	1	14,3	7
Behandling av dispensasjonssak	0,0	0	0,0	4	57,1	3	42,9	0	0,0	7
Forvaltning drift og vedlikehald	0,0	0	0,0	3	42,9	2	28,6	2	28,6	7

Innanfor tekniske tenester var det generelt middels ønske om at det blei gjennomført forvaltningsrevisjon. Ca 42,9-57,2% av respondentane meinte det i stor eller veldig stor grad burde gjennomførast forvaltningsrevisjon innanfor bvaesakshandsaminga, behandlinga av dispensasjonssaker og forvaltning drift og vedlikehald.

## 6.3 Revisor si vurdering:

### Sakshandsaming innanfor teknisk:

Sjølv om det er rapportert om ein nedgang i antal klagesaker i 2015 rapporterer fylkesmannen om ein del klagesaker dei siste åra, og at dette kan tyde på at kommunen har ei utfordring når det gjeld handsaming av dispensasjonssaker og grunngjeving av vedtak. Spørjeundersøkinga viser at 57,2 % av respondentane meinte det var viktig med forvaltningsrevisjon innanfor byggesakshandsaming. Plan- og bygningslova med tilhøyrande føreskrift inneheld detaljerte tidsfristar for sakshandsamingstid i byggjesaker. Ei undersøking av byggesakshandsaminga vil kunne avdekkje om sakshandsamingsreglane i forvaltningslova vert følgt.

### **Forvaltning drift og vedlikehold:**

Eit stort eller veksande vedlikehaldsetterslep aukar risikoen for at bygningar som nyttast til skular, barnehagar og liknande ikkje følgjer lovpålagte krav. Manglande vedlikehald kan ha negativ innverknad på både lærings- og arbeidsmiljø, samt medføre at verdien av bygget vert redusert. Det kan og føre til at kommunen får pålegg ved tilsyn, og kommunen kan risikere tyngande økonomiske sanksjonar, for eksempel i form av bøter.

Det kan vere relevant med eit prosjekt innanfor emnet i komande periode. Fokuset i eit slik prosjekt kan vere å undersøke om kommunen har etablert tilfredstillande rutinar kring intern og ekstern rapportering av vedlikehald og planlegging/forvaltning av den kommunale bygningsmassen, samt undersøke om vedlikehaldsnivået er tilfredsstillande i høve normtal og KOSTRA- tal. Revisjonen utarbeida eit forvaltningsprosjekt kring emnet i 2013 og kontrollutvalet bør vurdere om det kan vere relevant å gjennomføre eit oppfølgingsprosjekt.

### **6.4 Aktuelle områder for forvaltningsrevisjon:**

- Sakshandsaming byggjesaker (plan og bygningslova)
- Forvaltning drift og vedlikehald av kommunale bygg (oppfølgingsprosjekt?)

## 7 Helse og omsorg

### 7.1 Barn- familie og helseavdelinga:

Kommunen si barn- familie og helseteneste omfattar følgjande hovudområder:

Barnevernsteneste, førebyggjande eining, legeteneste, psykiatriske tenester og rehabiliteringstenester

#### 7.1.1 Seksjon for psykisk helse:

Kommunepsykiologen hadde ca 70 pasientar til behandling frå han starta oppatt i stillinga 1.7-31.12.15. Dette inneber klinisk behandling til 38 og støtte rådgiving til 32 pasientar.

Solheim dagsenter: 11 personar har vedtak om plass i dagsenteret, i tillegg kjem ungdom på fredag og personar som kjem innom på den opne dagen, i alt 28 ulike personar nyttar Solheim.

Psykiatrisk individuell oppfølgingsteneste: 79 personar har i 2015 hatt vedtak om individuell oppfølging. 8 av desse har fått oppfølging av dagsenterpersonalet i 2015.

Arbeidssituasjonen har vore utfordrande i 2015, der ein har fått ein god del nye brukarar med større behov.

#### 7.1.2 Legetenesta:

Det har vore ein del vikarbruk som skapar diskontinuitet i legetenesta både for pasientane og skapar eit noko fragmentert kollegium. Generasjonsskifte gjer at unge kollegar kjem inn og ein har måtte bruke meir ressursar på rettleiing.

Legetenesta har utvida med to nye fastlegeheimelar, rekruttering av legar til desse og andre vakante stillingar er utfordrande. Øyeblikkeleg hjelp døgn-plassane er godt implementerte og bruken av plassane har teke seg opp.

Tilskotsordningar har også gjeve rom for oppgradering av utstyr både på legekontora og i legevaktsamanheng.

#### 7.1.3 Seksjon rehabilitering:

Det har vore sterk auke i ventetid for fysikalsk behandling i Herøy kommune. Det er opp i mot 6 mnd ventetid ved begge institutta for det som ikkje vert rekna som akutt. Ein av fysioterapeutane har teke vidareutdanning og spesialisert seg innanfor barn.

Antal brukarar og hjelpeformiddelformidling er omtrent uendra i 2015.

### Nøkkeltal- KOSTRA

2015 Lege/Fysioterapi og Helsestasjonsteneste	Herøy	Vanylven	Sande	Ørsta	Ulstein	Hareid	Volda	Møre og Romsdal	Landet
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	2536	3031	3338	2038	2266	1872	2168	2361	2348
Netto driftsutgifter i prosent av samlede netto driftsutgifter	4,9	5,3	5,1	4	4,4	3,7	4,2	4,4	4,4
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år	8451	10439	8585	7599	10581	6754	8021	8204	7803
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-20 år	2167	2209	1921	2023	2676	1882	1890	2147	2175
Netto driftsutgifter til forebyggende arbeid, helse pr. innbygger	124	64	102	135	156	254	146	127	157
Netto driftsutg til diagnose, behandling og rehabilitering pr. innbygger	1842	2464	2800	1371	1350	1105	1525	1680	1637
Legeårsverk pr. 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	13,7	18,4	11,7	12,3	12,9	11,2	11,3	11,4	10,5
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	8	10,7	7,2	8,3	7,6	8,4	7,2	8,4	9
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,3	0,39	0,48	0,37	0,6	0,38	0,42	0,46	0,53
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,21	0,46	0,21	0,09	0,41	0,34	0,26	0,32	0,41
Årsverk av helsesøstre pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. Funksjon 232	82,6	114,6	115,4	72,9	93,2	50,8	109,8	69,6	66,7
Årsverk av jordmødre pr. 10 000 fødte. Funksjon 232	0	181	0	67,6	150	0	160,7	60,2	54,6
Årningstid ved helsestasjon for ungdom. Sum timer per uke.	8	0	1	2	2	2	2	..	..
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst	109	95	100	102	96	80	95	92	83
Legetimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,3	0,39	0,48	0,37	0,6	0,38	0,42	0,46	0,53
Fysioterapitimer pr. uke pr. beboer i sykehjem	0,21	0,46	0,21	0,09	0,41	0,34	0,26	0,32	0,41

Herøy hadde netto driftsutgifter pr. innbyggjar knytt til kommunehelsetenesta på 2536kr og låg over gjennomsnittet. Hareid hadde dei lågaste utgiftene med 1872 kr. Sande og Vanylven hadde dei høgaste med hhv 3338 kr og 3031kr, medan fylke- og landsgjennomsnittet var på 2361kr og 2348kr. Ulstein kommune hadde netto driftsutgifter pr. innbyggjar på 2266 kr. Ørsta (2038 kr), Volda (2168 kr) og Ulstein (2266 kr) låg under landsgjennomsnittet.

Herøy hadde 13,7 legeårsverk pr. 10 000 innbyggjarar. I forhold til legeårsverk ligg dei fleste kommunane på Søre Sunnmøre om lag på gjennomsnittet for fylket (11,3). Ein registrerar derimot at Vanylven ligg ein del høgare med 18,4. Ein ser også at Vanylven generelt skårar høgt på helsestasjonstenestene samanlikna med nabokommunane og landsgjennomsnittet. Ein registrerar også ut i frå oversikta at Vanylven, Ulstein, Volda og Ørsta har eiga jordmørtene i kommunen, medan Sande, Hareid og Herøy er tilknytt tenesta til Ulstein.

#### Produksjonsindeks: Primærhelseteneste

INDIKATOR	Vekt
Antal timar per veke av legar i forhold til behovskorrigert innbyggjartal	0,435
Antal timar per veke av fysioterapeutar i forhold til behovskorrigert innbyggjartal	0,361
Antal helseundersøkingar barn og svangerskapskontrollar i forhold til behovskorrigert innbyggjartal	0,204

Nedanfor går det fram produksjonsindeksen for primærhelse. Landsgjennomsnittet er 100. Oversikta viser at Sande hadde lågast indeks av kommunane på Søre Sunnmøre med 85,7 etterfølgt av Volda med 92,8. Vanylven hadde den desidert høgaste indeksen med 144,4. Dette skuldast i stor grad den høge andelen legeårsverk (sjå KOSTRA ovanfor). Hareid, Ulstein, Herøy, Ørsta låg alle over landsgjennomsnittet.

Kommune	Primærhelse
Vanylven	144,4

Sande	85,7
<b>Herøy</b>	<b>114,6</b>
Ulstein	102,3
Hareid	103,4
Ørsta	109,3
Volda	92,8
Møre og Romsdal	102,3

## 7.2 Informasjon om pleie og omsorg:

### 7.2.1 Pleie og omsorgsavdelinga:

Kommunen har følgjande deltenester:

Heimesjukepleie, sjukeheim, omsorgsbustadar, praktisk bistand og opplæring, avlastningstiltak, dagtilbod, støttekontakt, omsorgsløn, matombringing, tryggleiksalarm, personleg assistent og hjelpemiddel.

Ny omsorgsbustad med 16 husvære er under oppføring ved blå avdeling på eggesbønes. Det gamle sjukeheimsbygget skal rivast og 15 heildøgns omsorgsplassar vil erstatte dei 10 sjukeheimsplassane. Kommunen har ei låg dekning på antal sjukeheimsplassar til dei over 80 år. Reduksjonen i sjukeheimsplassar vil i 2017 gi ei dekning på 19,6% medan den anbefalte norma er 25%. Det blei rapportert om gjennomgåande god dialog og tilbakemelding frå brukarane, og talet på klager er stabilt,

Det var totalt 142,98 årsverk knytt til avdelinga i tillegg til 5,3 årsverk knytt til administrasjon.

Kommunen rapporterer om liten tilgang på fagfolk til å dekkje fråvær og vikariat, og kommunen måtte også dette året ta i bruk vikarbyrå. Vidare ser ein ei generel auke i brukarar og nye tenester, utan auke i rammeressursen i tillegg til krav om rammeinnsparingar. Nedanfor har vi teke med nøkkelinformasjon om tenestene henta frå årsrapporten.

	2015	2014	2013	2012	2011
Tal på omsorgsbustader	68	68	68	68	68
Ressurskrevjande brukarar	0	0	0	0	0
Tal på sjukeheimsplassar	101	101	101	103	103
Kommunal øyeblikkelig hjelp døgn (KØHD)	2	2	2	0	0
Dayplassar institusjon	16	16	16	16	16
Matombringing	80	79	65	67	78
Nye brukarar av tryggleiksalarm	43	51	48	134	152
Mottakarar av omsorgsløn	15	20	21	12	7
Personleg assistent	3	0	1	2	1
Tal på vedtak	1474	1279	1215	1188	1311
Avslag	20	20	34	16	43
Klage på tenester	5	3	6	1	2



## Tal på brukarar i heimesjukepleie og praktisk bistand:

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Heimesjukepleie	191	243	305	322	314	313	321
Praktisk bistand	197	194	210	216	207	216	217
Sum	388	437	515	538	521	529	538

## Tal på brukarar i institusjon:

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Langtid	56	47	37	53	50	57	79
Korttid	60	57	54	90	87	82	84
Avlastning	0	2	0	3	2	0	2
Sum	116	106	91	146	139	139	165

### 7.2.2 Bu og habiliteringsavdelinga:

Bu og habiliteringstenesta yter følgjande deltenester: individuell plan, omsorgsbustad, praktisk bistand og opplæring, brukarstyrt personleg assistanse, avlastningstiltak, støttekontakt, omsorgsløn, vaksenopplæring og dagtilbod/kommunal sysselsetting.

Avdelinga hadde 3 ledige bustadar pr 31.12.15 som ikkje var tildelt. Avdelinga hadde ei klage på enkeltvedtak om teneste i 2015. Kommunen sitt vedtak vart stadfesta av fylkesmannen. Det var i 2015 62,4 årsverk knytt til avdelinga i tillegg til eit årsverk knytt til administrasjon.

Nedanfor går det fram diverse nøkkelinformasjon om avdelinga henta frå kommunen si årsmelding.

Nøkkelinformasjon	2015	2014	2013
Brukarar buteneste	26	22	23
Brukarar avlastningsinstitusjon	6	4	5
Tal på omsorgsbustader (bu-hab. avd sitt ansvar)	29	25	25
Mottakarar av omsorgsløn	7	7	8
Ressurskrevjande brukarar	10	9	9
Elevar vaksenopplæring	10	16	11
Tal på vedtak etter helse og omsorgstenestelova	200	190	198
Tal på vedtak etter opplæringslova	10	10	14
Avslag	4	12	10
Tal på klage	1	1	2

## KOSTRA

Pleie og omsorg - nøkkeltal	Møre og								Landet
	Herøy	Vanylven	Sande	Ørsta	Ulstein	Hareid	Volda	Romsdal	
<b>Driftsutgifter</b>									
Netto driftsutgifter pleie og omsorg i prosent av kommunens totale netto driftsutg.	29,3	31,4	40	35,7	24,2	28,6	32,9	33,7	29,8
Institusjoner (253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo	61	64	37	47	32	48	37	44	45
Tjenester til hjemmeboende (254) - andel av netto driftsutgifter til plo	34	32	59	51	60	51	55	51	49
Aktivisering, støttejenester (234) - andel av netto driftsutgifter til plo	5	4	4	2	8	1	7	5	5
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	15266	17931	26376	18081	12323	14324	17110	18118	15951
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over	297100	236364	357127	303539	352153	271259	339088	357503	377984
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 67 år og over	96521	80305	135809	108822	98190	96904	108053	114670	111678
Korrigerte brutto driftsutgifter pr. mottaker av kommunale pleie og omsorgstjen.	355409	348475	530165	359194	318081	312941	401363	408651	387656

Tabellen overfor viser driftsutgifter innanfor pleie og omsorgssektoren. I Herøy utgjorde netto driftsutgifter til PLO 29,3% av kommunen sine totale netto driftsutgifter. Gjennomsnitt for fylke og landet var hhv. 33,7% og 29,8%. Herøy har derfor lågare utgifter knytt til sektoren enn lands- og fylkesgjennomsnittet.

Driftsutgiftene til PLO består av institusjonsutgifter, tenester til heimebuande og aktivisering/støttetjeneste. I Herøy registrerar ein større ande utgifter knytt til institusjon (61%) samanlikna med heimeteneste (34 %).

Mellom kommunane på Søre registrerar ein forskjellig praksis der enkelte kommunar har majoriteten av utgiftene sine knytt til institusjon (Vanylven og Herøy), medan andre kommunar har mest utgifter knytt til heimetenestene (Ulstein, Sande og Volda). På Hareid og i Ørsta var utgiftene relativt likt fordelt mellom dei to funksjonane.

Pleie og omsorg - nøkkeltal	Møre og								Landet
	Herøy	Vanylven	Sande	Ørsta	Ulstein	Hareid	Volda	Romsdal	
<b>Heimeteneste</b>									
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 inb. 0-66 år	18	33	23	19	22	25	25	21	20
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 inb. 67-79 år.	79	77	68	85	85	81	58	69	68
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 inb. 80 år og over.	312	332	339	358	386	318	340	343	325
<b>Produktivitet/Ehetskostnader for hjemmetjenester</b>									
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner)	157840	217222	392530	213071	220320	180762	246107	257556	238808
Andel hjemmeboere med høy timeinnsats	7,6	12,8	6,1	5,7	9,4	7,1	6,7	8	7,1
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67 år og over	8,2	14,3	..	20	13,4	15	17,5	15,1	13
Andel beboere i bolig til pleie- og omsorgsformål 80 år og over	37,5	42,6	52,8	47,6	44,5	59,6	61	43,9	38,5
Andel beboere i bolig m/ heldøgns bemanning	18,8	24,6	25	48,8	55,5	19,1	70,9	47,4	51,8
Andel innbyggere 80 år og over i bolig med heldøgns bemanning	0	0	4,8	7,9	9,8	0	11,6	4,8	3,6
<b>Produktivitet/Ehetskostnader kommunale institusjoner</b>									
Utgifter per beboerdøgn i institusjon	2683	2240	2376	2586	2761	2634	2839	2884	3109
Andel kommunale institusjonsplasser av totalt antall institusjonsplasser	98,1	98,3	100	98,2	97,6	98	97,3	98,7	87,4
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	943471	740048	993438	995570	869581	935327	1042069	978659	1045132
Korr.bto.driftsutg. pleie, av korr.bto.driftsutg. institusjon	87,5	87,9	90,3	91,6	96,4	84,5	87,2	92,3	90,4
Brukerbetaling i institusjon i forhold til korrigerte brutto driftsutgifter	14,6	17,9	22	14,1	18,4	15	14	14	15,4

Ser ein nærmare på gjennomsnittleg driftsutgifter pr. mottakar av heimetenester hadde Herøy og Hareid dei lågaste driftsutgiftene med hhv. 157 840 kr og 180 762 kr . Ørsta

(213 071 kr), Vanylven (217 222 kr), Ulstein (220 320 kr) og Volda (246 107 kr) hadde utgifter som låg under landsgjennomsnittet på 257 556 kr. Sande hadde dei desidert høgaste utgiftene med 392 530kr pr. mottakar.

I høve institusjonsutgifter kostar ein kommunal institusjonsplass 1 045 132 kr på landsgjennomsnittet. I Herøy kosta ein institusjonsplass 943 471 kr. Vanylven hadde dei billigaste institusjonsplassane der kvar plass kosta i gjennomsnitt 740 048 kr. I Ulstein kosta ein plass 869 581 kr. Sande (993 438kr), Ørsta (995 570 kr) og Volda (1 042 069 kr) låg mellom fylkes og landsgjennomsnittet. På Hareid kosta ein institusjonsplass 935 327 kr.

### Produksjonsindeks

#### Pleie og omsorg

INDIKATOR	Vekt
Mottakarar av heimetenester i forhold til behovskorrigert innbyggjartal	0,437
Bebuarar i institusjon i alt i forhold til behovskorrigert innbyggjartal	0,363
Andel tenestemottakarar med minst to heimetenester	0,109
Andelen av institusjonsplassar som er i einerom	0,091

Kommune	Pleie og omsorg
Vanylven	112,7
Sande	104,4
<b>Herøy</b>	<b>112,6</b>
Ulstein	95,9
Hareid	112,0
Ørsta	113,6
Volda	107,9
Møre og Romsdal	105,4

Dei største indikatorane for produksjonsindeksen innanfor PLO var knytt til antal mottakarar av heimetenester og bebuarar i institusjon.

Hareid, Vanylven, Herøy, og Ørsta hadde alle ein indeks på mellom 112 og 113,6 og låg over fylke og landsgjennomsnittet. Sande (104,4) og Volda (107,9) låg ca på fylkesgjennomsnittet (105,4) medan Ulstein var den einaste av kommunane som skårar lågare enn landsgjennomsnittet med ein indeks på 95,9.

## 7.2.3 NAV-Sosialkontor

### Nøkkeltal- KOSTRA

Sosialteneste - nøkkeltall	Herøy	Vanylven	Sande	Ørsta	Ulstein	Hareid	Volda	Møre og Romsdal	Landet
<b>Driftsutgifter</b>									
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger	1446	1433	598	1065	1338	966	1134	1393	2227
Netto driftsutg. til sosialtjenesten i prosent av samlede netto driftsutgifter	2,8	2,5	0,9	2,1	2,6	1,9	2,2	2,6	4,2
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	2445	2541	1011	1825	2224	1631	1903	2334	3619
Netto driftsutg. til råd, veiledning og sos. forebyggend arb. pr. innb. 20-66 år	1090	1889	460	970	824	611	439	1239	1316
Netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr innbygger 20-66 år	940	563	551	750	1400	1115	911	860	1737
Netto driftsutg. til tilbud til pers. med rusprobl. pr. innb. 20-66 år	415	89	0	105	0	-96	553	235	566
Andel netto driftsutg. til råd, veiledning og sosialt forebyggende arbeid	44,6	74,4	45,5	53,2	37,1	37,5	23,1	53,1	36,4
Andel netto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp	38,5	22,1	54,5	41,1	62,9	68,4	47,9	36,9	48
Andel netto driftsutgifter til tilbud til personer med rusproblemer	17	3,5	0	5,7	0	-5,9	29,1	10,1	15,6
<b>Produktivitet</b>									
Brutto driftsutgifter pr. sosialhjelpsmottaker, i kroner	104993	111244	71409	97914	55393	57421	119711	..	100121
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker	35761	27711	37909	29767	35097	33757	30578	..	44159
Korrigerte driftsutgifter til sosialtjenesten pr. mottaker	37965	75622	28045	54877	17670	21822	71072	..	45740
Lønnsutgifter pr. sosialhjelpsmottaker, i kroner	32908	48933	19273	49270	16039	19832	31175	..	36552
Antal sosialhjelpsmottakere	142	45	22	163	206	107	166	..	313
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere	1,6	1,4	0,9	1,5	2,4	2,1	1,8	..	2,6
Andelen sosialhjelpsmottakere 18-24 år, av innbyggerne 18-24 år	4,1	3,1	2,1	5,2	5,6	6,5	4,1	..	..
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 20-66 år	2,7	2,5	1,5	2,6	4,1	3,5	3,1	..	4,2
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	2,5	2,2	1,5	2,4	3,9	3,3	2,9	..	3,9
<b>Utdypende tjenestekategorier</b>									
Samlet stønadssum (bidrag + lån)	5174088	1344014	566698	4749432	7081357	3613157	4703991	..	13756556
Gjennomsnittlig utbetaling pr. stønadsmåned	9407	8453	6996	7587	7392	9078	7095	..	..
Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 18-24 år	3,9	5,7	2,8	3,7	4,1	3,8	3,2	..	..
Gjennomsnittlig stønadslengde mottakere 25-66 år	4	3,1	3,9	3,9	4,8	3,7	4,3	..	..
Sosialhjelpsmottakere med stønad i 6 måneder eller mer	39	12	5	37	71	25	42	..	113
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde	32,4	37,8	31,8	49,1	46,1	47,7	60,8	..	47,9

Herøy hadde driftsutgifter pr. innbyggjar knytt til sosialtenesta med 1446 kr dette er litt over fylkesgjennomsnittet. Sande hadde lågaste driftsutgiftene med 598 kr pr. innbyggjar. Gjennomsnittet for fylket var 1393 kr. Ulstein (1338 kr), Herøy (1446 kr) og Vanylven (1433 kr) låg ca på fylkesgjennomsnittet, medan Hareid (996 kr), Volda (1134 kr) og Ørsta (1065 kr) låg under gjennomsnittet. Majoriteten av kostnadane knytt til sosialtenesta i Herøy gjekk til råd rettleiing (44,6%) og økonomisk sosialhjelp (38,5%).

### Produksjonsindeks - sosialkontor

INDIKATOR	Vekt
Antal mottakarar av økonomisk sosialhjelp i forhold til behovskorrigert innbyggjartal	0,465
Gjennomsnittleg utbetaling per stønadsmånad	0,465
Nettoutgifter til kvalifiseringsordning i forhold til behovskorrigert innbyggjartal	0,070

Kommune	Sosialkontor
Vanylven	109,7
Sande	82,2
<b>Herøy</b>	<b>100,1</b>
Ulstein	106,2
Hareid	83,3
Ørsta	87,6
Volda	61,4
Møre og Romsdal	86,5

Nedanfor går det fram produksjonsindeksen for sosialkontor. Landsgjennomsnittet er 100. Oversikta viser at Volda kommune hadde den lågaste indeksen av kommunane på Søre Sunnmøre (61,4). Vanylven hadde den høgaste indeksen med 109,7. Herøy kommune hadde ein produksjonsindeks på 100,1. Ein ser at både fylket og fleire av kommunane på Søre Sunnmøre ligg under

landsgjennomsnittet, noko som kan tyde på at dei har ein låg andel mottakarar av økonomisk sosialhjelp og at gjennomsnittleg utbetaling er lågare enn landsgjennomsnittet.

### 7.3 Spørjeundersøking kommunestyret og kontrollutval:

Helse: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Legedekning	0	0,0	0	0,0	0	0,0	4	57,1	3	42,9	7
Skulehelsetenesta	0	0,0	0	0,0	3	42,9	2	28,6	2	28,6	7
Helsestasjonstjeneste	0	0,0	0	0,0	3	42,9	2	28,6	2	28,6	7

Innanfor helse var det interesse for at det skulle gjennomførast forvaltningsrevisjon spesielt retta mot skulehelsetenesta og helsestasjon. 57,2% % av respondentane meinte at det i stor eller svært stor grad burde gjennomførast forvaltningsrevisjon innanfor dei to emna. Størst var derimot interessa for legedekning der 100% av respondentane meinte det burde gjennomførast forvaltningsrevisjon i stor eller veldig stor grad.

Pleie og omsorg: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Omsorgsløn	0	0,0	1	16,7	2	33,3	1	16,7	2	33,3	6
IPLOS-sakshandsaming	0	0,0	1	16,7	2	33,3	3	50,0	0	0,0	6
Samhandlingsreforma	0	0,0	0	0,0	2	28,6	3	42,9	2	28,6	7
Fysio-ergoterapi (analyse)	0	0,0	0	0,0	3	42,9	3	42,9	1	16,7	7
Kompetanse/rekruttering	0	0,0	0	0,0	1	16,7	3	50,0	2	33,3	6

Innanfor pleie og omsorg var det generelt sett middels interesse for at det skulle gjennomførast forvaltningsrevisjon. Størst oppslutning fekk samhandlingsreforma (71,5%) og kompetanse/rekruttering (88,3%) ønskte i stor eller svært stor grad ønskte at det skulle gjennomførast forvaltningsrevisjon.

Heimetenesta: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Heimetenesta, kvalitet/avviksregistrering	0	0,0	1	14,3	1	14,3	2	28,6	3	42,9	7
Heimetenesta, sakshandsaming/tildeling	0	0,0	1	14,3	2	28,6	1	14,3	3	42,9	7
Heimetenesta, ressursbruk	0	0,0	1	14,3	2	28,6	2	28,6	2	28,6	7

Innanfor heimetenesta var det størst ønske om ein gjennomgang på kvalitet og avviksregistrering eller sakshandsaming der 57-71% av respondentane i stor eller svært stor grad meinte at det er viktig med forvaltningsrevisjon innanfor emna.

Institusjon: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Institusjonsplassar, kvalitet/avviksregistrering	0	0,0	1	14,3	0	0,0	5	71,4	1	14,3	7
Institusjonsplassar, sakshandsaming/tildeling	0	0,0	1	14,3	0	0,0	4	57,1	2	28,6	7
Institusjonsplassar, ressursbruk (overtid/vikarbruk)	0	0,0	1	14,3	1	14,3	3	42,9	2	28,6	7

Innanfor institusjonsplassar var det generelt høgt ønske om gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Ca 71-86% av respondentane ønskte i stor eller svært stor grad innanfor sakshandsaming/tildeling, ressursbruk (vikarbruk, overtid) og kvalitet/avviksregistrering.

Sosial: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Integreringsarbeid	0	0,0	0	0,0	3	42,9	4	57,1	0	0,0	7
Forvaltning av startån	0	0,0	0	0,0	2	28,6	4	57,1	1	14,3	7
Sosialhjelp	0	0,0	0	0,0	1	14,3	5	71,4	1	14,3	7
Utleigebustad	0	0,0	0	0,0	3	42,9	3	42,9	1	14,3	7

Innanfor sosialtenesta var det generelt sett middels interesse for at det skulle gjennomførast forvaltningsrevisjon. Størst oppslutning fekk sosialhjelp der 85% i stor eller i svært stor grad ønskte at det skulle gjennomførast forvaltningsrevisjon.

## 7.4 Revisors vurderingar

### Helse

KOSTRA og produksjonsindeksen viser at kommunen i stor grad har relativt låge driftskostnader pr. innbyggjar knytt til kommunehelsetenesta. Ein registrerar i spørjeundersøkinga at det var størst oppslutning for forvaltningsrevisjon innanfor legedekning, og ser ein dette også i samanheng med ein del vakanse og utfordringar det blir rapportert om i årsrapporten, kan det vere relevant med eit prosjekt innan emnet.

### Pleie og omsorg

I årsrapporten vert det opplyst om utfordringar knytt til økt omfang av tenestebehov og låg bemanning. Eit prosjekt som fokuserer på kvalitet i tenestene vil derfor kunne vere aktuelt for denne perioden.

Eit anna prosjekt kan vere å vurdere kvaliteten på tenesta ved å sjå nærmare på rapportering av avvik og avvikshandtering. Dette emnet fekk stor oppslutning både innanfor heimeteneste og institusjon.

Kommunen rapporterer også i årsmeldinga om vanskar med å få tak i kvalifisert personell ved fråvær og vikariat. Det kan derfor vere relevant å gjennomføre eit forvaltningsrevisjonsprosjekt der ein ser nærmare på overtid og vikarbruk sett opp i mot fast tilsetjing.

### Sosial

Kommunen hadde netto driftsutgifter knytt til sosialtenesta som låg over gjennomsnittet for fylket. Nesten 40% av utgiftene var knytt til økonomisk sosialhjelp . Dette var emnet som fekk høgast oppslutning i spørjeundersøkinga.

### 7.5 Aktuelle områder for forvaltningsrevisjon:

- Legedekning
- Overtid/vikarbruk
- Bruk av vikarbyrå
- Kvalitet/avviksrapportering (eining/teneste?)
- Analyse av økonomisk sosialhjelp- (utgiftsnivå/stønadperiode osv. samanlikna med andre kommunar)

## 8 Sektor for Kultur og service:

### 8.1 Informasjon om tenestene:

Kulturavdelinga omfattar Fosnavåg konserthus, Fosnavåg kino, Herøy folkebibliotek, Herøy frivilligsentral, Herøy kulturhus, Herøyhallen, ungdomsseksjonen og kulturkontoret.

Kulturavdelinga hadde i 2015 13 fast tilsette. I tillegg er det tilsett 4 ungdomar (pluss to vikarar) som til saman utgjer 0,5 årsverk knytt til kinoen og 8 ungdomar (pluss to vikarar) som utgjer 1 årsverk knytt til fritidsklubben.

Det vert vist til stor auke i billettsalet både ved konserthuset og ved kinoen. Samanlikna med andre kulturhus i regionen kan Herøy vise til best resultat. Det vart gjennomført 75 arrangement med 16887 besøkande på konserthuset, samt 1201 framsyningar med 27 845 besøkande på kinoen

#### Produksjonsindeks - kultur

INDIKATOR	Vekt
Bokbestand ved bibliotek per innbyggjar	0,251
Utlån av bøker per innbyggjar	0,251
Antal kinoforstillingar per innbyggjar	0,047
Besøk kino per innbyggjar	0,047
Støtte til aktivitetstilbod til born og ungar per innbyggjar	0,404

Kommune	Kultur
Vanylven	60,4
Sande	90,0
<b>Herøy</b>	<b>62,8</b>
Ulstein	88,1
Hareid	72,9
Ørsta	59,4
Volda	40,0
Møre og Romsdal	75,9

Nedanfor går det fram produksjonsindeksen for kultur. Ein registrerar at halvparten av vektninga i produksjonsindeksen er knytt til bibliotek. Landsgjennomsnittet er 100. Oversikta viser at alle kommunane på Søre Sunnmøre samt fylkesgjennomsnittet låg relativt langt under landsgjennomsnittet. Hareid hadde ein indeks på 72,9. Sande og Ulstein hadde den høgaste indeksen med hhv 90 og 88,1. Volda hadde den lågaste indeksen med 40. Vanylven, Herøy og Ørsta hadde alle tre ein indeks på ca 60, medan gjennomsnittet for fylket var 75,9

#### Nøkkeltal KOSTRA – Kultur



Kultur - nøkkeltall 2015	Herøy	Vanylven	Sande	Ørsta	Ulstein	Hareid	Volda	Møre og Romsdal	Landet
Netto driftsutgifter kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter	4,1	2,8	1,7	2,5	4	2,2	2,4	3,2	3,8
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner	2146	1576	1136	1271	2042	1113	1233	1723	2024
Fordeling av netto driftsutgifter innenfor kultursektoren									
Netto driftsutgifter aktivitetstilbud barn og unge (F231)	6,1	14,7	3,1	4,6	8,3	0,4	5,3	4,2	9,5
Netto driftsutgifter til folkebibliotek (F370)	12	19,5	27,2	13	9,6	20,1	21,6	14	13,1
Netto driftsutgifter til kino (F373)	0,7	1,2	1,1	1	1,7	0	2,7	0,7	0,4
Netto driftsutgifter til museer (F375)	1,9	0,6	0	0	0	4,3	20,7	3,5	3,7
Netto driftsutgifter til kunstformidling (F377)	3,8	0	-0,3	0,3	0,7	0	0	3,8	4,5
Netto driftsutgifter til idrett (F380)	7,5	9	2,2	3,3	2,7	-0,5	9,1	9,4	8,9
Netto driftsutgifter kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg (F381)	17,5	15,2	13,9	27,3	24,7	30,4	1,7	19,1	22,2
Netto driftsutgifter til musikk- og kulturskoler (F383)	19,9	30,8	41,3	20,3	36,8	31,7	28,3	22,3	12,9
Netto driftsutgifter til andre kulturaktiviteter (F385)	5,5	9,1	11,3	18,3	15,4	11,1	1,5	10,9	13,3
Netto driftsutgifter kommunale kulturbygg (F386)	25	0	0	11,9	0	2,4	9,1	12,1	11,6
Andel elever (brukere) i grunnskolealder i kommunens musikk- og kulturskole, av antall barn i alderen 6-15 år									
	32,6	25,6	38,4	15,2	26,5	33,5	23,6	20,7	13,9
Andel barn i grunnskolealder som står på venteliste til kommunens musikk- og kulturskole, av antall barn i alderen 6-15 år									
	1,2	3,2	7,2	0,4	6,3	2,8	0	..	..
Antall frivillige lag som mottar kommunale driftstilskudd									
	8	60	14	18	25	10	0	893	13847
Kommunale driftstilskudd til lag og foreninger pr lag som mottar tilskudd									
	21875	7583	8571	7778	5000	7500	..	19820	40205

Ut i frå KOSTRA-tal brukar kommunen 4,1% av sine totale driftsutgifter til kultursektoren dette er høgast av alle nabokommunane og over fylkesgjennomsnittet på 3,2%. 19,9% av utgiftene er knytt til musikkskulen og 12% er knytt til biblioteket. Kommunen hadde lågaste andel elevar i grunnskulealder som gjekk på musikk og kulturskule av kommunane på Søre Sunnmøre med 15,2%.

## 8.2 Spørjeundersøking kommunestyret og kontrollutval:

Kultur: Kor viktig er det med forvaltningsrevisjon innanfor:											
	I svært liten grad	%	I liten grad	%	Nøytral	%	I stor grad	%	I svært stor grad	%	Antal svar
Tilskot (lag og organisasjonar)	0	0,0	4	57,1	1	14,3	2	28,6	0	0,0	7
Bibliotek	0	0,0	3	42,9	1	14,3	2	28,6	1	14,3	7
Kulturhus	0	0,0	3	42,9	0	0,0	2	28,6	2	28,6	7
Kino	0	0,0	3	42,9	1	14,3	3	42,9	0	0,0	7
Kulturskule	0	0,0	3	42,9	1	14,3	2	28,6	1	14,3	7
Idrettsanlegg	0	0,0	2	28,6	2	28,6	3	42,9	0	0,0	7

Spørjeundersøkinga viste at det var lita til middles interesse for forvaltningsprosjekt innanfor kulturavdelinga. Mellom ca 40-70% av respondentane stilte seg nøytrale, eller ønskte i liten grad forvaltningsrevisjon innanfor emnet.

## 8.3 Revisjonen sine erfaringar:

I årsmelding går det fram at kulturtilbodet i kommunen er bra og er relativt godt besøkt. Det er heller ikkje forhold i KOSTRA, spørjeundersøkinga eller i årsmeldinga som skulle tilseie at dette er eit område som bør vere gjenstand for forvaltningsrevisjon. Ein vurderer det derfor ikkje som relevant å gjennomføre forvaltningsrevisjon på kulturområdet i komande periode.

## 9 Tidlegare forvaltningsprosjekt:

Nedanfor går det fram ei oversikt over tidlegare forvaltningsprosjekt utført i kommunen siste periode. Denne kan avvike frå plan for forvaltningsrevisjon då kontrollutvalet kan velje andre prosjekt som ein meiner er meir aktuelle/hensiktsmessige i løpet av perioden

2013: Forvaltning drift og vedlikehald bygg

2014: Spesialundervisning

2015: Økonomistyring (utføring 2016)

2016: Barnevern-tilsynsførarordninga

## 10 Samandrag

Nedanfor går det fram oversikt over aktuelle forvaltningsprosjekt som kan vere aktuelle, og som kontrollutvalet kan ta utgangspunkt i, når dei legg sin plan for forvaltningsrevisjon i komande periode. Oversikta er utarbeida med bakgrunn i årsmelding/årsrapportar, spørjeundersøking, rekneskap, KOSTRA, fylkesmannen sine vurderingar og revisjonen sine egne vurderingar. Dei aktuelle prosjekta er inndelt etter eining/område:

### Sentraladministrasjon

- Økonomistyring og budsjettoppfølging
- Kvalitet på den økonomiske rapporteringa

### Grunnskule /PPT

- Tidleg innsats
- Spesialundervisning (gjennomført i 2014) oppfølgingsprosjekt?
- Utredningskapasitet og førebyggjande arbeid i PP-tenesta

### Barnevernstenesta

- Sakshandsaming i barnevernstenesta (behandling av meldingar og gjennomføring av undersøkingar)
- Oppfølging av born med tiltak
- Oppfølging av born ved omsorgsovertaking

### Barnehagar

- Tidleg innsats/ samarbeid med PPT
- Samanlikning/analyse mellom offentlige og private barnehagar

### Teknisk

- Sakshandsaming byggjesaker (plan og bygningslova)
- Forvaltning drift og vedlikehald av kommunale bygg (oppfølgingsprosjekt?)

### Helse/ Pleie og Omsorg

- Legedekning
- Overtid/vikarbruk
- Bruk av vikarbyrå
- Kvalitet/avviksrapportering (eining/teneste?)
- Analyse av økonomisk sosialhjelp- (utgiftsnivå/stønadperiode osv. samanlikna med andre kommunar)

**Generelt:**

- Overtid og vikarbruk (sektor/teneste/ avdeling?)
- Innkjøp/anbudsprosess (sektor/teneste/avdeling?)
- KOSTRA-analyse (sektor/teneste/avdeling?)
- Sjukefråvær (sektor/teneste/ avdeling?)

Forslaga er ikkje sett opp i prioritert rekkefølge.

## **Kontrollutvalet i Herøy**

**Analyse av nøkkeltal frå statistisk sentralbyrå.**

**Utarbeida av Søre Sunnmøre Kommunerevisjon IKS.**

**Vedlegg til**

**HE04-16 SAK 27/16 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2016-2019**

# Analyse av nøkkeltal frå statistisk sentralbyrå



**SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS**

## Innholdsfortegnelse

Analyse av nøkkeltal .....	1
frå statistisk sentralbyrå .....	1
SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS.....	1
Analyse av nøkkeltal frå Statistisk sentralbyrå.....	3
Kapittel 2 Kommunehelsetenesta: .....	4
2.1 KOSTRA .....	4
2.2 Rekneskapstal henta frå kommunane.....	5
2.2.1 Utgifter fordelt på funksjon.....	5
2.2.2 Rekneskapstal fordelt på funksjon og detaljert på kontoklasse .....	6
Kapittel 3 Administrasjon og styring: .....	9
3.1 KOSTRA .....	9
3.2 Rekneskapstal henta frå kommunane.....	9
3.2.1 Utgifter fordelt på funksjon.....	9
3.2.2 Rekneskapstal fordelt på funksjon og detaljert på kontoklasse .....	12
Kapittel 4 Sosialtenesta: .....	13
4.1 KOSTRA .....	13
4.2 Rekneskapstal henta frå kommunane.....	14
4.2.1 Utgifter fordelt på funksjon.....	14
4.2.2 Rekneskapstal fordelt på funksjon og detaljert på kontoklasse .....	15
Kapittel 5 Barnevernstenesta: .....	17
5.1 KOSTRA .....	17
5.2 Rekneskapstal henta frå kommunane.....	18
5.2.1 Utgifter fordelt på funksjon.....	18
5.2.2 Rekneskapstal fordelt på funksjon og detaljert på kontoklasse .....	20

Ulsteinvik 30.04.16

Alf Marius Grønnevik  
Forvaltningsrevisor

## Analyse av nøkkeltal frå Statistisk sentralbyrå

Herøy kommune, ved adm. ønske ei analyse av fire utvalde nøkkeltal frå SSB. Bakgrunnen for dette var høge kostnader på enkelte områder samanlikna med gjennomsnittet for land og fylke, samt nabokommunar på Søre Sunnmøre. Dette var kommunehelsetenesta, administrasjon og styring, sosialtenesta og barnevernstenesta. Dette passa inn i planane våra mht overordna analyse, og vert ein del av den.

I tabellen nedanfor ser vi på desse finansielle nøkkeltala ved samanlikning av kommunane på Søre Sunnmøre:

	Herøy	Ulstein	Hareid	Volda	Ørsta	Sande	Vanylven
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kroner, kommunehelsetenesta	2514	2268	1885	2015	2053	3338	3031
Netto driftsutgifter, administrasjon og styring i kr. Pr. innb.	4469	3665	5695	4455	3469	6963	5821
Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr innbyggjar 20-66 år	2428	2207	1761	1903	1838	1011	2541
Netto driftsutgifter pr innbyggjar 0-17 år barnevernstenesta	6482	8723	8209	7889	7744	4230	11400

Tabellen viser at Sande og Vanylven har dei høgaste utgiftene pr innbyggjar knytt til kommunehelseteneste med hhv 3338 kr og 3031 kr pr innbyggjar. Hareid er den lågaste med 1885 kr. Dei andre andre kommunane varierer frå 2015 kr til 2514 kr pr innbyggjar der Herøy er den som brukar mest av desse.

I høve administrasjon og styring har og Sande og Vanylven dei høgste utgiftene pr innbyggjar, hhv 6963 kr og 5821 kr med Hareid «midt på treet» 5695 kr. Ørsta er den kommunen med lågaste adm. utgifter 3469 kr, Ulstein 3556 kr, og Volda og Herøy på same nivå 4455 kr pr innbyggjar.

Netto driftsutgifter pr innbyggjar 20-66 år til sosialtenesta viser at Sande kjem særst gunstig ut med berre 1011 kr pr innbyggjar i denne aldersgruppa. Vanylven brukar mest med 2541 kr, og deretter Herøy med 2428 kr, og Ulstein med 2207 kr, Volda 1903 kr, Ørsta 1838 kr og Hareid «midt på treet» også her med 1761 pr innbyggjar,.

Når det gjeld barnevern utgifter viser tala at Vanylven brukar desidert mest med 11400 kr pr innbyggjar 0-17 år. Deretter kjem Ulstein med 8723 kr, og med Hareid 8209 kr, Volda 7889 kr og Ørsta 7744 kr. Herøy har dei desidert lågaste utgiftene med 6482 kr, og her skal det

nemnst at Ulstein, Hareid ,Volda og Ørsta er knytt til det felles interkommunale barnevernet.

## Kapittel 2 Kommunehelsetenesta:


### 2.1 KOSTRA

KOSTRA- tala i høve kommunehelseteneste er basert på netto driftsutgifter til funksjonane 232 «Førebygging, skule- og helsestasjonsteneste», 233 «Førebyggande arbeid, helse og sosial» og 241 «Diagnose, behandling, rehabilitering». Tala omfattar driftsutgiftene inkludert avskrivningar, minus driftsinntektene. Utrekningane er basert på tal kommunen har innrapportert og er henta frå kommunen sitt rekneskap. Formelen som har vore nytta av SSB går fram nedanfor:

*Netto driftsutgifter pr innbygger i kroner til kommunehelsetjenesten, konsern = (Netto driftsutgifter, funksjonene 232, 233 og 241/folkemengd i alt)\* 1000*

Oversikta viser nedanfor viser utviklinga av driftsutgifter pr. innbyggjar for kommunane på Søre Sunnmøre og gjennomsnittet for land og fylke for perioden 2009-2015. I dei fleste tilfelle såg ein en markant auke i netto driftsutgifter.

Tidsserie





## 2.2 Rekneskapstal henta frå kommunane

### 2.2.1 Utgifter fordelt på funksjon.

Ein har sett nærmare på rekneskapen til den einkilde kommune og gjort samanlikningar meda tala frå dei andre kommunane. Nedanfor går det fram ei oversikt som syner netto driftsutgifter fordelt på dei ulike funksjonane 232, 233 og 241 som vert rapportert under omgrepet kommunehelseteneste.

Ein har også samanlikna rekneskapstala med utgiftene som er rapportert i KOSTRA (statistisk sentralbyrå). Siste kolonne i tabellen under viser ein mindre differansar mellom rekneskapstala som ein har henta ut i forhold til kva som har vore rapportert i KOSTRA. Differansen kan skuldast feilrapportering, ikkje oppdatert rapportering i KOSTRA eller at det kan vere nytta litt forskjellig innbyggjartal.

	Innbyggjarar 2015	232 Forebygging, helsestasjon og skolehelsetjeneste	Pr. innbyggjar	233 Annet forebyggjande helsearbeid	Pr. innbyggjar	241 Diagnose, behandling, re- habilitering	Pr. innbyggjar	SUM (232+233+241)	SUM rekneskap pr innbyggjar	Tal i frå KOSTRA	Differanse mellom rekneskap og kostrarapportering
Herøy	8934	5 096 598	570	1 105 629	124	16 234 248	1 817	22 436 475	2 511	2 516	5
Ulstein	8292	6 183 332	746	1 311 648	158	11 378 153	1 372	18 873 133	2 276	2 268	8
Ørsta	10589	5 689 410	537	1 403 493	133	15 079 758	1 424	22 172 661	2 094	2 053	41
Volda	8977	4 672 596	521	1 773 486	198	13 730 644	1 530	20 176 726	2 248	2 268	20
Hareid	5065	2 660 406	525	1 319 247	260	5 736 230	1 133	9 715 883	1 918	1 885	33
Sande	2635	1 117 235	424	259 946	99	7 161 890	2 718	8 539 071	3 241	3 308	97
Vanylven	3258	1 638 502	503	363 465	112	8 015 548	2 460	10 017 515	3 075	3 031	44

#### 232. Forebygging, helsestasjon og skulehelseteneste:

På funksjon 232 skal all helsestasjonsteneste rapporterast, også helsestasjon for ungdom, og all skulehelseteneste (grunn- og vidaregåande skule). Dette omfatta bl.a. foreldreveiledningsgrupper, annen grupperetta helsestasjonsteneste, jordmorteneste og svangerskapskontroll samt barseomsorg.

Ein registrerte til dels store forskjellar mellom kommunane. Ulstein hadde dei høgaste utgiftene knytt til funksjonen med 746 kr pr. innbyggjar, totalt 6 183 332 kr. Sande hadde dei lågaste med 424 kr pr. innbyggjar, totalt 1 117 235 kr. Herøy brukar 570 kr pr. innbyggjar, totalt ca 5,1 millionar knytt til denne funksjonen. Dei andre kommunane brukar mellom 503 kr—537 kr pr innbyggjar. Her kan ligge betydeleg innsparingspotensiale, spesielt for Ulstein.

#### 233 Anna forebyggjande helsearbeid:

Denne funksjonen omfattar anna førebyggjande helsearbeid enn helsestasjons- og skulehelseteneste, bl.a. arbeid knytt til:

- Miljøretta helsevern, bedriftshelseteneste og anna førebyggjande arbeid etter helse og omsorgsloven § 3-3 og folkehelseloven § 8.
- Programmer/kontroller (screening), teknisk/hygienisk personell, opplysning/kampanje.
- Helsestasjon for eldre.
- Helsestasjon for innvandrarakar
- Frisklivssentral

Til dette arbeidet har Hareid dei høgste utgiftene med 260,- pr innbyggjar, totalt 1,3 mill. Sande og Vanylven hadde dei lågaste utgiftene med hhv 99 pr innbyggjar, totalt 259 946kr og 112,- pr innbyggjar, totalt 363 465 kr i Vanylven.

Dei fire største kommunane brukar følgjande ; Herøy 124 kr pr innbyggjar, totalt 1,1 mill, Ørsta 133,- pr innbyggjar, totalt 1,4 mill, Ulstein 158,- pr innbyggjar, totalt 1,3 mill og Volda 198,- kr pr. innbyggjar

#### **241 Diagnose, behandling, rehabilitering**

Til funksjon 241 skal utgifter til allmenmedisin førast. Dette gjeld:

- *Basistilskudd fastleger per kapitilskudd*
- *Kommunale legekantor inkludert sykepleiere og annet personell på helsesenter/legekantor*
- *Legevakt*
- *Fengselshelsetjenesten*
- *Turnusleger (for eksempel tilskudd og utgifter til veiledning)*
- *Fysioterapi (med avtale og kommunalt ansatte i fysioterapi praksis)*
- *Ergoterapi*
- *Hjelpfunksjoner til fysioterapeuter og ergoterapeuter.*
- *Formidling av hjelpemidler (ekskl. arbeidsinnsats knyttet til vurdering/utplassering av hjelpemidler som utføres av personell knyttet til funksjonene 234, 253 eller 254)*
- *Tilskudd til Norsk Pasientskadeerstatning*

Det er på denne funksjonen ein finn dei største utgiftene knytt til kommunehelsetenesta. Hareid hadde dei desidert lågaste utgiftene pr. innbyggjar med 1133 kr pr. innbyggjar, totalt 5,7 mill. Sande og Vanylven hadde dei høgaste kostnadane pr. innbyggjar 2718 kr pr. innbyggjar i Sande ( totalt 7,2 mill) og 2460 kr pr. innbyggjar i Vanylven (totalt 8,0 mill). Herøy hadde ei utgift på 1817 kr pr innbyggjar, medan dei andre mellomstore kommunane brukte frå 1372 kr – 1530 kr pr innbyggjar. Her kan ligge betydeleg innsparingspotensiale.

#### **2.2.2 Rekneskapstal fordelt på funksjon og detaljert på kontoklasse**

På neste side har ein gått vidare inn på dei tre funksjonane 232 Førebygging, helsestasjon og skulehelseteneste, 233 Anna førebyggjande helsearbeid og 241 Diagnose, behandling,

rehabilitering og sett på korleis kostnadane har fordelt seg på dei ulike kontoklassene. Ein har delt inn i 9 forskjellige kontoklasser :

- *0 Lønn inkl.sosiale utgifter,*
- *1 Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm.egenproduksjon,*
- *3 Kjøp av tjenester som erstattar komm.egenproduksjon,*
- *4 Overføringer til andre,*
- *5 Finansieringsutgifter,*
- *6 Salsinntekter,*
- *7 Refusjonar,*
- *8 Overføringer til andre,*
- *9 Finansieringsinntekter.*

Oversikta på neste side viser korleis utgiftene og inntektene som resulterer i netto driftsutgifter er fordelt på dei ulike funksjonane. Det er ikkje gått vidare i analysa på kva som er årsaka til dei betydelege forskjellane som går fram av rekneskapsinformasjonen både med hensyn til lønsutgifter, kjøp av varer og tenester og salsinntekter/refusjonar.

Funksjon	Kontoklasser	Herøy	Kostn. pr imbygjarar	Hareid	Kostn. pr imbygjarar	Ørsta	Kostn. pr imbygjarar	Utstein	Kostn. pr imbygjarar	Volda	Kostn. pr imbygjarar	Sande	Kostn. pr imbygjarar	Vanylven	Kostn. pr imbygjarar
	Imbygjarar 2015	8934		5065		10589		8292		8977		2635		3258	
0	Lønn inkl. sosiale utgifter	4257833	477	2245159	443	5283873	499	5915637	713	5382160	600	952337	361	1745750	536
1	Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm. egen	396347	44	137777	27	814338	77	342799	41	518567	58	106859	41	69191	21
3	Kjøp av tjenester som erstattar komm. egenreproduksjo	468452	52	293232	58	112641	11	1551181	187	88803	10	97432	37	0	0
4	Overføringar til andre	199204	22	29158	6	124594	12	59554	7	36341	4	12237	5	12286	4
5	Finansieringsutgifter	0	0	0	0	222741	21	19410	2	256032	29	6280	2	0	0
6	Saksinntekter	-121872	-14	-9801	-2	-442951	-42	-9080	-1	-479615	-53	-30901	-12	-39416	-12
7	Refusjonar	-87204	-10	-35119	-7	-419825	-40	-1465960	-177	-1052409	-117	-12237	-5	-149310	-46
8	Overføringar til andre	-1663	0	0	0	-6000	-1	0	0	0	0	-14772	-6	0	0
9	Finansieringsinntekter	-14500	-2	0	0	0	0	-231209	-28	-76783	-9	0	0	0	0
	SUM	5096598	570	2660406	525	5689410	537	6183332	746	4672996	521	1117235	424	1638501	503
0	Lønn inkl. sosiale utgifter	1363500	153	1414891	279	439862	42	2173674	262	691803	77	383379	145	915687	281
1	Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm. egen	270804	30	9126	2	333399	31	132339	16	145662	16	0	0	2226	1
3	Kjøp av tjenester som erstattar komm. egenreproduksjo	185758	21	167214	33	749869	71	456883	55	778350	87	1604	1	0	0
4	Overføringar til andre	41137	5	20346	4	70701	7	15372	2	21801	2	0	0	291	0
5	Finansieringsutgifter	44907	5	0	0	0	0	0	0	500000	56	0	0	155000	48
6	Saksinntekter	-406568	-46	-199752	-39	0	0	-7588	-1	-44150	-5	-37	0	0	0
7	Refusjonar	-226617	-25	-92579	-18	-15345	-14	-605974	-73	-269711	-30	0	0	-694740	-213
8	Overføringar til andre	-155000	-17	0	0	0	0	-833057	-103	0	0	-125000	-47	-15000	-5
9	Finansieringsinntekter	-12292	-1	0	0	-36992	-3	0	0	-50269	-6	0	0	0	0
	SUM	1105629	124	1319247	260	1403493	133	1311648	158	1773486	198	259946	99	363464	112
0	Lønn inkl. sosiale utgifter	10047524	1125	1131463	223	5976653	564	994390	120	13661098	1522	3325201	1262	6167401	1893
1	Kjøp av varer /og tjenester som inngår i komm. egen	6481160	725	54490	11	3640153	344	35339	4	3502220	390	1470402	558	2611348	802
3	Kjøp av tjenester som erstattar komm. egenreproduksjo	10296037	1152	4937637	975	2789277	263	11161480	1346	8340798	929	3583607	1360	919657	282
4	Overføringar til andre	1126048	126	7896	2	4982501	471	3762	0	117324	13	338112	128	241819	74
5	Finansieringsutgifter	1688642	189	27389	5	440768	42	108585	13	55350	6	108217	41	179649	55
6	Saksinntekter	-9983417	-1117	-480	0	-616841	-58	0	0	-283714	-32	-141867	-54	-255883	-78
7	Refusjonar	-2111606	-236	-422165	-83	-2132753	-201	-925402	-112	-10860419	-1210	-1521784	-578	-1848617	-567
8	Overføringar fra andre	-610000	-68	0	0	0	0	0	0	-749671	-84	0	0	0	0
9	Finansieringsinntekter	-700140	-78	0	0	0	0	0	0	-52341	-6	0	0	-167	0
	SUM	16234248	1817	5736230	1133	15079758	1424	11378153	1372	13730645	1530	7161888	2718	8015547	2460


## Kapittel 3 Administrasjon og styring:

### 3.1 KOSTRA

## MÅLØY HAVNESERVICE AS - OPPSEIING AV AVTALE

Viser til avtale signert 27.2.2012 som regulerer levering av tenester frå kommunale kaier.

Herøy kommunestyre har i budsjettvedtaket 15.12.2016 beslutta å innføre teknisk vakt.

Den tekniske vakta skal utføre tenester som er regulert i gjeldande avtale.

**Med bakgrunn i punkt om avtalen si varigheit melder Herøy kommune avtalen som oppsagt. Oppseiingsfristen er 3 mnd og avtalen med Måløy Havneservice AS opphøyrer fredag 31 mars 2017.**

Med helsing

Jarl Martin Møller  
Avdelingsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*







# AVTALE

mellom

Herøy kommune (HK)  
og  
Fosnavåg Is og Oljeservice AS (FIO)  
Foretaksnr. NO 974541181 MVA  
Adr.: Postboks 162 – 6099 Fosnavåg

om

*Original i kontraktmappe*

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr. <i>202/219</i>	Saksbeh. <i>JRG</i>
- 9 MARS 2012	
Ark kode P	<i>P50</i>
Ark kode S	
J nr.	Dok nr. <i>2</i>
Kassasjon	

tenester på kommunale kaier og på Mjølstadneset industriområde (MI).

## Formål:

Avtalen regulerer forholdet vedkomande levering av tenester frå kommunale kaier inkludert drift av MI på kommunen sine vegner, som ein integrert del av FIO si verksemd.

HK ønskjer at kommunen sine tenester skal utviklast til å yte gode regionale tenester innan landverts- og sjøverts transport, til beste for verksemdene på MI og verksemdar i kommunen som heilskap.

## Varigheit:

Avtalen gjeld frå *01.03.12* til ny organisering av hamnedrifta vert sett i verk eller til den vert oppsagt frå ein av partane.  
Oppseiingsfristen er 3 mnd.

## Omfang:

FIO skal etter denne avtalen syte for døgnbetjent telefon- og telefakstjeneste og yte følgjande tenester for HK:

- Disponering av kaier
  - Motta ankomstmelding frå skip og koordinere bruken av kaiene.
- Levering av straum frå kommunale kaier:

Tenesta omfattar:

  - Tilkopling til straumuttak
  - Avlesing av forbruk
  - Føring av skjema i.h.h.t. prosedyre
- Vassleveranse:

Tenesta omfattar:

  - Tilkopling til uttak
  - Avlesing forbruk/levert mengde

- Føring av skjema i.h.h.t. prosedyre
4. ISPS-anløp ved Mjølstadneset Havneterminal:  
Tenesta omfattar:
- Ved mottak av ankomstmelding frå ISPS-skip vidareformidle desse til PFSO.
  - Etter avtale med PFSO syte for utsending av informasjon til ISPS-skip som gir ankomstmelding. .
  - Foreta klargjering/"vask av kai" før ISPS-anløp i.h.h.t. prosedyre.
  - Melde frå om evt. sikringshendelsar .
  - Opptre som kaivakt i.h.h.t. instruks.

### **Andre ytingar:**

- Ordne utleige og styre bruk av kommunale lagerareal.
- Føre generelt tilsyn med HK sine kaier og lagerområde.
- Føre tilsyn med miljøinnretingar og tryggleik på og omkring kaiene.
- Rydding og fjerning av avfall

### **Rapportering:**

FIO sitt tilsyn og rapportar om levering av straum, vatn og utleige av areal skal rapporterast månadleg til Herøy kommune.

FIO fakturerer månadleg for utførte tenester utover fast godtgjersle.

### **Utstyr for levering av tenester:**

HK kostar og vedlikeheld utstyr til betjening av anløpande skip som t.d. utstyr til vassfylling, trafo for straum og container for avfall.

### **Godtgjersle til Fosnavåg Is og Oljeservice AS:**

For tenestene FIO utfører i henhold til denne avtalen betaler Herøy kommune ei fast årleg beredskapsgodtgjersle på kr. ~~60.000~~... eks. mva.

Godtgjersla vert utbetalt i 2 like delar pr.01.07 og 01.10.

FIO sender faktura til HK om utbetaling seinast 14 dagar før utbetaling skal finne stad.

I tillegg til beredskapsgodtgjersle vert tenestene i denne avtalen godtgjorde av HK med ein fast grunnpris på kr 3.000 mnd.

Denne summen dekker tenester FIO utfører for HK i tidsrommet kl 08:00 – 16:00 mandag – fredag.

FIO skal for utrykning/ tenesteyting som vert gitt utanom ordinær arbeidstid ha betaling pr. gang etter følgjande satsar:

Tenesteyting i tidsrommet kl 16:00 – 21:00 mandag – fredag: kr 1000 pr/ gang

Tenesteyting i tidsrommet kl 21:00 – 08:00 mandag – fredag samt på laurdagar, søndagar og øvrige helligdagar: ..... kr/650 pr/ gang

**Øvrig:**

Avtalen er underskriven i to eksemplar, eitt til kvar av partane.

Fosnavåg, 27.02.2012

Jon Rune Våge  
for  
Herøy kommune  
Anlegg  
6050 FOSNAVÅG

Tony Milcheld  
for  
Fosnavåg Is og Oljeservice AS



Personal- og organisasjonsavdelinga

## SAKSPROTOKOLL

---

Sakshandsamar:	JVDH	Arkivsaknr:	2016/1523
		Arkiv:	061

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
3/16	Administrasjonsutvalet	22.11.2016

### **BESTIKKEN - INFORMASJONSHANDBOK OG OPPLÆRINGSVERTY FOR MEDARBEIDARAR I HERØY KOMMUNE**

#### **Tilråding:**

Administrasjonsutvalet tek saka til vitande.

#### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Administrasjonsutvalet - 22.11.2016**

Administrasjonsutvalet tek saka til vitande.

Særutskrift:  
Kommunestyre  
Rådmannen si leiagruppe  
Arbeidstakarorganisasjonane  
Hovudvernobod

## Vedlegg:

### Saksopplysningar:

Personal- og organisasjonsavdelinga har over tid sett at det har vore eit behov i organisasjonen for å samle informasjon som er relevant for leiarar og medarbeidarar i Herøy kommune. I Herøy kommune nyttar vi Kvalitetslosen (Compilo) som kvalitetsplattform. Her finn alle medarbeidarar prosedyrar, rutinar og retningslinjer som gjeld i organisasjonen, i tillegg avvikssystem og ros-analysemodul.

Det personal- og organisasjonsavdelinga såg var ei utfordring, var å sjå all informasjon, tema og kunnskap i ein oversiktleg samanheng. I tillegg fekk avdelinga innspel rådmann og andre at det hadde vore føremålstenleg med eit opplæringsprogram for ny-tilsette, medarbeidarar og leiarar.

Med dette som bakteppe gjennomførte avdelinga hausten 2015 sin fyrste fagdag der dette var tema. Avdelinga gjennomførte ein analyseprosess der det vart sett på hovudtema. Det vart vidare delt i grupper der innhaldet under dei einskilde tema vart presisert. Dette var eit krevjande arbeid, og stadig nye tema vart vekta og vurdert.

Resultatet av arbeidet har blitt «Bestikken», sjå vedlegg. <sup>1</sup>

### Vurdering og konklusjon:

Boka tenkt som informasjonshandbok og som grunnlag for opplæring innan dei ulike tema som vert presentert.

Boka er av generell og overordna karakter. Ho omhandlar ikkje avdelings- og/eller tenestespesifikke høve. Innhaldet er soleis søkt retta mot alle medarbeidarar, uavhengig av stilling og avdeling. Fag- og avdelingsintern kunnskap som medarbeidar må ha for å til ein kvar tid utføre ei fagleg god og forsvarleg teneste, skal framleis formidlast ute i avdelingane og einingane.

«Bestikken» er heller ikkje ei uttømande informasjonskjelde på overordna nivå. Tanken er at boka skal gje svar på ein del sentrale og vanlege spørsmål, samstundes som det vert synt til kjelder der den tilsette sjølv kan finne meir informasjon.

Tilvisingane til andre kjelder er anten gjort ved fotnote eller direkte i teksten. I tillegg vert to forskjellige «kulepunkt» nytta som markør for tilvising.

Boka vil verte revidert minst ein gong per år, og det er lagt opp til at medarbeidarar kan kome med innspel.

---

<sup>1</sup> Sjå Store Norske Leksikon <https://snl.no/bestikk%2Fopptegetnelser> (av. nederl.). Sjøutrykk, opptegetnelser som skal gjeres (og innføres i dagboken) om et skips tilbakelagte vei. Skipets sted etter bestikket er dets geografiske bredde og lengde, regnet ut på grunnlag av kurser og distanser.

Konsekvensar for folkehelse:  
**Ingen kjende.**

Konsekvensar for beredskap:  
**Ingen kjende.**

Konsekvensar for drift:  
**Betre informasjon og oversyn over organisasjonen.**

Fosnavåg, 04.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth  
Personal- og organisasjonsavdelinga

Sakshandsamar: Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth




HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Personal- og organisasjonsavdelinga

# BESTIKKEN

INFORMASJONSHANDBOK OG  
OPPLÆRINGSVERKTØY FOR  
MEDARBEIDARAR I HERØY KOMMUNE





# INNHALD

<b>1. Innleiing</b> .....	8
<b>2. Herøy kommune</b> .....	9
<b>2.1. Herøy - velkomen til øyriket ved storhavet</b> .....	9
<b>2.2. Herøy kommune – profil og merkevare</b> .....	9
<b>3. Organisasjonsstruktur</b> .....	11
<b>3.1. Overordna administrativt organisasjonskart for Herøy kommune</b> .....	11
<b>3.2. Politikk og administrasjon</b> .....	11
3.2.1. Kommunestyret .....	11
3.2.2. Formannskapet .....	11
3.2.3. Styre, råd og utval .....	12
3.2.4. Ordførar .....	12
3.2.5. Varaordførar .....	12
3.2.6. Rådmann.....	12
3.2.7. Assisterande rådmann .....	12
<b>3.3. Stabs- og støtteavdelingar</b> .....	13
3.3.1. Dokumentsenteret og arkiv .....	13
3.3.2. Personal- og organisasjonsavdelinga .....	13
3.3.3. Økonomiavdelinga .....	13
3.3.4. Servicetorget.....	13
3.3.5. IKT-avdelinga .....	13
3.3.6. Innkjøpskonsulent .....	14
<b>3.4. Tenesteytande avdelingar</b> .....	14
3.4.1. Dei ulike tenestemråda .....	14
<b>3.5. Ny overordna organisasjon frå 1. januar 2017</b> .....	14
<b>4. Lokale plandokument for Herøy kommune</b> .....	15
<b>4.1. Planstrategi for Herøy kommune</b> .....	15
<b>4.2. Omgrep og definisjonar</b> .....	16
4.2.1. Planstrategi.....	16
4.2.2. Kommuneplan .....	16
4.2.3. Kommuneplanen sin samfunnsdel .....	16
4.2.4. Kommuneplanen sin handlingsdel/handlingsprogram.....	16
4.2.5. Kommuneplanen sin arealdel .....	16
4.2.6. Kommunedelplan .....	17

4.2.7. Kommunedelplanar sine handlingsprogram.....	17
4.2.8. Temaplan/sectorplan/fagplan .....	17
4.2.9. Områdeplan.....	17
4.2.10. Detaljplan.....	17
<b>4.3. Kommuneplanen.....</b>	<b>18</b>
<b>4.4. Økonomiplanen.....</b>	<b>18</b>
<b>5. Kommunale og regionale samarbeid.....</b>	<b>19</b>
5.1. Sunnmøre Regionråd .....	19
5.2. SSIKT .....	19
5.3. Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS .....	19
5.4. Søre Sunnmøre Landbrukskontor.....	20
5.5. Søre Sunnmøre Reinhaldsverk.....	20
<b>6. Kvalitetsarbeid og rettstryggleik.....</b>	<b>21</b>
6.1. Overordna kvalitetspolitikk.....	21
6.1.1. Kvalitetsoppfølging .....	21
6.2. Forvaltning og sakshandsaming.....	21
6.2.1. Rettleiingsplikt.....	22
6.2.2. Klagerett .....	22
6.3. Personvern .....	22
6.3.1. Lokale retningsliner .....	23
6.4. Offentlegheit.....	23
6.4.1. Offentleglova (Offl).....	23
6.4.2. Innsyn .....	24
<b>7. IKT og kommunikasjon .....</b>	<b>25</b>
7.1. Data .....	25
7.2. IKT-support.....	25
7.3. Kvalitetslosen (Compilo).....	26
7.4. Ephorte .....	26
7.5. Tidsbanken og tidBank .....	26
7.6. Arena.....	27
7.7. Agresso (Unit4 Business World).....	27
7.8. Trio .....	27
7.9. E-post (Outlook).....	28
7.10. Telefoni.....	28
7.10.1. Fasttelefon.....	28
7.10.2. Mobiltelefon .....	28

7.11.	Post.....	29
7.12.	Eigen bil i teneste.....	29
8.	Rekruttering, tilsetning, og avslutning av arbeidshøve.....	30
8.1.	Ålmenne og generelle dokument og rutinar ved alle typar tilsetting.....	30
8.2.	Autorisasjon og politiattest.....	30
8.3.	Prøvetid.....	30
8.4.	Mellombelse og tidsavgrensa stillingar.....	31
8.5.	Oppseiingsfristar.....	31
8.6.	Avslutning av arbeidshøve.....	31
9.	Personalansvar og arbeidsgjevarpolitikk.....	33
9.1.	Personalansvar.....	33
9.1.1.	Dialog og oppfølging.....	33
9.2.	Arbeidsgjevarpolitikk.....	34
9.2.1.	Grunnlag og kriteriar.....	34
9.2.2.	Målsetting.....	34
9.3.	Lønspolitikk.....	35
9.3.1.	Bakgrunn.....	35
9.3.2.	Forankring.....	35
9.3.3.	Mål for lønnspolitikken.....	35
9.3.4.	Krav til lønspolitikk.....	36
9.4.	Etikk og teieplikt.....	36
9.4.1.	Om etikk i Herøy kommune.....	36
9.4.2.	Om teieplikt.....	36
9.5.	Seniorpolitikk.....	37
9.6.	Likestilling og mangfald.....	37
9.7.	Medarbeidarsamtale (PLUS-samtale).....	38
9.8.	Arbeidskonflikt og streik.....	38
10.	Helse, miljø og sikkerheit (HMS).....	40
10.1.	Systematisk HMS-arbeid (internkontroll).....	40
10.2.	Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) og handlingsplan.....	41
10.3.	Avviksmelding og varsling.....	41
10.4.	Ansvarslinene.....	42
10.5.	Rollene i HMS-arbeidet.....	43
10.5.1.	Arbeidsgjevar.....	43
10.5.2.	Medarbeidar.....	43
10.5.3.	Verneombod (VO) og hovudverneombod (HVO).....	43

10.5.4. Arbeidsmiljøutvalet (AMU).....	44
10.5.5. Bedriftshelsetenesta (BHT).....	45
10.5.6. Tillitsvalde (TV) og hovudtillitsvald (HTV).....	45
<b>10.6. Inkluderande arbeidsliv (IA) og IA-utvalet.....</b>	<b>46</b>
<b>10.7. Administrasjonsutvalet (ADM) og likestillingsutvalt.....</b>	<b>46</b>
<b>10.8. Arbeidsavklaringsutvalet.....</b>	<b>47</b>
<b>10.9. Kontaktutvalet og kontaktmøte.....</b>	<b>47</b>
<b>10.10. Akan og ruspolitikk.....</b>	<b>47</b>
<b>10.11. Arbeidsmiljøprisen.....</b>	<b>48</b>
<b>10.12. Velforeining for tilsette ved rådhuset.....</b>	<b>48</b>
<b>11. Hovudavtalen (HA) og Hovudtariffavtalen (HTA).....</b>	<b>49</b>
11.1. Hovudavtalen (HA) si oppbygging.....	49
11.2. Føremål og intensjon.....	49
11.3. Hovudtariffavtalen (HTA) si oppbygging.....	50
11.4. Nokre hovudtrekk og prinsipp.....	50
11.5. Kort om drøftingar og forhandlingar.....	50
<b>12. Personal- og lønsarbeid arbeid.....</b>	<b>52</b>
<b>12.1. Løn og lønsarbeid.....</b>	<b>52</b>
12.1.1. Melding om løn.....	52
12.1.2. Arbeidsavtalar og skjema.....	52
12.1.3. Manuelle timelister.....	53
<b>12.2. Arbeidstid og fleksitid.....</b>	<b>53</b>
<b>12.3. Flyttegodtgjersle.....</b>	<b>54</b>
<b>12.4. Reiserekningar.....</b>	<b>54</b>
12.4.1. Elektronisk reiserekning.....	54
12.4.2. Manuell reiserekning.....	55
<b>12.5. Databriller/terminalbriller.....</b>	<b>55</b>
<b>12.6. Ferie.....</b>	<b>56</b>
12.6.1. Lovbestemt ferie.....	56
12.6.2. Avtalefesta ferie.....	56
12.6.3. Sjukdom og ferie.....	56
12.6.4. Praktisering av ferieordninga.....	56
12.6.5. Overføring av ferie.....	57
<b>12.7. Permisjonar.....</b>	<b>57</b>
12.7.1. Foreldrepermisjon.....	57
12.7.2. Om handsaming og permisjonar etter permisjonsreglementet.....	58

12.7.3. Permisjonsreglementet for Herøy kommune .....	59
<b>12.8. Seniorpolitiske verkemiddel .....</b>	<b>59</b>
12.8.1. Seniorsamtalen .....	59
12.8.2. Senioravtalen .....	60
<b>12.9. Heidring .....</b>	<b>60</b>
<b>13. Sjukefråvær og oppfølging .....</b>	<b>61</b>
<b>13.1. Omgrep .....</b>	<b>61</b>
<b>13.2. Sjukmelding og krav om sjukepengar .....</b>	<b>61</b>
<b>13.3. Rett til sjukepengar .....</b>	<b>61</b>
<b>13.4. Bortfall av rett til sjukepengar .....</b>	<b>62</b>
<b>13.5. Eigenmelding .....</b>	<b>62</b>
<b>13.6. Kronisk sjuk medarbeidar .....</b>	<b>63</b>
<b>13.7. Sjukefråværsoppfølging .....</b>	<b>63</b>
13.7.1. Ansvar og roller .....	63
13.7.2. Oppfølgings sirkelen .....	64
13.7.3. Førbyggjande sjukefråværsarbeid .....	64
13.7.4. Fyrste fråværsdag .....	65
13.7.5. Oppfølgingsplan og Dialogmøte 1 .....	65
13.7.6. Aktivitetskravet .....	66
13.7.7. Dialogmøte 2 .....	66
13.7.8. Dialogmøte 3 .....	66
13.7.9. Maks sjukepengar og arbeidsavklaringspengar (AAP) .....	66
13.7.10. Endeleg arbeidsavklaring .....	67
<b>14. Lærlingar .....</b>	<b>68</b>
<b>14.1. Fagområde .....</b>	<b>68</b>
<b>14.2. Opplæringskontoret og lærekontrakt .....</b>	<b>68</b>
<b>14.3. Arbeidsavtale .....</b>	<b>68</b>
<b>14.4. Roller .....</b>	<b>68</b>
<b>15. Forsikring, pensjon og rettfærdsvederlag (billighetserstating) .....</b>	<b>69</b>
<b>15.1. Pensjonsordningar .....</b>	<b>69</b>
15.1.1. Søknader og ansvar .....	69
<b>15.2. Forsikringar .....</b>	<b>70</b>
15.2.1. Skademelding og ansvar .....	71
15.2.2. Gruppeliv – framhaldsforsikring .....	72
15.2.3. Fritidsforsikring .....	72

15.3.	Rettferdsvederlag (Billighetserstatning) .....	73
16.	Økonomi og budsjett .....	74
16.1.	Leiaransvar .....	74
16.2.	Økonomiavdelinga .....	74
16.3.	Økonomileiar .....	75
16.4.	Økonomireglement .....	75
16.5.	Finansreglement .....	77
16.6.	Budsjett .....	77
17.	Sentrale lovverk og avtalar .....	78

## 1. Innleiing

«Bestikken» er utarbeidd av i Personal- og organisasjonsavdelinga, der alle medarbeidarar i avdelinga har bidrege innan sitt fag- og ansvarsområde.<sup>i</sup>

Det er fleire grunnar til at Personal- og organisasjonsavdelinga har vald å utforme denne boka.

For det fyrste har vi over tid sett behovet for eit samledokument med informasjon om Herøy kommune sin organisasjon og drift. Særskilt har dette vorte etterlyst i samband med rekruttering og nyttilsettingar. Herøy kommune har òg vanta føremålstenleg opplæringsmateriale for tilsette. Boka er tenkt nytta som grunnlag for opplæring innan dei ulike tema som vert presentert. Vidare er boka eit forsøk på å samle og synleggjere alle relevante retningslinar, rutinar og skjema m.m. innanfor dei ulike tema.

Boka er av generell og overordna karakter. Ho omhandlar ikkje avdelings- og/eller tenestepesifikke høve. Innhaldet er soleis søkt retta mot alle medarbeidarar, uavhengig av stilling og avdeling. Fag- og avdelingsintern kunnskap som medarbeidar må ha for å til ein kvar tid utføre ei fagleg god og forsvarleg teneste, skal framleis formidlast ute i avdelingane og einingane.

«Bestikken» er heller ikkje ei uttømande informasjonskjelde på overordna nivå. Tanken er at boka skal gje svar på ein del sentrale og vanlege spørsmål, samstundes som det vert synt til kjelder der den tilsette sjølv kan finne meir informasjon.

Tilvisingane til andre kjelder er anten gjort ved fotnote eller direkte i teksten. I tillegg vert to forskjellige «kulepunkt» nytta som markør for tilvising.

- = nytta ved tilvising til nettsider eller andre kjelder
- = nytta berre ved tilvising til dokument i Kvalitetslosen (Compilo)<sup>ii</sup>

Om du som brukar av handboka har innspel til innhaldet og/eller du finn feil eller manglar, ber vi deg venlegast om å gje melding attende. Nytt e-postadressa [allePersonal@heroy.kommune.no](mailto:allePersonal@heroy.kommune.no)

Fosnavåg 22.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad  
Rådmann

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth  
Personal- og organisasjonsleiar

---

<sup>i</sup> Sjå Store Norske Leksikon <https://snl.no/bestikk%2Fopptegetnelser> (av. nederl.). Sjøutrykk, opptegetnelser som skal gjøres (og innføres i dagboken) om et skips tilbakelagte vei. Skipets sted etter bestikket er dets geografiske bredde og lengde, regnet ut på grunnlag av kurser og distanser.

<sup>ii</sup> Sjå meir om Kvalitetslosen (Compilo) 6 og 7 og <http://compilo.no/>

## 2. Herøy kommune<sup>iii</sup>

Med storhavet som næraste nabo og kort veg til Ålesund, Ulsteinvik, Volda og Ørsta ligg Herøy kommune midt i matfatet. Dei enorme ressursane i det fiskerike havet har alltid vore grunnlaget for busetnad, vekst og utvikling.

### 2.1. Herøy - velkomen til øyriket ved storhavet<sup>iv</sup>

Båten var og er ein sentral del av livet til dei knapt 9000 innbyggjarane, og ein stor del av Noregs fiskeri- og offshorearlag har adresse i kommunen. Eit framgangsrikt og samfunnsengasjert næringsliv bidreg også i stor grad til gode og varierte fritidstilbod både til fastbuande og besøkande. Organisasjons- og kulturlivet blomstrar, med eit imponerende utval kor, korps, idrettslag, kulturskule, festivalar, sogespel, konsertar, lag og foreiningar av alle slag.

I 2012 vart kommunen kåra til den beste ungdomskommunen i fylket. Alle øyane med busetnad i kommunen er knytte til kvarandre og fastlandet med bruar og undersjøisk tunnell (Eiksundsambandet). Vegene er kort frå den eine storslagne naturopplevinga til den neste. Fugleøya Runde er kjent for Noregs tredje største og eitt av landets mest artsrike fuglefjell. Her finn du også utstillinga av Rundeskatten. Men også resten av kommunen har mykje å by på både av natur og meir urbane aktivitetar.

Kommunesenteret Fosnavåg har vakse fram rundt den lune, naturlege hamna som til alle tider har gitt ly til båtar og mannskap. Den vesle kystbyen er fleire gongar kåra til den fremste næringsbyen i Noreg. Her er ingen store kjøpesenter, men i staden ei rad nisjebutikkar med eit anna utval enn det kjedebutikkane tilbyr. Hit kjem mange langvegs ifrå for å finne det spesielle. I tillegg har byen hotell, kino og kulturhus, badeland, kaféar og restaurantar, bakeri, vinmonopol, matbutikkar, gjestebrygge og sykkelutleige. Servicekontoret ved rådhuset er turistinformasjon i sentrum.

### 2.2. Herøy kommune – profil og merkevare

Ein profil er meir enn eit kjenneteikn. Ein visuell identitet er eit signal for omverda om kven vi er og kva vi står for. Dess klarare og meir eintydig vi kan vere i vår måte å snakke med omverda, dess enklare vert det for publikum å orientere seg i informasjonsstraumen.

Det vert syn til profilmanual Herøy kommune i Kvalitetslosen (Compilo).

➤ Profilmanual

---


<sup>iii</sup> [https://en.wikipedia.org/wiki/Her%C3%B8y,\\_M%C3%B8re\\_og\\_Romsdal](https://en.wikipedia.org/wiki/Her%C3%B8y,_M%C3%B8re_og_Romsdal)

<sup>iv</sup> Om Herøy sjå <http://www.heroy.kommune.no/om-kommunen/>



Våpenskjoldet til Herøy kommune er organisasjonen sin logo - det vil seie, det er den som definerar kven organisasjonen er. Ingen skal nytte kommunevåpenet vårt til anna enn det som er avtalt i regelverket.

Ved godkjenninga i statsråd 27. mars 1987 ble følgjande skildring fastsett for kommunevåpenet: "På blå grunn to motstilte sølv skipsstamnar".




Den 26.06.1987 fikk kommunen dette flotte ordførarkjede av Sparebanken Møre, avdeling Herøy.



### 3. Organisasjonsstruktur

Herøy kommune er styrt etter formannskapsprinsippet<sup>v</sup> slik dei fleste kommunar er. Kommunen er organisert etter ein to-nivåmodell med rådmann og ti tenesteområdar inkludert stabsområda. Kommunestyret har bestemt at Herøy kommune skal gjennomføre ei omorganisering. I løpet av 2017 vil soleis organisasjonsstrukturen verte endra.

#### 3.1. Overordna administrativt organisasjonskart for Herøy kommune



#### 3.2. Politikk og administrasjon

Enkelt sagt er kommunen delt i en politisk og ein administrativ del. Politikarane utformar politikk og gjer vedtak i saker på vegne av kommunen på ulike nivå. Den administrative delen gjennomfører vedtaka som er politisk vedteke og utfører tenester i kommunen.

##### 3.2.1. Kommunestyret

Kommunestyret i Herøy kommune har 33 representantar inklusiv ordførar og varaordførar. Representantane kjem frå partia Høgre, Arbeiderpartiet, Framstegspartiet, Folkelista, Venstre og Kriteleg folkeparti. I tillegg kjem varamedlemmar til kommunestyret.

##### 3.2.2. Formannskapet

Formannskapet har 9 representantar inklusiv ordførar og varaordførar. I tillegg kjem varamedlemmar til formannskapet.

<sup>v</sup> <https://snl.no/kommune>

### 3.2.3. Styre, råd og utval

Herøy kommune har ein rekkje ulike styre, råd og utval. Du finn ei oversyn over desse på Herøy kommune si internettside.<sup>vi</sup>

### 3.2.4. Ordførar

- Er kommunen sin øvste politiske leiar og folkevalde tillitsperson i kommune
- Ordførar leier kommunestyret og formannskapet sine møter
- Sjå Herøy kommune sine nettsider om politikk<sup>vii</sup>
- Sjå Kommuneleva § 9

Sjå delegasjon frå kommunestyret til ordførar i Kvalitetslosen (Compilo).

- Delegasjon til ordførar

### 3.2.5. Varaordførar

- Varaordførar fungerer for ordførar i han/henne sitt fråvær
- Sjå Kommuneleva § 9

### 3.2.6. Rådmann

- Leiar administrasjonen sitt arbeid og har ansvar for forsvarleg utgreiing av saker
- Ansvar for at politiske vedtak vort gjennomført
- Skal syte for god forvaltning og effektiv bruk av kommunen sine økonomiske ressursar
- Sjå Kommuneleva §§ 22 til 24

Sjå delegasjon frå kommunestyret til rådmannen i Kvalitetslosen (Compilo).

- Delegasjon til rådmannen

### 3.2.7. Assisterande rådmann

- Vara for rådmannen og elles utøve rådmannsfunksjon etter delegasjon
- Utvikle, implementere og binde saman plan- og styringsverktøy
- Utvikle og implementere system for kvalitetssikring og internkontroll
- Tyngre sakshandsaming og utgreiingsarbeid

Sjå formål- og stillingsskildring i Kvalitetslosen (Compilo).

- Assisterande rådmann

---

<sup>vi</sup> <http://einnsyn.heroy.kommune.no/utvalg/AllUtvalg>

<sup>vii</sup> <https://www.heroy.kommune.no/personoversikt.aspx?Mid1=56&PersonId=233>

### 3.3. Stabs- og støtteavdelingar

Det vert synt til Herøy kommune sine nettsider; <https://www.heroy.kommune.no/>.

Likeeins vert det synt til delegeringsfullmakt og formål- og stillingsskildring i Kvalitetslosen (Compilo).

#### 3.3.1. Dokumentsenteret og arkiv

- Ansvar for kommunen sitt saks- og arkivsystem, intern service og sekretæroppgåver for teneste- og stabsavdelingane
- Sekretariatfunksjon for politiske utval
- Val-sekretariat

#### 3.3.2. Personal- og organisasjonsavdelinga

- Utforming og forvaltning av personalpolitikken og verkemiddel
- Samarbeid med hovudtillitsvalde og hovudvernebod
- Overordna ansvar i høve helse, miljø og sikkerheit i organisasjonen
- Overordna ansvar i høve inkluderande arbeidsliv (IA) og bedriftshelsetenesta (BHT)
- Pensjon og personforsikringar
- Løn og refusjonar i høve NAV

#### 3.3.3. Økonomiavdelinga

- Budsjett og økonomiplan
- Rekneskap og finansforvaltning
- Skatteinnkrevjing
- Kontrollarfunksjon

#### 3.3.4. Servicetorget

- Service- og informasjonsavdeling
- Publikums mottak
- Turistkontor
- Utfører òg ulike oppgåver for dei andre driftseiningane

#### 3.3.5. IKT-avdelinga

- Drift og utvikling av IKT
- Systemansvarleg
- Strategiske rådgjeving
- Samarbeid med Søre Sunnmøre IKT (SSIKT)

### 3.3.6. Innkjøpskonsulent

- Syte for tenlege og samordna innkjøpsrutinar i Herøy kommune i tråd med gjeldande lov- og regelverk
- Gjennomføre anbodskonkurransar og koordinere innkjøpsverksemda
- Rådgjeving alle avdelingar ved gjennomføring av innkjøp
- Ha oversikt over gjeldande avtalar og vedlikehalde felles avtalar
- Herøy kommune sin kontaktperson til innkjøpssamarbeidet i Ålesund formidlar aktuelle nye avtalar med spørsmål om vi skal vere med evalueringsmøter

## 3.4. Tenesteytande avdelingar

Dei tenesteytande avdelingane utfører tenester i høve innbygarane i kommune. Per i dag har kommunen 8 ulike tenesteområde.

### 3.4.1. Dei ulike tenesteområda

- Barn, familie og helse<sup>viii</sup>
- Barnehage
- Bu og habilitering
- Eigedom
- Kultur
- Pleie og omsorg
- Skule
- Utvikling<sup>ix</sup>

Sjå Herøy kommune sine nettside og formåls- og stillingsskildring i Kvalitetslosen (Compilo).

## 3.5. Ny overordna organisasjon frå 1. januar 2017

Rådmannen har bestemt at per 1. januar 2017 skal Herøy kommune sin overordna organisasjon og leiarstruktur samlast i større sektorar med kommunalsjef som leiar for respektive sektorar:

Rådmann:	Stilling som assisterande rådmann fell bort
Kommunalsjef Stab:	Økonomi/Personal- og organisasjon / Servicetorg / Dokumentsentert og politisk sekretariat / Eigedom / IKT
Kommunalsjef Utvikling:	Utvikling / Kultur / Folkehelse / Brannverna
Kommunalsjef Oppvekst:	Skule Barnehage
Kommunalsjef Helse og omsorg:	Bu- og habilitering / Pleie og omsorg / Barn, familie og helse

---

<sup>viii</sup> Frå og med 01.01.2016 vart avdelingane NAV Herøy lagt under Barn, familie og helse, som eige avdeling

<sup>ix</sup> Frå og med 01.01.2016 vart avdelingane Anlegg/drift og Utvikling slege saman, under felles avdelingsnamn Utvikling

## 4. Lokale plandokument for Herøy kommune

I dette kapittelet vert det synt til lokale plandokument innan fleire ulike fag og tema.

Dei fleste planar finn ein på Herøy kommune si nettside:

<https://www.heroy.kommune.no/nyhende/lokale-planar-for-heroy-kommune.15286.aspx>

### 4.1. Planstrategi for Herøy kommune<sup>x</sup>

Kommunal planstrategi er eit nytt verktøy primært for den politisk styringa i kommunen. Kravet om eit slikt dokument kom saman med ikrafttreddelsen av ny Plan og bygningslov (Pbl § 10-1) og skal vere eit rettleiande dokument for kommunen.

Proessen med utarbeiding av planstrategien skal bidra til auka politisk innsikt, forankring og kontroll med dei planoppgåver som skal gjennomførast. Politikarane vil her ha eit styringsverktøy som vil tydeleggjere den politiske innsatsen og retning.

Arbeidet med kommunal planstrategi erstattar det obligatoriske kravet til rullering av kommuneplanen og kvart fjerde år, seinast innan eitt år etter at nytt kommunestyre er konstituert, skal kommunen vedta sin kommunale planstrategi.

Den kommunale planstrategien er ikkje ein plan i seg sjølv. Den skal ikkje vedta mål og strategiar, men drøfte utviklingstrekk og utfordringar i kommunen og leggje føringar for kva planarbeid som skal startast opp for å imøtekome desse utfordringane. Planstrategien ligg øvst i planhierarkiet og er rettleiande for kommuneplanen sin samfunnsdel, arealdel, kommunedelplanar og arealplanar.

Eit viktig mål er å styrke den politiske styringa av kva planoppgåver som skal prioriterast. Ein sentral del av planstrategien er difor å vurdere kva planoppgåver kommunen skal starte opp, kva planar skal vidareførast eller opphevast i planperioden.

Planstrategien er også ein arena for å drøfte og avklare behov for interkommunal planlegging, både innanfor arealplanlegging og tenesteyting.

---

<sup>x</sup> Planstrategi for Herøy kommune 2012-2016

## 4.2. Omgrep og definisjonar

I dette dokumentet vil det bli brukt ord og formuleringar som ikkje er sjølvforklarande. Under vil du finne ei kort forklaring på nokre av desse uttrykka.

### 4.2.1. Planstrategi

Planstrategien skal ta føre seg planbehovet og føreståande planarbeid i kommunen i den komande kommunestyreperioden. Planar etter plan- og bygningslova, beredskapsplanar og planar som er politisk handsama er omfatta av planstrategien. Hovudføremålet med planstrategien er at politikarane skal ta stilling til om kommuneplanen eller delar av kommuneplanen skal reviderast eller vidareførast slik den er. Utviklingstrekk og utfordringar i kommunen dannar grunnlaget for vurderingane i planstrategien. (Pbl § 10-1). Perspektiv 4 år.

### 4.2.2. Kommuneplan

Eit samleomgrep som omfattar kommuneplanen sin samfunnsdel med handlingsprogram og kommuneplanen sin arealdel. Kommuneplan skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgaver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgaver i kommunen. (Pbl § 11-1). Perspektiv 12 år.

### 4.2.3. Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon (Pbl § 11-2). Perspektiv 12 år.

### 4.2.4. Kommuneplanen sin handlingsdel/handlingsprogram

Handlingsprogram for samfunnsdelen som skal vere den fireårige oppfølginga av kommuneplanen. Økonomiplanen kan inngå i handlingsdelen til kommuneplanen. Kommuneplanen sitt handlingsprogram bør reviderast kvart år og vere grunnlag for budsjett og økonomiplandebatten (Pbl § 11-3).

### 4.2.5. Kommuneplanen sin arealdel

Kommunen skal ha ein arealplan for heile kommunen som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Kommuneplanen sin arealdel skal angi hovudtrekka i arealdisponeringa og sette rammer og føringar for nye tiltak og ny arealbruk som kan startast opp. (Pbl § 11-5). Perspektiv 12 år.

#### 4.2.6. Kommunedelplan

Planer for bestemte område (areal), tema eller verksemdsområde. Til dømes kommunedelplan for Bergsøya (areal), kommunedelplan for trafikktrygging (tema) eller kommunedelplan for helse og omsorg (verksemdsområde). (Pbl § 11-4). Perspektiv 4 – 12 år.

#### 4.2.7. Kommunedelplanar sine handlingsprogram

Handlingsprogrammet skal angi korleis planen skal realiserast gjennom konkrete målsettingar og tiltak. Desse gir grunnlag for kommunen si prioritering av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver. Desse bør vere ein del av grunnlaget for budsjett og økonomiplandebatten. Perspektiv 1 – 4 år.

#### 4.2.8. Temaplan/sektoerplan/fagplan

Planar for tema eller sektorar som ikkje er eller skal handsamast etter plan- og bygningslova og har ein enklare prosess enn kommunedelplanar og fyl ikkje krav i pbl. til prosess og medverknad. Planane kan vere utarbeidd for å støtte krav frå nye reformer eller for å implementere endringar i organisasjonen. Perspektiv 1 år eller meir (ingen øvre grense).

#### 4.2.9. Områdeplan

Områdeplan er ein arealplan og skal i utgangspunktet vere ei planform for kommunen. Det kan i områdeplanen stillast krav om at det skal utarbeidast detaljplan for området eller den kan vere så detaljert at den kan brukast som direkte grunnlag for tiltak. Det er ikkje krav til rullering, og endring i slike planar er behovsstyrt. (Pbl § 12-2). Kommunen si moglegheit til å foreta oreigning fråfaller dersom kommunestyrevedtak ikkje er gjort 10 år innan planen er godkjend og kunngjort. Områdeplanen er gyldig inntil den vert oppheva ved vedtak eller erstatta av andre planar.

#### 4.2.10. Detaljplan

Detaljplan kan fremjast av einkvar som ynskjer å setje i gang eit byggetiltak og skal vere i samsvar med gjeldande arealdel til kommuneplanen eller områdeplan. For privat utarbeidde planar er det frist på fem år for å påbegynne bygge- og anleggstiltak. Det er mogleg å få forlenga fristen med to år om gangen.



### **4.3. Kommuneplanen<sup>xi</sup>**

Kommuneplanen består av to delar; 1) ein samfunnsdel som omfattar overordna mål for utviklinga i kommunen og retningsliner for dei einskilde sektorane og 2) ein arealdel som går på forvaltning av areal og andre naturressursar i kommunen.

Til samfunnsdel av Kommuneplanen er det utarbeidd kommunedelplanar.

Herøy kommune si nettside:

<https://www.heroy.kommune.no/nyhende/lokale-planar-for-heroy-kommune.15286.aspx>

### **4.4. Økonomiplanen**

Sjå Herøy kommune si nettside <https://www.heroy.kommune.no/politikk/>

---

<sup>xi</sup> Kommuneplan 2013-2025

## 5. Kommunale og regionale samarbeid

Herøy kommune har fleire samarbeid med andre kommunar i regionen. Her vert nokre av desse samarbeida presentert.

Sjå også Styre, råd og utval på Herøy kommune si nettside:

<http://einnsyn.heroy.kommune.no/utvalg/AllUtvalg>

### 5.1. Sunnmøre Regionråd

Sunnmøre regionråd skal bidra til ein positiv utvikling i medlemskommunane og i regionen samla.

- fremje sunnmørske politiske interesser
- fremje eit mangfaldig arbeidsliv
- utvikle kommunale tenester

Sunnmøre regionråd leiar ulike samarbeidsprosjekt mellom kommunane i regionen.

Sjå nettstad: <http://www.sunnmoreregionrad.no/>

### 5.2. SSIKT

SSIKT er eit interkommunalt samarbeid om IKT mellom kommunane Ørsta, Volda, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid. Hareid er vertskommune. Våre sju kommunar nyttar i dag Agresso innanfor økonomi og løns- og personalfunksjonane. Vi har lang erfaring med felles drift og vil utvikle vidare samarbeidet.

Sjå nettstad: <https://www.ssiikt.no/>

### 5.3. Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS<sup>xii</sup>

Søre Sunnmøre kommunerevisjon er eit interkommunalt selskap som utføre revisjon i deltakarkommunane og selskap eigd av deltakarkommunane. I tillegg kjem revisjon av stiftingar og andre verksemder, foreiningar, osv. der kommunane har vesentlege interesser.

---

<sup>xii</sup> Sjå <https://w2.brreg.no/enhet/sok/detalj.jsp;jsessionid=SW1pN00qX-mt5NAQTaLuLfnKAM4PRzvZFfMP4BrRNUJFqAZycEg5!291836906?orgnr=974789280>

#### **5.4. Søre Sunnmøre Landbrukskontor**

Herøy kommune har inngått samarbeid med Ulstein og Hareid om felles landbrukskontor.

Sjå nettstad <http://www.landbrukskontoret.no/>

#### **5.5. Søre Sunnmøre Reinhaldsverk**

SSR blei etablert i 1980. Kommunane Hareid, Ulstein og Herøy gjekk saman for å lage eit felles interkommunalt selskap . I 1995 blei også Sande kommune ein del av selskapet. Det er ca 25 000 innbyggjarar som bur i dei fire eigarkommunane og SSR har ca 10 000 abonnentar.

SSR er eit interkommunalt selskap med kontor i Saunesmarka i Ulsteinvik. SSR har ansvaret for avfallshandteringa for hushaldningane i dei fire kommunane Herøy, Hareid, Sande og Ulstein. Dette gjeld både faste bustadar og fritidseigedomar.

Sjå nettstad: <http://www.reinhaldsverket.no/heim>

## 6. Kvalitetsarbeid og rettstryggleik

I ein kvar profesjonell organisasjon er det reglar, rutinar og system for intern samhandling, sakshandsaming og kvalitetsarbeid m.m. Med intern samhandling meiner vi her samspel, samarbeid og/eller kommunikasjon mellom to eller fleire medarbeidarar. For å utøve god samhandling m.m. i organisasjonen, vert det nytta ulike typar dataverky, andre system og fysiske innretingar.

### 6.1. Overordna kvalitetspolitikk

Herøy kommune har utforma eigen kvalitetspolitikk som ligg i botn og legg føringar for dette arbeidet organisasjonen. Det er rådmannen som har det overordna ansvaret for all kvalitetsarbeid i organisasjonen. Ansvaret for det fagspesifikke kvalitetsarbeidet er delegert til den einskilde eining/avdelingsleiar, jf. delegeringsfullmakt.

Sjå fylgjande dokument i Kvalitetslosen (Compilo):

- Kvalitetspolitikk
- Kvalitetslosen – overordna føringar og framdrift
- Definisjonar i kvalitetssystemet

#### 6.1.1. Kvalitetsoppfølging

Vi bruker bl.a. avvik som tiltak for kvalitetsforbetring, og ynskjer at ein og melder forbetringstiltak. Målet er ikkje å telle feil, men å registrere feil eller potensielle feilkildar for at kollegiet i fellesskap skal lære av dei. Ved å sjå samanhengar vil ein finne eventuelle trendar som kan vise behov for endra praksis.

Meir om avviksmelding sjå kapittel 10.

### 6.2. Forvaltning og sakshandsaming

Herøy kommune må som forvaltningsorgan halde seg til føresegnene Forvaltningslova (Fvl) om rettleiingsplikt, teieplikt, saksførebuing, sakshandsaming, habilitet og klagehandsaming m.m.<sup>xiii</sup>

I Fvl § 1 heiter det:

«Loven gjelder den virksomhet som drives av forvaltningsorganer når ikke annet er bestemt i eller i medhold av lov. Som forvaltningsorgan reknes i denne lov et hvert organ for stat eller kommune. Privat rettssubjekt regnes som forvaltningsorgan i saker hvor det treffer enkeltvedtak eller utferdiger forskrift.»

---

<sup>xiii</sup> Sjå <https://snl.no/forvaltningsloven>

Vanlegvis vil kommunen sine vurderingar av dei materielle sakshøva og utøving av offentleg mynde skje med heimel i spesiallov t.d. Sosialtenestelova eller Plan- og bygningslova.

Ofte har spesiallova også egne reglar i høve sakshandsaming, t.d. teieplikt, innsynsrett og klagefristar m.m. Der spesiallova er taus eller inneheld avgrensa sakshandsamingsreglar vil sakshandsaminga måtte skje samsvar med Forvaltningslova.

### 6.2.1. Rettleiingsplikt

Herøy kommune har generell rettleiingsplikt, jf. Fvl § 11. Grunngevinga for dette er at partane i ei sak skal kunne ivareta sine egne interesse på ein best mogleg måte.

### 6.2.2. Klagerett

I Fvl § 28 heiter det:

«Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).»<sup>xiv</sup>

Forvaltningslova § 32 inneheld reglar om klagens formkrav m.m.

Eit forvaltningsorgan kan i fylgje Fvl § 35 gjere om sitt eige vedtak.

Kort oppsummert tyder dette at ein klage skal rettast til det forvaltningsorganet som har fatta vedtaket. Forvaltningsorganet har rett og mynde til å gjere om eller endre på vedtaket. Om forvaltningsorganet kjem til at vedtaket skal stå uendra, skal overordna forvaltningsorgan handsame klagen vidare.

## 6.3. Personvern

Datatilsynet skriv slik om personvern: «Enkelt sagt handler personvern om retten til et privatliv og retten til å bestemme over egne personopplysninger».<sup>xv</sup>

Alle menneske har ein ukrenkeleg eigenverdi. Som enkeltmenneske har du rett på ein privat sfære som du sjølv kontrollerer - der du kan handle fritt utan tvang eller innblanding frå det offentlege eller andre menneske. Dette prinsippet er blant anna forankra i Den europeiske menneskerettigheitskonvensjonen artikkel 8;

"Enhver har rett til respekt for sitt privatliv og familieliv, sitt hjem og sin korrespondanse."

---

<sup>xiv</sup> Enkeltvedtak sjå Fvl § 2 b) «et vedtak som gjelder rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer»

<sup>xv</sup> <https://www.datatilsynet.no/personvern/Hva-er-personvern/>

Den 13. mai 2014 vedtok Stortinget å styrkje vernet om den personlegeintegritet, ved å ta inn føresegna om personvern inn i Grunnloven.

Paragraf 102 i Grunnloven lyder:

"Enhver har rett til respekt for sitt privatliv og familieliv, sitt hjem og sin kommunikasjon. Husransakelse må ikke finne sted, unntatt i kriminelle tilfeller. Statens myndigheter skal sikre et vern om den personlige integritet."

### 6.3.1. Lokale retningslinjer

Herøy kommune har saman med kommunane på Søre Sunnmøre utarbeidd ei felles handbok som har som målsetting å vere eit felles rammeverk for å sikre det praktiske personvernarbeidet i kommunane, og skal nyttast ved kommunale tenestestader for å sikre personvernet i dagleg drift.

- Personvernhandbok - Normen

I tillegg til felles handbok har Herøy kommune utarbeidd eigen retningslinjer;

- Retningslinjer for personvern og informasjonstryggleik

## 6.4. Offentlegheit

Herøy kommune er som offentlig organ underlagt «offentlegprinsippet». Prinsippet går ut på at forvaltinga (Herøy kommune) sine saksdokument skal vere fritt tilgjengeleg for ein kvar som ynskjer å gjere seg kjend med dei.<sup>xvi</sup>

### 6.4.1. Offentleglova (Offl)

Offentleglova gjeld for Herøy kommune jf. Offl § 2 a).

Føremålet med lova er i fylgje § 1:

«[...] å leggje til rette for at offentlig verksemd er open og gjennomsiktig, for slik å styrkje informasjons- og ytringsfridommen, den demokratiske deltakinga, rettstryggleiken for den enkelte, tilliten til det offentlege og kontrollen frå ålmenta. Lova skal òg leggje til rette for vidarebruk av offentlig informasjon.»

Justis- og politidepartementet har utarbeidd eigen rettleiar:

- Rettleiar til Offentleglova

---

<sup>xvi</sup> Sjå <https://snl.no/offentlighetsprinsippet%252Fforvaltningsrett>

#### 6.4.2. Innsyn

Herøy kommune har lagt til rette for offentlegheit og innsyn. Dokumentsenteret er den avdelinga som fører oppsyn med dette.

På Herøy kommune si nettside, under Møtedokument, kan ein gjere seg kjend med:

- Saksdokumenta innanfor dei ulike styre, råd og utval
- Postlista
- Tilgang til direkteoverførte kommunestyremøte

## 7. IKT og kommunikasjon

Herøy kommune har eiga IKT-avdeling som skal sikre at kommuneleiinga får strategiske råd, mest mogleg økonomisk og effektiv drift og utvikling av IKT i organisasjonen.<sup>xvii</sup> I tillegg har kommunane på Søre Sunnmøre etablert eit interkommunalt samarbeid om IKT. SSIKT er eit interkommunalt samarbeid om IKT mellom kommunane Ørsta, Volda, Vanylven, Sande, Herøy, Ulstein og Hareid. Hareid er vertskommune.<sup>xviii</sup> Det er koordinatorar som er bindeledd mellom leverandørar, SSIKT og kommunane. Målet er at alle felles system og serverar skal vere plassert og/eller knytt opp til og drifta av SSIKT.

Herøy kommune har fleire ulike dataverkty for ulik bruk i ulike einingar og avdelinga. Desse vert ikkje omtala her. I nærverande skriv vert nokre overordna verkty, rutinar og prosedyrar presentert.

Det vert synt til dokument i Kvalitetslosen (Compilo).

- IKT-planverk
- Politikk for IKT-beredskap
- Strategi for IKT i beredskapssituasjon
- Elektronisk reglement for Herøy kommune
- Informasjon frå Skatteetaten vedkomande elektronisk kommunikasjon

### 7.1. Data

PC vert utlevert til medarbeidar som har bruk for dette i sitt daglege yrke.

Det vert synt til dokument i Kvalitetslosen (Compilo).

- IKT-utstyr rekvisisjon og bestilling
- Personleg datamaskin – prosedyre og ansvar

### 7.2. IKT-support

IKT-avdelinga yter support for tilsette i organisasjonen. Bestilling av support skal gjerast etter egne rutiner.

Brukarretteiing for support i Kvalitetslosen (Compilo).

- Datasupport

I tillegg vert det ytt support via fjernstyring av datamaskina. Dette vert gjort gjennom via eige support-program på PC.

---

<sup>xvii</sup> Om IKT-avdelinga sjå <http://www.heroy.kommune.no/PersonOversikt.aspx?Pkid=32&Mid1=16>

<sup>xviii</sup> Om SSIKT sjå <https://www.hareid.kommune.no/PersonOversikt.aspx?Pkid=13&Mid1=16>



### 7.3. Kvalitetslosen (Compilo)<sup>xix</sup>

Kvalitetslosen, eller Compilo som programmet har endra namn til, er eit elektronisk kvalitetssystem med ulike modular. Leiar for personal- og organisasjonsavdelinga er systemeigar og har fått delegert mynde til å fylgje opp bruken med Kvalitetslosen (Compilo).

Herøy kommune nyttar fylgjande modular;

- Dokumenthandtering
- Avvikshandtering
- Risikoanalyse

Brukarrettleiingar for Kvalitetslosen (Compilo).

- Brukarrettleiing – for tilsette
- Komplett brukarmanual – for leiarar

### 7.4. Ephorte<sup>xx</sup>

Ephorte er eit elektronisk sakshandsamar-, dokumentproduksjons - og arkivsystem. Dokumentsenteret har hovudansvar for oppfylging av og opplæring på systemet.

Brukarrettleiingar for Ephorte er i Kvalitetslosen (Compilo).

- Logge på og av
- Sette opp eposten din i Ephorte
- Finne/lese inngåande dokument
- Importere e-post
- Importere vedlegg
- N-notat utlysingstekst
- N-notat uttale til permisjonar etc.
- Avskrive mine ubesvarte dokument

### 7.5. Tidsbanken og tidBank<sup>xxi</sup>

Tidsbanken er eit elektronisk og nettbasert tids- og fråværsregistreringsystem. Tilsette med avtale om fleksibel arbeidstid skal nytte dette systemet. Personal- og organisasjonsavdelinga har hovudansvar for oppfylging og opplæring på systemet.

Brukarrettleiarar for Tidsbanken er i Kvalitetslosen (Compilo).

- Tidsbanken brukarmanual

---

<sup>xix</sup> Om Compilo sjå <http://compilo.no/>

<sup>xx</sup> Om Ephorte sjå <https://www.evry.no/ephorte>

<sup>xxi</sup> Om Tidsbanken sjå <http://www.tidsbanken.no/>

Frå 1. januar 2017 vil Herøy kommune ta i bruk nytt tidsregistreringssystem – Norsk Tid – Tidbank.

«tidBank® er en webapplikasjon som erstatter rutiner med manuell etterregistrering med moderne rutiner for fortløpende registrering i nettleserbasert utstyr. Ved å definere arbeidstidsavtaler og regler for oppfølging av avspasering, ferie, sykefravær og overtid i tidBank sikres en lik praktisering av regelverket i alle avdelinger og at det ikke oppstår feil i lønnsgrunnlaget.»<sup>xxii</sup>

- Organisering og ansvarsfordeling i høve tidsregistreringssystem i Herøy kommune
- Tidbank brukarmanual

Sjå meir i kapittel om arbeidstid og fleksibel arbeidstid.

## 7.6. Arena<sup>xxiii</sup>

Herøy kommune nyttar Arena Budsjettssystem som budsjettverktøy. Økonomileiar er systemeigar og administrator, og har ansvar for rettleiing og opplæring.

## 7.7. Agresso (Unit4 Business World)<sup>xxiv</sup>

Agresso Milestone 5 er ei ERP-programvare som Herøy kommune nyttar i SSIKT-samarbeidet. SSIKT har tilsett eigen programkoordinator.

Systemet vert nytta i samband med løn, reiserekningar, rekneskap, fakturahandtering, lønsforhandlingar m.m.

Brukarrettleiingar finn ein i Kvalitetslosen (Compilo).

- Brukarrettleiingar for Agresso

## 7.8. Trio<sup>xxv</sup>

Trio sentralbord-, kontaktsenter- og besøkshandteringssystem. Til dagleg bruk som tilsett er systemet enkelt og intuitivt å bruke. Servicetorget er systemeigar og har hovudansvar for oppfølging og opplæring på systemet.

Brukarrettleiing for Trio er i Kvalitetslosen (Compilo).

- Triokoder

---

<sup>xxii</sup> Om tidBANK <http://www.tidbank.no/produkter/tidbank#.WBmZztLhCpo>

<sup>xxiii</sup> Om Arena <http://www.arenanorgeas.no/produkter/arena/>

<sup>xxiv</sup> Om Agresso (Unit4 Business World) <http://www.unit4.com/no/om-unit4/agresso-current-unit4>

<sup>xxv</sup> Om Trio sjå <http://www.atea.no/hovedmeny/Losninger--tjenester/samhandling/Kontaktsenter-og-stottesystemer/Trio-Enterprise/>

## 7.9. E-post (Outlook)

Outlook er ein e-postteneste som gjer at du kan halde kontakten på tvers av einingar. Systemet er bygt opp slik at ein kan søke på alle tilsette som høyrer til dei sju kommunane på Søre Sunnmøre.

Brukarrettleiing for Outlook er i Kvalitetslosen (Compilo).

- E-postreglement
- E-postmottak rutine for handtering (Sentralbordet)
- Sette opp e-posten din Ephorte
- Signatur til e-post

## 7.10. Telefoni

I Herøy kommune vert det i all hovudsak nytta fasttelefon. I stillingar/roller der det vert rekna som naudsynt og/eller føremålstenleg, kan det gjerast avtale om bruk av mobiltelefon.

### 7.10.1. Fasttelefon

Det vert synt til brukarrettleiing for Trio.

I utgangspunktet er alle kontortelefonar sperra for medflytting til meir enn 4 siffer (interne nummer). Dei som treng vidarekopling til eksterne telefonar må søkje rådmannen direkte om det.<sup>xxvi</sup>

Det vert synt til Kvalitetslosen (Compilo).

- Prosess: Vidarekopling av kontortelefon til eksternt nummer
- Søknad for vidarekopling av kontortelefon til eksternt nummer

### 7.10.2. Mobiltelefon

Om ein har tenestleg behov for mobiltelefon skal det gjerast avtale om dette med sin næraste leiar.

Det vert synt til Kvalitetslosen (Compilo).

- Avtale om kommunal mobiltelefon
- Rekvisisjon av mobiltelefon

---

<sup>xxvi</sup> Politikk for vidarekopling av interntelefon, sjå <http://pilot.klos.no/system.php?ok=gpkntv9zrs40x51&modul=cdoc&item=2818&rl>

### **7.11. Post**

For tida ingen felles rutine. Forhøyr deg med din næraste leiar om det er interne rutinar hjå den einskilde avdeling eller tenesteområde.

### **7.12. Eigen bil i teneste**

Med heimel i SGS 1001, § 4, kan arbeidsgjevar og den einskilde medarbeidar inngå individuell avtale om kompensasjon ved bruk av eigen bil i teneste.

Der det er naudsynt å nytte bil for å få utført kommunen sine tenester, stiller som hovudregel arbeidsgjevar bil til disposisjon.

Det vert berre gjeve kompensasjon der det på det jamne og av eit visst omfang er naudsynt å nytte bil for å få utført kommunen sine tenester.

Det er knytt vilkår til avtalen, sjå Kvalitetslosen (Compilo).

- Retningsliner kompensasjon for bruk av eigen bil i teneste

Som kompensasjon for stille bil til disposisjon for Herøy kommune i samband med utføring av arbeidsoppgåver har medarbeidar rett på godtgjersle. Godtgjersla vert utbetalt etterskotsvis i januar påfølgande år når tal på køyrde kilometer er kjend.

Avtalemalen er å finne i Kvalitetslosen (Compilo).

- Avtalemal kompensasjon for bil i teneste

## **8. Rekruttering, tilsetting, og avslutning av arbeidshøve**

Tilsettingsmynde fylgjer av den einskilde leiar si delegeringsfullmakt. Det er normalt den einskilde leiar som rekrutterer og tilset. Personal- og organisasjonsavdelinga utfører delar av sakshandsaming og kan nyttast som rådgjevarar i prosessen.

Det er utarbeidd ei detaljerte rutinar, som tek føre seg heile rekrutteringsprosess, frå rekrutteringsbehov via utlysing, intervju, oppretting av personalmappe og innhenting av attestar.

Alle rutinar, retningsliner, rettleiarar og malar m.m. er å finne på Kvalitetslosen.

Rekruttering og tilsetting i faste stillingar eller vikariat skjer normalt via sakshandsamingssystemet Ephorte.

Sjå kapittel om løn og personalarbeid for fleire rutinar og skjema.

### **8.1. Ålmenne og generelle dokument og rutinar ved alle typar tilsetting**

Sjå Kvalitetslosen (Compilo).

- Administrative rutinar ved rekruttering til stillingar i Herøy kommune
- Rettleiar i høve lov og avtaleverk vedkomande tilsetjing, innsyn, klage m.m.
- Retningsliner i arbeidet med å redusere ufrivillig deltid
- Rutiner for annonsering
- Intervjuguide
- Innhenting av referansar
- Vedtak tilsetjing – rettleiing ePhorte
- Sjekkliste nye tilsette

### **8.2. Autorisasjon og politiattest**

Sjå Kvalitetslosen (Compilo).

- Rutine autorisasjonar
- Rutine politiattestar
- Informasjon om nytt krav om politiattest etter Helse- og omsorgstjenesteloven § 5-4

### **8.3. Prøvetid**

Om ein vel å lyse ut stilling med prøvetid, skal ein vere klar over at dette forpliktar arbeidsgjevar.

Prøvetida er 6 månader jf. Arbeidsmiljølova (Aml) § 15-6 (3). Førmålet med prøvetida er finne ut om medarbeidar passer i arbeidsforholdet og har dei eigenskaper som stillinga krev. Ved prøvetid har tilsette oppseiingsvern etter Aml § 15-6.

Det er avgjerande viktig at arbeidstakaren får konstruktiv tilbakemelding og tilstrekkelig opplæring i prøvetida.

Det vert synt til fylgjande dokument i Kvalitetslosen (Compilo).

- Prøvetid
- Prøvetidssamtale – rettleiing
- Første prøvetidssamtale
- Andre prøvetidssamtale

#### **8.4. Mellombelse og tidsavgrensa stillingar**

Mellombels- og tidsavgrensa arbeidsavtalar vert normalt ikkje handsama via Ephorte, anna enn at det vert skrive notat (vurdering).

Avtalar og rutinar for desse tilsettingane er å finne på Kvalitetslosen (Compilo).

- Rutine ved bruk av tilkallingsvikar
- Tidsavgrensa arbeidsavtale
- Tidsavgrensa arbeidsavtale – mellombels utviding av stilling
- Tidsavgrensa arbeidsavtale – alderspensjon
- Arbeidsavtale om fortsatt arbeid etter fylte 70 år
- Avtale om vikararbeid etter tilkalling
- Oppdragsavtale støttekontakt

#### **8.5. Oppseiingsfristar**

Gjensidig oppseiingsfrist er som hovudregel 3 månader rekna frå oppseiingstidspunktet, jf. HA kapittel 1 § 3 punkt 3.2.1.

For tilsette med prøvetid på inntil 6 månader, og for arbeidstakar som er teke inn for å utføre eit arbeid av mellombels art av inntil 2 månaders varigheit, er det ein oppseiingsfrist på 14 dagar, jf. HA kapittel 1 § 3 punkt 3.2.2.

For oppseiing av arbeidsavtalar etter Arbeidsmiljølova § 14-9 (mellombelse avtalar) før avtaleutløp, gjeld ein gjensidig oppseiingsfrist på 1 måned rekna frå oppseiingstidspunktet HA kapittel 1 § 3 punkt 3.2.3.

#### **8.6. Avslutning av arbeidshøve**

For at medarbeidar og arbeidsgjevar skal kunne avslutte arbeidshøvet på ein god og profesjonell måte, er det utarbeida ei sjekkliste for avslutning av arbeidshøvet. Det vert synt til fylgjande dokument i Kvalitetslosen (Compilo).

- Sjekkliste avslutning av arbeidsforhold for fast tilsette og vikarar i Herøy kommune i Losen

➤ Varsel om sluttdato for midlertidig tilsette

For avslutning av arbeidshøve (oppseiing og avskjed) gjeld reglane i Arbeidsmiljølova kapittel 15.

Det er særst strenge formkrav og fristar i oppseiings- og avskjedssaker. Leiarane skal i slike saker samarbeide med Personal- og organisasjonsavdelinga som har særskilt kunne på området.

Sjølve avgjerda om oppseiing eller avskjed skal skje i vedtaks form. Det delegerte vedtaket vert gjort med heimel i Forvaltningslova § 3, 2 ledd, tredje punktum der det går fram at oppseiing er unntatt reglane for klage i Forvaltningslova §§ 28-34.<sup>xxvii</sup>

Personal- og organisasjonsavdelinga har stabsfunksjon og gjer sakshandsaminga i slike saker.

---

<sup>xxvii</sup> "Delegasjon til administrasjonen" vedteke K-sak 79/12

## 9. Personalansvar og arbeidsgjevarpolitikk

Det er næraste leiar med personalansvar som har det fulle og heile personalansvaret for medarbeidar. Leiar har framleis personalansvar sjølv om medarbeidar er sjukmeld, er i permisjon eller på annan måte ikkje er i arbeid.

### 9.1. Personalansvar

Personalansvaret fylgjer av den einskilde leiar si delegeringsfullmakt og/eller formål- og stillingsskildring. Vi sei gjerne at at ansvaret fylgjer lina.

Herøy kommune sin arbeidsgjevar politikk og etiske reglement dannar grunnlaget for personalarbeidet.

#### 9.1.1. Dialog og oppfølging

I alle organisasjon er det utfordringar og dilemma som kan gjere seg gledande. Dømer på slike kan vere;

- Nære private relasjonar
- Personkonfliktar
- Misstanke eller avdekking av private høve som gjeng ut over arbeidshøvet, t.d. rusbruk eller tilsettingshøve hjå annan arbeidsgjevar
- Stort arbeidspress over lengre tid
- Høgt sjukefråvær

Herøy kommune skal vere ein arbeidsgjevar som bryr seg. Måten vi handterer utfordringar på sei det meste om korleis organisasjonen vår er.

I Herøy kommune har vi som målsetting å vere i tidleg, tett og regelmessig dialog med den einskilde medarbeidarane. Røynsler syner at dialog oftast er det rette verktøyet for god og fruktbar oppfølging og konfliktløysing.



## 9.2. Arbeidsgjevarpolitikk

Herøy kommune sin arbeidsgjevarpolitikk er utarbeidd av ei partsamansett arbeidsgruppe, vedteken i Herøy kommunestyre 24.06.2004 og gjeld frå 01.07.2004. Per dags dato vert det arbeidd med å revidere bl.a. arbeidsgjevarpolitikken i Herøy kommune.

Med arbeidsgjevarpolitikk meiner Herøy kommune dei verdiane, haldningane og handlingane som arbeidsgjevar står for og praktiserar overfor medarbeidarane i kommunen.

### 9.2.1. Grunnlag og kriteriar

Gjennom arbeidsgjevarpolitikken er også grunnlaget lagt for ein felles organisasjonskultur og eit arbeidsmiljø i tråd med kommunen som organisasjon sitt:

- Verdigrunnlag
- Leiarkriteriar
- Medarbeidarkriteriar

Kommunen sin gjeldande arbeidsgjevarpolitikk er samansett av 14 delområder. Den synleggjer definisjonar, målsetjingar og prinsipp som er knytt opp mot konkrete verkemiddel for å nå måla. Arbeidsgjevarpolitikken er på eit overordna, strategisk nivå og er utgangspunkt for planar og prosedyrar på neste nivå.

### 9.2.2. Målsetting

Det er eit mål at arbeidsgjevarpolitikken skal ha eit livsfaseorientert fokus og skal vere eit levande dokument i organisasjonen. Utfordringa framover vert å omsetje arbeidsgjevarpolitikken til synleg handling i kvardagen.

Kommunestyret som overordna arbeidsgjevaransvarleg, leiarar og medarbeidarar i Herøy kommune har eit ansvar for at arbeidsgjevarpolitikken vert realisert.

Arbeidsgjevarpolitikken skal:

- gje uttrykk for dei strategiar kommunen vel i arbeidet med å tilby rette tenester med rett kvalitet gjennom effektiv ressursbruk
- fremje medarbeidarane sitt engasjement, innsats og utvikling
- fremje gjensidig respekt og lojalitet mellom arbeidsgjevar og medarbeidar

Arbeidsgjevarpolitikken finn du på Kvalitetslosen (Compilo).

- Arbeidsgjevarpolitikk i Herøy kommune

### 9.3. Lønspolitikk

Utgangspunktet for lønsfastsetjing ligg i Hovudtariffavtalen (HTA) sitt lønssystem og det til ei kvar tid gjeldande lov, avtaleverk og særavtalar. HTA føreset at det vert utarbeidd ein lokal lønspolitikk. Kriteria for lokal lønsfastsetjing skal vere kjende for alle medarbeidarar.

#### 9.3.1. Bakgrunn

Lokal lønspolitikk omfattar også HTA, vedlegg 3 som gjeld «Retningslinjer for lokale forhandlingar – God forhandlingsskikk».

Lønspolitikken omfattar alle medarbeidarar i Herøy kommune jf. HTA kap. 1, §1.1 og er ein del av Herøy kommune sin strategiske arbeidsgjevarpolitikk. Lønspolitikken skal ivareta omsynet til den generelle lønsutviklinga og sentrale og lokale føringar.

Lønspolitikken for Herøy kommune byggjer også på lokale utviklingstrekk og dei erfaringane og evalueringane som er gjorde i samband med tidlegare lønsforhandlingar.

Det er den lønspolitikken som til ei kvar tid er vedteken som dannar premissane for lønsforhandlingane.

Dersom lokal lønspolitikk bryt med gjeldande HTA, skal HTA gjelde.

#### 9.3.2. Forankring

Lønspolitikken er forankra i arbeidsgjevarpolitikken til Herøy kommune og dei kompetanseplanane som er utarbeida i den enkelte avdeling. I dette ligg det at hovudmål og delmål, og dei verdiane som ligg i arbeidsgjevarpolitikken skal reflekterast i lønspolitikken. Dette omfattar også rolle og ansvarsfordeling, kultur, kompetanse, likestilling, informasjon og kommunikasjon i kommunen.

#### 9.3.3. Mål for lønspolitikken

Lønspolitikken skal medverke til:

- At kommunen når måla sine
- At kommunen yter tenester som sikrar kvalitet og service
- Å fremje og ivareta likestilling mellom kvinner og menn (likelønn)
- Å behalde, utvikle og rekruttere medarbeidarar
- Å motivere til kompetanse- og karriereutvikling
- Å synleggjere korleis ønska og tileigna kompetanse gir auka løn
- Å motivere til meir heiltid

#### 9.3.4. Krav til lønspolitikken

- Synleg, ved at kriteria for lønnsfastsetjinga er kjende
- Basert på dialog mellom leiar, tillitsvald og medarbeidar

### 9.4. Etikk og teieplikt

Etikk tyder læra om moral. Det vil sei at etiske reglar sei noko om korleis ein bør fare åt og ikkje.<sup>xxviii</sup>

#### 9.4.1. Om etikk i Herøy kommune

Herøy kommune legg stor vekt på å vere ærlege, ryddige og opne i all si verksemd. Både folkevalde og medarbeidarar har ansvar for å etterleve desse prinsippa. Som forvaltarar av samfunnet sine fellesmidlar vert det stilt høge krav til den einskilde medarbeidar sine etiske haldningar og handlingar i teneste for kommunen.

Folkevalde og medarbeidarar dannar grunnlaget for innbyggjarane sin tillit og haldning til kommunen, og skal derfor ta avstand frå og kjempe imot uetisk forvaltningspraksis.

Difor er det sett krav til;

- Lojalitet
- Objektivitet
- Redlegheit og ærleigheit
- Ansvarlegheit og respekt
- Openheit

Sjå dokument om etikk på Kvalitetslosen.

- Etiske prinsipp for Herøy kommune
- Etikkportalen
- Om KS-etikkutval

#### 9.4.2. Om teieplikt

Alle medarbeidarar i Herøy kommune må halde seg til reglane om teieplikt, jf. Fvl § 13. Teieplikta gjeld også etter at arbeidshøvet er avslutta.

Teieplikta omfattar i hovudregelen:

- Personlege høve, som t.d. sjukdom og klienthøve
- Drifts- og forretningshøve som av konkurranse omsyn treng halde hemmeleg, som t.d. produktinnhald og produksjonsmåtar

---

<sup>xxviii</sup> Sjå om etikk <https://snl.no/etikk>

Avgrensning av personlege høve etter Fvl § 13 2 ledd:

«Som personlege forhold regnes ikke fødested, fødselsdato og personnummer, statsborgerforhold, sivilstand, yrke, bopel og arbeidssted, med mindre slike opplysninger røper et klientforhold eller andre forhold som må anses som personlige.»

Det vert gjort merksam på at det også fylgjer særskilte reglar for teieplikt i andre lover, som t.d. Helsepersonellova § 21 og Opplæringslova § 15-1.

Sjå dokument i høve teieplikt i Kvalitetslosen (Compilo).

- Teieplikt
- Teieplikt for helsepersonell
- Teieplikt i krisesituasjonar

## **9.5. Seniorpolitikk**

I Herøy kommune har vi seniorpolitikk vedteken av Arbeidsmiljøutvalet. For å tydeleggjere både forventningar og bruken av seniorpolitikken har ein sett opp ein del fokusområde og tiltak, sjå i Kvalitetslosen (Compilo).

- Seniorpolitikk vedteken i AMU

Målsetting:

90% av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år. Minimum 50% av desse skal stå i arbeid til fylte 67 år.

## **9.6. Likestilling og mangfald**

Herøy kommune tok i perioden 2013-2014 del i prosjektet «Likestilte kommuner».

«Likestilte kommuner er tiltak 1 i «Likestilling 2014 - regjeringens handlingsplan for likestilling mellom kjønnene». Tiltaket skal styrke arbeidet for likestilling mellom kvinner og menn i kommunens virksomhet:

«Regjeringen vil utvikle et eget program for likestilte kommuner. Programmet har til hensikt å øke kompetansen og innsatsen for integrering av likestillingsperspektivet i kommunal politikk og tjenester.»

«Likestilte kommuner har gitt 20 kommuner mulighet til å arbeide aktivt med integrering av likestillingsperspektiv som offentlig myndighet (planlegger, samfunnsutvikler og tjenesteyter) og som arbeidsgiver. Likestilte kommuner har pågått i 2 år (2013-2014) og har inneholdt forankringsmøter, kurs for ledere, eget arbeid i kommunene, veiledning og jevnlig nettverkssamlinger med faglig påfyll, refleksjon og erfaringsutveksling. Prosjektet ble avsluttet med en nasjonal konferanse i november 2014, med blant annet presentasjon av arbeid fra kommunene.»

- Sluttrapport – Likestilte kommunar
- Sluttrapport – likestilling og mangfald i Herøy kommune og Ulstein kommune

## 9.7. Medarbeidarsamtale (PLUS-samtale)

Planleggings- og utviklings samtalen (PLUS-samtalen) er eit verkty som skal bida til at medarbeidarane og organisasjonen utviklar seg.

PLUS-samtalen skal;

- bidra til å oppnå Herøy kommune/ avdelinga sine målsetjingar
- bidra til å betre organisasjonskulturen
- vere eit verkty for personalplanlegging og personleg karriereplanlegging
- vere ei formalisering av leiar si vurdering av og tilbakemelding på medarbeidaren si jobbutføring

Gjennomføring av PLUS-samtalen startar med at rådmannen har PLUS-samtalar med resultatavdelingsleiarane, som deretter har PLUS-samtale med leiarane på nivået under seg. På den måten kan Herøy kommune sine målsetjingar og vektlegging av prioriterte områder bli systematisk og tydeleg formidla vidare til alle nivå. Samtalen skal haldast ein gong i året.

Sjå dokument om PLUS-samtale i Kvalitetslosen (Compilo).

- PLUS retningslinjer
- PLUS-samtale leiar
- PLUS-samtale medarbeidar

## 9.8. Arbeidskonflikt og streik

Herøy kommune har utarbeidd egne retningslinjer for handtering av arbeidskonflikt og streik.

Målet med retningslinjene er å sikre forsvarleg drift av dei tenestene Herøy kommune leverar.

Hovudavtalen § 5.1.2 a) seier at "[f]ør kampmidler nyttas i forbindelse med interessekonflikter, forplikter organisasjonene seg til snarest mulig å forhandle om å unnta fra aksjoner personer eller grupper som er nødvendig for at ikke tredjemanns interesser skal skades på en utilbørlig måte".

Partane har med andre ord ansvaret for at brukarane ikkje blir skadelidande og at liv og helse ikkje vert sett i fare.

Kommunen sine oppgåver er å ivareta brukarane sin interesser.

Kommunen skal også bidra til at arbeidstakarorganisasjonane sin streik kan avviklast på ein ryddig måte – og respektere formelle køyrereglar, samt eventuelle forordningar frå KS.

Rådmannen har det overordna ansvaret for den daglege drifta i Herøy kommune under ein eventuell streik. Medlemmane i rådmannen si leiargruppe, som etter delegasjon eller fullmakt har fått arbeidsgjevarmynde og styringsrett for sin sektor, er ansvarleg for dei einskilde avdelingane:

- |                                       |                           |
|---------------------------------------|---------------------------|
| ○ Sentraladministrasjonen             | v/ Rådmannen              |
| ○ Fellessekretariatet                 | v/ Ass. rådmann           |
| ○ Personal- og organisasjonsavdelinga | v/ Personal- og org.leiar |
| ○ Økonomiavdelinga                    | v/ Økonomileiar           |
| ○ Servicetorget                       | v/ Sevicetorgleiar        |
| ○ IKT-avdelinga                       | v/ IKT-leiar              |
| ○ Utviklingsavdelinga                 | v/ Utviklingsleiar        |
| ○ Kulturdeling                        | v/ Kulturleiar            |
| ○ Eigedomsavdelinga                   | v/ Eigedomsleiar          |
| ○ Skuleavdelinga                      | v/ Skuleleiar,            |
| ○ Barnehageavdelinga                  | v/ Barnehageleiar         |
| ○ Avdeling for Barn, familie og helse | v/ BFH-leiar              |
| ○ Pleie- og omsorgsavdelinga          | v/ Pleie- og omsorgsleiar |
| ○ Bu- og habiliteringsavdelinga       | v/ Bu og hab.leiar        |

Avdelingsleiarar som er ansvarleg for den enkelte avdeling har også fått delegert arbeidsgjevarmynde.

Sjå retningslinene i Kvalitetslosen (Compilo).

- Plan og køyrereglar ved streik

## 10.Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Forkortinga HMS står for helse, miljø og sikkerheit. Omgrepet er eit samleomgrep for det interne arbeidet på arbeidsplassen som er knytt til helsevern, miljøvern, arbeidsmiljø og trygghet for medarbeidarane.

Etter Arbeidsmiljølova § 1-1 er målsettinga blant anna å:

«sikre et arbeidsmiljø som gir grunnlag for en helsefremmende og meningsfylt arbeidssituasjon, som gir full trygghet mot fysiske og psykiske skadevirkninger»

Arbeidsmiljøet vert gjerne definert som:

«summen av alt som påvirker deg på arbeidsplassen»<sup>xxix</sup>

Ein delar ofte arbeidsmiljøfaktorane opp i:

- Fysisk – produksjonsmiddel og utstyr
- Psykososialt – individretta<sup>xxx</sup>
- Organisatorisk – systemretta

Det vert synt til dokument i Kvalitetslosen (Compilo).

- Herøy kommune si overordna HMS-handbok/plan
- Roller, ansvar og omgrep i HMS-arbeidet

### 10.1. Systematisk HMS-arbeid (internkontroll)

Dei krav og verkemiddel som vert sett til arbeidsmiljøet fylgjer av kapittel 3 og 4 i Arbeidsmiljølova.

Forskrift om systematisk hels, miljø og sikkerheitsarbeid (Internkontrollforskrifta) gjeld for Herøy kommune.

Internkontrollforskrifta seier at den som leier verksemda pliktar å syte for systematisk oppfølging av dei krav regelverket stiller til HMS i eiga verksemd.

Arbeidet skal gjerast i samarbeid med arbeidstakar og deira representantar.

Målet er å sikre at utfordringa, feil og manglar vert oppdaga og teke hand om. Internkontroll er med andre ord kvalitetssikring av HMS-arbeidet.

Det vert òg synt til og andre relevante dokument på Kvalitetslosen (Compilo).

- System for arbeidet med Helse, miljø og sikkerheit (HMS) i Herøy kommune
- Sjekkliste for HMS

---

<sup>xxix</sup> <http://www.arbeidslivet.no/Arbeid1/Arbeidsmiljo-og-HMS/>

<sup>xxx</sup> Harald Pedersen, Arbeidsmiljøloven § 12, 2002 side 17

## 10.2. Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) og handlingsplan

Kvalitetslosen (Compilo) har eigen ROS-modul som skal nyttast som analyseverktøy.

- ROS i Kvalitetslosen

Ei ROS-analyse vil i utgangspunktet vere å stille tre spørsmål.

- Kva kan gå gale?
- Kva kan ein gjere for å hindre det?
- Korleis kan ein redusere konsekvensane om det likevel skulle skje?

På bakgrunn av dei funna ein gjer under ROS-analysen skal det settast opp ein handlingsplan. Planen skal synleggjere kva som må gjerast for å redusere/fjerne risiko, kven som er ansvarleg for å gjennomføre tiltaket og tidspunkt for når dette skal vere gjort. Det er sjølve gjennomføringa av tiltaka som er den viktigaste delen av HMS-arbeidet.

## 10.3. Avviksmelding og varsling

I Herøy kommune er avvik definert slik;

- Manglande oppfølging av spesifiserte krav som lovkrav eller brot på prosedyre
- Personskade
- Vi praktiserer eit utvida avviksombegrep. Det vil sei "eit avvik er noko som ikkje skal eller bør skje"

Med varsling meiner ein å sei i frå om kritikkverdige tilhøve på arbeidsplassen, sjå Aml. § 2-4.

Arbeidsmiljølova §§ 2-4, 2-5 og 3-6 regulerer medarbeidar sin rett til å varsle. Førsegnene skal styrkje den reelle yringsfridomen i eit tilsettingshøve. Arbeidsmiljølova sine varslingsregler omfattar tilfelle der medarbeidar varslar om kritikkverdige tilhøve på arbeidsplassen som medarbeidar vert kjend med, og som er eller kan vere i strid med;

- Lovar og reglar
- Verksemda sine retningslinjer
- Ålmenn oppfatning av kva som er forsvarlig eller etisk akseptabelt

Dokument og rutinar i Kvalitetslosen (Compilo).

- Avvikshandtering – definisjon, ansvarsfordeling og saksgang
- Avviksmodulen i Kvalitetslosen (leiarar)
- Manual tilsette
- Varsling etter arbeidsmiljølova
- Avvik og varsling



## 10.4. Ansvarslinene

Kommunestyret er det øvste organet i kommunen og trekkjer hovudlinene for den politikk som skal førast. Kommunestyret har det øvste økonomiansvaret og fordelar pengane kommunen har til rådvelde gjennom årlege budsjett.

Kommunestyret har ved delegeringsreglement fastsett delegering av mynde til rådmannen, jfr. K-sak 91/02. Etter kommunelova skal all delegering frå politisk nivå til administrasjonen gjevast til rådmannen. Rådmannen har fått delegert avgjerdsmynde frå kommunestyret i saker som ikkje er prinsipielle. Det kan i enkelte høve vere uklart kva som er prinsipielle/ikkje-prinsipielle saker. Der det er tvil, må ein ta opp dette med rådmannen som fremjar spørsmålet til politisk avklaring. Rådmannen kan delegere mynde vidare så langt det ikkje står at mynde i ei sak er lagt til "rådmannen sjølv".<sup>xxxi</sup>

I fylgje delegasjon frå kommunestyret til rådmannen (K-sak 27/16) er det rådmannen som har overordna ansvaret HMS-ansvaret i Herøy kommune.

Rådmannen har gjennom delegasjonsfullmakt og funksjonsskiltring delegert HMS-ansvaret vidare til leiarane i rådmannen si leiargruppe. Det vil sei at kvar avdelings-/tenesteleiar er ansvarleg for HMS innanfor sitt ansvarsområde.

Rådmannen har gjennom delegasjonsfullmakt og funksjonsskiltring delegert særskilt HMS-ansvaret vidare til personal- og organisasjonsleiar.<sup>xxxii</sup> Dette gjeld;

- Leie stabs- og støttefunksjon i samband med nærværarbeid, sjukefråværsoppfølging og HMS-arbeid i heile organisasjonen
- Dette inneber ansvar for i samarbeid med næraste leiar å kome med forslag til tiltak og tilrettelegging på arbeidsplassen
- Personal- og organisasjonsavdelinga skal føre statistikk, drive analyse- og informasjonsarbeid og rapportere på overordna systemnivå
- Vidare drive rettleiing og leggje til rette for kompetansehevande tiltak
- Særskilte ansvar for AKAN-arbeidet og HMS-systemet i organisasjonen

Meir om dei ulike rollene i HMS-arbeidet, sjå nedanfor.

---

<sup>xxxi</sup> Om delegasjon, sjå <https://snl.no/delegering%252Fjuss>

<sup>xxxii</sup> Sjå personal- og organisasjonsleiar si delegeringsfullmakt og funksjonsskiltring i Kvalitetslosen

## 10.5. Rollene i HMS-arbeidet<sup>xxxiii</sup>

I utføringa av HMS-arbeidet har ulike aktørar ulike roller. Det er viktig at alle medarbeidarar er kjend med si rolle og sitt ansvar, slik at HMS-arbeidet held kontinuerleg god kvalitet.

### 10.5.1. Arbeidsgjevar

Arbeidsgjevar sine pliktar følgjer av Arbeidsmiljølova kap. 2. Det er arbeidsgjevaren som har ansvar for at arbeidsmiljøet er forsvarleg på alle måtar, og er i samsvar med Arbeidsmiljølova med tilhøyrande forskrifter.

Plikta omfattar blant anna:

- Syte for at arbeidsplassen er i tråd med gjeldande krav
- Syte for kartlegging av arbeidsmiljøet
- Syte for stadig kontroll av arbeidsmiljøet og medarbeidar si helse
- Syte for HMS-plan og tiltaksplan innan eige ansvarsområde

### 10.5.2. Medarbeidar

Medarbeidar har òg plikter i høve arbeidsmiljøet, som følgjer av Arbeidsmiljølova kap. 2. Medarbeidar har plikt til å medverke til gjennomføring av tiltak som vert sett i verk i høve HMS og ta det i det organiserte vernearbeidet.

Medarbeidar plikter å fylgje verne- og sikkerheitsrutinar som er fastsett. Brot med slike rutinar kan få følgjer for tilsettingshøvet, jf. rettspraksis.

Ein medarbeidar som oppdagar feil eller manglar pliktar å utbetre, og/eller beinvegs melde frå om dette til arbeidsgjevar. Om medarbeidar meiner arbeidet som vert utført set liv og helse i fare, skal vedkomande beinvegs avbryte arbeidet.

### 10.5.3. Verneombod (VO) og hovudverneombod (HVO)

Verneombod si rolle og oppgåver følgjer av Arbeidsmiljølova kap. 6. Verneombodet er medarbeidar sin representant i spørsmål knytt til HMS. VO skal ivareta medarbeidar sine interesser i saker som gjeld arbeidsmiljøet.

VO skal blant anna sjå til;

- At produksjonsreiskap og liknande ikkje utset medarbeidar for fare
- Naudsynt verneutstyr er tilgjengeleg for alle medarbeidarar
- Medarbeidar får naudsynt opplæring og instruksjon
- At det vert meldt frå om eventuelle arbeidsulukker

---

<sup>xxxiii</sup> Sjå Arbeidstilsynet sine nettsider om Roller i HMS-arbeidet <http://www.arbeidstilsynet.no/fakta.html?tid=207363>

Oversyn over verneområde og verneombod finn du på Kvalitetslosen (Compilo).

➤ Verneområde – verneombod

Hovudverneombod (HVO) er koordinator for verneomboda for dei ulike verneområda.

- HVO har same mynde som VO
- HVO skal ta vidare saker som ikkje vert løyst i eininga
- HVO møter i AMU og Kontaktmøte
- HVO skal saman med toppleiinga arbeide systematisk med HMS-spørsmål
- HVO kan ikkje overstyre lokalt VO

#### 10.5.4. Arbeidsmiljøutvalet (AMU)<sup>xxxiv</sup>

AMU skal arbeid for eit fult ut forsvarleg arbeidsmiljø i organisasjonen. AMU skal ta del i planlegging og oppfylginga av verne- og HMS-arbeidet i organisasjonen.

AMU skal:

- Handsame spørsmål som gjeld bedriftshelse- og vernetenesta
- Handsame spørsmål om opplæring og instruksjon som kan ha verknad for arbeidsmiljøet
- Handsame planar om nye lokalar, prosessar eller ombygging, som krev samtykke frå Arbeidstilsynet
- Handsame planar som kan få vesentleg tyding for arbeidsmiljøet, slik som nyt arbeidsutstyr, rasjonalisering, endringar i arbeidsprosessar og førebyggjande vernetiltak
- Ta aktivt del i HMS-arbeidet, ta del i kartleggingar, utarbeiding av handlingsplanar og gje råd i høve prioriteringar og tiltak
- Vurderer helse- og velferdsaspektet ved arbeidstidsordningar
- Gå igjennom alle rapportar om ulukker, nesten-ulukker og sjukdom som kan skuldast arbeidsmiljøet. Særskilt ha fokus på grunnen til hendinga og sjå til at arbeidsgjevar gjer det som er naudsynt for å hinder at det skje igjen
- Gå igjennom alle rapportar som yrkeshygieniske undersøking og måleresultat
- Handsame spørsmål om tilrettelegging for arbeidstakar med redusert funksjonsevne
- Utarbeide årsrapport AMU kan opprette underutval.

Reglementet for Administrasjonsutvalet finn du på Herøy kommune sine nettsider under Politikk og Val / Politiske reglement.

---

<sup>xxxiv</sup> <https://www.heroy.kommune.no/politikk/politisk-reglement/>

#### 10.5.5. Bedriftshelsetenesta (BHT)

BHT si rolle er heimla i Arbeidsmiljølova § 3-3. BHT gjev råd og rettleiing til arbeidsgjevar og arbeidstakar. BHT hjelper organisasjonen informasjon om arbeidsmiljøtilhøve, er med å overvake arbeidsmiljøet og kjem med forslag til tiltak.

Kvart år utarbeidar arbeidsgjevar i samarbeid med IA-utvalet ein handlingsplan for organisasjonen i høve til dømes:

- Arbeidsmiljøkartlegging
- Kurs og opplæring
- Helsekontroll
- Helsesertifisering
- Temadagar
- Individuelle oppfølging t.d. sjukefråværsoppfølging

BHT sin representant har møterett til Arbeidsmiljøutvalet.

Det vert synt til dokument på Kvalitetslosen (Compilo).

- Handlingsplan BHT
- Rutinar i samband med oppfølging av avtale om bedriftshelseteneste (BHT)
- Avtale med Aktiv trening for kundar i Stamina Helse

#### 10.5.6. Tillitsvalde (TV) og hovudtillitsvald (HTV)

TV vert normalt vald av medlemmane i ein arbeidstakarorganisasjon på ein arbeidsplass for å vere talsperson. Arbeidstakarorganisasjonane si hovudoppgåve er arbeide for betre løns og arbeidsvilkår for medlemmane.

I Hovudavtalen del B § 2-2 er TV definert som «[a]rbeidstaker tilsatt i kommune/fylkeskommune og som er valgt/utpekt av medlemmene i sin arbeidstakerorganisasjon til å ivareta de oppgaver som fremgår av denne avtalen.» Arbeidsmiljølova har ingen direkte regel som krev at verksemda skal ha tillitsvaldordning, men legg til grunn ved fleire høver at tilsette er representert gjennom TV i saker som gjeld arbeidsvilkår.

TV skal hjelpe sine medlemmar i å ivareta dei generelle arbeidsvilkår, men og stå til rådvelde for medlem i einskildsaker, t.d. lønsforhandlingar og personalsaker. TV vert soleis eit bindeledd mellom leiinga og dei tilsette.

I Hovudavtalen del B § 2-3 er HTV definert som «[t]illitsvalgt som er valgt/utpekt av medlemmene i sin arbeidstakerorganisasjon for å koordinere og bistå de tillitsvalgte i deres arbeid overfor kommunen/fylkeskommunen, jf. § 3-3 d.»

Det vil sei at for å ha ein HTV må det minst vere ein TV som HTV skal «koordinere og bistå».

## 10.6. Inkluderande arbeidsliv (IA) og IA-utvalet

«Inkluderende arbeidsliv er et arbeidsliv for alle som kan og vil bidra. Partene i arbeidslivet dvs. arbeidstakerorganisasjonene, arbeidsgiverorganisasjonene og regjeringen har inngått en avtale - IA-avtalen - om å gjøre det norske arbeidslivet mer inkluderende.

IA-avtalen består av en sentral og en lokal del. Den sentrale delen setter tre mål nemlig å redusere sykefraværet, øke andelen med redusert arbeidsevne i arbeidslivet og å øke yrkesaktivitet for eldre arbeidstakere. Den lokale delen – samarbeidsavtalen - inngås mellom virksomhetene og NAV Arbeidslivssentrene og gir virksomheten rett til å kalle seg IA-virksomhet. En slik virksomhet får ekstra ressurser fra NAV til å arbeide med å nå de tre delmålene.»<sup>xxxv</sup>

Herøy kommune ved rådmann og ein HTV har signert IA-avtale med NAV, gjeldande for perioden 2014-2018.

For same periode har Herøy kommune ved IA-utvalet utarbeida ein handlingsplan for IA-arbeidet.

Dokumenta er å finne i Kvalitetslosen (Comoilo).

- IA-avtale 2014-2018
- Handlingsplan (IA) inkluderande arbeidsliv 2014-2018

## 10.7. Administrasjonsutvalet (ADM) og likestillingsutvalt<sup>xxxvi</sup>

Utvalet er kommunen sitt partssamansette utval etter kommunelova § 25 for handsaming av fellessaker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

Utvalet er også kommunen sitt likestillingsutval.

Utvalet bør prioritere arbeidet med:

- Arbeidsgjevarpolitikk i vid forstand (jr. KS si arbeidsgjevarpolitiske plattform)
- Personalpolitiske retningsliner for kommunen si verksemd
- Rammer, reglement og retningsliner for administrasjonen sin operative personalfunksjon
- Mål og rammer for kommunen si opplæringsverksemd og kompetanseutvikling

Reglementet for Administrasjonsutvalet finn du på Herøy kommune sine nettsider under Politikk og Val / Politiske reglement

---

<sup>xxxv</sup> <http://inkluderende.no/om-inkluderende-arbeidsliv/hva-er-inkluderende-arbeidsliv>

<sup>xxxvi</sup> <https://www.heroy.kommune.no/politikk/politisk-reglement/>

## 10.8. Arbeidsavklaringsutvalet

Arbeidsavklaringsutvalet (AAU) er eit underutval av Arbeidsmiljøutvalet (AMU). Medlemmane av AAU vert godkjende av AMU, på bakgrunn av tilråding frå Kontaktmøte og IA-utvalet.

AAU er eit rådgjevande organ. Det skal medverke til å leggje til rette arbeidet slik at medarbeidar, som er blitt hemma i sitt yrke på grunn av sjukdom eller skade, skal kunne fortsette i arbeid så langt som det er mogleg. Medlemmane i AAU er peika ut for same periode som AMU (2 år), med moglegheit for attval. AAU har møte ved behov og det skal skrivast referat frå møta. Saksdokument som inneheld personopplysningar skal arkiverast i elektronisk personalmappe.

Alle medlemmar i AAU og/eller som medverkar til saker for AAU har teieplikt.

Sjå dokument i høve AAU i Kvalitetslosen (Compilo).

- Mandat og retningsline for Arbeidsavklaringsutvalet (AAU) i Herøy

## 10.9. Kontaktutvalet og kontaktmøte

Kontaktutvalet består av representantar frå arbeidsgjevar (rådmann, personal- og organisasjonsleiar og personalmedarbeidar), HVO, HTV og TV.

Kontaktutvalet er soleis eit partsamansett utval der ein har gjensidig informasjonsdeling og gjennomfører drøftingar i saker innanfor Hovudavtalen og Hovudtariffavtalen sitt område. Kontaktutvalet gjev uttale til andre politiske utval og tilrådingar til administrasjonen. I tillegg vert det gjennomført avtalte drøftingar innan særskilte tema.

- Årshjul Kontaktutvalet

Det vert halde kontaktmøte ein gong i månaden, sjå møteplan i Kvalitetslosen.

- Møteplan for Kontaktmøte

Referat frå Kontaktmøta vert lagt på intranett.

## 10.10. Akan og ruspolitikk

«Akan kompetansesenter er en ideell organisasjon som eies av Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO), Landsorganisasjonen i Norge (LO) og staten. Virksomheten finansieres av staten ved Helsedirektoratet, LO, NHO, samt egne kursinntekter. Norsk Arbeidsgiverforening (NAF, nå NHO) og LO stiftet AKAN i 1963. AKAN var den gang initialord for 'Arbeidslivets komité mot alkoholisme og narkomani'. Staten kom med på eiersiden året etter»<sup>xxxvii</sup>

---

<sup>xxxvii</sup> <http://akan.no/om-oss/>

Basert på tidlegare drøftingar med arbeidstakarorganisasjonane og råd frå Akan driv Personal- og organisasjonsavdeling å utarbeidar overordna retningsliner for Akan-arbeidet og ruspolitikken for tilsette i kommunen.

Det vert synt til gjeldande dokument på Kvalitetslosen (Compilo).

- Prosedyre ved rus i tenesten og rustesting

Vedtekne retningsliner vil verte lagt ut på Kvalitetslosen (Compilo).

### **10.11. Arbeidsmiljøprisen**

Eit godt arbeidsmiljø er nødvendig for at alle medarbeidarar i Herøy kommune skal nå dei til ein kvar tid sette mål. I Herøy kommune har vi mykje godt arbeidsmiljø og ved ein-skilde avdelingar er det gjennomført arbeidsmiljøtiltak som har gjeve positiv effekt.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) ser det som viktig at vi kan lære av einannan når det gjeld godt arbeidsmiljø, og har difor oppretta ein arbeidsmiljøpris for å sette fokus på dette.

Sjå dokument i høve arbeidsmiljøprisen i Kvalitetslosen (Compilo).

- Arbeidsmiljøprisen – statuttar

### **10.12. Velforeining for tilsette ved rådhuset**

Ved rådhuset driftar dei tilsette ei eiga velforeining for medarbeidarar ved rådhuset. Velforeininga arrangerer ulike velferdstiltak for dei tilsette, t.d. julebord, ulike turar og andre festivitatar, samt fredagslotteriet.

Dei turane som velforeininga har arrangert har normalt vore utanlandsturar, t.d. New York, Dublin, Praha, Brussel, Amsterdam, Wien m.fl.

Målsetjinga for velforeininga er å bidra til eit godt og inkluderande arbeidsmiljø, og skape trivsel og gode opplevingar.

For tida leiar Jan Driveklepp velforeininga.

Kanskje ynskjer du å starte noko liknande ved din arbeidsstad?

## 11. Hovudavtalen (HA) og Hovudtariffavtalen (HTA)

Hovudavtalen (HA) er ein overordna tariffavtale som regulerer spørsmål av meir overordna og grunnleggande karakter mellom hovudorganisasjonane på arbeidsgjevar- og arbeidstakarsida.<sup>xxxviii</sup>

Hovudtariffavtalen (HTA) er ein landsomfattande tariffavtale (avtale om arbeids- og lønsvilkår) som vert inngått mellom hovudorganisasjonane på arbeidsgjevar- og arbeidstakarsida. Ein HTA i offentleg sektor (kommunal/statleg) gjeld for alle forbunda på arbeidstakarsida.<sup>xxxix</sup>

Innanfor kommunal sektor er nemnde avtalar inngått mellom KS, LO Kommune, YS Kommune, Unio, Akademikarane Kommune og to frittstående forbund.

### 11.1. Hovudavtalen (HA) si oppbygging

HA inneheld føresegner om forhandlingsordningar, prosedyrar i tillegg til arbeidsgjevar og tillitsvalde sine rettar og plikter. HA er eit virkemiddel for å sikre god samhandling og føremålstenelege prosessar mellom partane.<sup>xl</sup>

HA er delt inn i tre delar A, B og C. I tillegg har inneheld han ein vedleggsdel.

Del A Forhandlingsordningen, gjev definisjonar og føresegner kring forhandlingar og tvisteløysingar.

Del B Kommuner og fylkeskommuner, inneheld særskilte føresegner retta mot kommunar, slik som arbeidsgjevar og arbeidstakar sine rettar og plikter, partsamansette utval og permittering.

Del C Andre selvstendige rettssubjekter med eget medlemskap i KS, gjeld særskile føresegner for kommunale føretak, jf. Kommunelova kapittel 11.

### 11.2. Føremål og intensjon

HA har til hensikt å skape best mogleg samarbeidsgrunnlag mellom partane. HA skal òg vere eit verkemiddel for å sikre og leggje til rette for gode prosessar og for ein positiv utvikling av kvalitative gode tenester i kommunen.

Det avgjerande for eit godt resultat er at medarbeidar og deira organisasjonar vert involvert so tidleg som råd i arbeidet med omstillingar og reformer. Medverknad gjennom informasjon og drøftingar skal kunne gjennomførast uansett kvar og på kva nivå ei avgjerd vert teke.

---

<sup>xxxviii</sup> <https://snl.no/hovedavtale>

<sup>xxxix</sup> <https://snl.no/hovedtariffavtale>

<sup>xl</sup> <http://www.ks.no/fagomrader/Arbeidsgiver/lonn-og-tariff/hovedavtalen/>



### 11.3. Hovudtariffavtalen (HTA) si oppbygging

HTA inneheld føresegner som regulerer arbeids- og lønsvilkår. HTA er delt inn i sju kapittel i tillegg til vedlegg.

Kapittel 1 Fellsebestemmelser, gjev overordna føresegner om arbeidsvilkåra, slik som tilsetjing, oppseiing, arbeidstid og permisjon.

Kapittel 2 Pensjonsforhold, heimlar t.d. retten til tenestepensjon og avtalefesta pensjon (AFP).

Kapittel 3 Generelle lønns- og stillingsbestemmelser, omhandlar t.d. dei generelle vilkåra, løn for leiarar og tillitsvalde.

Kapittel 4 Sentrale lønns- og stillingsbestemmelser, inneheld dei ulike stillingsgruppene si garantiløn ved 0 års ansiennitetstid, lønstillegg pga. ansiennitet og lokale forhandlingsreglar m.m.

Kapittel 5 Lokale lønns- og stillingsbestemmelser, gjeld for særskilte stillingar som advokat, ingeniør, lege, psykolog og rådgjevarstillingar.

Kapittel 6 Lærlingar, omhandlar krav til lærekontrakt, definisjonar og løn.

Kapittel 7 Varighet, av sjølve avtalen.

### 11.4. Nokre hovudtrekk og prinsipp

- Hovudavtalen sitt føremål og intensjon
- Rolleforståing
- Omgrep
- Samhandlingsformer
- Rettar og plikter
- Tillitsvaldsordninga

Sjå foilsett frå KS si fellesopplæring i Kvalitetslosen (Compilo) om:

- Fellesopplæring i Hovudavtalen
- Fellesopplæring i Hovudavtalen – stort format

### 11.5. Kort om drøftingar og forhandlingar

Det er vesentlege skilnader mellom drøftingar og forhandlingar.<sup>xli</sup>

Med drøfting meiner ein møte mellom arbeidsgjevar og medarbeidar (tillitsvalde) for å diskutere og utveksle synspunkt i aktuelle saker før det vert teke ei avgjerd. Om det er usemje mellom arbeidsgjevar og medarbeidar, tek arbeidstakar ei avgjerd i saka i kraft

---

<sup>xli</sup> Sjå <https://snl.no/dr%C3%B8fting>

av styringsretten. Døme på tilfelle der drøfting naudsynt og føremålstenleg er, t.d. korleis arbeidsoppgåver skal løysast og organisering av arbeidet.

Ved forhandlingar er det ein føresetnad at arbeidsgjevar og medarbeidar vert samde om avgjerda. Tilfelle der forhandlingsinstituttet skal nyttast er t.d. lønsforhandlingar og ved oppseiing.

## 12. Personal- og lønsarbeid arbeid

Personal- og organisasjonsavdelinga utbetalar løn og godtgjersle. For at rett utbetaling skal skje til rett tid er det viktig at alle medarbeidarar held fristar og nyttar utarbeida skjema.

### 12.1. Løn og lønsarbeid

Herøy kommune utbetalar løn den 12. i kvar måned, basert på dei opplysningar som Personal- og organisasjonsavdelinga har innan gjevne fristar.

Informasjon og bilag som dannar grunnlag for lønsutbetaling eller utbetaling av godtgjersle fylgjande måned, skal vere godkjend og tilvist, og personal- og organisasjonsavdelinga hende seinast innan den 3. kvar måned.

Medarbeidar kan som hovudregel ikkje rekne med å få etterbetalt etter dette tidspunkt ved manglande eller mangelfulle opplysningar. Korrigert løn vil verte utbetalt ved neste lønskøyring den 12. månaden etter.

Det vert som hovudregel ikkje utbetalt forskot på løn.

Personal- og organisasjonsavdelinga ynskjer at lønsslipp vert sendt ut per e-post. Medarbeidar med kommunal e-post vil få tilsendt lønsslipp. Om ein ikkje har kommunal e-post er det ynskjeleg at tilsette gjev informasjon om privat e-postadresse.

#### 12.1.1. Melding om løn

Løn og ansiennitet vert fastsett på bakgrunn av dokumentert utdanning og praksis. Lønsendingar skjer fyrst frå det tidspunkt medarbeidar kan dokumentere t.d. etter- og vidareutdanning.

Melding om endring (stillings- og/eller lønsending) og stopp av løn m.m. må meldast til Personal- og organisasjonsavdelinga i god tid og innan frist. Melding kan sendast på e-post, og eventuelle endra avtalar og liknande kan ettersendast.

#### 12.1.2. Arbeidsavtalar og skjema

Ved etablering og registrering av løn skal fylgjande skjema nyttast;

- Registrering av personar i lønssystemet

Ved fast tilsetjing vert tilbod og arbeidsavtalar utarbeida på Ephorte. Ut over dette skal mellombelse avtalar sendast til Personal- og organisasjonsavdelinga for registrering og arkivering. Desse avtalane finn ein på Kvalitetslosen (Compilo).

- Rutine ved bruk av tilkallingsvikar
- Tidsavgrensa arbeidsavtale

- Tidsavgrensa arbeidsavtale – mellombels utviding av stilling
- Tidsavgrensa arbeidsavtale – alderspensjon
- Arbeidsavtale om fortsatt arbeid etter fylte 70 år
- Avtale om vikararbeid etter tilkalling
- Oppdragsavtale støttekontakt

Sjå også kapittel om tilsetting og rekruttering.

### 12.1.3. Manuelle timelister

Tilsette med fast løn og faste tillegg og arbeidstid får utbetalt løn kvar måned i trå med arbeidsavtalen. Det same gjeld for avtalt turnusarbeid, men her skal det nyttast eige skjema ved korrigeringar og tillegg m.m. Dette skjemaet er å finne i på Pleie- og omsorg og Bu- og habaliteringsavdelinga sine interne system.

For andre tilsette og ved tillegg og endringar nyttar vi ulike lønsskjema.

Det er svært viktig at skjema vert fylt ut korrekt, med rett ansvar og funksjon. Skjema skal signerast av leiar eller annan med mynde.

For å finne rett timeliste nyttar du Kvalitetslosen (Compilo) og søkeorda;

- Timeliste
- Tilleggslistar

Timelister for Kvalifiseringsprogram og Introduksjonsprogrammet er det NAV sosial som administrerar.

## 12.2. Arbeidstid og fleksitid

Arbeidsmiljølova kapittel 10 gjeld for tilsette i Herøy kommune, med dei avgrensingar som kjem fram av Aml. § 10-12.

Publikumsservice skal prioriterast og i hovudregelen skal alle vere til stades i kjernetida. Dersom det høver for arbeidet, kan medarbeidar kome og gå innafor ytre arbeidstid.

- Kjernetid er mellom: 09:00 – 14:30
- Ordinær arbeidstid er mellom: 08:00 – 16:00
- Inkludert i ordinær arbeidstid: 30 min. pause utan løn
- Ytre arbeidstid er mellom: 07:00 – 09:00 og 14:30 – 20:00  
måndag til fredag heile året.

Med fleksibel arbeidstid meiner vi at den einskilde medarbeidar innanfor visse rammer sjølv kan velje start- og sluttidspunkt for arbeidsdagen.

Desse rammene er omfatta ei kjernetid og ei ytre arbeidstid.

Med kjernetid meiner vi tida medarbeidar normalt skal vere til stade på arbeid, og ytre arbeidstid er den tida medarbeidar sjølve kan velje start- og sluttidspunkt på arbeidstida.

Reglement for fleksibel arbeidstid gjeld i utgangspunktet for alle tilsette med dagararbeidstid (37,5 t/v og 36 t/v) jf. definisjon i Hovudtariffavtalen, Kapittel 1 i fellesbestemmelsane § 1 punkt 1.1 og punkt 1.2.

Unntatt for dette fleksitidsreglementet er alt turnuspersonell som har arbeidstidsordningar som medfører teneste

Det same gjeld driftspersonell organisert i arbeidslag, t.d. tilsette i Brannvern. Likeeins gjeld ordninga ikkje for ekstrahjelp og vikarar som vert engasjert for einsskilde arbeidsdagar eller avgrensa arbeidsperiodar.

Deltidstilsett medarbeidar som har definert arbeidstid einsskilde dagar eller innanfor kjernetid er likevel ikkje omfatta av ordninga. Medarbeidar i slike stillingar må avtale uttak av meirarbeidstid med sin næraste leiar, t.d. reinhaldspersonell.

Sjå i Kvalitetslosen (Compilo).

- Reglement for fleksibel arbeidstid i Herøy kommune
- Særskilt avtale om arbeidstid

Sjå også kapittel om tidsregistreringssystem Tidsbanken og tidBANK.

### **12.3. Flyttegodtgjersle**

Reglementet gjeld for fast tilsette arbeidstakarar i Herøy kommune.

Flyttegodtgjersle kan ytast når utgiftene ved flytting er så store at dei har betydning for om arbeidstakaren kan tiltre stillinga.

Arbeidstakaren må fremje søknad om slik godtgjersle. Søkjarar skal gjerast merksam på kommunen sitt reglement for flyttegodtgjersle.

- Retningsliner for flyttegodtgjersle

### **12.4. Reiserekningar**

Reiserekningar kan førast elektronisk eller manuelt.

#### **12.4.1. Elektronisk reiserekning**

Grunnlaget for reiserekningar er det til ein kvar tid gjeldande Reiserekningsregulativ SGS 1001. Reiserekningar skal i utgangspunktet gjerast i Agresso. Sjå brukarretteiinga i Kvalitetslosen (Compilo).

- Reiserekningsmodulen
- Utleggstypene

Reiserekningar på reiserekningsmodulen skal tilvisast berre på det ansvar tilsette jobbar.

#### 12.4.2. Manuell reiserekning

For medarbeidarar eller andre som ikkje nyttar reiserekningsmodulen i Agresso, skal dette nyttast eige skjema.

- Reiserekningssskjema

Manuelle reiserekningar må også vere påført ansvar og funksjon. Den som tilviser slike har ansvar for at dette er påført. Dato og klokkeslett ved avreise og heimkomst er viktig ved krav om diett.

### 12.5. Databriller/terminalbriller

Utgangspunkt er Forskrift bnr. 528 til Arbeidsmiljølova – Arbeid ved dataskjerm, kap. 5 § 11. "Arbeidstakerne skal få tilbud om øyeundersøkelse og synsprøve foretatt av en person med nødvendige kvalifikasjoner." Samt "Veiledning om arbeid ved dataskjerm" AT 540.

Reglementet gjeld for alle medarbeidarar i Herøy kommune som ein vesentleg del av arbeidstida si arbeider ved dataskjerm. Vi har som ei minstemål sett som krav at arbeidstakaren må arbeide to timar eller meir i gjennomsnitt dagleg ved skjermterminal. Tilbodet om terminalbrille gjeld først og fremst faste tilsette.

Føremålet er å førebyggje syns - og helseplager som følgje av arbeid ved dataskjerm. Dokumentet skal sikre medarbeidar og arbeidsgjevar sine rettar og plikter i høve til Arbeidsmiljølova.

Sjå reglement for databriller/terminalbriller i Kvalitetslosen (Compilo).

- Terminalbriller

Søknad om refusjon av utgifter i samband med databriller/terminalbriller skal settast fram på eige skjema.

- Søknad om databriller/terminalbriller

## 12.6. Ferie<sup>xlii</sup>

Det er Ferielova som regulerer medarbeidar sin rett til ferie. I tillegg er det gjeve ytterlegare rettar for medarbeidarar i Herøy kommune, jf. HTA kapittel 1 § 7 og fylgjande.

### 12.6.1. Lovbestemt ferie

Hovudregelen er at medarbeidar har rett på 25 yrkedagar ferie i året, jf. Ferielova § 5 (1). Yrkedagar er alle dagar som ikkje er sundag eller lovbestemt helg- eller høgtidsdag.

Det vil sei at 6 yrkedagar utgjer 1 arbeidsveke.

Ein medarbeidar har soleis rett på 4 veker og ein yrkedag ferie kvart kalenderår. Dette vert kalla den lovbestemte ferien. Ferielova kan som hovudregel ikkje avvikast til skade for arbeidstakar, jf. Ferielova § 3.

### 12.6.2. Avtalefesta ferie

I tillegg har medarbeidar i Herøy kommune rett på 5 yrkedagar kvart ferieår, jf. HTA kapittel 1 § 7 punkt 7.4.1.

Til saman har ein medarbeidar i Herøy kommune rett på 5 veker ferie kvart ferieår.

### 12.6.3. Sjukdom og ferie

Medarbeidar som vert heilt (100%) arbeidsufør før ferieavvikling, kan krevje at ferien vert utsett til seinare i ferieåret. Kravet må dokumenterast med legeerklæring og settast fram seinast siste arbeidsdag medarbeidar skulle hatt, før han/ho gjekk ut i ferie, jf. Ferielova § 9 (1).

Medarbeidar som vert heilt (100%) arbeidsufør under ferieavvikling, kan krevje at tilsvarande tal yrkedagar vert utsett og vert gitt som ny ferie seinare i ferieåret. Kravet må dokumenterast med legeerklæring og settast fram beinvegs etter at han/ho har byrja i arbeid att, Ferielova § 9 (1).

### 12.6.4. Praktisering av ferieordninga

Herøy kommune v/ arbeidsgjevar og representantar frå arbeidstakarorganisasjonane i kommunen hadde ei arbeidsgruppe i 2006 som gjekk igjennom praktiseringa av ferieordninga i kommunen. Arbeidet resulterte i dette informasjonsskrivet som presiserer praksisen i høve dette temaet. Informasjonsskrivet er revidert juli 2013.

---

<sup>xlii</sup> Sjå også <http://www.arbeidstilsynet.no/index.html> om ferie

- Praktisering av ferieordninga i Herøy kommune
- 20 spørsmål om ferie
- Informasjon om feriekonto, sjukdom og ferie og ferietrekk

#### 12.6.5. Overføring av ferie

Med heimel i Ferielova § 7 (3) har medarbeidar rett til å avtale overføring av 12 vyrkedagar, uteståande ferie frå det eine ferieåret til det neste.

I tillegg har den medarbeidar, etter HTA kapittel 1 § 7 punkt 7.4.6. jf. punkt 7.4.1., rett til å avtale overføring av 5 vyrkedagar, uteståande ferie frå det eine ferieåret til det neste.

Medarbeidar i Herøy kommune har etter dette rett til å avtale overføring av til saman 17 vyrkedagar frå det eine ferieåret til det neste. Avtalen skal gjerast skriftleg med næraste leiar.

Sjå Kvalitetslosen (Compilo)

- Avtale om overføring av ferie

### 12.7. Permisjonar

Ein skil mellom retten til ulike typar permisjonar:

- Lovbestemte permisjonar, t.d. foreldrepermisjon
- Tariffbestemt permisjon, t.d. permisjon ved utøving av offentlege verv
- Lokalbestemt permisjon (permisjonsreglement), t.d. velferdspermisjon

I Kvalitetslosen (Compilo) finn du:

- Oversikt over permisjonsføresegner heimla i lov og avtaleverk

I tillegg skil ein mellom løna og uløna permisjon.

Det vert òg gjort merksam på at om ein er i uløna permisjon kan det ha tyding for rettar etter andre lovverk, t.d. Folketrygdlova.

#### 12.7.1. Foreldrepermisjon

Næraste leiar må syte for at medarbeidar får beskjed om å kontakte personal- og organisasjonsavdelinga for utfylling av skjema i god tid før nedkomst/henting (gjerne 3 mnd.). Dette slik at personal- og organisasjonsavdelinga får god tid til å svare medarbeidar og sende inntektsopplysningar til NAV. Far må også gje melding i god tid før uttak av foreldrepermisjon.

- Melding om fødsels- og foreldrepermisjon



- Melding om foreldrepermisjon etter adopsjon

Melding om permisjon for far (hjelparar) dei 2 første vekene under og rett etter fødsel/adopsjon. Det skal registrerast som fråvær.

- Melding om permisjon for far
- Melding om permisjon for adoptiv

#### 12.7.2. Om handsaming og permisjonar etter permisjonsreglementet

Permisjonsreglementet er meint som rettleiande i høve permisjonssøknader og handsaming av desse. Reglementet er ikkje uttømmmande.

Reglementet skal være med å legge til rette, slik at tilsette i Herøy kommune kan få fri når viktige behov tilseier det og når uventa ting skjer. Samtidig skal permisjonar gjevast slik at kommunen opprettheld kvaliteten på tenestene.

Søknad om permisjon skal leverast skriftleg og i god tid før tidspunktet permisjonen gjeld for. Om situasjonen tilseier at ein ikkje kan søkje på førehand, skal medarbeidar levere søknadsskjema i etterkant. Fråvær frå arbeid som ikkje på førehand eller så tidleg som mogeleg er klarert med næraste leiar, regnast som ugyldig fråvær og skal behandlast som ei personalsak.

Permisjonssøknad skal leverast næraste leiar. Søknaden skal innehalde grunngjeving og den heimel søknaden byggjer på og være underteikna av søkjar. Eventuell dokumentasjon skal leggjast ved.

Private gjeremål skal så langt det let seg gjere leggjast til fritida til den einskilde arbeidstakar.

Ved handsaming av permisjonssøknader skal vedteke permisjonsreglement for Herøy kommune, Arbeidsmiljølova, Hovedtariffavtalen og Hovedavtalen samt andre aktuelle lover og særavtalar leggjast til grunn.

Ved handsaming av permisjonssøknader som ikkje er lov- eller avtalefesta, skal det takast nødvendige omsyn til budsjetttrammer, personalsituasjon og driftsomsyn.

Permisjonsreglementet gjeld ikkje når det er i strid med gjeldande lov- og avtaleverk.

Næraste leiar som har fullmakt til å avgjere permisjonssøknadar, pliktar så snart som råd, å sende kopi til personal- og organisasjonsavdelinga.

Personal- og organisasjonsavdelinga har ansvar for registrering av fråvær og trekk i lønn, samt fylle ut erklæring om trekk i lønn.

Det er delegert frå rådmannen til næraste leiarane å gjere vedtak om velferdspermisjonar og lov og avtalefesta rettar. Permisjonar utover dette er delegert til personal- og organisasjonsleiaren å avgjere.

Det ligg til rådmannen å gjere endringar av reglementet som gjeld oppdatering i høve til lov- og avtaleverk, samt tilsvarande endringar som ikkje er knytt til innhaldsendringar.

Det ligg til administrasjonsutvalet å gjera endringar i innhaldet i reglementet.

### 12.7.3. Permisjonsreglementet for Herøy kommune

Sjå permisjonsreglementet i Kvalitetslosen (Compilo).

- Permisjonsreglementet for Herøy kommune
- Definisjonar, vedlegg til permisjonsreglementet

Kapittel 1 - Omfang, Lønsansiennitet, Feriepengar, Pensjonsmedlemskap

Kapittel 2 - Velferdspermisjonar

Kapittel 3 - Permisjon for utføring av tillitsverv / ombod

Kapittel 4 - Ymse permisjonsføresegner

Kapittel 5 - Utdanningspermisjonar

Sjå søknadsskjema i Kvalitetslosen (Compilo).

- Tillitsvalde søknad om permisjon
- Offentlege tillitsverv søknad om permisjon
- Velferdspermisjon søknadsskjema

I høve permisjonar for tillitsvalde og ombod må næraste leiarane sette seg godt inn i når permisjonane skal vere med eller utan løn og krysse av om dette på søknadane.

Personal- og organisasjonsleiar er næraste leiar for HTV Fagforbundet, HTV Utdanningsforbundet og HVO.

## 12.8. Seniorpolitiske verkemiddel

Herøy kommune har fleire seniorpolitiske verkemiddel, jf. Seniorpolitikken. To av dei mest sentrale og viktige verkemidla er:

### 12.8.1. Seniorsamtalen

Kommunestyret handsama i møte 21.03.2013, K-sak 40/13 om seniorpolitiske.

Herøy kommunestyre vedtok mellom anna at seniorsamtalar gjennomførast kvar år frå fylte 60 år.

Seniorsamtalen er ein samtale mellom medarbeidar og nærmaste leiar. Målet er å kartlegge den einskilde si moglegheit for å fortsette i arbeid lengst mogeleg.

- Seniorsamtalen – forslag til innhald

### 12.8.2. Senioravtalen

Senioravtalen skal vere ein motivasjonsfaktor for å stå lengre i arbeid, ved anten å kunne få utbetalt eit ekstra kronebeløp i året, ekstra fridagar eller kombinasjon av desse.

- Senioravtale
- Utfyllande administrative reglar

### 12.9. Heidring

Herøy kommune har eige heidringsreglement for tilsette. Med heidring i dette reglementet meiner ein gåve og/eller merksemd frå arbeidsgjevar si side. Reglementet regulerer ikkje private og/eller kollegialen gåver og/eller merksemd.

Det er næraste leiar som har ansvar for å syte for heidring av egne tilsette.

- Heidring av kommunalt tilsette

## 13. Sjukefråvær og oppfølging

Folketrygdlova (Ftrl) kapittel 8, Arbeidsmiljølova (Aml) og Hovudtariffavtalen (HTA) har føresegner kring sjukefråvær, sjukepengar og oppfølging m.m. I tillegg kjem interne rutinar og retningsliner m.m.

Herøy kommune har eigne rutinar for sjukefråværsoppfølging.

- Rutinar ved oppfølging av sjukemeldte

Hovudmålet er at Herøy kommune skal gjennom ei aktiv arbeidsgjevarhaldning bidra til ein så høg nærværsprosent som mogleg. Kommunen skal fremje alle medarbeidarar sin innsats, engasjement og utvikling innanfor trygge arbeidsvilkår.

NAV har utarbeidd informasjonsskriv om oppfølging av sjukmeldt medarbeidar.

- Oppfølging av sjukemeldte – informasjon frå NAV

### 13.1. Omgrep

Med sjukmelding meiner ein legemeldt sjukefråvær, jf. Ftrl § 8-7. Med eigenmelding meiner ein der arbeidstakar melder til arbeidsgjevar at han/ho er arbeidsufør, utan å dokumentere dette med legeerklæring, jf. Ftrl § 8-23. Med oppfølging i samband med sjukefråvær meiner vi all form for samarbeid, dialog, medverknad og tilrettelegging m.m. som er heimla i Folketrygdlova, Arbeidsmiljølova (Aml), og/eller i interne retningsliner.

### 13.2. Sjukmelding og krav om sjukepengar

Medarbeidar skal levere del C og D til næraste leiar beinvegs etter at han/ho har blitt sjukmeld. Dette for å orientere næraste leiar om sjukefråværet.

- Del C er ei melding til arbeidsgjevar om at arbeidstakar er sjukmeld
- Del D er krav (søknad) om sjukepengar eller refusjon av sjukepengar

Det er avgjerande viktig at del D er signert, uttømande og korrekt utfylt. Næraste leiar har ansvar for å kvalitetssikre del D. Næraste leiar skal vidaresende del C og D til Personal- og organisasjonsavdelinga for handsaming.

Næraste leiar bør ta kopi av sjukmeldinga (del C og D) og passe på å få inn ny ved vidare sjukmelding.

### 13.3. Rett til sjukepengar

For rett til sjukepengar frå arbeidsgjevaren må medarbeidar vore tilsett i minst 4 veker, jf. Ftrl § 8-18. Ein kan ha rett på sjukepengar frå NAV dersom ein ikkje har oppteningstid.

Herøy kommune pliktar å betale løn dei 16 fyrste dagane av ei sjukmelding (arbeidsgjevarperioden), jf. Ftrl § 8-19.

Herøy kommune forkotterar sjukepengar for fast tilsette medarbeidarar med fastløn. Det vil sei at løna vert utbetalt som vanleg når ein er sjukmeldt ut over arbeidsgjevarperioden, sjå Hovudtariffavtalen § 8 jf. § 1. Herøy kommune krev deretter refusjon frå NAV for utbetalt sjukepengar frå den 17. dagen.

Sjå informasjon i Kvalitetslosen (Compilo).

- Sjukemeldingar og refusjon

#### **13.4. Bortfall av rett til sjukepengar**

Det er fleire grunnar til at ein taper retten til sjukepengar, til dømes:

- Manglande aktivitet etter 8 veker (aktivitetskravet), jf. Ftrl § 8-4 jf. § 8-7
- Manglande medverknad, jf. Ftrl § 8-8
- Opphald i utlandet, jf. Ftrl § 8-9
- Maksimalt uttak av sjukepengedagar, jf. Ftl § 8-12

#### **13.5. Eigenmelding**

Folketrygdlova §§ 8-23 – 8-27 heimlar eigenmeldingsordninga. Intensjonsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv gjev arbeidstakar i IA-verksemd rette til å nytte utvida eigenmelding. Sjå meir informasjon i Kvalitetslosen.

- Informasjon om utvida eigenmelding

Ved bruk av eigenmeldingsdagar skal det nyttast særskilt skjema. Det er viktig at medarbeidar og næraste leiar kontrollarar at det er kryssa av rett på eigen sjukdom eller barns sjukdom og bakside og om det sett inn datoar f.o.m. – t.o.m.

Dersom foreldre/føresette fylgjer barn til undersøking hos lege/sjukehus/tannlege skal det nyttast eigenmelding om sjuke barn. Det skal i utgangspunktet ikkje søkast velferdspermisjon.

- Eigenmelding om sjukefråvær og sjukt barn

Ein medarbeidar kan misse retten til å bruke eigenmeldingar, jf. Ftrl § 8-27. Ved vurdering og avgjerd om tap av retten til bruk av eigenmelding skal det nyttast eige skjema.

- Tap av retten til å nytte eigenmelding

### 13.6. Kronisk sjuk medarbeidar

Om ein medarbeidar har ein langvarig og/eller kronisk sjukdom som medfører risiko for særleg stort sjukefråvær, kan medarbeidar eller arbeidsgivaren søkje NAV for å få dekt sjukepengane i arbeidsgivarperioden.

Det er næraste leiar sitt ansvar å fylgje opp og søke om dette.

Sjå meir om dette på NAV sine nettsider.

### 13.7. Sjukefråværsoppfølging

Oppfølging i samband med sjukefråvær kjem til utrykk både i lov og tariffavtale, til dømes:

- Arbeidsgjevar plikter å fylgje opp sjukmeld medarbeidar jf. Aml § 4-6
- Medarbeidar plikter å medverke/samarbeide jf. Ftrl § 8-8
- NAV plikter å fylgje opp jf. Ftrl § 8-7a
- Løn ved omplassering pga. sjukdom jf. HTA kapittel 1 § 3 punkt 3.4.1

Sjå Herøy kommune sine egne rutinar for sjukefråværsoppfølging.

- Rutinar ved oppfølging av sjukemeldte

#### 13.7.1. Ansvar og roller

Det er alltid medarbeidar sin næraste leiar som skal fylgje opp den sjukmeldte. Dette fylgjer av det generelle personalansvaret, stillingsskildring og delegasjon.

Leiar for avdelinga/tenesteområd har hovudansvaret for:

- Sjukefråværsoppfølginga vert gjennomført i trå med lovverk, avtalar og interne rutinar innanfor
- Oppfølging av egne medarbeidarar/leiarar (leiarstøtte)
- Sjukefråværsstorleiken og sjukefråværsutviklinga
- Initiere og sette i verk tiltak for å styrkje kompetanse og avgrense sjukefråværet

Personal- og organisasjonsavdeling har hovudansvar for:

- utvikle system og retningsliner for sjukefråværsoppfølging
- system for arbeidsavklaring
- gje forslag til tiltak og tilrettelegging på arbeidsplassen
- føre statistikk, drive analyse- og informasjonsarbeid og rapportere på overordna systemnivå
- å drive rettleiing og leggje til rette for kompetansehevande

Det vert synt til delegasjon og stillingsskildring for dei ulike stillingane.

Ta kontakt med Personal- og organisasjonsavdelinga om du har spørsmål i høve sjukefråværsoppfølging.

### 13.7.2. Oppfølgingssirkelen<sup>xliii</sup>

Oppfølgingssirkelen gjev eit samla og visuelt oppsett over sjukefråværsoppfølginga i Herøy kommune frå 1. sjukefråværsdag til endeleg avklaring.

#### ➤ Oppfølgingssirkelen

Herøy kommune legg til grunn NAV sitt førebygging- og oppfølgingssystem med dialogmøte, oppfølgingsplan og tilrettelegging m.m.<sup>xliv</sup>

Det vert også synt til retningslinene kring Arbeidsavklaringsutvalet.

### 13.7.3. Førebyggande sjukefråværsarbeid

Næraste leiar, eventuelt verneombod/tillitsvald, skal orienterast ved begynnande plager slik at naudsynt tilrettelegging for å unngå sjukefråvær kan gjennomførast. Formålet er å kunne gjere noko med situasjonen før det går så langt at ein må oppsøkje sjukmeldar.

I Herøy kommune har vi samarbeid med bedriftshelsetenesta som også kan ta del i oppfølginga i høve:

- arbeid med å greie ut og foreslå tilrettelegging for at sjukmelde medarbeidar skal komme tilbake i arbeid
- arbeid for å hindre at medarbeidar fell ut av arbeid
- deltaking frå bedriftshelsetenesta si side på dialogmøte etter sju vekers sjukefråvær (maks to timar)

Arbeidsgjevar kan søke NAV om refusjon av utgifter, sjå skjema i Kvalitetslosen.

#### ➤ Søknad om refusjon frå NAV

Når tilrettelegging for ein medarbeidar fører til meirutgifter eller meirinnsats, kan Her kommune som IA-verksemd søkje om førebyggings- og tilretteleggingstilskot. NAV kan gi tilskot til blant anna:

- opplæring i nye arbeidsoppgåver, tilrettelegging, kurs, kortare opplæringstiltak eller arbeidstrening
- transport til og frå arbeidsplassen når tilrettelagd arbeid berre er mogleg på ein annan arbeidsplass innanfor verksemda enn der medarbeidar arbeider til dagleg

---

<sup>xliii</sup> Vedteke av AMU den 30.11.2015

<sup>xliv</sup> <https://www.nav.no/no/Bedrift/Oppfolging+og+rapportering/Oppfolging+av+sykmeldte>

- dekning av meirutgifter til ekstrapersonell når medarbeidar må avlastast eller andre oppgåver utan å vere sjukmeld eller ved sidan av gradert sjukmelding
- kjøp eller leige av gjenstandar, arbeidshjelpemiddel eller anna fysisk utstyr som ikkje blir dekte etter folketrygdlova § 10-5
- opplæring av medarbeidarar, leiarar og tillitsvalde i førebyggjande sjukefråværsarbeid
- arbeidsplassvurdering av kvalifiserte fysioterapeutar/ergoterapeutar i IA-verksemder som ikkje har bedriftshelseteneste

NAV gir ikkje tilskot til behandling, lovpålagde HMS-kurs eller generelle velferdstiltak.

For skjema og meir informasjon, sjå NAV sine nettsider om Førebyggings- og tilretteleggingstilskot for IA-verksemder og BHT-honorar

#### 13.7.4. Fyrste fråværsdag

Medarbeidar skal gje beskjed til næraste leiar eller leiar sin stedfortredar per telefon første fråværsdag.

Ved turnusarbeid og sjukdom på kveld/natt kan du gje beskjed til fagkoordinator, eventuelt ein kollega. Næraste leiar skal kontaktast dagen etter.

Informert om lengda av sjukefråværet om mogleg. Eigenmelding skal fyllast ut og leverast personleg til næraste leiar så snart som praktisk råd.

Er det nødvendig med fråvær utover eigenmeldingsperioden må det skrivast sjukmelding. Sjukmeldar vurderer alltid først om gradert sjukmelding er mogleg.

Sjukmelding skal leverast til næraste leiar, sjå over.

#### 13.7.5. Oppfølgingsplan og Dialogmøte 1

Innan 4 veker skal næraste leiar og medarbeidar utarbeide oppfølgingsplan, der bl.a. funksjonsevne, tiltak og tidsperspektiv kjem fram.

- Oppfølgingsplan for sjukemeldte
- Rettleiing til utfylling av oppfølgingsplan

Innan 7 veker skal næraste leiar og medarbeidar gjennomføre dialogmøte 1.

Arbeidsgjevar kallar inn til dialogmøte 1, med mindre det er openbart unødvendig. Bedriftshelsetenesta og sjukmeldar vert òg innkalla. Medarbeidar kan reservere seg mot at sjukmeldar deltek. Medarbeidar har møteplikt på dialogmøtet, med mindre det er medisinske grunnar som hindrar det. Tillitsvald eller ein annan som medarbeidar har tillit til kan takast med ved behov.



Målet er å snakke saman om kva som skal til for å hindre at sjukefråværet vert unødige langvarig. Saman skal ein sjå på moglegheitene og avgrensingar.

➤ Innkalling til dialogmøte 1

#### 13.7.6. Aktivitetskravet

Aktivitetskravet er sett frå og med 8 veker. Den sjukmelde medarbeidar må då ta opp igjen arbeidet, enten heilt eller delvis. Sjukmeldar må melde frå på sjukmeldinga, dersom det er tungtvegande medisinske grunnar til at aktivitet ikkje er aktuelt. NAV vurderer kravet om arbeidsrelatert aktivitet og avgjer om det framleis er grunnlag for rett til sjukepengar. Medarbeidar pliktar å vere aktivt deltakande i tilretteleggingsarbeidet.

Medarbeidar og arbeidsgjevar skal oppdatere oppfølgingsplanen. Planen skal innehalde kva som er gjort i sjukefråværsperioden.

#### 13.7.7. Dialogmøte 2

Kring 26 veker ut i sjukefråværet skal NAV kalle inn til Dialogmøte 2.

Tema er oppfølgingsplanen og muligheter for løysingar på arbeidsplassen samt om det er behov for rehabilitering eller yrkesretta attføring. Medarbeidar har møteplikt med mindre det er medisinske grunnar som forhindrar det. Tillitsvald eller ein annan som medarbeidar har tillit til kan takast med ved behov.

#### 13.7.8. Dialogmøte 3

Medarbeidar, arbeidsgjevar, sjukmeldar eller NAV kan krevje at det vert kalla inn til Dialogmøte 3 i regi av NAV. Medarbeidar har møteplikt med mindre det er medisinske grunnar som forhindrar det. Om mulig avklaring av vidare arbeid/omplassing/attføring/arbeidsforhold. Medarbeidar kan ta med tillitsvald eller ein annan person som han har tillit til.

#### 13.7.9. Maks sjukepengar og arbeidsavklaringspengar (AAP)

Ved maks uttak av sjukepengar er det normalt tre løp vidare, anten 1) byrjar arbeidstakar å arbeide i si fulle stilling, 2) er det tale om overgang til arbeidsavklaringspengar frå NAV eller 3) medarbeidar gjeng over til alderspensjon.

Om arbeidstakar går over på AAP kan vedkomande kan også ha rett til utbetalingar (uførepensjon) frå KLP/SPK. Næraste leiar har ansvar for å orientere arbeidstakar om denne retten.

Spørsmål om overgang frå sjukepengar kan rettast til Personal- og organisasjonsavdelinga og/eller NAV.

### 13.7.10. Endeleg arbeidsavklaring

Sjå om Arbeidsavklaringsutvalet ovanfor.

- Mandat og retningsline for Arbeidsavklaringsutvalet (AAU) i Herøy

## 14.Lærlingar

Herøy kommune er medeigar i Ytre Søre Sunnmøre Opplæringskontor.

Opplæringskontoret for lærlingar i kommunale fag for ytre, søre Sunnmøre vart oppretta 1. januar 1999 med kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein som eigarar. Frå 1.januar 2008 er Vanylven kommune med i Opplæringskontoret.

### 14.1. Fagområde

Kontoret er fleirfagleg med basis i opplæring innan kommunal verksemd. Kontoret har også private verksemdar som medlemsbedrifter. Opplæringskontoret er godkjend for følgjande fag: helsearbeidarfaget, aktivtørfaget, IKT-servicefaget, institusjonskokkfaget, barne og ungdomsarbeidarfaget, kontor- og administrasjonsfaget og feiarfaget.

### 14.2. Opplæringskontoret og lærekontrakt

Opplæringskontoret er eit service- og samarbeidskontor for bedrifter i eigarkommunane som tek på seg opplæringsansvar for lærlingar. Med basis i Opplæringslova legg Opplæringskontoret til rette for den best moglege fagopplæringa, i nært samarbeid med kommunane/bedriftene. Lærekontrakten vert teikna mellom lærlingen og Opplæringskontoret, på vegne av medlemsbedriftene.

Sjå nettsida til opplæringskontoret: <http://oppleringytre.pedit.no/web/>

### 14.3. Arbeidsavtale

I tillegg til lærekontrakt må ein inngå arbeidsavtale mellom lærling og læreverksemda (Herøy kommune og avdeling). Arbeidsavtalen regulerer tilsettingshøve, som arbeidstid og løn. Arbeidsavtalen finn du i Kvalitetslosen (Compilo).

- Arbeidsavtale mellom lærling og læreverksemd

### 14.4. Roller

Det er næraste leiar og lærlingkontakt som har arbeidsgjevar- og fagansvaret, og skal fylgje opp den einskilde lærling ute i avdeling.

Pleie- og omsorgsavdelinga har tilsett fagutviklingsssjukepleiar som har sei særskilt ansvar for lærlingar innanfor sektroen.

Personal- og organisasjonsavdelinga har ein koordinerande rolle, og administrerar t.d. tal på lærlingplassar og økonomi.

## 15.Forsikring, pensjon og rettferdsvederlag (billighetserstating)

Herøy kommune har pensjonsordningar i to ulike selskap Kommunal landspensjonskasse (KLP) og Statens pensjonskasse (SPK).

Herøy kommune har kollektive personforsikringar og tingforsikringar gjennom KLP.

Sjå nettsider <https://www.klp.no> og <https://www.spk.no>

I tillegg kan Herøy kommune i særskilte tilfelle yte rettferdsvederlag (billighetserstating).

### 15.1. Pensjonsordningar

Dei fleste som arbeider i Herøy kommune har pensjonsavtale gjennom KLP. Undervisingspersonell har derimot pensjonsavtale i SPK.

Både KLP og SPK har gode og informative nettsider om dei ulike pensjonsordningane og rettane til medlemmane.

Oversyn over pensjonsordningar:

- Uførepensjon (mellombels eller varig)
- Avtalefesta pensjon (AFP)
- Alderspensjon
- Dødsfall
- Pensjon til attlevande

Ytterlegare informasjon om pensjonsordningane er å finne i Kvalitetslosen (Compilo).

- Brosjyre frå KLP om pensjon
- Brosjyre frå KLP om uførepensjon
- Brosjyre frå KLP om å tene pengar ved sidan av uførepensjon
- Brosjyre frå KLP om alderspensjon og AFP
- Brosjyre frå KLP om pensjon til attlevande

Alle medarbeidarar vert trekt 2% av brutto månadsløn for innbetaling til pensjonskassen (KLP/SPK).

#### 15.1.1. Søknader og ansvar

Personal- og organisasjonsavdelinga kan gje informasjon i høve pensjon og KLP/SPK. Avdelinga syt òg for å sende søknader/melding til KLP/SPK, t.d. ved overgang til uførepensjon.

Det ligg likevel til næraste leiar å informere og å fylgje opp sine eigne medarbeidarar.

Om det er tale om å sette fram søknad til KLP/SPK oppmodar vi om at medarbeidar tek kontakt med Personal- og organisasjonsavdelinga og/eller pensjonskassa i god tid.

Det vert gjort merksam på at medarbeidar kan ha rettar både i høve KLP/SPK, NAV og privat pensjons- og/eller forsikringsordning. Arbeidsgjevar har ikkje noko ansvar for t.d. fremjing av på vegne av medarbeidar i høve NAV og/eller andre private pensjons- og/eller forsikringsordning. Her lyt den einskilde medarbeidar sjølv ta ansvar for å sette fram krav og fylgje opp.

## 15.2. Forsikringar

Herøy kommune har delt forsikringsporteføljen i to ansvarsområde:

- o Personal- og organisasjonsleiar (PO) har ansvar og administrerer for personal- og elevforsikringar
- o Eigedomsléiar (E) har ansvar og administrerer for ansvar-, eigedom- og køyreforsikringar

### Oversyn over forsikringstypar og administrator:<sup>xlv</sup>

Administrator	Forsikringstype	Avtalenamn
E	Kommuneeiendom	Eiendom m.m
E	Næringsbygg	
E	Båt	Ansvar m/øvrigde dekninger
E	Maskin	Eiendom m.m
E	Datamaskin (stasjonær)	Ansvar m/øvrigde dekninger
E	Datamaskin (bærbar)	Ansvar m/øvrigde dekninger
E	Verdigjenstand	Ansvar m/øvrigde dekninger
E	Innbrudd/ran	Ansvar m/øvrigde dekninger
E	Kommuneansvar	Ansvar m/øvrigde dekninger
E	Kriminalitet	Ansvar m/øvrigde dekninger
E	Byggherreansvar	Byggherreansvar
E	Bygg under oppføring	Eiendom m.m
E	Transport (ting)	Ansvar m/øvrigde dekninger
PO	Yrkesskade/ulykke	Personavtaler + reise
PO	Barne- og elevulykke	Personavtaler + reise
PO	Kollektiv ulykke	Personavtaler + reise
PO	Reise (elev)	Personavtaler + reise
PO	Reise (tilsette)	Personavtaler + reise
PO	Gruppeliv	Gruppeliv
E	Motorvogn	Kommunebil

<sup>xlv</sup> Oversynet er henta frå Herøy kommune si side i KLP

Meir informasjon finn ein på Kvalitetslosen (Compilo).

- Generelt om personforsikring
- Generelle vilkår gruppeliv og yrkesskade
- Forsikringsbevis kollektiv gruppeliv
- Brosjyre frå KLP om personforsikring
- Brosjyre frå KLP om kollektiv ulykkesforsikring

#### 15.2.1. Skademelding og ansvar

Ved tingskade skal den som utøver eller oppdagar skaden, beinvegs melde dette til Eigedomsléiar på føremålstenleg vis. Eigedomsléiar handterer saka vidare med KLP.

Ved personskade eller yrkessjukdom har nærast leiar ansvar for at dette vert meldt vidare til NAV og Personal- og organisasjonsavdelinga.

NAV skal ha melding gjennom eige NAV-skjema:

- Melding om yrkesskade eller yrkessjukdom som er påført under arbeid  
eller
- Melding om yrkesskade eller yrkessjukdom påført elev/student

Personal- og organisasjonsavdelinga skal han melding gjennom:

- Kopi av skademelding til NAV  
og
- Skademeldingsskjema KLP

KLP skal ha melding om skaden når:

- NAV/Helfo ikkje dekkje behandlingsutgiftene  
eller
- Alvorlege medisinsk skader  
eller
- Inntektstap

# Skader – hva skal meldes?

## Når og til hvem bør en hendelse meldes?

Både skader og yrkesrelaterte sykdommer meldes til NAV - arbeidsgiver har en plikt til å gjøre dette. Under NAV sin yrkesskadeordning dekkes de fleste former for nødvendig medisinsk behandling ved yrkesskade og yrkessykdom.

Kun ved yrkesskade der det er oppstått et økonomisk tap som følge av ulykke, bør skaden også meldes til forsikringsselskapet. Behandlingsutgifter som kan dekkes hos NAV, blir ikke dekket over yrkesskadeforsikringen.

En skade som følge av en ulykkeshendelse i arbeid (yrkesskade), meldes til KLP Skadeforsikring dersom den har medført:

- behandlingsutgifter som NAV / HELFO har avslått å dekke
- betydelige varige medisinske følger
- inntektstap

Tilsvarende gjelder ved yrkessykdom godkjent hos NAV.

Dersom skaden er registrert hos arbeidsgiver eller hos NAV, er det ikke nødvendig å melde skaden til forsikringsselskapet. Det vil være tilstrekkelig å vise til hendelsen slik den er registrert hos arbeidsgiver eller NAV, hvis man på et senere tidspunkt ønsker å komme tilbake til saken for vurdering av eventuelt erstatningskrav. Det er ikke nødvendig å registrere skaden hos forsikringsselskapet «for sikkerhets skyld».



Skjema og lenke til skjema er å finne på Kvalitetslosen (Compilo).

- Melding om yrkesskade til NAV
- Skademeldingsskjema KLP

Sjå også KLP sine sider om melding om skader [www.klp.no](http://www.klp.no)

## 15.2.2. Gruppeliv – framhaldsforsikring

I fylgje Forsikringsavtalelova § 19-7, har du som tilsett i Herøy kommune rett til å halde fram livsforsikringa etter at arbeidsforholdet er avslutta. Du treng ikkje gje nye helseopplysningar, og premien vert fastsett individuelt. Ta kontakt med KLP.

## 15.2.3. Fritidsforsikring

Herøy kommune tilbyr tilsette fritidsforsikring (ulykke) gjennom KLP. Ta kontakt med Personal- og organisasjonsavdelinga.

### 15.3. Rettfærdsvederlag (Billighetserstatning)

Herøy kommune er vanlegvis ikkje erstatningspliktig dersom tilsette får øydelagt eller private gjenstandar vert stolne på arbeidsplassen (vanleg norsk rettspraksis).

Som medarbeidar i kommunen kan ein ikkje rekne med å få særbehandling utover det som er vanleg praksis i arbeidslivet elles, eller bryt med norsk skadebot (erstatningsrett).

Medarbeidar er personleg ansvarleg for sine handlingar i arbeid og fritid, og det er den einskilde medarbeidar som må vurdere sitt behov for forsikring og eigenandelar når det gjeld privat eigedom.

Rådmannen v/ personal- og organisasjonsavdelinga har høve til å gje rettfærdsvederlag på vegne av kommunen, etter skjøn innanfor den ramma som er fastsett av kommunen, for tida maksimalt kr. 3 000,-. Dette skjønet skal utvisast i nært samarbeid med den respektive leiaren i rådmannen si leiargruppe som aktuell sak sorterer under. Kostnaden skal dekkast av den avdeling den skadelidde medarbeidar er organisert i.

I denne samanheng vert det presisert at rettfærdsvederlag ikkje er ein rett som er nedfelt i tariffavtalane mellom medarbeidar og arbeidsgjevar, men er meint å vere ei "utstrekkt hand" frå arbeidsgjevar når ekstraordinære, private skader/ tap av økonomisk art oppstår i ein arbeidssituasjon.

Sidan ytinga er basert på omsynet av kva som er rimeleg, må det utøvast eit konkret skjøn i kvart einskild tilfelle for å unngå forskjellshandsaming av søknader.

Avslag på søknad kan ankast til formannskapet.

Retningslinene er å finne på Kvalitetslosen (Compilo).

- Billighetserstatning for tilsette i Herøy kommune



## 16. Økonomi og budsjett

Det fylgjer av den einskilde leiar si delegeringsfullmakt kva økonomi- og budsjettansvar han eller ho har i høve si avdeling og eining.

### 16.1. Leiaransvar

Normalt har leiar totalansvar innanfor sit ansvarsområde.

- Avdelingsleiaren har ansvar for gjennomføring av vedtatt budsjett for ansvarsområdet, med mål og tiltak og føresetnader. Oversikt over ansvarsområda i budsjettet som er tillagt personalleiar følgjer vedlagt i kopi til denne delegeringsfullmakta
- Avdelingsleiaren har medansvar for gjennomføring av budsjettet for heile kommunen
- Avdelingsleiaren har budsjettansvar og rett til å gjere budsjettendringar innfor eige budsjett i samsvar med gjeldande økonomireglement
- Avdelingsleiar pliktar å rapportere i samsvar med gjeldande retningsliner for rapportering
- Avdelingsleiar skal melde frå til rådmannen så tidleg som råd om det oppstår vanskar i høve vedteken ramme, og skal sette i verk og elles foreslå dei tiltak som er naudsynte for å oppretthalde balansen i budsjettet
- Avdelingsleiar har innkjøpsmynde / rekvisisjonsrett innanfor sitt budsjettansvarsområde, i høve til gjeldande innkjøpsreglement, gjeldande rammevilkår for offentlege kjøp, og i høve til reglar for bilagshandsaming
- Avdelingsleiar har tilvisingsrett for heile ansvarsområdet, jfr. eiga oppstilling over budsjettansvar. Tilvising skal skje i høve til gjeldande økonomireglement og rutine for bilagshandsaming
- Avdelingsleiar kan ikkje tilvise rekningar som vedkjem ein sjølv (kurs, køyregodtgjerse m.v.). Slike rekningar skal tilvisast av rådmannen el ass rådmann. Tilsvarende gjeld ved videredelegering

### 16.2. Økonomiavdelinga

Økonomiavdelinga skal vere ein intern støttefunksjon i samband med utarbeiding av budsjett og økonomiplan og løpande budsjettkontrollar, rekneskapsføring og finansforvaltning i samsvar med økonomi- og finansreglementa.

Avdelinga skal sikre at kommunerekneskapen vert førd i samsvar med lover og forskrifter.

Skatteoppkrevjaren har ansvar for skatterekneskapen, innfordring av skattar og avgifter, i tillegg til rettleiing og kontroll av arbeidsgjevarar.

### 16.3. Økonomileiar

Teneste og ansvarsområder for økonomileiar er:

- Overordna økonomiforvaltning og styring
- Budsjett- og økonomiplanarbeid
- Budsjettkontrollar
- Finansforvaltning
- Finansiering/låneopptak
- Kommunerekneskap og anna rekneskap
- Fakturering og administrere inn- og utbetalingar
- Innkreving av kommunale avgifter og betaling for kommunale tenester
- Likviditetsstyring
- Innkjøpsfunksjonen og utarbeiding av innkjøpsrutiner
- Innfordring av skatt og arbeidsgjevaravgift
- Ekstern og intern kontroll av arbeidsgjevarar
- Førning av kommunen sitt skatterekneskap
- Skatteavrekning av alle forskots- og etterskotspliktige skatteytarar
- Årsavrekning arbeidsgjevaravgift
- Informasjon og rettleiing

Leiaren for økonomiavdelinga har ansvar for Økonomiavdelinga. Dette omfattar:

- Formelt ansvar (fagleg leiar)
- Økonomiansvar (ansvar for effektiv bruk og forvaltning av tildelte økonomiske ressursar)
- Serviceansvar (ansvarleg for ei serviceinnstilt økonomiavdeling)
- Resultatansvar (ansvar for å utføre oppgåvene på ein effektiv måte)
- Teamansvar (ansvarleg for å sjå den samla kommunale verksemda under eitt og syne vilje og aktiv handling til omstilling for å ivareta det som til ei kvar tid samla sett er dei beste løysingane for kommunen)

### 16.4. Økonomireglement

Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25.09.92 med tilhøyrande forskrifter av desember 2000 ber preg av at staten oppfordrar kommunene til å drive mål- og rammestyring. Stortinget vedtok endringar i kommunelova i juni 2000 og Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) har med bakgrunn i lovendringane fastsett nye forskrifter på økonomiområdet.

- Forskrift om kommunale og fylkeskommunale årsbudsjett, jf. Kommuneleova § 46 nr 8
- Forskrift om kommunale og fylkeskommunale årsrekneskap og årsmelding, jf. Kommuneleova § 48 nr 6
- Forskrift om rapportering frå kommunar og fylkeskommunar jf. Kommuneleova § 49 nr 2
- Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantiar, jf. Kommuneleova § 51 nr 3

- Forskrift om kommunar og fylkeskommunar si finansforvaltning, jf. Kommunelova sin § 52 nr 2

Dei nye reglane er meir rammeprega enn dei tidlegare og det er difor nødvendig for kommunene å fastsette ytterlegare reglar på økonomiområdet i eit eige økonomireglement.

Føremålet med økonomireglementet er:

- Å skildre kommunen sitt økonomi og rekneskapssystem
- Å bidra til en effektiv og forsvarleg økonomiforvaltning i kommunen
- Å bidra til ein betre økonomistyring
- Å gje dei folkevalde eit tilfredsstillande avgjerdsgrunnlag
- Å dokumentere nokre viktige økonomiske rutiner

Økonomireglementet er bygd opp med budsjett- og rekneskapsteori saman med framgangsmåtar (rutiner) for korleis vi løyser dei viktigaste spørsmåla i vår eigen økonomiforvaltning.

- Økonomireglementet

## 16.5. Finansreglement

Utklipp frå Finansreglementet:

### 1. Finansreglementets virkeområde

#### 1.1 Hensikta med reglementet

Reglementet gjev ei samla oversikt over dei rammer og avgrensingar som gjeld for kommunen sin finansforvaltning. Tilhøyrande fullmakter, instruksar og/eller rutinar skal vere heimla i reglementet. Reglementet definerer dei avkastnings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av likvide midlar og midlar rekna til driftsføremål, opptak av lån og gjeldsforvaltning, og plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

#### 1.2 Kven reglementet gjeld for

Reglementet gjeld for Herøy kommune. Reglementet gjeld også for verksemd i kommunale føretak etter kommuneloven kapittel 11 og interkommunalt samarbeid etter kommuneloven § 27. I den grad disse verksemdene har eigen finansforvaltning, skal denne skje i samsvar med dette reglementet.

### 2. Heimel og gyldigheit

#### 2.1 Heimel

Dette reglementet er utarbeidd på bakgrunn av:

- Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25. september 1992, § 52
- Ny forskrift om kommunar og fylkeskommunar sin finansforvaltning fastsett av KRD 9. juni 2009(FOR 2009-06-09 nr 635).

Sjå reglementet i Kvalitetslosen (Compilo).

- Finansreglementet

## 16.6. Budsjett

Sjå Herøy kommune sin nettside <https://www.heroy.kommune.no/politikk/>

## 17.Sentrale lovverk og avtalar

- Arbeidsmiljølova
- Ferielova
- Folketrygdlova
- Forvaltningslova
- Helsepersonellova
- Helse og omsorgstenestelova
- Kommuneleova
- Offentleglova
- Plan- og bygningslova
- Hovudavtalen
- Hovudtariffavtalen